



Statsforvalteren i Vestland



Årsrapport 2021

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	5
Sted, dato og statsforvalterens signatur	5
2 Introduksjon til statsforvalterens hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	8
3 Årets aktiviteter og resultater	11
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	11
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	11
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	11
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne	12
Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	13
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	14
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	14
3.1.1.2 Understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	20
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	22
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	24
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	25
3.1.1.6 Andre oppdrag	25
3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	25
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper skal utslettes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	28
3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	31
3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	32
3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene	39
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	41
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk	43
3.1.1.14 Andre oppdrag	46
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	46
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	46
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	47
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	48
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	50
3.1.2.5 Andre oppdrag	50
3.1.2.6 Miljø- og skogfaglig kompetanse i skogvernarbeidet	51
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne	51
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	51

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	54
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	56
3.1.3.4 Andre oppdrag	59
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning som ivaretar rettsikkerhet	59
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	61
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	62
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	79
3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	80
3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	80
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	82
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	82
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	83
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	83
3.2.3 Barne- og familieldepasmentet	83
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	83
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	83
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	83
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	83
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	83
3.2.9 Landbruksdepartementet	83
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	83
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	120
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	120
3.6 Andre forhold	121
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	123
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	123
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	123
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	123
4.1.3 Bemannning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	123
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	124
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	124
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	124
5 Vurdering av framtidsutsikter	125
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	125
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	126
6 Årsregnskap	127

1 Statsforvalterens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Også 2021 var eit annleis år enn normalen. Men i ei så langvarig og gjennomgripande krise som koronapandemien, kjem statsforvaltarrollene endå sterkare til syne enn i normale tider.

Sjølv om vi på nokre fagområde på grunn av pandemien ikkje får gjort alt vi hadde tenkt eller vi må arbeide meir digitalt enn tenkt, så har vi aldri vist oss fram som så relevante og viktige for kommunane som under pandemien. Vi har fått mange tilbakemeldingar om at dei vektentlege møta med kommunane har vore heilt avgjerande for den praktiske koronahandteringa i kommunane. I desse møta har vi formidla føringar frå nasjonale styresmakter, teke opp nasjonale eller lokale problemstillingar, svara på tolkingsspørsmål om nasjonale forskrifter og råd og ikkje minst gjeve kommunane sjølv, helseføretaka eller Folkehelseinstituttet ein arena for å vise fram god praksis eller ta opp dei mest aktuelle problema.

Vi vil også nytte høvet til å rose kommunane, helseføretaka og folk flest for korleis dei har handtert pandemien. Vi har som samfunn stått i dette saman, med heilhjarta innsats frå regjeringa til departement og direktorat, gjennom statsforvaltarane og til kommunar, helseføretak, andre aktørar og folk flest. Når kriza har ramma i form av større utbrot eller stort sjukefråvær i einskilde kommunar eller lokalsamfunn, har alle stilt opp, frå kommunal kriseleiing, naboar, organisasjonar og frivillige, til nabokommunar og kommunar lenger unna, helseføretak, Sivilforsvaret og Forsvaret.

Under utbrotet i Ulvik herad i februar 2021 var til dømes om lag 12 prosent av innbyggjarane smitta, 50 til 60 prosent var i karantene på det verste og berre åtte av 40 tilsette i helsevesenet var på arbeid. Men samfunnet kom seg gjennom. Viktige faktorar var ei kommunal kriseleiing i døgndrift som såg at dei trong hjelp, ein statsforvaltar som følgde opp og formidla behov, tilsette som arbeidde doble skift, og helsepersonell og testpersonell som kom til hjelp frå kommunane Eidfjord, Voss, Modalen, Stord og Bergen og frå sjukehusa på Voss, Haukeland og Haraldsplass. Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet gav gode råd. I tillegg stilte innbyggjarane opp for kvarandre med å handle varer, passe born og andre naudsynige gjeremål, på tvers av språk- og kulturgrenser. Saman med tillit, som mange har skrive om under pandemien, er det samhaldet som kjenneteikner det norske samfunnet, og som vil vere avgjerande verdiar å oppretthalde for framtida.

Ressursbruken på pandemien og avgrensingane i fysiske møte og reiser har påverka måloppnåinga i 2021, men i mindre grad enn året før. Vi har i hovudsak nådd måla og utført embetsoppdraget med akseptable eller gode resultat på ulike fagområde. På helseområdet og plan- og byggområdet har vi også teke saker for å hjelpe andre embete med lange restanselister.

Vi enda med eit økonomisk resultat på 8,76 mill. kroner i overskot i 2021. Vi hadde med oss 9,94 mill. kroner i overskot frå året før, og gjekk difor isolert sett med eit lite underskot. Dette var slik vi hadde budsjettet. Vi ser det formuftig i budsjetteringa for 2022 å ta høgd for forventa meirutgifter i samband med at vi i 2023 skal inngå ny leigekontrakt på kontorlokale Bergen.

Etter at vi i fjor vår fekk tydelege signal frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å bruke tildelinga meir i tråd med tildeelinga frå dei ulike departementa, har vi justert bemanningsplanen vår. I første omgang overførte vi eitt årsverk frå miljø til landbruk og eitt årsverk frå verjemål til utdanning. Vi vil sjå på vidare justeringar i samband med budsjettarbeidet og når vi får eit oppdatert oversyn for 2021 over ressursbruken fordelt på departementsområda.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringar for året

Koronapandemien

Viktigaste prioritering vart også i 2021 å handtere samordnings- og beredskapsrolla under pandemien. Kommunane har gjort eit framifrå arbeid, men trong mykje oppfølging for å handtere smitteutbrot, vaksinering, nasjonale eller lokale tiltak, karantenehotell og innreise. Vi må presisere at både kommunar som har hatt større utbrot og kommunar som ikkje har hatt utbrot, har hatt store meirbelastningar. Dei økonomiske tiltaka regjeringa har stilt opp med overfor kommunane har vore viktige for å halde motivasjonen og handteringsevna oppe.

Barn

Vi har under heile pandemien prioritert å rettleie kommunane til å ta vare på barn og unge. Særleg i starten av pandemien var tenestene retta mot sårbare barn mindre tilgjengelege eller stengde. Barn som lever med vold og overgrep i familien, har hatt mindre tid utanfor heimen. Fri leik er vanskelegare, og skule- og barnehagetilbodet har tidvis vore redusert, og fritidsaktivitetane har vore avgrensa. Ei stor utfordring framover er å fange opp og minimere skadeverknader som har oppstått.

Både på områda helse, sosial og barnevern, barnehage og skule arbeider vi for at samarbeidet med barna blir godt, at dei blir høyrde i si eiga sak og at dei får oppfylt rettane sine. Ein viktig føresetnad er at tenestene for barn er samordna og av god kvalitet. Vi har lagt vekt på å innarbeide barnekonvensjonen i alt vi gjer, og at tenestene for barn gjer det same.

Barnevern er høgt prioritert og samarbeidet med helse er tett. Vi er meir og meir uroa over tilbodet til barna som strevar mest i barnevernet, og arbeider målretta for å bidra til at barnevernstenestene lyttar og forstår barna betre. Vi trur det er mykje å vinne for barn og for barnevernstenestene ved å forstå barna betre og innrette hjelpa annleis. Vi har prioritert tilsyn ved institusjonane også i pandemien, men meiner formålet med vår innsats ville vore betre oppfylt med ei meir risikobasert tilnærming enn forskrifa gir rom for.

Berekraftsmåla og klima

Klimaomstilling har gjennom fleire år vore ei særskilt satsing i embetet, og vil halde fram med å vere det. Vi har ei klimagruppe på tvers av avdelingane, som koordinerer og inspirerer tiltak på området. Viktigaste aktivitetar i gruppa er rettleiing til kommunane, utsending av forventningsbrev og utarbeiding av klimabudsjetten.

Også i 2021 skipa vi den årlege nasjonale Klimaomstilling-konferansen saman med Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Vestland fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen, Vestlandsforsking, Klimapartnere Vestland, Noradapt, Innovasjon Noreg og Senter for klima- og energiomstilling. Som året før vart det ein heildigital konferanse over ein dag. Vi når ut til fleire i ein digital konferanse, men vi mistar nokre viktige kvalitetar i å byggja nettverk og å lage ein arena for meiningsbrytingar, refleksjonar og læring mellom deltakarane. Deltakaratalet låg på om lag 250 personar.

I 2021 sette embetet i gang eit meir systematisk arbeid med å ta i bruk alle FNs berekraftsmål, og å setje dei på dagsordenen overfor kommunane. Internt har vi i første omgang gått gjennom berekraftsmåla på alle avdelingar, for å sortere og identifisere dei måla som er mest relevante på ulike fagområde. Neste steg har vore å ta dei relevante berekraftsmåla inn i verksemindsplanane og bruke dei med tyngd i det vidare arbeidet overfor kommunane og andre målgrupper.

Kommunane har i varierande grad tatt i bruk berekraftsmåla. For mange kommunar er vekst i innbyggjartal og arbeidsplassar ein grunn�ilar for å kunne tilby gode tenester. Der det er konflikt mellom eit berekraftsmål og vekst, vil ofte utsiktene til vekst vinne. For å få endå betre gjennomslag for berekraftsmåla, bør staten etter vårt syn også bruke økonomiske verkemiddel, til dømes gjennom inntektssystemet, til å oppmuntre kommunane til å oppfylle berekraftsmåla.

Meir målretta kommunedialog

I 2021 sette vi også i gang med meir jamleg kommunedialog på leiarnivået, der embetsleiringa møter kommunedirektøren og ordføraren. Andre avdelingsdirektørar eller kommunalsjefar deltar ut frå kva fagområde som er tema. Vi ser fram til å ta i bruk den nye løysinga for kommunebilete for å få eit endå betre systematisert faktagrunnlag i denne dialogen, slik at vi kan setje utfordringane i kvar kommune på dagsordenen.

På grunn av pandemien måtte vi i 2021 avlyse dei planlagde større kommunemøta på leiarnivået. Vi legg i staden opp til å halde to slike møte i 2022, på våren og hausten.

Bustadsosialt arbeid

Vi har i lang tid framheva at statsforvaltarane prinsipielt bør vere det einaste bindeleddet mellom den sentrale staten og kommunane. Statsforvaltarane har ei brei kontaktfplate mot kommunane frå før på mange fagfelt, og vi kjenner kommunane godt, både leiarane, oppgåvene og dei totale utfordringane. For kommunane er det uryddig å måtte halde seg direkte til andre statsetatar som verken kjenner kommunane eller det totale biletet like godt, og vi har også fått høre frå andre statsetatar at det ikkje er like lett å få gjennomslag med oppgåver overfor kommunane. Difor meiner vi det er fornuftig at Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå hausten 2021 sette i gang forsøket med å overføre Husbankens rettleiingsoppgåver mot kommunane innanfor bustadsosialt arbeid, til tre statsforvaltarar.

Sjølv om vi særleg dei siste åra har samarbeidd godt med Husbanken om Bustad for velferd, har vi ambisjon om å lukkast endå betre no når oppgåvene ligg under statsforvaltarane. Frå vi fekk oppdraget 1. september har dette vore høgt prioritert hjå oss. Vi er godt i gang med forsøket og å integrere oppgåvene med andre oppdrag hjå oss.

Inkluderande arbeidsliv

Statsforvaltaren har som mål å vere ein arbeidsplass som tek vare på sine tilsette og gir moglegheiter for dei som står utanfor arbeidslivet. Vi har i fleire år jobba for å nå målet om at minimum fem prosent av alle nytilsette skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Også i 2021 nådde vi målet med god margin, med seks av 56 nytilsette, altså 10,71 prosent.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Pandemien har verka inn på arbeidet i 2021 ved at vi har mått avlyse eller utsetje ein del større fysiske samlingar og møte, og på den måten ikkje nådd like godt ut med opplæring og rettleiing. Vi har også gjennomført ein del aktivitetar som tilsyn og rettleiing digitalt, der vi i nokre tilfelle hadde nådd betre fram til mottakaren i fysiske møte.

Vidare har meir bruk av heimekontor sett oss noko tilbake. Mange tilsette er effektive på heimekontor, men somme har lågare produksjon når dei arbeider heime, og vi meiner det hemmar den spontane kreativiten og læring mellom medarbeidarar. Difor meiner vi det er viktig at både erfarne og relativt nye medarbeidarar arbeider på kontora.

Likevel har vi altså nådd måla og utført embetsoppdraaga med akseptable eller gode resultat.

Sted, dato og statsforvalterens signatur

Leikanger, 28.02.2022

Lars Sponheim, statsforvaltar

2 Introduksjon til statsforvalterens hovedtall

2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer fra Stortinget og Regjeringa blir følgde opp. I tillegg er Statsforvaltaren eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styremakter, med høve til å spele inn saker frå kommunesektoren til sentrale styremakter.

Statsforvaltaren er administrativt underlagt Kommunal- og distriktsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Statsforvaltaren er


- å vere sektorstyremakt på ei rekke område, med oppdrag frå tretten departement og ti direktorat og tilsyn
- å vere regional samordningsstyremakt for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
- å vere rettstryggleikshandhevar som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyremakt for kommunane
- å verke til gagn og beste for fylket og å ta dei initiativ som er påkravd
- å orientere sentrale styremakter om viktige spørsmål i fylket, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

Vi samarbeider med andre statsforvaltarar og med andre etatar på ei rekke område, både for å få likare praksis og å lære av kvarandre, og for å samordne det offentlege verkemiddelapparatet så godt vi kan.

Med andre statsforvaltarar har vi hatt mellom anna hatt desse samarbeida:

- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, med Rogaland, Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernnettverk, med Rogaland
- Nav- og sosialnettverk, med Rogaland
- Verjemål, med Rogaland og Agder
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland
- Tilsyn med spesialisthelsetenesta i helseregionen, med Rogaland
- Bustad for velferd, med Rogaland, Husbanken og andre
- Planlegging av forsøket med overflytting av oppgåver innan bustadsosialt arbeid frå Husbanken, med Rogaland og Nordland
- Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Regionale planar for fjellområda, med Oslo og Viken og Vestfold og Telemark
- Kystsonenettverk innan plan og bygg i regi av Miljødirektoratet, med Rogaland
- Fagleg samarbeid om hagebruk med Møre og Romsdal
- Fagleg samarbeid om skogbruk med dei andre kystfylka frå Agder og nordover
- Samarbeid med Viken om midlar til CWD-tiltak på Hardangervidda og Nordfjella
- Nasjonal prosjektleiing av uttak av framande treslag i verneområde, saman med alle embete
- Koordinering av arbeidet med avfallsplanar i hamner på Vestlandet, saman med Rogaland og Møre og Romsdal

2.2 Organisasjon og ledelse



Statsforvaltaren i Vestland har hovedsete på Leikanger, men vi har også kontorstadar i Bergen og Førde. I tillegg har vi åtte tilsette verneforvaltarar med kontor i Gaupne, Aurland, Sandane og Rosendal.

Lars Sponheim er statsforvaltar, og Gunnar O. Hæreid er assisterande statsforvaltar. Fra 1. mars og ut året fungerte Hæreid som statsforvaltar medan Sponheim var sjukmeld. I denne tida fungerte Anne Hjermann som assisterande statsforvaltar.

Vi har 303 tilsette, og dette utgjer 261 årsverk.

Vi har seks avdelingar:

- helse, sosial og barnevern (B)
- utdanning og verjemål (B)
- miljø (B)
- kommunal (L)
- landbruk (F)
- organisasjon og strategi (L)

Avdelingane merkte B er leia frå Bergen, medan dei andre avdelingane er leia frå Leikanger (L) eller Førde (F). Alle avdelingar og nesten alle seksjonar har tilsette på minst to kontorstadar. Dei fire største avdelingane er inndelte i to til fire seksjonar, der halvparten av seksjonane er leidde frå Bergen og halvparten frå Leikanger.

Vi har lagt vekt på å samle arbeidsoppgåver på ein kontorstad der lokalkunnskap eller reiseavstand til kommunane er mindre viktig. For hovuddelen av oppdraga våre er likevel lokalkunnskap og reiseavstand til kommunane så viktig at vi må ha tilsette på fagområda på fleire kontorstadar. Reiseavstandane i det nye fylket er så lange at det ville medføre relativt store kostnader eller tap av arbeidstid dersom vi samla alt på ein kontorstad. Frå kontorstadane Bergen, Leikanger og Førde er det gjerne fem-seks timars reisetid med bil til kommunane som ligg lengst unna. Fly er enklaste alternativ mellom Bergen og Leikanger, med kort reisetid og relativt dyre billettar, men alle avgangstidene er ikkje like godt tilpassa kontordagen.

I 2020 gjennomførte vi ei evaluering av organisasjonskartet, som enda med at organisasjonskartet vart ståande. I 2021 såg vi på korleis organisasjonen fungerer innanfor organisasjonskartet. Ut frå dette innførte vi to nye nestleiarar på dei største seksjonane, ein på verjemålsseksjonen og ein på kommunehelseseksjonen. I tillegg starta vi opp eit internt leiarutviklingsprogram.

I januar 2021 forhandla vi også fram ein ny seksjon fordi vi som eit forsøksprosjekt frå 01.09.2021 fekk overført nye oppgåver og seks personar frå kommune og marknad-avdelinga i Husbanken vest. Seksjonen ligg under kommunalavdelinga med namnet kommune og samfunn.

Visjon og verdigrunnlag

Visjonen vår er "Statsforvaltaren gjer staten tilgjengeleg og nær", og verdiane våre er:

- Rettferdig

- Open
- Pålitleg
- Effektiv
- Respektfull

Klart språk, rett målform og ein tydeleg bodskap er viktig for oss. Vi har utarbeidd interne skriveregler som skal sikre eit godt og klart språk i breva og vedtaka våre.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Tabellane under viser til dei nøkkeltala som er valde av KMD, og dei er tekne ut i samsvar med brukarrettleiinga vi har fått. For nærmere informasjon om nøkkeltal på personalområdet viser vi til kapittel 4.2. For nærmere informasjon om nøkkeltal på økonomiområdet viser vi til kapittel 3.4 og leiingskommentaren til årsrekneskapen.

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	8 760.0
Budsjettavvik (%)	4.1 %

Vi kjem i år ut med eit mindreforbruk på kr. 8.760.000. Kr. 9.940.000 var overført frå tidlegare års mindreforbruk. Vi ser at for 2021 er bruken noko høgare enn tildelinga. Vi har sett av midlane til å dekke ekstra kostnader i samband med nye kontorlokale i Bergen. Det kan også vere aktuelt med ei mindre ombygging i Leikanger. Aktiviteten tok seg noko opp i 2021, med auke i reiseaktivitet og lønskostnader. Fire andre embete har eit høgare mindreforbruk enn Vestland, medan Trøndelag og Vestland er om lag på same nivå.

Husleie

Husleie (tusen kr)	
Husleie (% av driftsutgifter)	13.2 %

Husleiga har gått ned frå å vere 16 prosent av driftsutgiftene til 13,2 prosent. Dette kjem av endring i prinsippet for føring av husleige. Årets husleige er nettoført, dvs. at inntekter på framleige er trekt frå. Samanlikna med dei andre embeta har vi relativt høg husleige. Noko av forklaringa ligg i at vi er eit samanslått embete med tre hovudkontorstadar.

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	144 892	94 939	49 953

SRF har ikkje klart å gje oss funksjonalitet for telling av verjemålsaker i nytt system.

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
052501	204 157
052521	5 684
Post 01 (unntatt 052501)	52 314
Post 20-29 (unntatt 052521)	177 586
Post 30-39	13 234
Post 40-49	0
Post 60-69	249 431
Post 70-79	158 317
Post 80-89	7 165

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	3 168.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4.8 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	964.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	4.5 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	2 204.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	4.9 %
Antall legemeldte sykedager for menn	674.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	3.1 %
Avtalte arbeidsdager for menn	21 430.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 625.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	3.6 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	44 841.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	290.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.4 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	563.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.3 %

Vi har 4,8 prosent sjukefravær i 2021, ein nedgang frå 5,8 prosent i 2020 og 6,6 prosent i 2019. Vi har altså hatt ein jamn reduksjon etter samanslåinga. Nedgangen kan og ha ein viss samanheng med auka kvoter for permisjonar under pandemien, og at tilsette arbeider heime ved småsjukdom der dei før tok sjukdag. Statsforvaltarane har sjukefravær mellom 3,8 og 6,1 prosent. Vi ligg tredje høgast, men det er likevel små marginar mellom embeta.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årsłonn kvinner	Årsłonn menn	Andel kvinnernas lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	211.0	69.6 %	92.0	30.4 %	616 554.0	693 017.0	89.0 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	2.0	25.0 %	6.0	75.0 %	941 600.0	1 031 340.0	91.3 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	15.0	51.7 %	14.0	48.3 %	904 074.0	875 544.0	103.3 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	106.0	67.5 %	51.0	32.5 %	629 916.0	644 393.0	97.8 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	76.0	80.9 %	18.0	19.1 %	550 619.0	558 300.0	98.6 %
Kategori 5: Kontorstillingar	11.0	84.6 %	2.0	15.4 %	506 918.0	480 900.0	105.4 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger							
Kategori 7: Lærlinger							

I 2020 hadde kvinner 90,2 prosent av løna til menn. I 2021 er talet redusert til 89 prosent. Vi har færre kvinner i toppleiringa, noko som kan utgjere ein viss forskjell i andel kvinner si løn av menn si løn. Vi ligg litt under gjennomsnittet totalt for embeta. I kategori 2 er andel kvinner si løn 103,3 prosent av menn si løn.

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
Totalt antall årsverk	261.0
Totalt antall årsverk for kvinner	172.0
Totalt antall årsverk for menn	89.0
Totalt antall årsverk for faste stillinger	243.0
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	17.0
Sum andel administrasjon	7.0 %
Økonomi	4.2
Lønn	0.7
Personal	3.2
Resepsjon/sentralbord	3.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	7.2
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Andre administrative oppgåver: Kommunikasjon, innsyn, reinhald, arkiv, redaktøransvar for statsforvalteren.no.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
Turnover i prosent	11.5 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	260.9
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	30.0
Totalt antall ansatte som sluttet	41.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjoner	9.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	32.0

Vi har framleis ein gjennomtrekk (turnover) på +/- ti prosent, som vi har hatt sidan 2019. I tala har vi ikkje med eksterne timelønna som er avslutta i systemet. Vi har fått signal om at vi ligg litt under løsnivået i verksemder det er naturleg å samanlikne seg med, og har i 2022 starta planlagt grundigare gjennomgang av løsnivået og arbeid med bemanningsplanen. Vestland har i 2021 høgast gjennomtrekk av embata.

HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	211	92	303
Sum antall deltidansatte	9	3	12
Sum antall midlertidige ansatte	14	1	15
Sum antall ansatte med personalansvar	11	12	23
Ufrivillig deltids			0

Tilsette med deltidssstilling er redusert frå 19 i 2020, til 12 i 2021. Vi har 15 tilsette som har mellombels tilsetting, det same som i 2020.

Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	204 103.0
Administrativ kostnadsdekning	16 461.0
Brutto driftsutgifter	220 564.0
Lønn 052501	178 267.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	80.8 %

Nøkkelta er endra fra 2020, lønsdel blir no teke av brutto driftsutgifter, ikkje netto. Samanlikna med 2020 har lønsdel av brutto driftsutgifter auka med 1,5 prosentpoeng. Vi ligg på nivå med dei andre embata, som varierer mellom 78,2 til 85,2 prosent.

HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
Sum antall ansatte	303
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	28
Antall ansatte 30 - 39 år	86
Antall ansatte 40 - 49 år	66
Antall ansatte 50 - 59 år	92
Antall ansatte over 60 år	31
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	21
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	1 908
Antall kvinner i foreldrepermisjon	18
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	8
Dagsverk foreldrepermisjon menn	192
Antall menn i foreldrepermisjon	5

Talet på tilsette er auka for aldersgruppa under 40 år og for aldersgruppa 50-59. Talet på tilsette over 60 år har størst reduksjon, frå 48 til 31 tilsette. Vi har litt fleire tilsette i foreldrepermisjon enn året før.

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Vi brukar dei tradisjonelle verktøya tilsyn, klagehandsaming, rettleiing og opplæring for å gjere kjent, setje i verk og følgje opp nasjonal politikk i fylket. Verktøya heng nøye saman fordi klagesaker og tilsyn gjev oss kunnskap om kva rettleiing og opplæring vi skal prioritere.

Der vi før heldt ei eller to-tre regionvise samlingar for kommunane i fylket, kombinert med strøyming av dei viktigaste konferansane, har vi i 2020 og 2021 i hovudsak brukt digitale møte til å kunne formidle nasjonal politikk. Vi fekk halde nokre fysiske fagsamlingar då landet opna i september og oktober 2021.

Viktigaste arenaen for å formidle nasjonal politikk under koronasituasjonen har også i år vore informasjonsmøta for alle kommunane i fylket, som vi stort sett har halde kvar veke. I tillegg til kommunane har helseføretaka vore faste deltagarar i møta, medan andre aktørar har delteke ut frå situasjonen. I tillegg har vi hatt eigne møte med helseføretaka gjennom heile pandemien.

Trykket frå kommunane har vore stort for å få støtte til å tolke innhaldet i covid-19-forskrifta og nasjonale tilrådingar med stadige endringar. Vi har presentert nasjonale føringar, drøfta problemstillingar, svart på spørsmål, gitt råd og føringar, understøttta konkrete problemstillingar i kommunane, og bidratt til at kommunar har koordinert seg med tiltak og føresegner i ein større region. Tilbakemeldingane frå kommunane er gode.

Vi vil framheve at kommunane og helseføretaka har fått til eit svært godt samarbeid, og vi har understøttet dette som del av helsefellesskapet. Vi har brukt store ressursar på dette arbeidet, særleg frå beredskap og helse, men også frå utdanning. Vi har hatt ein prioritert og tydeleg bodskap om lågast mogleg tiltaksbyrde for barn og unge generelt, og dei med særlege behov spesielt. Bodskapen vart fremja i eit samarbeid mellom utdanning og helse, slik at det vart kommunisert likt til alle tenesteområda i kommunane.

Også på andre fagfelt har vi brukt jamlege og korte nettmøte som ein effektiv måte å spreie informasjon på, sjølv om vi også mistar dialog, diskusjonar, nettverksbygging og personlege møte som gjer det lettere å ta kontakt seinare.

På landbruksområdet har vi til dømes fått gode erfaringar med nettmøte for den kommunale landbruksforvaltninga i 2020, og vidareførte dette i 2021 med kring 20 ulike møte. Samtidig har Landbruksdirektoratet også bidratt med nettmøte på ulike fagfelt til oss eller kommunane, og ein møteserie om naturmangfaldslova vart gjennomført saman med miljøavdelinga. Totalt gir dette ein effektiv formidling av statleg politikk og regelforståing, og erfaringar vi må ta med oss og utvikle vidare.

I 2021 har vi hatt meir systematisk dialog med kommuneleiringane. Eit gjennomgåande tema har vore korleis kommunane arbeider med berekraftsmåla. Vi ser fram til å ta i bruk kommunebiletet for å kunne få eit endå meir gjennomarbeidd faktagrunnlag for kommunedialogen.

Også tilsyna våre og klagesakshandsaminga er ein viktig del i arbeidet for å setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vi har sett på dagsordenen i eigen organisasjon at eit godt tilsyn er eit tilsyn som har verka, i den forstand at det har ført til varig forbetring dersom det er naudsynt. For å sikre at tilsyn verkar, må vi arbeide med korleis tilsynsobjektet følgjer opp tilsynet. God formidling og klart språk i tilsynsrapportar og klagesaker er viktig for private partar, men også for at kommunane og andre tilsynsobjekt skal bli kjende med den nasjonale politikken som er nedfelt i lovverket.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

God samordning og samhandling i statleg verksemad på regionalt nivå er ein viktig faktor for å få til gode resultat på levekårsindikatorane i eit fylke. Særleg på større samansette område og såkalla uløyselege problem (wicked problems) som klima, barnefattigdom, integrering eller mobbing er det avgjerande med god samordning mellom ulike organ som har ein aksje i problemet.

Statsforvaltaren er, med eit breitt arbeidsfelt i embetet og med det særskilte samordningsansvaret for den regionale staten elles, i førar-setet for å samordne statleg regional verksemad overfor kommunane. Dette ansvaret vert endå viktigare når stadig fleire statlege etatar avviklar regionnivået, slik Skatteetaten, Vegvesenet, NVE og IMDi har gjort. Difor legg vi stor vekt på samordningsrolla vår, både internt og overfor andre statsetatar. Eksternt er det i tillegg til statlege etatar viktig å samordne oss med fylkeskommunen, KS og andre overordna aktørar, avhengig av livsområde.

Under koronapandemien er samordningsrolla til statsforvaltarane avgjerande for pandemihandteringa i kommunane. Vi viser til hovudmål 1 for ei orientering om kva vi har gjort under pandemien.

Vi har frå 2021 sett i verk forsøket med å leggje oppgåver frå Husbanken i avdelinga "kommune og marknad" over til Statsforvaltaren, som eit treårig prøveprosjekt. Vi har samarbeidd tett med Husbanken i fleire år om Bustad for velferd. Likevel er det flere synergier å hente når vi koplar rettleiingsoppgåvene i Husbanken til den breie kontaktfleta vår mot kommunane, og tett saman med oppgåvene våre innanfor, plan, helse, rus, Leve heile livet, sosiale tenester og kommuneøkonomi.

Internt i embetet har vi grupper på tvers av avdelingane for klimaarbeid og Leve heile livet-reforma for å sikre betre alderdom. Vi har også kome i gang med å ta i bruk FNs berekraftsmål som grunnlag for embetsoppdrag.

Vidare har særleg helse-, sosial- og barnevern avdelinga tett samarbeid med utdanningsseksjonane og planseksjonen for å ta vare på interessene til born og unge.

Det interne planarbeidet inneber ei omfattande samordning av interesser og innspel frå mellom anna desse fagområda:

- naturmangfold
- jordvern
- klimautslepp
- klimatilpassing
- samfunnstryggleik
- folkehelse
- barn og unge
- bustadsosialt arbeid
- Leve heile livet

Overfor eksterne aktørar driv vi med samordnande arbeid på mange måtar. Døme kan vere:

- På planområdet har vi eit godt og nært samarbeid med andre statlege styresmakter og med fylkeskommunen. Vi samordnar motsegner frå statsetatar til kommunale planar, der vi legg stor vekt på å kome til løysingar som både statsetaten og kommunen kan leve med, utan at vi tek i bruk retten til avskjere motsegner. Vi opplever at ordninga med utvida dialog i høyringsfasen, med tilbod om dialogmøte før Statsforvaltaren tek endeleg stilling til om motsegn skal fremjast, svært ofte vert nytta av kommunane. Måla med ordninga, raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner vert i stor grad nådd.
- Vi samordnar regionale tilsynsaktørar i den forstand at vi informerer og oppmodar om å ta i bruk den nasjonale tilsynskalenderen og vi drøftar tilsynsmetodar. Tilsynskalenderen gir både oss og kommunane god oversikt over når ulike tilsyn skal haldast og det er høve til å endre tidspunkt dersom vi ser at ein kommune får mange tilsyn i same tidsrom. I planlegginga av tilsyn for 2022, som vart gjort i desember 2021, har ingen kommunar meldt om for sterkt trykk med tilsyn i same tidsrom, men vi har i nokon grad tatt omsyn og utsett tilsyn med kommunar som melder om stor belastning på tenestene på grunn av pandemien. I 2021 har vi også hatt med sekretariata for kontrollutvala til kommunane i fylket på samordningsmøte med dei andre statlege tilsynsetatane. Dette gav oss nytig informasjon og høgare merksemad om korleis dei statlege tilsynsetatane kan ta omsyn til planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.
- Vi samordnar arbeid med utsette born og unge mellom utdanning og helse-, sosial og barnevernområda hjå Statsforvaltaren og Bufetat, Nav, spesialisthelsetenesta, KS, Husbanken og fylkeskommunen. Vi gjennomfører denne utvekslinga når vi får det førebelsje tildelingsbrevet slik at det får konkrete følgjer for verksemadsplanlegging hos oss og andre. I møtepunkta legg aktørane fram sine planlagde aktivitetar for å få ei så samla oversikt som råd er.
- På samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet samordnar vi offentlege og private beredskapsaktørar, først og fremst gjennom fylkesberedskapsrådet, der samansetninga kan variere ut frå kva krise som skal handterast.
- På miljø- og landbruksområda har vi, avhengig av fagfelt, jamleg kontakt med Mattilsynet, fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, NVE, Kystverket, Statens naturoppsyn, Arbeidstilsynet, Innovasjon Noreg og Vegvesenet, for å samordne oss. Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvar for å forvalte midlane for tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket som vi har hatt før. Vårt etablerte samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg gav ein god overgang.
- Vi har tilsynsansvaret for tre helseføretak og fleire private aktørar. Dei er ein viktig del av tenestene til innbyggjarane, og god samordning av tenestene mellom aktørane er ofte avgjeraende. Siste åra har vi hatt ein stor auke i talet på hendingsbaserte tilsynssaker.
- På landbruks- og miljøområdet samarbeider vi godt med Mattilsynet innan dyrevelferd og smittsame sjukdomar. Vi har også godt samarbeid med NVE om forvaltinga av vassdrag.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne

Vi har gjennomarbeidde rutinar for saks- og klagebehandling som skal sikre einskapleg og rett sakhandsaming. Ivaretaking av rettstryggleik inneber òg at vi gjer risikovurderinger som grunnlag for tilsyn og informasjonsarbeidet vårt. Dette har vi arbeidd mykje med i tida sidan samanslåinga. Vi meiner vi treffer med risikovurderingane, ettersom tilsyna i stor grad avdekkjer regelbrot, og det er stor oppslutnad om embetet sine kurstilbod om regelverk.

For dei ti statsforvaltambeta er det problematisk at vi stundom praktiserer dei same reglane ulikt. Vi er glade for at Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang Vidsyn-programmet som vi håpar kan hjelpe embeta til å få likare praksis.

Vi vil også framheve det arbeidet Helsetilsynet gjer for å samordne praksis mellom embeta i tilsyn og saker om rettar for sårbare og utsette grupper.

Tradisjonelle tiltak for å sikre felles lovtolking på tvers av embeta har vore:

- fagsamlingar for sakhandsamarane, med fagdirektorat som skipar
- fagsamlingar eller nettverk for sakhandsamarane mellom nokre få embete (for vår del oftest med embeta i sørvest), skipa av embeta sjølv
- utarbeiding av rundskriv og rettleiarar frå fagdirektoratet
- utsending av prinsippavgjelder eller tolkingsfråsegner frå fagdirektoratet

Slike tiltak må halde fram. Erfaringane under korondapandemien har vist at det er lett å halde korte videomøte som når mange på ein gong. Til dømes på barnevern og helse har fagdirektorata tatt initiativ til og halde jamlege møte om informasjon om status og ivaretaking av behov hos brukarane, og som del av dette avklaringar og informasjon om tolking av regelverk. Men slike tiltak er neppe nok. Vi saknar først og fremst oversyn over praksis mellom embeta i konkrete saker. Vi meiner det vil vere tenleg å arbeide med felles presedensarkiv mellom embeta på fagområda. I saker underlagde teieplikt kan dette vere problematisk sjølv med anonymiserte avgjelder. På andre område handlar det mest å få til ei god plattform for presedensarkivet. I alle fall er det eit utviklingsarbeid som må gjerast.

Elles tek vi opp att oppmodinga frå tidlegare år, at når eit fagdirektorat skipar fysiske fagsamlingar, ønskjer vi at samlinga også vert strøymt slik at fleire kan følgje samlingane frå kontoret. Vi må alltid sjå nøyde på kor mange vi sender til fagsamlingane, men det kostar oss langt mindre å følgje strøymingar. Internt har vi sett i verk slike tiltak for å sikre einskapleg lovtolking:

- tilsynsgruppe med representantar frå alle avdelingar
- forvaltningsrettsgruppe med representantar frå alle avdelingar
- interne presedensarkiv på ulike fagområde
- faggrupper innanfor avdelingane som går gjennom praksis i embetet og kjelder som kjem utanfrå, til dømes tolkingsfråsegner, rundskriv og fråsegner frå Sivilombodet
- sidemannskontroll
- låg terskel for å kontakte fagdirektorat eller andre embete
- opplæring i statsforvaltarolla for nytilsette

For kommunane har vi som nemnt jamleg samlingar der vi tek opp allmenne problemstillingar på område der vi gjennom klagesaker eller tilsyn avdekkjer mangelfull eller ulik lovtolking. Og under koronapandemien har vi, som nemnt over, gjort om ein del slike samlingar til digitale korte fagmøte som har god deltaking.

Innføringskurset i forvaltningsrett for kommunale sakshandsamarar som Universitetet i Bergen har utvikla i samarbeid med oss, hevar rettsryggleiken rundt om i kommunane, sjå meir omtale av kurset under hovudmål 4.

Vi erfarer at Nav-saka om norsk regelverk i strid med EØS-rett og EMD-dommane i barnevernsaker, har ført til mistillit mot kommunane. Utfordringar knytte til forståing og praktisering av internasjonal rett i forvaltningsstrekker seg utover desse sakene. I vårt arbeid ser vi mellom anna at mange aktørar har ei manglende forståing av barnekonvensjonen. Ei av utfordringane er at born framleis ikkje får oppfylt retten til å bli høyrde, og ein direkte konsekvens er at rettstryggleiken til borna blir svekt. At born blir høyrde på rett måte, er i mange saker ein føresethad for at forvaltningen skal klare å hjelpe dei. På utdanningsområdet ser vi at "barnets beste" for sjeldan er ei eiga vurdering i kommunale vedtak. Det er ei tillitsutfordring dersom forvaltningen ikkje er i stand til å forstå og innarbeide internasjonal rett, og praktisere i samsvar med denne.

Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Under koronapandemien har formidlings- og initiativrolla til statsforvaltarane vore særsviktig. Som nemnt har vi under heile pandemien laga faste møtepunkt stort sett kvar veke for alle kommunane der vi kunne rettleie, formidle føringar og påbod frå den sentrale staten til kommunane. Kommunane har dessutan kunna stille oppklarande spørsmål. Mellom møta har det kome inn titusenvis av spørsmål som vi svarar på både etter kvart og i møta, og som også gjev oss grunnlag for å formidle stoda i fylket til sentrale styremakter.

Vi opplevde i starten av pandemien eit mishøve i formidlings- og samordningsrolla vår, ved at vi vart bedne om å rapportere til DSB og Helsedirektoratet på smitte i kommunane, medan kommunene, spesialisthelsenesta og laboratorium rapporterte til Folkehelseinstituttet i eit system med forseinking. Etter ei endring i smittevernlova i 2019 var ikkje fylkesmennene lenger ein del av informasjonslinja for varsling om utbrot av smittsame sjukdommar. Vi bad likevel kommunane om også å rapportere til oss, og dette har etter kvart gått bra. Uavhengig av dette meiner vi prinsipielt at statsforvaltarane, som det viktigaste bindeleddet mellom den sentrale statsforvaltningen og kommunane, bør vere ein del av den formelle informasjonslinja etter smittevernlova når lova no skal reviderast.

Vi har under heile pandemien kvar veke rapportert til DSB om smittesituasjonen i fylket. I tillegg har vi jamleg fått særskilde rapporteringskrav som vi har formidla til kommunane, gjerne på kort varsel. Stundom har knappe fristar vore godt grunngjevne, andre gonger har det vore mindre klart for kommunane kvifor detasta slik, kvifor rapporteringa måtte gjeraast i helga, eller kvifor det måtte rapporterast på eit spørsmål. Stundom kjem det på same tid fleire rapporteringskrav frå statlege instansar som er lite koordinerte. For kommunane fører slikt til frustrasjon i ein pressa situasjon.

Vi set pris på dei gongene vi sjølv har vorte oppmoda til å gje våre vurderinger av stoda i fylket, både skriftleg og i digitale møte med helse- og justisministeren. Og vi veit at kommunane i fylket vårt set pris på møta dei har hatt direkte med ministrane. Vi trur det er viktig at dei som tek avgjerdene, med jamne mellomrom får høyrja direkte både frå statsforvaltarane og frå kommunane, korleis stoda er.

For oss har heile vegen vore viktig å formidle at omsyna til born og unge må ha stor vekt ved val av smitteverntiltak.

Elles brukar vi dei vanlege kanalane, til dømes styringsdialogmøte eller fagsamlingar, til å gje tilbakemeldingar til oppdragsgjevarane våre om tilstanden i fylket og effekten av statleg politikk. Når det trengst, tek vi opp særskilte problemstillingar i brev eller i møte. Vi legg vekt på å orientere nasjonalt nivå når regelverket er uklart eller har utilsikta konsekvensar. Eit døme er klagebehandling på gjennomføring av spesialundervisning. Vi har peikt på krevjande konsekvensar for kommunane og universitets- og høgskulesektoren som følge av endra føringar for kompetanseordningane.

Som meldt tidlegare år meiner vi at oppdragsgjevarane våre i større grad burde leggje til rette for direkte dialog mellom politisk leiing i departementa og statsforvaltarane om embetsoppdrag. Vi meiner vi sit med mykje kunnskap om kva som verkar og kva som er problem for kommunane, og at det er viktig at politisk leiing i departementa har denne kunnskapen når dei utformar nasjonal politikk. I handteringen av pandemien har nettopp denne direkte kontakten vore ein viktig informasjonskanal.

Vi set pris på dreilinga i styringa til statsforvaltarane som Kommunal- og distriktsdepartementet har lagt til rette for gjennom å oppmøde oppdragsdepartementa til meir målstyring av statsforvaltarane. Dette blir også forsterka av den tillitsreforma som regjeringa har starta opp. Vi blir på den måten betre rusta til å velje mellom dei verktøyene som vi meiner verkar best i vårt fylke. Då blir også initiativrolla vår styrkt.

Vi ser på initiativrola som eit viktig supplement til dei meir konkrete oppdraga statsforvaltarane har. For oss er det nyttig å kunne tenkje utanfor den vanlege verktøykassa for å få gjennomført statleg politikk i fylket.

Eit døme er at vi siste åra har vi hatt eit godt samarbeid med Universitetet i Bergen, der universitetet som nemnt har sett i gang eit etterutdanningstilbod i med innføring i forvalningsrett for kommunale sakshandsamarar. Kurset er retta inn mot dei som i ein del av stillinga si er sakshandsamar innanfor t.d. pleie- og omsorgstenseta, oppvekst og utdanningssektoren, teknisk etat eller andre delar av den kommunale forvaltninga. Sidan byrjinga i 2019 har tre kull med om lag 100 deltakarar gjennomført tilbodet, og tilbakemeldingane har vore svært positive.

I 2021 starta Universitetet i Bergen, i samarbeid med Statsforvaltaren og andre, ei masterutdanning retta mot kommunale leiarar, i eit opplegg som liknar tilbodet i forvaltningrett. Universitetet i Bergen er også, i samarbeid med Statsforvaltaren og andre, i ferd med å starte ei vidareutdanning i samfunnsplanlegging, som dekkjer store behov i kommunane.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Planaktiviteten i dei fleste av dei 43 kommunane i Vestland var høg i 2021, og det er vanskeleg å svare eksakt på om dette førte til bærekraftig, trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk. Det vi vil trekke fram, er at talet på dispensasjonssaker har halde fram med å auke, og at dette i sum kan utfordre måla om bærekraft og underminere overordna, juridisk bindande planar som styringsreiskap. Dette gjeld særleg når område som er viktige for naturmangfold, landbruk, klima, energibruk og samfunnstryggleik, vert utfordra.

Vi la i 2021 stor vekt på å formidle bærekraftmåla samla i vår medverknad i kommunale planar. Særleg i Bergen og i vekstkommunane kring Bergen har vi lagt stor vekt på at nye kommuneplanar og større reguleringsplanar må vurdere arealbruken på nye måtar i lys av statlege forventningar på områda areal og transport, klima, jordvern og strandsone.

Elles la vi mykke ressursar i planprosessar for sjøareal. Vi opplever framleis at nasjonale miljømål og rammer er overskridne på dette området, og at det igjen gir bærekraftutfordringar.

Nedanfor viser vi hovudtala frå planmedverknaden i 2021. For samanlikninga si skuld er tala frå 2020 vist i parentes og prosentvis endring per sakstype er lagt til.

Tal saker på høyring

5039 (4170) +21 %

Tal kommune(del)planar – oppstart

22 (19) +16 %

Tal kommune(del)planar – omfattar også samfunnsdelen og tematiske planar

Tal kommune(del)planar – offentleg høyring

18 (15) +20 %

Tal reguleringsplanar – oppstart

203 (195) +4 %

Tal reguleringsplanar – offentleg ettersyn

169 (198) -14 %

Tal planar med motsegnspunkt frå statlege etatar inklusive Statsforvaltaren

50 (67) -25 % Av desse seks kommune(del)planar

Tal planar med motsegnspunkt frå Statsforvaltaren (andre kan også ha motsegn)

42 (55) -13 % Av desse var fem kommune(del)planar

Tal planar der berre Statsforvaltaren har hatt motsegn (utan at andre statsetatar har hatt motsegn)

27 (38) -29 % Av desse to kommune(del)planar

Tal planar med motsegnspunkt berre frå andre statsetatar

7 (12) -41 % Av desse ein kommune(del)planar

Tal planar med motsegn frå Statsforvaltaren etter utvida dialog

23 (32) -28 %

Vi hadde 118 aktuelle motsegnspunkt oppe til drøfting. Vi enda opp med 59 motsegnspunkt, det vil seie stor reduksjon i motsegnspunkt, men framleis motsegn i 23 av 42 planar som vart drøfta i møte.

Tal motsegsaker til mekling

Vi mekla i elleve plansaker. Fem meklinger førte fram, to meklinger vart avslutta utan semje. Fire av sakene er framleis under mekling. Statsforvaltaren hadde motsegn i alle desse elleve sakene. Alle meklingane var knytte til reguleringsplanar.

Tal motsegsaker til departementet

To planar vart sende til departementet for endeleg planvedtak; ein av desse gjaldt strandsone – motsegn frå Statsforvaltaren, og ein av desse gjaldt kulturminne – motsegn frå fylkeskommunen.

Dispensasjonssaker på høyring

2260 (1698) +33 %

Dispensasjonsvedtak til klagevurdering (der kommunen har gjort vedtak om dispensasjon)

2158 (1756) +23 %

Tal påklaaga dispensasjonsvedtak

120 (5,6 %) mot 104 (5,9 %) i 2020

Grunngjeving for klager

72 strandsone (58),

23 landbruk (28),

3 ROS (1)

I 28 saker er ingen av desse temaat kryssa av i vår planliste.

Endeleg planvedtak i KMD

Departementet avgjorde ei plansak i Vestland i 2021, kommunedelplan for Meland i Alver kommune, tema akvakultur. Departementet godkjente kommunedelplanen, og motsegn frå Statsforvaltaren blei ikkje tatt til følgje.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser

Formidlinga av dei samla statlege rammene og forventningane var i 2021 knytt til medverknad i planprosessar og elles til deltaking i Regionalt planforum, ulike plannettverk og regional plankonferanse. Vi har også gjennomført møte på leiarnivå med nokre utvalde kommunar, og vi har halde om lag 60 dialogmøte om konkrete planframlegg. Vi prioriterte så tidleg medverknad som råd, men denne medverknaden kan ikkje fullt ut erstatte dialogmøte, motsegn og klager på ein del dispensasjonar, dersom vi skal unngå at vesentlege statlege omsyn vert sett til side.

Vi har medverka om dei aller fleste plantema som har statlege føringer bak seg. I tillegg til dei temaat som er nemnde under førra resultatmål, vil vi nemne:

- støy (nye støyretningslinjer)
- sosial bustadbygging (jf. prøveprosjekt bustadsosialt arbeid frå 1.september 2021)
- prosjektet Leve heile livet
- heilskapleg vassdragsplanlegging
- barn og unge sine interesser

Vi opplever at kommunane i varierande grad har kunnskap om dei plantema og -omsyna som dei sjeldan må vareta, til dømes støyproblematikk i kommunar der dette ikkje er eit vanleg tema i planane. Dialogmøte har vist seg som ein god arena for å gjøre planane betre i slike saker. Andre, særleg større kommunar, har god kompetanse på dei fleste plantema. Når det oppstår usemje mellom kommunen og statlege styresmakter, er det oftast reine prioriteringsomsyn, altså ein reell konflikt mellom statlege og lokale interesser.

Det er vanskeleg å peike på samanhengen mellom vår innsats og observert aktivitet, men vi legg til grunn at innsatsen vår har gitt betre samsvar mellom kommunale og statlege og regionale mål for planlegginga.

Nye digitale løysingar for samhandling med kommunane har gjort oss meir effektive. Samstundes har det som følgje av pandemien vore uråd å

gjennomføre nokre fysiske aktivitetar, som møte med sikte på generell fagleg og juridisk hjelp til kommunane som planstyretemakta.

Vi ser at fleire kommunar har ein uheldig dispensasjonspraksis. Sivilombodet har rapportert at kommunane sin praksis ofte ikkje er i samsvar med lova.

Saman med formidling av statleg politikk for ei meir berekraftig planlegging og samfunnsutvikling generelt, inkludert planlegging for folk i alle livsfasar og - situasjonar (sosial berekraft), er dette tema vi ønskjer å leggje meir vekt på framover.

Når det gjeld andre aktørar, meiner vi at staten i stor grad framstår samla og samordna på regionalt nivå. Vi opplever sjeldan mål- eller interessekonfliktar i plansakene som ikkje let seg løyse i den samordninga som skjer i og rundt dialogmøta, eller i andre samanhengar. Samarbeidet med Vestland fylkeskommune er også godt på planfeltet. Vi meiner likevel at fylkeskommunen, som forvaltar av næringsinteresser på ein del felt, i mindre grad legg vekt på at næringstata skal vere forankra i gode planar for berekraftig arealbruk, og vi ser at kommunane i slike situasjonar opplever styringssignal som uklare eller sprikande.

Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Jf. pkt. 3.1.1.1 og 3.1.1.1.1.1

At Statsforvaltaren og andre statsetatar framleis ser det som naudsynt å fremje motsegn til relativt mange planar, viser at det framleis er vesentlege manglar i ein del planframlegg. Vi ser dette i samanheng med at konsekvensutgreiingar og planskildringar ofte har faglege manglar, jf. evalueringa som er gjort av konsekvensutgreiingar på kommuneplannivået. Det er såleis vanskeleg å konkludere med at nasjonale viktige regionale interesser vert varetekne meir enn i middels grad. Etter eventuelle dialogmøte, meklingar m.v. er det sjølvsagt betre samsvar. Elles meiner vi at både Planforum, plannettverka og rettleiing i regi av Statsforvaltaren og fylkeskommunen er med på å førebyggje motstrid mot statlege og regionale interesser.

Under pandemien har det vore vanskeleg å nå ut med generell rettleiing og utvida kommunedialog om denne type problemstillingar. Dette vonar vi vil betre seg i det nye året.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Statlige innsigelser er samordnet

Vi følgjer det tilrådde opplegget til KMD for samordninga, jf. brev av 22. desember 2017. Vi legg stor vekt på å invitere kommunen til dialogmøte for planar Statsforvaltaren eller andre statsetatar vurderer at kan vere i strid med statlege omsyn. Heller ikkje i 2021 vart det naudsynt eller aktuelt for oss å avskjere statlege motseigner frå andre etatar. Men svært mange motsegnspunkt vart løyste i den utvida dialogen i høyringsfasen. Vi meiner at måla med samordninga; raskare planprosessar, betre planar og færre motseigner, ofte vert nådde. Fylkeskommunen har vorte invitert med i saker der dei har hatt vesentlege interesser og har ønskt å delta, og dei har delteke i fleire dialogmøte.

Vi mekla i totalt elleve plansaker i 2021. Alle meklingane gjaldt reguleringsplanar der Statsforvaltaren hadde motsegn. Strandsoneomsyn var motsegnspunkt i alle sakene. I to av sakene gjaldt motsegna også naturmangfold. Meklinga førte fram i fem av sakene. Vi avslutta to meklinger utan å kome fram til semje. Vi har mekla i fire av sakene utan endeleg resultat, men ser at desse held fram som meklingssaker.

Ni av meklingssakene gjaldt reguleringsplanar i konflikt med strandsone i same kommune; Bømlo kommune i Sunnhordland. Reguleringsplanane la til rette for formål bustad, fritidsbustad og naust. Meklinga førte fram i fem av sakene. Vi vart samde om at kommunen skal vurdere dei andre planframlegga på nytt etter meklinga og eventuelt leggje fram reviderte planforslag. Vi vurderer såleis at desse fire meklingssakene framleis er i prosess.

Vi har mekla i to andre plansaker som begge er knytt til akvakultur. Begge sakene gjaldt både landområde og utfylling i sjø for å nytte utfylt sjøområde. Den eine planen var for industriområde knytt til akvakultur og den andre eit landbasert akvakulturanlegg med hamn. Våre motsegnspunkt var omsynet til strandsona, plassering av industriområde og naturmangfold på land og i sjø. Meklinga førte ikkje fram i nokon av desse to sakene.

Vi sende to reguleringsplanar til departementet for endeleg avgjerd i 2021. Begge planane var i same kommune. Statsforvaltaren har motsegn til den eine planen på grunn av strandsoneomsyn. Vestland fylkeskommune har motsegn til den andre planen grunna kulturminne. Departementet avgjorde ikkje sakene i 2021.

Departementet avgjorde ei plansak i Vestland i 2021, kommunedelplan for Meland i Alver kommune, med tema akvakultur. Departementet godkjende kommunedelplanen, og motsegna frå Statsforvaltaren vart såleis ikkje tatt til følge.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Helhetlig og systematisk samfunnssikkerhetsarbeid er ivaretatt i kommunale planer.

Kommunane har stort sett ikkje problem med å sjå samanhengen mellom kommunal beredskapsplikt og planar etter plan- og bygningslova, men det er noko meir varierande i kva grad og korleis dei følgjer opp dette på ein heilskapleg og systematisk måte.

Ei utfordring er at dei fleste arealplanane (områderegulering og detaljregulering) vert utarbeidde av private aktørar, som nok ofte er meir opptekne av andre ting enn samfunnstryggleik. Likevel vert det (meir eller mindre) utan unntak laga ROS-analysar i alle arealplansaker etter plan- og bygningslova, og der heilskapleg ROS-analyse inngår som del av kunnskapsgrunnlaget. Tilsvarande blir det etter kvart i større grad også gjort ROS-vurderingar i dispensasjonssaker.

Statsforvaltaren har i 2021 hatt særleg merksemeld på rettleiing og oppfølging av kommunane sine overordna planar, m.a. kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel. Dette er for å sjå til at kommunane har oversyn over utviklingstrekk og sentrale utfordringar på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Vidare skal dette oversynet nyttast som grunnlag for å utarbeide mål og strategiar, og såleis leggjast til grunn for prioriteringar og gjennomføring av tiltak.

Som følgje av denne prioriteringa er samfunnstryggleiks- og beredskapsomsyn gitt særskilt merksemeld i fråsegnene til alle overordna planar etter plan- og bygningslova. Dette vert også føgt opp i planforums møte og i direkte dialog med kommunane. Statsforvaltaren har i oppfølgings- og rettleiingsarbeidet lagt vekt på at kommunane må kunne vise til heilskapleg og systematisk tenking rundt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, frå visjonsnivå, via mål og delmål, til konkrete handlingsplanar med tilhøyrande løvningar (budsjett), og avslutningsvis tilbakemelding på målopnåing (t.d. gjennom årsrapporten). I samband med dette har vi m.a. lagt til grunn forventingane i KMD sitt rundskriv H-5/18 "Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesak" for vår dialog med kommunane. I arealplansamanheng har vi i tillegg lagt til grunn DSB-rettleiaren "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging". Avslutningsvis nyttar vi også i nokon grad Meld. St. 5 (2020-2021) "Samfunnssikkerhet i en usikker verden" som grunnlag for rettleiinga.

Erfaringane er at dei fleste kommunane tek rettleiingane og tilbakemeldingane våre på alvor og forsøker å integrere dette i planarbeidet.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer når planer revideres/rulleres.

Storulykkerisiko vert følgd opp i monaleg grad i alle planar der problemstillinga er relevant, både frå kommunen og med støtte frå Statsforvaltaren. Vi har hatt har særleg merksemeld på denne problemstillinga i vårt generelle rettleiingsarbeid og i våre planfråsegnar. Alle storulykkesverksemder blir no vurderte med omsyn til behov for omsynssoner i plankart med tilhøyrande føringar i planføresegnene. Vår aktivitet og oppfølging har ført til at kommunane no har vesentleg meir merksemeld på denne typen problemstillingar enn berre for få år sidan. Og andre aktørar som t.d. Statens vegvesen og Forsvaret har bidratt godt til denne utviklinga.

Med omsyn til mogeleg forbetningspotensiale i denne samanheng, så kan det t.d. vere at vi også kan prøve å fange opp storulykkeproblematikk i dispensasjonssaker. Det er ofte vi som gjer kommunane merksame på problemstillinga når h0 er aktuell.

Generelt skulle vi nok også ønske at samfunnstryggleiksområdet fekk meir merksemeld i handsaminga av dispensasjonssaker, og det gjeld ikke berre oppfølging av storulykkerisiko. Ein del kommunar er ikke klare over at ein dispensasjon frå arealplan ikkje gjev hove til å dispensere frå sakshandsamingsreglar som til dømes krav til ROS-analysar.

Sist, men ikkje minst, er vurdering av risiko og sårbarheit knytt til farleg stoff (som ikkje er underlagt storulykkesforskrifta) eit område der det framleis er stort rom for forbetring. Dette blir i for liten grad føgt opp av kommunane, og Statsforvaltaren har ofte ikke god nok lokalkunnskap til å fange opp eventuelle utfordringar knytt til denne typen problemstillingar i innkommande saker.

Vi har elles vore i tett dialog med fleire kommunar og private aktørar med omsyn til denne typen problemstillingar i løpet av året som har gått.

Sett frå vår ståstad hadde det vore ønskeleg at DSB i samband med innvilging av løyve til oppbevaring av farleg stoff gjør særskilt merksam på at slike løyve fører til eit særleg oppfølgingsansvar for kommunen, jf. t.d. rettleiinga til § 36 i eksplosivforskrifta der det står:

DSB gir en tillatelse til oppbevaring av eksplosiver etter bestemmelser i eksplosivforskriften, men hvor kommunen forvalter arealene i sin kommune. Rundt et eksplosivlager er det imidlertid ikke mulig å etablere et tilfredsstillende sikkerhetsnivå uten at det etableres arealmessige begrensninger rundt anlegget og det er dette som medfører at LNF/områder, utfra DSBS ståsted, er ansett å være velegnet til denne type lagring. I henhold til brann- og eksplosjonsvernloven § 20 skal slike arealmessige begrensninger fastsettes etter bestemmelsene i plan- og bygningsloven, der kommunen finner det hensiktsmessig. I praksis vil det si gjennom etablering av hensynssoner etter plan- og bygningslovens § 11 b.

Vi opplever ofte at kommunen ikkje gjer slike vurderingar med tilvising til at DSB har gjeve løyve, og då oppfattar nok kommunen at alt er i orden.

Planleggingen skjer i tråd med rundskriv T-2/16 mm (fra kapittel 3.1.1.4.1 i TB)**Rapportere på**

Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser i tråd med rundskriv T-2/16 formidles og ivaretas på en god måte

T-2/16 er eit svært godt hjelpemiddel for kommunane, fylkeskommunen og for oss når vi medverkar i planlegginga, og vi legg stor vekt på å formidle innhaldet og krava som ligg i rundskrivet.

Som det går fram av oversikta i pkt. 3.1.1.1, vert det framleis fremja motsegner som ofte baserer seg på at dei føringane som går fram, ikkje er følgde opp i planframlegg. Vi nyttar då rundskrivet som retningsline og kjelde til informasjon i dialogmøte, i samordna fråsegner og i ev. meklingar i etterkant.

Under pandemien har det vore uråd å få til konkret politikaroplæring av nye kommunestyremedlemer. Dette har både kommunane og vi sakna, og vi vil framover heller tilby webinar for politikarar. T-2/16 vil i så fall vere eit naturleg tema å ta opp.

Vi ser det som viktig at rundskrivet også vert lagt til grunn i statlege planprosessar og planvedtak. Dette er viktig for å få aksept for rundskrivet i kommunane og fylkeskommunane.

Alle relevante planer inneholder tilfredsstillende støyutredning (fra kapittel 3.1.1.4.2 i TB)**Rapportere på**

God ivaretakelse av støyhensyn i kommunenes arealplanlegging

Vi opplever at etterlevinga av T-1442 til no har vore noko mangelfull i kommunane.

Tilsette frå både miljøavdelinga og planseksjonen i kommunalavdelinga har deltatt i opplæringstiltak i regi av Miljødirektoratet. Dette, saman med dei nye retningslinene, har vore nyttig for kommunane og for vårt arbeid med rett handtering av støytemaet i plansaker.

Statsforvaltaren har hatt merksemeld på temaet i relativt mange plansaker i 2021. Vi har opplevd at kommunane stort sett er positive til å leggje føringane til grunn når dei vert kjende med desse og at dei har sett pris på dialogen vi har hatt i saker der det i utgangspunktet har vore manglar ved planforslag. Mange av dei aktuelle sakene har handla om manglande støyvurderinger og som følge av det, manglande sikring mot framtidige støyplager i planområda.

Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.5.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunenes planlegging skjer i tråd med de boligpolitiske målene i kapittel 4 "Byer og tettsteder der det er godt å bo og leve" i Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging

Vi omtalar dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, og spesielt bustadsosialt arbeid og planlegging for aldersvenlege samfunn (prosjektet Leve heile livet), i fråsegne våre til planstrategiar og kommunale planar. Dei blir også tekne opp i møte med kommunane, i regionalt planforum, og i dialogmøte gjennom Leve heile livet-arbeidet. Bustader og aldersvenleg planlegging har også vore tema på konferansar og digitale samlingar. Dette er også tema i møte med kommunane om eigna bustader og tenester til ulike brukargrupper. Samarbeidet med Husbanken og rådgjeving til kommunane vart vidareført i 2021.

Basert på fråsegner vi har gitt til planstrategiar og samfunnsdelen til kommuneplanen, ser vi at dei fleste kommunane forankrar det bustadsosiale arbeidet i samfunnsdelen i ein eigen bustadsosial plan eller at dette blir omtala i planstrategien.

Med overføring av rettleiingsoppgåver frå Husbanken til Statsforvaltaren i Vestland frå 1. september 2021, har det bustadsosiale arbeidet fått større merksemeld.

Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.6.1 i TB)**Rapportere på**

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging er tema i både Leve heile livet-arbeidet, i dialogmøte med kommunane, konferansar og samlingar. Det er også teke med i relevante innspel til kommunane sitt samfunnsplanarbeid. Vi ser at mange kommunar har temaet med i eigne kommunedelplanar for helse, i ein eigen plan, eller planlegg å lage ein plan eller strategi.

I dialogmøta med kommunane i Leve heile livet-arbeidet melde kommunane om utfordringar i rekruttering av kompetanse innan helse og omsorg. Det er spesielt sjukepleiarar og helsefagarbeidarar som er vanskeleg å rekruttere. Tidlegare var det ofte kommunane i distrikta som melde om dette. No gjeld dette også dei større og meir sentrale kommunane i fylket.

Vi oppmodar kommunane om å løfte kompetanse- og rekrutteringsplanlegging inn i samfunnssdelen av kommuneplanen og såleis synleggjere rekrutteringsutfordringane framover. Vi meiner at systematisk arbeid gjennom Leve heile livet-prosjektet gjer at kommunane i større grad set temaet på dagsorden og at dei ved dette vert meir merksame på behov og tiltak for å møte utfordringane i eigen kommune.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Vi har over tid, og særskilt dei seinare åra, i aukande grad lagt vekt på SPR-BATP som ei viktig retningsline, som må følgjast opp dersom vi skal nå måla om ei berekraftig utvikling og ein energieffektiv arealbruk. Dette er kommunisert med aukande tyngd inn i kommunale planprosessar og i aukande grad lagt til grunn i motseigner som vi har sett det naudsynt å fremje.

Bergen kommune har i sin kommuneplan kome relativt langt i arbeidet med å styre byutviklinga i lys av desse retningslinene. Vi opplever derimot at dei større vekstcommunane rundt Bergen, i vesentleg mindre (liten til middels) grad legg vekt på dei same føringane i si kommuneplanlegging og arealforvaltning. Dette er såleis ein sentral del av vår planmedverknad no. Eit langsiktig og godt samarbeid med Bergen kommune, og det at vi har fronta nokre viktige saker knytt til byspreiing, landbruksomsyn med vidare, har vore viktig for måloppnåinga. For randkommunane og andre større kommunar med regionale senterfunksjonar, mellom anna innanfor området med byvektstavtle, er utfordringane større. Vi er mellom anna inne i ein meklingsfase med Bjørnfjorden kommune, der dette er eit hovudtema.

Dersom Statsforvaltaren skal medverke til ei høgare måloppnåing, må den relativt store innsatsen vi legg ned på dette fagfeltet gjennom kommunedialogen halde fram. Utvikling av metodikk for, og tydelege nasjonale krav og forventningar om, areal og klimarekneskap ville gjere denne jobben noko lettare. Vi opplever at regional ATP-plan er ei relativt god støtte i vårt arbeid, men at denne planen i mindre grad vert vektlagd og brukt som styringsdokument av kommunar og av fylkeskommunen sjølv.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)

Rapportere på

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

I 2021 hadde vi i oppgåve å rettleie kommunar til å stille krav om forsvarleg massehandtering og å følge opp at gjenvinning av reine stein- og jordmassar er vurdert i planprosessar. Arbeidet involverer fleire avdelingar og regelverk, og vi planla å lage ein strategi for dette arbeidet i 2021. Sidan vi ikkje hadde kapasitet til eit slikt arbeid i 2021, har vi planlagt å få dette på plass i 2022.

Vestland har svært store masseoverskot frå samferdsleprosjekt (E39, E16 Stad skipstunnel mv.) som må handterast i statleg og kommunal planlegging. Vi medverkar tett i dei aktuelle planprosessane med sikte på å formidle statleg politikk om ei forsvarleg og samfunnsgagnleg massehandtering. Vi opplever at konfliktane, særleg mellom natur og landskapverknadene av utfylling i sjø og kommunale ønske om å få areal til ny utbygging, er krevjande å handtere.

Vi har også sett døme på at kommunen på kort varsel ønskjer å gjennomføre ei dispensasjonshandsaming for å deponere store masseoverskot frå tunnelarbeid som har vore planlagt i lang tid, og på den måten hoppe bukk over reglane om konsekvensutgreiing og planavklaring. Vi har rådd klart frå dette, og kommunen har ikkje gått vidare med planane.

Sjå elles rapport under kap. 3.1.1.10.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med PBL § 1-8, SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, RPR for verna vassdrag og regionale planer.

Som vist ovanfor handlar framleis klager på dispensasjonsvedtak og motseigner ofte om at statlege føringar for strandsona, særleg langs sjø, vert sett til side. Sjølv om det er ulikskapar mellom kommunane, meiner vi dermed at statlege omsyn berre i middels grad kan seiast å vere varetekne i den kommunale arealforvaltninga, fylket sett under eitt.

Våre tiltak på dette feltet var òg i 2021 primært rettleiing og formidling av statlege omsyn, skriftleg og i dialogmøte med kommunane. Vi meiner at utan denne medverknaden, ville nedbygginga av verdifull strandsone gått endå raskare og den juridiske og faglege kompetansen i kommunane om planlegging i strandsona vore svakare.

Sjølv om vi har fokusert på tidleg og dialogbasert medverknad, ser vi at vi truleg kunne ha oppnådd ein meireffekt av styrkt generell rådgjevingsinnsats på

dette fellet. Saman med fylkeskommunen starta vi difor opp eit samarbeid om å utvikle ein ny strandsonerettleiar for fylket. Denne vil venteleg bli ferdigstilt og formidla til kommunane i 2022. Vi vil òg invitere kommunane til webinar om planjuss om strandsona og bruk av dispensasjonsreglane i paragraf 19 i plan- og bygningslova.

Vi har særleg opplevd at Sivilombodet si evaluering av kommunar si praktisering av dispensasjonsadgangen har vore opplysende. Vi ser likevel relativt store manglar ved korleis dei statlege planretningslinene vert lagde til grunn i konkret planlegging og sakshandsaming i einskilde saker i mange kommunar.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)

Rapportere på

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventninger og regionale planer

Statsforvaltaren har deltatt aktivt i arbeidet med regional plan for Nordfjella med Raudafjell og regional plan for Hardangervidda. I samband med rullering av regional plan for Hardangervidda kom statsforvaltarane kring Hardangervidda med vesentlege innvendingar til planen. Etter slutthandsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet vart det stadfestat at berre delar av Valldalen i Ullensvang kommune blir definert som stølsdal, medan resten av arealet på begge sider av dalen blir ført vidare som nasjonalt villreinområde.

Ivaretakelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)

Rapportere på

Omdisponeringen av dyrka jord skal være under 4000 daa per år, jf. Stortingets jordvernmål 2020

Tabellen nedanfor viser dekar omdisponert dyrka jord per år. Det nasjonale målet var maksimalt 4000 dekar dyrka jord per år. Vestland sin del av dette er om lag 340 dekar per år.

Omdisponeringa var middels per år i perioden 2011–2020 på 516 dekar/år, men tendensen i nedbygging av dyrka jord er heldigvis fallande, så for 2020 ser det ut som vi er under det nasjonale målet. Men den kraftige nedgangen frå 2019 til 2020 er usikker på grunn av manglende rapportering frå nokre kommunar.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
646.0	720.0	643.0	588.0	502.0	346.0	459.0	418.0	530.0	311.0

Systematisk folkehelsearbeid etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)

Rapportere på

God ivaretakelse av langsiktig folkehelsearbeid i kommunenes planarbeid

Vi formidlar forventningane frå folkehelselova og spesielt Helsedirektoratet sin rettleiar om eit systematisk folkehelsearbeid i fråsegner til planstrategiar, planprogram og framlegg til kommuneplanar. Vi tek også dette opp i Regionalt planforum. Vi etterspør oversikter der dei ikkje kjem tydeleg fram i planarbeid, eller der folkehelse ikkje er eit sentralt tema. Utjamming av sosiale skilnader i helse blir særleg vektlagt i våre fråsegner. Folkehelse i kommunale planprosessar har også vore tema i digital samling, og i dialogmøta vi hadde med 20 kommunar i Leve heile livet-arbeidet.

35 av 43 kommunar i Vestland har utarbeidd folkehelseoversikter, per januar 2022. Av desse er 28 av oversiktene frå 2019 eller nyare. Her ser vi ein liten framgang frå same tid i fjar. Basert på fråsegnene vi gav i 2021, var det fleire av kommunane som ikkje hadde ei oppdatert folkehelseoversikt klar til planstrategien eller kommuneplanens samfunnssdel, eller som ikkje hadde ei tydeleg kopling til folkehelseoversikta i planarbeidet sitt.

Om kommunane har utarbeidd ei folkehelseoversikt meiner vi er ein viktig indikator på om kommunane set folkehelse på dagsorden. Men, som ved rapportering tidlegare år, er det framleis behov for å vidareutvikle systematikken i arbeidet frå folkehelseoversikt til planstrategi og vidare til fastsetjing av mål og tiltak i plan, iverksetjing og evaluering av tiltak. Ettersom det er fleire kommunar som har utarbeidd folkehelseoversikter enn for eitt år sidan, registrerer vi framgang. Det er likevel eit langsiktig og målretta arbeid der vi ikkje ser store endringar frå år til år.

3.1.1.2 Understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap

Vi brukar mykje ressursar på å følgje opp og støtte kommunane i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. På same måte som året før, har det alt vesentlege av aktivitet med støtte og oppfølging i 2021 vore knytt til handteringa av pandemien.

Vi har hatt svært tett kontakt med kommunane gjennom pandemien, m.a. gjennom samvirkemøte kvar veke, rapportering, oppfølging av spørsmål og innspel. Vi har lagt vekt på å vere lett tilgjengelege både i og utanfor ordinær arbeidstid. Vi har fått svært mange gode tilbakemeldingar frå kommunane for den oppfølginga dei har fått.

I mars arrangerte vi eit webinar om kvikkleire for alle kommunane i Vestland. Vi samarbeidde med NVE om det faglege innhaldet, som omfatta både førebyggande arbeid (kartlegging, arealplanlegging m.v.) og handtering av hendingar.

Valg av virkemidler tilpasset kommunens behov (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Den samlede virkemiddelbruken overfor kommunene innen samfunnssikkerhet og beredskap er vurdert av Statsforvalteren og tilpasset kommunenes behov.

Pandemihandteringen har gjort at vi har hatt svært tett dialog med kommunane, både med kommuneoverlegane og kommuneleiinga. Kommunane har hatt veldig stort behov for fagleg og praktisk støtte i pandemihandteringen, noko som m.a. er synleggjort gjennom stor pågang av spørsmål og innspeil.

Dette har gjort det nødvendig med ei streng prioritering av dei kommuneretta verkemiddela og aktivitetane våre på samfunnstryggleksområdet. Vi har til dømes mått utsetje nokre planlagde tilsyn.

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt (fra kapittel 3.1.1.2.2.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gjennomføre tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Kommuner for tilsyn velges ut på bakgrunn av oppdrag 3.1.1.2.9. Statsforvalteren vurderer om helseberedskap skal inngå i tilsynet, se pkt. 3.1.1.2.1.2

Vi planla i starten av året tilsyn med oppfølging av communal beredskapsplikt i åtte kommunar. På grunn av pandemien fekk vi berre gjennomført tre av dei (med kommunane Fjaler, Hyllestad og Samnanger). Tilsyna vart gjennomførte som digitale møte og felles tilsyn med oppfølging av communal beredskapsplikt etter både sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova.

Felles tilsyn med beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.2.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren avgjør om det skal gjennomføres tilsyn med helseberedskap i kommunene basert på kunnskap om risiko og sårbarhet. Tilsyn med helseberedskap i kommunene skal gjennomføres som felles tilsyn med communal beredskapsplikt etter sivilbeskyttelsesloven, jf. [Veileder for felles tilsyn med communal beredskapsplikt og helseberedskap](#) fra DSB og Statens helsetilsyn.

Dei tre tilsyna vi har hatt med communal beredskapsplikt har vore felles systemrevisjonar med både helseberedskapslova og sivilbeskyttelseslova (med tilhøyrande forskrifter). I tillegg til gjennomgang av dokument har vi hatt digitale tilsynsmøte med nøkkelpersonar i kommuneleiinga. For at tilsyna skulle bidra best mogleg til å forbetre krisehandteringsevna under pandemien, var dei tematisk avgrensa til kontroll av overordna beredskapsplan og beredskapsplan for helse- og omsorgstenestene. I tillegg undersøkte vi system for opplæring, øving og evaluering.

Veiledning om samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal styrke veiledningen overfor kommunene i arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder helse- og omsorgsberedskap.

Gjennom heile pandemihandteringen har vi hatt tett oppfølging av kommunane, og rettleia dei heile vegen. Ein hovudaktivitet har vore det faste fellesmøtet med alle kommunane éin gong i veka. Vi har nyttet det til å informere om aktuelle tema, m.a. ved å få med fagpersonar frå FHI, Helsedirektoratet og andre instansar. I tillegg har vi brukt møta til å svare på spørsmål som er relevante for alle.

Utanom det har vi hatt mykje kontakt med kommunane éin og éin, eller med fleire kommunar der problemstillingane har vore aktuelle for fleire. Den faste situasjonsrapporteringa kvar veke har gitt eit godt bilet av tilstanden i kommunane. Vi har tatt kontakt med kommunar som har rapportert om spesielle utfordringar.

Når vi har vorte kjent med smitteutbrot av eit visst omfang har vi tatt kontakt med den aktuelle kommunen, og vi har i svært mange tilfelle tatt initiativ til rettleiingsmøte med FHI og oss.

Det har vore tett samarbeid mellom dei involverte fagavdelingane i embetet under heile pandemien, t.d. om oppfølging av spørsmål og innspeil frå kommunane og om planlegging og gjennomføring av kommunemøta.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

År	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	43	28	Stryke kriseleieinga i kommunane si evne til å handtere uønskte hendingar
2020	43	7	Styrke kommunanenes handtering av smitteutbrot og oppfølging av TISK-strategien
2021	43	0	

Egenberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i 2021 bidra til at kommunene arbeider for styrket egenberedskap hos innbyggerne gjennom lokale tiltak og oppfølging av *Egenberedskapskampanjen* fra DSB.

Vi har informert kommunane om eigenberedskapskampanjen, delt informasjonsmateriell og tilbydd rettleiing og støtte til dei kommunane som har teke kontakt med oss.

Øvelse for kommunens kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.4.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2022 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Pandemihandteringen har gjort at vi ikkje har har hatt øvingar for kommunane i løpet av 2021.

Understøtte arbeid med ROS-analyser og beredskapsplaner på lokalt nivå (fra kapittel 3.1.1.2.4.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal understøtte arbeidet med ROS-analyser og beredskapsplaner på lokalt nivå, med særlig vekt på forbedre samhandling i krisehåndteringen mellom helseforetak - kommune, og kommunenes evne til å omlegge tjenester og kapasiteter til ekstraordinære behov. TISK-øvelser er den del av dette.

Tilsyna gir oss kunnskap om status på arbeidet med heilskaplege ROS-analysar og beredskapsplanlegging i kommunane, men tilsynsaktiviteten vår har vore låg dei siste to åra. Sjølv om pandemihandteringen har tatt mykje ressursar i kommunane, har vi fått tilbakemelding om at det er fleire som likevel har prioritert å arbeide med revisjon av heilskapleg ROS-analyse og planverk.

I dei tre tilsyna vi har gjennomført, har vi særleg hatt merksemeld på pandemihandteringen. Sentrale samtaletema har m.a. vore i kva grad kommunane har opplevd at eige planverk har vore til nytte. Eit anna tema har vore om dei har avdekt behov for endringar og oppdateringar i planverket, og i kva grad dei har gjort det undervegs.

Vi hadde i august-september regionvis møte med alle kommunane om planlegging for beredskap vidare i pandemien. Den direkte bakgrunnen for dette var breva frå helse- og omsorgsministeren og justis- og beredskapsministeren om beredskap for covid-19 hausten 2021. Vi la fram vår forståing av kva det var særleg naudsyn å planlegge for. Kommunane rapporterte i etterkant av møta tilbake om status i arbeidet hos seg.

Vi har opplevd samhandlinga mellom kommunane og helseføretaka i fylket som veldig god under pandemien. Helseføretaka har vore med på dei faste kommunemøta våre. Vi har i tillegg hatt møte med berre helseføretaka éin gong i veka. Vi har m.a. nyttet desse møta til å gi tilbakemelding til føretaka om problemstillingar i kommunane. Vårt inntrykk er at dei etablerte koordineringsarenaene mellom helse-føretaka og kommunane i deira respektive opptaksområde, fungerer godt. Vi hadde stor nytte av dette samarbeidet i samband med fordelinga av smittevernmutstyr.

Vi har opplevd god vilje til å gi støtte på tvers av kommunane i pandemien, anten det har vore innanfor formaliserte avtalar eller utanom. Vi såg særleg dette under det store utbrotet i Ulvik tidleg vinteren 2021. Kommunen hadde omfattande behov for ressursstøtte, og fekk hjelpe frå mange andre kommunar og Helse Bergen. Vi støtta kommunen mellom anna ved å halde ein serie samordningsmøte med Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og nabokommunar, og oppmoda alle kommunar og helseføretaka i fylket om å hjelpe Ulvik med personellressursar.

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Det er stor variasjon mellom kommunane i Vestland når det gjeld oppfølging av prosessar og sakhandsaming på planområdet. Det er spesielt mindre kommunar med svak plankompetanse som har utfordringar. Vi registrerer at mange av dei ni samanslåingskommunane byggjer opp god kompetanse på planområdet.

Nokre kommunar i Vestland slit med å leggje ut kommuneplanar og reguleringsplanar på høyring i kartløsingane sine, og leverer dei i staden i PDF. Dette aukar vår sakhandsamingstid ved høyring, og kvaliteten på våre svar vert dårligare. Vi reknar med at andre regionale høyringsinstansar også har tilsvarande utfordringar.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner og fylkeskommuner har vedtatt en planstrategi

Ved starten av 2021 hadde 24 av 43 kommunar i Vestland vedteke kommunal planstrategi. 19 av kommunane var undervegs i arbeidet, og vi reknar med at dei aller fleste kommunane per no har gjort vedtak. Fylkeskommunen var tidleg ute med sin planstrategi.

Vi vurderer såleis situasjonen per utgangen av 2021 som at kommunane i betydeleg grad har vedteke planstrategi, sjølv om mange av vedtaka var lenge etter fristen i lova.

Både Statsforvaltaren og fylkeskommunen har vore pådrivarar for at kommunane skulle kome i mål med planstrategiane.

Vi informerte på heimesidene våre i januar 2021 om status i arbeidet.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

God og rask klagesaksbehandling

Vi har handsama 57 klager på reguleringsplan i 2021, av desse er tre saker over 12-vekersfristen. Det vil seie at nærmere 95 prosent av sakene er handsama innan fristen, eit resultat vi er særstegnende nøgde med, og som kjem av langsigkt og systematisk jobbing med fagleg kompetanse, organisering av arbeid og saksstyring.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunale planer har juridisk gyldige bestemmelser og plankart

Her som elles ser vi ulikskapar mellom kommunane. Vi har mått å leggje mykje ressursar ned i gjennomgang og kvalitetssikring av føresegner til planar. Av ressursårsaker har vi prioritert slik innsats på kommuneplannivået. Den totale måloppnåinga når det gjeld plankvalitet, vurderer vi som middels.

Vi opplever at kommunane set pris på medverknaden vår. Men framleis ser vi planar, særleg reguleringsplanar, med mangelfulle eller feil utforma føresegner, som vi ikkje har kunna prioritere å bruke tid på. Ofte må det i så fall nyttast motsegn, noko vi prøver å unngå med mindre vesentlege statlege omsyn og samstundes vert sett til side i planane. Der vi har fremja motsegn, er det ofta fordi planane har føresegner som flyttar planavklaringa ned på byggesaksnivå, t.d. utsett avklaring av temaa samfunnstryggleik og/eller støytihøve.

Vi opplever at kommunane ofte rettar opp planar når vi i dialogmøte tek opp slike feil. Samstundes ser vi at kommunane gjerne er utsette for eit vesentleg press for å få planar raskt vedtatt, og gjerne til lågast mogleg kostnad.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp

Etter at Menon Economics og SWECO la fram sin rapport i 2020 har vi hatt stor merksemd på å løfte kvaliteten på konsekvensutgreiingar til kommuneplanane. Som rapporten peika på, er det til dels store manglar ute i kommunane på dette feltet, og vi meiner å ha dekning for at KU-forskrifta med rettleiar til no berre i middels grad har blitt nyttta etter intensjonen på dette plannivået. Saman med Vestland fylkeskommune har vi ved fleire høve retta merksemd mot dette i rådgivinga mot kommunane.

Vi ser framleis manglar i reguleringsplanar med krav til KU. Dei aktuelle utgreiingstema er ofta med, jf. paragraf 10 i plan og/eller utgreiingsprogram, men kvaliteten på dei endelige utgreiingane og vurderinga av verknader er ofte mangelfulle. Statsforvaltaren har difor sett seg nøydd til å invitere til dialogmøte eller knyte motsegn til formelle manglar ved utgreiingane.

Vi ser elles at kommunane i tvilstilfelle ofta konkluderer med at det ikkje er KU-krav til planar der vi kan ha eit avvikande syn. I slike saker prøver vi ofta gjennom dialogmøte og skriftlege innspeil å medverke til at planskildringane skal bli gode nok til at verknadene av planane likevel let seg vurdere og vert synlege. Vi ser ofte at ei reell vurdering av alternativa ikkje vert gjort.

Ein del kommunar er ikkje klare over at ein dispensasjon frå arealplan ikkje gjev høve til å dispensere frå sakshandsamingsreglar som til dømes krav til KU.

Vi meiner at innsatsen vår bidrar til å bevisstgjøre kommunane som ansvarleg planstyresmakt, og til å gjøre planane betre.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Måloppnåinga på kompetansehevande tiltak er god. Gjennom prosjektet "Økt kompetanse" har vi utvikla samhandlingsarenaer med Nav fylke og ein felles strategi for kompetansearbeid. Saman med Nav Vestland har vi hatt særleg merksemd på førebyggjande arbeid, barnekonvensjonen og kva denne har å seie for arbeid på Nav-området.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor i fylket har fått tilbud om opplæring i sosialtjenesteloven og forskrifter, herunder innføring av plikt til norskopplæring. Det skal legges særlig vekt på individuelle vurderinger knyttet til de sosiale tjenestene.

Alle Nav-kontora fekk tilbod om opplæring i sosialtenestelova med forskrifter, m.a. om kartlegging og individuelle vurderinger, reglane for vilkårssetting, plikt til norskopplæring, om refusjon og reglane for sakshandsaming og vilkår for å krevje refusjon. Vi hadde også fagdagar med vekt på oppvekstreforma, barneperspektivet og kva barnekonvensjonen har å seie for arbeidet i Nav.

I samarbeid med Nav fylke gav vi digital opplæring i Ny i Nav og hadde to digitale fagsnuttar om korleis Nav sikrar at saka er så godt opplyst som mogleg, om vår rolle og kompetanseplan for dei sosiale tenestene. Vi arrangerte nettverkssamlingar, grunnkurs og grunnopplæring innan økonomisk rådgjeving og kvalifiserings-programmet. Dette er nærmere omtala under særskilte rapporteringskrav.

Det vart arrangert to samlingar for dei Nav-kontora som fekk tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene. Tema var status i prosjekta, erfarringsutveksling, forankring og synleggjering av dei gode resultata.

Tema for alle samlingane i 2021 vart valde på grunnlag av identifiserte behov. Det var stor deltaking og vi fekk gode tilbakemeldingar på samlingane. Inntrykket vårt er at leiarar og tilsette er meir merksamme på kva tema som til dømes tilgjenge, barneperspektivet i Nav og økonomisk rådgjeving har å seie for tenesteytinga. Vi har også sett at erfarringsdeling på tvers av kontora er nyttig.

For at opplæringa skal vere relevant tek vi utgangspunkt i innmelde behov frå tenestene. I 2022 vil vi mellom anna arbeide vidare med utvikling av nettverk som læringsarena og barneperspektivet.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	40	40

Det er færre Nav-kontor enn kommunar i Vestland

NAV kontor med lav kunnskap tilbys opplæring (fra kapittel 3.1.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

NAV-kontor som vurderes å ha særskilte utfordringer i forståelsen av sosialtjenesteloven og hvordan den skal praktiseres, eller forvaltningsloven og saksbehandlingsreglene i sosialtjenesteloven, har fått tilbud om tilpasset opplæring.

Alle Nav-kontora fekk tilbod om opplæring. Fagdagane, webinar og fagsnuttar med generell opplæring var retta mot område der vi gjennom tilsyn eller handsaming av klager har avdekt mangelfull eller feil forståing og praktisering av sosialtenestelova.

Nav-kontora har fått tilbod om særskilt opplæring etter behov og ønske. Vi får færre telefonar frå Nav-tilsette enn tidlegare. Dette kan ha samanheng med at dei får naudsynt opplæring gjennom kompetansetilboda og/eller i møte med oss.

Nav-tilsette som tek kontakt på telefon eller e-post får rettleiing. Vi sender også med følgjeskriv i klagesaker der vi ser at det er behov for rettleiing om regelverket.

Oppfølging av kommuner (fra kapittel 3.1.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren har systematisk fulgt opp kommuner der det gjennom tilsyn eller klagesaksbehandling er avdekket behov for særskilt oppfølging for å utbedre praksis i samsvar med sosialtjenestelovens formål. Oppfølgingen kan gis gjennom råd og veiledning og annen kompetanseheving

Vi har følgt opp identifiserte behov for endring og forbeting av praksis. Vi systematiserer informasjon om kvart Nav-kontor og loggfører korleis vi har følgt dei opp, til dømes tilsyn, råd og rettleiing. I dialogmøte med kommunane tek vi utgangspunkt i risikovurderinga frå gjennomgang av sosiale tenester. I 2021 gjennomførte vi saman med Nav Vestland dialogmøte med 14 kommunar og Nav-kontor.

Alle Nav-kontor vart inviterte til å delta i opplæringstilbod. Alle planlagde tilsyn vert følgde opp til lovbroter retta.

Dei største utfordringane er korleis Nav-kontora best kan bidra til å førebyggje og redusere fattigdom og fremje sosial inkludering og sosial tryggleik. Det er mangel på arbeidskraft i fleire bransjar, men likevel fleire sårbare grupper som fell utanfor arbeidslivet og treng sosiale tenester som tett oppfølging, bustad, rådgjeving og hjelpe til å kvalifisere til arbeid. Sosial og økonomisk ulikskap har auka over tid. Pandemien har ramma utsette grupper særleg hardt. Det er svært viktig at dei sosiale tenestene er tilgjengelege for alle. Det har vi erfart at Nav ikkje er. Det er også viktig at Nav-kontora nytta kvalifiseringsprogrammet for dei som har rett og plikt til denne tenesta. Vi følgjer opp dette og poengterer at Nav-kontora skal gi tilbod om aktivitetar som reelt tek sikte på å kvalifisere tenestemottakarane til arbeid. Nav-kontora har ikkje lukkast godt nok med dette under pandemien. Det er risiko for at barnefamiliar ikkje får heilskapleg oppfølging. Vi har hatt stor merksemd på dette i kontakten med kommunane, ikkje minst i samanheng med barnevernsreforma.

Det er behov for å styrke den generelle forvaltningskompetansen ved Nav-kontora. Frå og med 2022 vil Høgskulen på Vestlandet gi tilbod om etter- og vidareutdanning på bachelor- og masternivå i helse- og velferdsforvaltning, der tilsette ved Nav-kontora er i målgruppa.

3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

I kontakten med kommunane har vi hatt særleg merksemd på plikta til å yte naudsyn og forsvarlege tenester, også under pandemien. Vi har særleg følgt opp det som gjeld utsette grupper og barn/ungdom.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dei fleste kommunane rapporterer om utfordringar med ei aldrande befolkning og fødselsunderskot. Leiarar og planleggjarar er kjende med befolkningssamansetting og framskrivingar i eigen kommune. Kva dette vil ha å seie for kapasitet, kompetanse og kvalitet i berekraftige tenester i åra framover, vert løfta fram i kommunale planar.

Endringar i demografi og kva utfordringar dette kan føre til, var tema på fagdagar om kommunalt planarbeid, på konferansar og i dialogmøte med kommunane i Leve heile livet-arbeidet. På fagdagar, i dialogmøte, på nettsida vår og i nyhendebrev fekk kommunane informasjon og rettleiing om ulike verktøy som kan brukast i planleggingsarbeidet, til dømes ressursportalen.no og KS sitt verktøy om strategisk kompetanseplanlegging. Vi har også, saman med Statsforvaltaren i Rogaland, arrangert webinar om analyse og planleggingsarbeid for kommunane. Kommunane som ber om meir hjelpe i analysearbeid, vert følgde særskilt opp. Fram til no har kommunane i liten grad hatt behov for hjelpe til analyse og planleggingsarbeid.

Vi vurderer at arbeidet ut mot kommunane har vore nyttig. Vi registrerer større merksemd på analyse og planarbeid. Vi meiner at arbeidet vårt har medverka til at nokre kommunar i større grad har teke kapasitet, kompetanse og kvalitet med i planarbeidet.

3.1.1.6 Andre oppdrag

Vi har hatt fleire webinar om førebygging av sjølvmord hos barn og unge og vaksne i samarbeid med m.a. regionale kompetansesenter og Statsforvaltaren i Rogaland. Ut frå deltaking på webinarar møtte dei eit behov for betre kunnskap.

Samarbeidsrutine med regionale kompetansesenter er utarbeidd og i bruk.

Overdosestrategien vert følgd opp i samarbeid med KoRus.

I rettleiing til kommunane og fråseigner til planar legg vi vekt på tilrettelegging og tilgjenge til areal for fysisk aktivitet og aktivitetsvenlege bu- og nærmiljø.

3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Vestland har større spenn i naturtypar enn dei fleste andre fylke. Vi har ikkje dokumentasjon som tilseier at den økologiske tilstanden har endra seg mykje dei siste åra, men ofte er det stor brist på faktisk kunnskap på dette feltet. Vi registrerer i ein nasjonal forskingsrapport at den økologiske tilstanden i den norske fjellheimen vert rekna som tilfredsstillande. Vi kjenner oss ikkje heilt att i dette. Dei siste tiåra har det vorte langt færre smågnagarar på delar av Hardangervidda, med store negative følgjer for økosystema som er avhengige av denne ressursen. Inntrykket er også at viktige insektartar i fjellet har gått sterkt tilbake, og dermed vert andre økosystem og fuglesamfunn skadelidande.

Vi fekk i 2021 ein viktig forskingsrapport om villrein og menneskeleg ferdslle på Hardangervidda. Denne villreinstamma er allereie sterkt prega av fleire alvorlege sjukdomar, som klart indikerer at stamma ikkje har det bra. Rapporten er sterkt kritisk til delar av dagens bruk av dette svært viktige fjellområdet, og vil bli eit avgjerande grunnlag for vårt pågående arbeid med besøksstrategi for Hardangervidda nasjonalpark. Iverksetjing av besøksstrategien vil bli ei krevjande og ikkje minst naudsnyt utfordring for forvaltingsapparatet for denne nasjonalparken, og er knapt realistisk om ikkje forvaltinga vert vesentleg styrkt i nær framtid.

Det er ulikt syn mellom miljø og landbruk på kva som er utfordringane i grensesnittet mellom skogbruk og biologisk mangfald.

I tilbakemeldinga på årsrapporten for 2020 er det vist til at departementet opplever det som dobbeltkommunikasjon når vi peikte på at frøspreiing frå norsk gran og sitkagran er eit trugsmål for det biologiske mangfaldet, samstundes som vi skal fremje forynging etter hogst – også med gran på Vestlandet.

Følgjene av frøspreiing av gran i sårbare økosystem der dei i nyare tid ikkje har hatt naturleg tilhald, er viktig å få fram.

Statsforvaltaren har arbeidd aktivt dei seinare åra med å fjerne gran både innanfor og utanfor verneområde. Vi har hatt mest merksemd på verneområda, men vi fjerna og gran på Rongevær, Silda og Værlandet/Bulandet.

Vi har leia eit treårig nasjonalt prosjekt med vekt på å fjerne gran og reetablere naturskog i verneområda.

Vi har hatt gode interne faglege diskusjonar om skogbruk og biologisk mangfald, og vi ser fram til fellessamlinga til våren om viktige landbruks- og miljøutfordringar.

Rettleiing av kommunane

I november arrangerte vi ein webinarserie for kommunane over fire dagar, med tema innan naturmangfald. Det vart godt mottatt av kommunane, og noko vi vil gjere igjen.

Hausbare viltressursar

Etter å ha gjennomført eit digitalt viltseminar for kommunane hausten 2020, opplever vi ei klar betring i sakshandsaminga, og vi får færre klagesaker på hjorteviltsaker.

Villreinforvaltning

Fleire av villreinbestandane slit med å halde opp bestandsmåla. Det gjeld villreinområde i Vest-Jotunheimen, Lærdal-Årdal, Fjellheimen og Nordfjella sone 1 (grunna CWD-uttaket), i tillegg til Hardangervidda og utfordringane der. Årsakene er usikre og truleg ulike mellom områda, men har medverka til at villrein no er på raudlista som nær truga art. Vi ser fram til at arbeidet med kvalitetsnormen for villreinområda våre no tek til for alvor.

Statsforvaltaren overtok sekretariatsansvaret for dei to villreinnemndene våre frå 1. januar 2022.

Kulturlandskap

Det er gradvis fleire område som har fått skjøtselsplan, og som får tilskot gjennom ordningane til landbruk- og miljøstyremaktene. Dette gjer at fleire område blir holdne i hevd og stelte på den rette måten, og vi reknar derfor med at situasjonen for desse økosystema har ei positiv utvikling.

Særleg har det vore ei god utvikling for kystlyngheiene i fylket dei seinare åra. Mange nye område er restaurerte, og fleire er underveis. Fleire nye brukarar kjem til. Gode tilskotsordningar, særleg støtte frå RMP til brenning, har hatt god effekt.

Sidan naturbeitemarkene ikkje har status som "*utvald naturtype*" har vi i forvaltinga hatt mindre merksemd på denne naturtypen, og har såleis mindre oversikt over tilstanden. Det er knytt store naturverdiar til denne naturtypen, og Vestland har eit særleg ansvar. Det er viktig å få oversikt over situasjonen, slik at vi kan få på plass gode incentiv for å ta vare på dei viktigaste av naturbeitemarkene i fylket.

Vi har vanskar med å rekruttere drivrarar til slåttemarkene. Mange av dei som driv dei mest verdifulle slåttemarkene, er godt vaksne, og det er mange område der det ikkje er nokon som ønskjer å overta denne tungvinte drifta i neste generasjon. Det er derfor uvisst korleis utviklinga til slåttemarkene vil bli på lang sikt.

Motorferdsle

Statsforvaltaren har som oppgåve å rettleie kommunane i sitt arbeid med motorferdsle og handsame dei klagene på kommunale vedtak som kjem inn. Vi tok opp temaet under webinarserien om naturmangfald i november. Etterpå fekk vi spørsmål om vi kunne arrangere fleire webinar om dette temaet. Sakshandsamarane prøver så langt det lar seg gjøre å svare på spørsmål frå kommunane per telefon og e-post og etterspør eventuelt svar frå Miljødirektoratet. I 2021 vart det handsama tre klager etter motorferdselslova i Vestland.

Det er no etablert eit forum som vert kalla *motorforum* og eit som vert kalla *lakseforum*. Begge er eit samarbeid med Vest politidistrikt, SNO og Statsforvaltaren om problematikken kring ulovleg køyring i utmark og ulovleg fiske. Det er nokre stader i fylket som peikar seg ut med tanke på ulovleg motorferdsle. Politiet og SNO har desse under oppsyn, og det er i desse områda dei legg inn ressursane sine. Samarbeidet skal også bidra til å styrke lakseoppsynet.

Vi melde til politiet ei sak om ulovleg køyring i naturreservat i samband med hjortejakt. Politiet la først bort saka, men vi klaga. Statsadvokaten tok klagan til følgje og skreiv ut førelegg. Vi veit ikkje om førelegget vart vedteke.

Kommuner og sektorene er i stand til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen (fra kapittel 3.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene og sektorene bruker kartleggingsdata innhentet i økologisk grunnkartsatsning til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen.

Kommunane og sektorane skal vere godt kjende med bruk av Naturbase og Artskart for å innhente informasjon om viktige naturverdiar. Desse innsynsløsingane har vore kjende i mange år, og Statsforvaltaren har informert og rettleia kommunane om desse fleire gonger.

Eiga måloppnåing blir likevel ikkje vurdert høgare enn middels, fordi vi meiner det er på tide med ei ny samling med orientering og rettleiing i bruken av

aktuelle verktøy, og ikkje minst ei rettleiing i bruken NiN-datasettet, naturtypelokalitetar kartlagt etter Miljødirektoratets instruks.

Vi har elles oppmoda kommunane til å kontakte oss med spørsmål om dette. Nokre få kommunar har vore ganske aktive.

Effekten av gjennomførte tiltak er forhåpentlegvis at viktige naturverdiar i større grad blir tatt omsyn til.

Forbedret tilstand i vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Forbedret tilstand i vannforekomstene

Det siste året har det jamt over vore ei betydeleg forbetring av kunnskapsgrunnlaget om vassførekomstane i Vestland. Vi har gjennomført undersøkingar og overvaking i kyst, innsjø og elv, på miljøgifter, biologiske kvalitetselement og eutrofi. Vi har hatt eit større eutrofiprosjekt i elv og innsjø som ei oppfølging av undersøkinga vi hadde i 2018. Vi har også eit pågåande prosjekt på kyst kor vi kartlegg mogleg lekkasje av DDT ved å analysere stadeigne blåskjel. Vi har merksemrd på kystvatn då det ofte er meir utfordrande å definere kva som er god nok kunnskap i desse vassførekomstane.

Det er ofte store resipientar med ulik toleevne for forureining og lite data som kan seie noko om samla belastning. Vi har eit godt overvakingsprogram med fleire delprogram som følgjer opp viktige problemstillingar vi har jobba med dei siste åra. Effekten av kunnskapsinnhentinga og oppdatering av Vann-Nett er eit betre kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg for alle. Dette har ført til at fleire stolar på det som ligg i Vann-Nett, og det blir stadig eit betre verktøy i sakshandsaming og planarbeid. Vi har også betre kunnskap om moglege kjelder til forureining og treff dermed betre med tiltak. Vi veit ikkje no kva tiltak som har hatt effekt, og det finst ingen god måte å hente ut tal på forbetring av tilstand frå Vann-Nett mellom år, men overvakainga vil vonleg gi god oversikt over om ein når miljømåla i løpet av planperioden.

Forureining frå landbruk

Betre bruk av husdyrgjødsel er viktige tiltak i den nye vassforvaltningsplanen for Vestland. Betre lagring og rett bruk er høgt prioritert. Vi har deltatt aktivt i arbeidet med planen.

Vi har bidratt med å vurdere situasjonen i landbruket. Vi har laga kartverktøy som viser jordbruksaktivitet på areala og omfang av spreidd avløp. Dette skal gje eit grunnlag for å vurdere kva påverknad landbruket har på vassdraga. Vidare har vi foreslått kva type tiltak som bør bli vurdert, då det ofte er behov for mange ulike tiltak langs same vassdraget. Det er kommunane som har myndighet innan landbruk og forureining.

Viktige tiltak i planen er mellom anna utvida gjødsellagerkapasitet, tilsyn med lagring og bruk av husdyrgjødsel og meir miljøvenleg gjødselspreiing. På føretak med stor produksjon er det mykje husdyrgjødsel som skal bli spreidd, òg der jorda er næringsrik i utgangspunktet. Det er behov for å kunne lagre gjødsela lenger og få meir effektiv transport og spreiing.

Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er gjennom planen plikta til å leggje miljømåla til grunn for deira planlegging og verksemd. Føreslegne tiltak skal følgjast opp og gjennomførast slik at ein kan nå dei fastsette miljømåla innan den fristen som er sett i planen. Ulike frivillige ordningar for gjødselspreiing må i aukande grad bli finansiert med tilskotsordninga i regionalt miljøprogram. Investeringar i gjødsellager kan bli finansiert gjennom Innovasjon Noreg, men det er per no ikkje nok midlar til å gjennomføre dei utbyggingsane som er planlagde i tiltaksprogrammet.

Vassdragsregulering

Vi prioriterer å kome med innspel tidleg i revisjonssaker. Dette føreset at vi blir kopla på tidleg, for å oppnå at viktig naturmiljø får leggje premissar for prosessen. Vi har gitt fråsegn til ei revisjonssak i 2021, og fekk ytterlegare tre revisjonssaker på høyring som blei avslutta i 2022. Generelt ser det ut til at minstevassføring og miljøbasert vassføring er lite eller dårleg utgreidd i revisjonssøknader, sjølv om dette ofte vil vere heilt grunneggjande for å kunne betre miljøet i regulerte vassdrag.

Vi opplever at innspel om justeringar for å ta vare på viktig naturmiljø blir tekne med vidare i prosessen.

Vi reviderte utsettingspålegga i to reguleringsområde i 2022, og vi har her stilt krav til regulant om å evaluere effekten gjennom nye prøvefiske.

Vassdragsforvaltning

Vi har fått fleire søknadar om tiltak i vassdrag og om fjerning av kantvegetasjon dei siste åra, og særleg i 2021. Gjennom webinar og dialog med kommunar, skognæring og vegstyresmakter opplever vi at fleire er merksame på regelverket. Frå kommunane har vi fått gode tilbakemeldingar på webinariserien "Naturmangfaldsveka", der vassdragsforvaltning var eitt av temaa. Vi har også fått tilbakemelding om at fleire slike arrangement er ønskte framover.

Fiskeforvaltning

Vi har jobba med å lage ei ny forskrift om fiske etter anadrom laksefisk i sjø (munningsfrelingssoner + nedsenking av garn i resten av fylket). Forskrifta blir send på høyring våren 2022. Vi er i dialog med fylkeskommunen om ein felles kultiveringsplan for fylket, utsett til 2022.

Det blei gitt mange løyre til tiltak i vassdrag som uttak av rømt fisk, uttak av pukkellaks med øydelegging av gytegrøper av pukkellaks, stamfiske til genbank mm. Uttag av rømt fisk og pukkellaks har bidrige til å reduserer innblanding av rømt laks og gytesuksessen til pukkellaks. Vi vurderer effekten som god.

Vi ønskjer å vri innsats lokalt frå kultivering til tiltak for å auke naturleg produksjon, og gav to avslag på kultivering i 2021. Eit av vassdraga som fekk avslag på kultivering, jobbar no med kartlegging av vassdraget for habitatforbetrande tiltak.

Det er i gang fleire store prosjekt for å ta vare på ulike stammer av fisk i fylket, som i Vosso, Modalen og genbank Hardangerfjord.

Kalking

Store område i Sør-Noreg er framleis påverka av sur nedbør. Fem vassdrag i Vestland vert difor kalka for å sikre at opphavlege eller reetablerte bestandar av laks overlever. Overvakainga av tiltaka viser at dei bidrar positivt til å ta vare på bestandane. Vi arbeider med planar for å utvide tiltaka mot forsuring i to nye anadrome vassdrag ved kalking og/eller reetablering.

Hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

Rapportere på

God innsats for å hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet

Vestamerikansk hemlokk

Vi har, som vanleg, størst aktivitet på tiltak mot vestamerikansk hemlokk. Det er gjennomført tiltak i 29 område. Tiltaka har ført til stor reduksjon i tal på både frøtre og ungplantar, noko som gir mindre press på naturområda rundt.

Sitkagran

Nesten alt av frøtre på øya Silda er fjerna, noko som fører til at dugnadsarbeidet med rydding av småplantar blir langt meir meiningsfylt. Eit mindre felt som må takast av entreprenør, står att. Etter at dette er fjerna, er all større sitkagan på øya borte.

Boersvineblom

Bestanden blir halden i sjakk og verkar å vere under kontroll. Ein «ny» lokalitet i Jondal vart undersøkt, men dette viste seg å vere falsk alarm (feilplott i Artskart).

Legepestrot

Tiltak har redusert tal plantar, men ikkje utbreiinga.

Kjempespringfrø

Tiltak har redusert bestanden sterkt i Vikadalen i Årdal og på Åsgardane i Osterøy. Bestanden på Nedkvitne i Voss er under kontroll, men det er framleis plantar att her.

Kjempebjørnekjeks

Tiltak har redusert bestanden, og førekomensten er under kontroll. Ingen nye lokalitetar er med sikkerheit utrydda.

Hagelupin

Bestanden på Prestegardsmoen på Voss er redusert og under kontroll.

Rhododendron

Avvik: Tiltak vart ikkje gjennomført som planlagt.

Skunkkala

Tre førekomstar i Bergen kommune vart oppsøkt. Faren for ukontrollert spreiling er vurdert som liten. På to førekomstar vart alle plantar rivne opp, noko som venteleg har redusert bestanden sterkt desse stadane.

Samarbeid med andre aktørar

Vi vil trekke fram samarbeid med frivillige organisasjoner, (Botanisk foreining, Naturvernforbundet, grunneigarlag og grendalag), som eit svært viktig bidrag til å oppnå måla. Dette gjeld særleg arbeidet med framande treslag generelt, og sitkagran spesielt.

Samarbeidet med kommunar må utviklast. I nokre kommunar fungerer det godt, medan det i dei fleste fungerar heller dårlig. Dette har klar samanheng med personleg engasjement og interesse hos den aktuelle kommunalt tilsette, i kva grad kommunen har naturmangfald og framande artar på dagsordenen, og kva ressursar kommunen set av til dette arbeidsfeltet.

Samarbeidet med Statens vegvesen fungerer berre sånn passe. Det er alltid vi som tek kontakt med dei, og ikkje omvendt. Vegvesenet nyttar seg av entreprenørar for å setje i verk tiltak, og kunnskapen og engasjementet hos entreprenørar verkar svært variabel.

3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Tiltak som å verne nye område og å ta vare på dei områda vi har, mellom anna ved å fjerne framande treslag, er med på å styrke dei trua naturtypane, og artane som har tilhald her.

Trua naturtyper

Det er 76 naturtyper på raudlista (nær trua–kritisk trua) i Vestland fylke. Av desse er det berre slåttemark og sørleg slåttemyr som er kritisk trua, i tillegg til at 13 er sterkt trua. Resten er nær trua eller sårbare.

Vi arbeider aktivt med å betre situasjonen for fleire av desse naturtypane. Særleg gjeld dette naturtyper i kulturlandskapet, som slåttemark, slåttemyr, kystlynghei og naturbeitemark. Vi har eit særskilt ansvar for naturtypane kystlynghei og naturbeitemark i Vestland.

Det er gradvis fleire lokalitetar som har fått skjøtselsplan, og som får tilskot gjennom ordningane til landbruk- og miljøstyresmaktene. Dette gjer at flere område blir haldne i hevd, og får rett skjøtsel. Vi reknar derfor med at situasjonen for desse naturtypane har ei positiv utvikling.

Særleg har det vore ei god utvikling for kystlyngheiene i fylket dei seinare åra. Her er mange nye område restaurerte, og fleire er underveis. Fleire nye brukarar har kome til. Gode tilskotsordningar, særleg RMP-støtte til brenning, har nok hatt god effekt.

Sidan naturbeitemarkene ikkje har status som "utvald naturtype" har vi i forvaltinga hatt mindre søkjelys på denne naturtypen, og vi har såleis mindre oversikt over tilstanden. Det er likevel kjent for oss at det er knytt store naturverdiar til denne naturtypen, og at vi i Vestland har eit særleg ansvar for desse områda. Vi må få betre oversikt over situasjonen slik at vi kan få på plass gode incentiver for å ta vare på dei viktigaste av naturbeitemarkene i fylket.

Vi fryktar at det kan bli vanskeleg å rekruttere drivarar av slåttemarkene. Mange av dei som driv dei mest verdifulle slåttemarkene, er godt vaksne, og det er mange område der neste generasjon ikkje ønskjer å overta denne tungvinte drifta. Det er derfor uvisst korleis utviklinga til slåttemarkene vil vere på lang sikt.

Vi har òg gjennomført tiltak for å restaurere sanddynemark, sjå under rapportering på resultatmål.

Gjennom bruken av tilskotsmidlar til trua artar er det også gjennomført tiltak for fleire trua arter i 2021, mellom anna fleire bakkehekkande fuglar (vipe, åkerrikse og storspove), og fleire rovfugler, noko som bidreg positivt til bestandsutviklinga til desse fuglane.

Trua artar

Det er 685 trua artar (kritisk trua–nær trua) i Vestland fylke. Av desse er det 26 som er kritisk trua og 197 som er sterkt trua.

Vi har ansvar for å koordinere arbeidet med oppfølging av handlingsplan for dvergålegras som er prioritert art, og vi har gjennomført tiltak for å betre situasjonen for vase (CR), åkerrikse, hubro, solblom, irsk hinnelav, kystblåstjerne mm. Meir om dette under rapportering på resultatmål.

Forbedret tilstand for truet natur (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Forbedret tilstand for truet natur

Trua naturtypar

Trua naturtypar i kulturlandskapet er slåttemark, slåttemyr, kystlynghei og naturbeitemark. Vi har eit særleg ansvar for naturtypane kystlynghei og naturbeitemark i fylket.

Som følgje av utbetalte tilskot blei det gjennomført god skjøtsel i 135 område med trua naturtypar i fylket: 1 slåttemyr, 1 haustingsskog, 4 lauvenger, 6 naturbeitemarker, 38 kystlyngheier, 83 slåttemarker og 2 holne eiker.

Vi har fått utarbeidd sju nye skjøtselsplanar for lokalitetar med trua naturtypar, slik at brukarane har fått gode faglege råd om korleis dei skal ta vare på områda.

37 nye område er òg kvalitetssikra og ligg i naturbase. Brukarane har dermed rett på RMP-tilskot og andre tilskot for å ta vare på desse. Det er dermed større sjanse for at dei blir haldne i hevd. Brukarane har òg fått faglege råd om korleis områda bør skjøttast.

Sanddynemark

Om lag 5,5 daa med sanddynemark på Refviksanden er restaurert etter fleire år med aukande erosjon, særleg rundt ein campingplass ved sanddynefronten. Tilstanden er vesentleg betra etter at bobilparkering vart flytta, infoskilt kom opp og ferdsel vart kanalisiert i 2021. Ny sanddynefront har etter tiltak i 2020 og 2021 bygd seg opp der det tidlegare var store erosjonsproblem.

Trua artar

Vipe

På Herdla har vi gjennom samarbeid med bonden fått sett av eit areal som vipedrioritert område. Dette har gitt betra tilhøve for hekking for vipene som no er kritisk trua. I tillegg har vi i samarbeid med Herdla museum fått gjort tiltak for vipene som hekkar utanfor dette området (bruk av vipedisk under gylling). Dei siste åra har vi fått gradvis fleire hekkepar på Herdla, og i 2021 talde vi 30 hekkande viper i naturreservatet og 50 ungar blei klekte. Ingen andre stadar i fylket har så mange hekkande viper i eit område.

Åkerrikse

Vi har halde fram samarbeidet med ein engasjert småbrukar på Hernar i Øygarden kommune. Tiltaka har gått på tilpassa beiting, gjerding og utsett slått på aktuelle areal. Dette har truleg ført til betre forhold for åkerrikse i området ved at tilgjengeleg habitat for næringssøk og hekking har blitt større. Det har vore registrert syngande fuglar her fleire år på rad, og i 2021 vart heile fire syngande individ registrerte.

Hubro

Vi har opparbeidd rimeleg god oversikt over hekkebestanden av hubro i Vestland fylke. I nord (Sogn og Fjordane) registrerte vi i 2021 for første gong i prosjektpérioden (nasjonal handlingsplan for hubro) meir enn éi hekking i same sesong, ettersom vi kunne fastslå vellukka hekking ved tre lokalitetar.

Detaljert kunnskap om lokalisering av hekkeplassane har m.a. ført til at det er tatt meir omsyn ved ulike planprosesser.

Solblom

Etter at solblom-førekomensten på Totland i Nordfjord, trass i årleg skjøtsel av grunneigaren, ikkje har blømt på fleire år, fekk vi 2021 Miljøfaglig Utredning til å vurdere tilstanden. Tilrådingane som dei gav, vil vonleg betre vitaliteten til Solblomen.

Kystlynghei og kystblåstjerne på Værlandet og Bulandet, Askvoll

I 2020 vart Statsforvaltaren beden om å spele inn framlegg til prosjekt for å betre tilstanden til raudlista naturtypar og artar. På bakgrunn av ei prosjektskisse fekk Statsforvaltaren i Vestland tildelt 2,7 mill. kroner til eit prosjekt for å betre tilstanden for naturtypen kystlynghei og arten kystblåstjerne på øyane Værlandet og Bulandet i Askvoll. Av ulike årsaker vart ikkje tiltaket gjennomført før i 2021.

Tiltaket har gått ut på å fjerne sitkagran, både plantefelt og leplantingar, i område tett inntil kystlynghei og naturbeitemark med kystblåstjerne. Delar av dei uthogde områda skal etter planen tilbakeførast som kystlynghei og semi-naturleg eng. Hogsten som midlane vart brukte til, er ferdig, men rydding av hogstavfall og tilbakeføring av aktuelle areal til kystlynghei og semi-naturleg eng vil, naturleg nok, ta lengre tid. Hogst og grovrydding er utført av entreprenør, medan finrydding og vidare skjøtsel blir utført av grunneigarar.

Tiltaket har ført til vesentleg reduksjon av frøkjelder i området, slik at spreiinga av sitkagran til kystlyngheit og semi-naturleg eng venteteg har blitt sterkt redusert. Det har også ført til auka motivasjon og vilje hos grunneigarar til å halde dei aktuelle naturtypane i hevd.

Irsk hinnelav

Fylkesmannen i Hordaland hadde i si tid ansvar for eit faggrunnlag for irsk hinnelav som mogleg prioritert art. Som ei direkte oppfølging av tilrådingar i faggrunnlaget har det sidan 2017 vorte gjennomført transplantasjonsforsøk, med «dyrkning» av irsk hinnelav på nye tre.

Så langt må forsøket seiast å ha vore vellukka, sjølv om berre vel ti prosent av dei transplanterte thallusbitane så langt har overlevd. Men det er framleis for tidleg å seie om dei transplanterte individua vil overleve på lang sikt. Forsøket har overføringsverdi til tilsvarande forsøk med andre artar med liknande vekstform.

Trass i at det i 2021 ikkje vart løyvd midlar til prosjektet gjennom Miljødirektoratet si tildeling, har forsøket halde fram, m.a. fordi Statsforvaltaren i Rogaland kunne bidra med midlar til prosjektet.

Dvergålegras

Årleg overvaking av dei kjente lokalitetane i landet med dvergålegras gir oss kunnskap om korleis tilstanden til dvergålegraset er i dei ulike områda. Denne er lite endra sidan 2020. Det er kjent ein ny lokalitet (Bekkestranda i Vestfold), og denne vil bli overvaka på linje med dei andre områda.

Trua artar i kulturlandskapet

Særleg er det beitemarksopp i naturbeitemark og i kystlynghei som er trua artar i kulturlandskapet. Desse får betra sine tilhøve gjennom at fleire og fleire lokalitar blir haldne i hevd/restaurerte som nemnt over om naturtypar.

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert (fra kapittel 3.1.4.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert.

Rovviltregion 1, der vi har sekretariatsanvaret, har ikkje bestandsmål for nokon av rovviltartane. Det fører konkret til at Statsforvaltaren skal tildele skadefellingsløyve på lågt skadenivå, og at rovviltnemnda legg opp til å følge den vedtekne politikken med den todelte målsettinga. For vår del gjeld det at heile fylket er prioritert for beitebruks.

Kvotekjaka på gaupe og lisensfellinga på ulv og jerv gav ingen resultat i 2021. Dette fører til auka press på Statens naturoppsy (SNO) for ekstraordinære uttak. Dette er ikkje ein ønskt situasjon, og det er spesielt lisensfellinga på jerv som kvart år fører til konflikt mellom beitebrukarane og Statsforvaltaren og SNO. Sjølv med dei nye tiltaka for lisensfelling har det ikkje lukkast å felle jerv i 2021. Dei skadefellingsforsøka som har vore sett i gang etter løyve frå oss, har fungert tilfredsstillande, men har heller ikkje ført til felling av jerv. Skadefelling av jerv på bermark er også noko av det vanskelegaste å få resultat av, og skadefellingsløyva fungerer like mykje som eit konfliktdempande tiltak.

Ulven som i tre år hadde tilhald i Hyllestad, Høyanger og Fjaler, vart felt av SNO 15. januar 2021. Dette markerte slutten på ein lang periode med omfattande skade på sau, mange skadefellingsløyve, lisensjakt og mykje frustrasjon lokalt. Vi er nøgde med arbeidet Miljødirektoratet og SNO gjorde i denne saka.

Vi fekk store jerveskadar i Sogn og Fjordane i 2021. Erstatninga totalt var på over 1,4 mill. kroner, og hovuddelen var i Luster kommune. Utviklinga i dette området har dei siste åra gått feil veg, med fleire streifande jervar som stort sett kjem inn frå Lom og Skjåk kommunar. Lisensfellinga og skadefellingskøyva har ikkje gitt resultat, og dei ekstraordinære uttaka i regi av Miljødirektoratet/ og SNO har vore for få til å avgrense og dempe innvandringa av jerv. Resultatet blir gjerne auke i jerveskadar for beitebrukarane i Luster kommune og Indre Sogn. Vi ser ikkje noko god løysing på dette utanom dei ekstraordinære uttaka til SNO. Oppsummert er ikkje måla nådde for dette resultatmålet.

3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Det er mange små og store verneområde i Vestland fylke, om lag 350 totalt, og forvaltinga av desse har høg prioritet. I takt med at tiltaksposten for skjøtsel og tilrettelegging i slike område har hatt ein auke dei seinare åra, har vi også auka vår innsats for å betre den økologiske tilstanden i mange av dei viktigaste verneområda. Vi har mange døme på at naturen reagerer raskt og positivt når "flaskehelsen" er fjerna, medan andre tiltak har meir langsigkt horisont ettersom det tek tid for ny naturskog å vekse opp. Slike tiltak blir nesten utan unntak tatt godt imot av samfunnet, og samhandling med grunneigarar og kommunar har vorte vesentleg betre. Betre tilgang på tiltaksmidlar er avgjerande for god respons også i åra som kjem, men vi opplever dverre at det ikkje er tilfredsstilande samsvar mellom dagens tilgang på tiltaksmidlar og forvaltinga sin kapasitet til å planleggje og setje i verk slike tiltak i eit omfang som ein no har økonomisk handlingsrom for.

Forvalningsplanen for Vingen landskapsvernombord er ferdigstilt og godkjend. Arbeidet har skjedd i nært samarbeid med kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen, sidan ein her også finn det nest største helleristingsfeltet i Noreg med om lag 2200 figurar. Forvalningsplanen er viktig for å ta vare på den unike kystnaturen og helleristingane i området for framtida.

Hardangervidda nasjonalpark var 40 år i 2021. Saman med Norsk Natursenter Hardanger og Eidfjord kommune arrangerte vi ein svært vellukka jubileumskonferanse i Eidfjord i september. Både oppmøtet og det faglege innhaldet var særskilt godt, og konferansen vil utan tvil gje gode synergieffektar i den framtidige forvaltinga av dette svært viktige verneområdet, med sine mange utfordringar og krevjande historie.

Vi har hatt to saker om bygging av spektakulære utsiktpunkt i verneområda, eit i Sivlefossen i Nærøyfjorden landskapsvernombord, og eit i Vettisfossen i Utladalen landskapsvernombord. Etter klage frå oss vart vedtaket om utsiktpunktet i Sivlefossen avslått av verneområdestyre, mens oppgradering av det eksisterande utsiktpunktet ved Vettisfossen vart godkjent etter ein god og grundig prosess i regi av verneområdestyret.

Informasjonssenter og verdsarvscenter

Statsforvaltaren har gjennom mange år sett den viktige funksjonen som nasjonalparksentera har for formidlinga av verneverdiene og for å auke forståinga av nasjonalparkvernet lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det same gjeld det nasjonalt viktige Villakssenteret i Lærdal.

Som medlem av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har vi opplevd det same med Norsk Fjordsenter – Geirangerfjorden verdsarv. Vi er gjennom Verdsarvrådet kjend med arbeidet med å etablere eit tilsvarande verdsarvsenter i Aurland, og forstår at bygging av dette vil bety mykje for å vareta verdsarven i området rundt Nærøyfjorden.

Tilråding for vern av skog (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Gode underlag for skogvern

Skogvern

Vern av areal etter naturmangfaldlova er det viktigaste enkelttiltaket ein kan gjøre for å nå nasjonale og internasjonale mål om ta vare på naturmangfaldet.

Men effekten av dette tiltaket er i realiteten liten, når så få område vert verna. I Vestland er 3,1 prosent av skogen verna, og vi vil nå det nasjonale målet om å ta vare på 10 prosent av skogen innan år 2068. Innen den tid vil stadig nye og viktige skogområde ha blitt redusert, forringa og fragmentert av utbyggingar etter plan- og bygningslova og ulike aktivitetar i skogbruket.

I 2021 vart tre område med eit samla totalareal på seks tusen dekar verna gjennom frivillig skogvern i Vestland. I løpet av året sluttførte vi formelle høyingsprosessar for åtte område med verneverdig skog, og tilrådde desse for vern til Miljødirektoratet. Dei fleste av desse fekk utsett vernevedtak på grunn av manglande finansiering til erstatning til grunneigarane.

Det er avgrensa økonomiske og personellressursar i fleire kritiske ledd i skogvernarbeidet, både nasjonalt og regionalt. Derfor vurderer vi effekten av tiltaket som lågt og langt under det store potensialet som ligg i ordninga.

Vi har i løpet av 2021 etablert eit godt fagleg samarbeid innan skogbruk og miljø i arbeidet med frivillig skogvern. Vi vart gjort kjende med opplegget frå dei to fagdirektorata med systematisk fagleg dokumentasjon, og dette vil bli innført frå 2022. Vi har til no ikkje opplevd stor konflikt mellom vern og drift av skogen. I Vestland er det kulturskogen som er mest kommersiell interessant for hogst og drift, og samstundes ikkje særleg biologisk interessant for skogvern. Men det kan likevel dukke opp problemstillingar knytt til blandingsskog, naturleg skog som kan vere økonomisk drivverdig, og at eventuelt vern kan hindre tilkomst og drift av annan skog i området.

Antall verneområder med kjente trusler mot verneverdiene redusert (fra kapittel 3.1.4.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Antall verneområder med kjente trusler mot verneverdiene redusert

Dette arbeidet er høgt prioritert i vårt embete. Vi har mange verneområder der ein stor del dverre har trugsmål mot verneføremålet av ulik karakter. I 2021 utarbeidde vi ein strategi for forvalting av verneområde i Vestland fylke. Eitt av hovudpunktet i denne rapporten er å definere trugsmåla i dei ulike

verneområda og legge ein strategi for korleis vi kan redusere og helst eliminere trugsmåla. Men strategien kan ikkje bli presis nok før vi har fått oppdaterte kriterium frå Miljødirektoratet for kva som skal reknast som trugsmål og ikkje.

Dei seinare åra har tiltaksposten for å kunne gjennomføre skjøtsel og restaurering i verneområda auka vesentleg. Dette har gjort oss i langt betre stand enn tidlegare til å få gjort noko med dei mest alvorlege trugsmåla som kan handterast. Dette er sterkt påkravd, og svært godt teke imot av grunneigarar og kommunar. Vi har prioritert dei viktigaste tiltaka, og i 2021 vart den økologiske tilstanden i opp under 30 verneområde betra. Effekten er generelt god, i fleire tilfelle særskig god. Men dette er tid- og ressurskrevjande arbeid, og vi merkar at det ikkje er tilfredsstilande samsvar mellom dagens tilgang på tiltaksmidlar og kapasiteten til å kunne gjennomføre tiltaka på ein god nok måte, og i ønskjeleg omfang.

Slett ikkje alle trugsmål mot verneområde og naturen elles kan gjerast noko med på kort sikt, som t.d. klimaendringar og næringssvikt i havet. I 2021 dukka ei ny og så langt sterkt underkommunisert utfordring opp, ved at ein isbre på Hardangervidda fekk påvist dei høgaste tala for radioaktiv påverknad som nokon gong er påvist for ein europeisk isbre. Årsaka vert hevda å vere lemen som har døydd på isbreen og som enno er sterkt kontaminerte av radioaktiv nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986. Om lemen ved Finse er så sterkt påverka, må ein rekne med at andre organismar som er knytt til jordsmonnet i fjellet også kan vere det, kanskje også i ein vidare region. Ei slik utfordring kan nok ikkje løysast, men kan og bør kartleggjast betre og sannsynlege økologiske konsekvensar bør utgreia.

I 2021 vart 110 forvaltingsplanar lagde inn i FVPN.

Fremmede treslag i verneområder (fra kapittel 3.1.4.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Redusert forekomst av fremmede treslag i verneområder

Tiltak til fjerning av framande treslag frå verneområde er gjennomført i ni ulike verneområde i Vestland i 2021. Norsk gran i naturskog dominert av furu, og sitkagran i myrreservat, har vore prioritert. Strakseffekten er at kjeldene til frøspreiing er eliminert. Den langsiktige effekten er at stadeigen natur får retablert seg på areal som har vore lagt "beslag" på av andre samfunnsinteresser, men i skogområde vil det naturleg nok ta nokre tiår å oppnå denne effekten.

Ein annan effekt av realisering av denne typen tiltak er at publikum vert mykje meir medvitne og engasjerte i kva utfordring ståande planteskog har på stadeigen natur. Vi registrerer særskig god respons på slike tiltak, også når det gjeld utanfor etablerte verneområde.

2021 var det siste året i eit treårig pilotprosjekt om fjerning av framande treslag frå norske verneområde. Statsforvaltaren i Vestland har vore nasjonal koordinator for dette prosjektet. Som ein del av prosjektet vart det i 2021 utarbeidd ein brukarmanual for denne typen tiltak, det vart laga ein informasjonsvideo som mellom anna er delt i sosiale medium, og det treårlige prosjektet er sluttet evaluert.

Utfordringa kring fjerning av framande treslag frå naturen vil vere stor også i framtida. Dette er kostbare tiltak som krever mykje planlegging og avklaring. Slik planteskog finst på svært mange stadar i store delar av landet, og mykje av denne skogen står slik til at han ikkje vil bli hogd i ordinær skogbruksamanheng ettersom det medfører økonomisk tap på hogge. God og effektiv bruk av den aktuelle tiltaksposten er difor avgjerande for å sikre at dei viktigaste naturtypane våre kan ha god økologisk tilstand på lang sikt.

Redusert forekomst av fremmede treslag i verneområder

	Kystlynghei	Løvskog	Myr	Furuskog	Annet
Antall verneområder	0	2	2	5	0
Anslag volum hogd (m ³)	0	300	1 300	900	0
Anslag areal hogd (dekar)	0	9	200	60	0
Anslag andel sitkagran (%)	0	0	100	5	0
Anslag andel norsk gran (%)	0	100	0	95	0
Anslag andel andre treslag (%)	0	0	0	0	0

3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

Handsaming av løyve oppsummert

Vi har i 2021 behandla totalt 94 løyvesaker, med avfall (18 saker), akvakultur (29) og eingongstiltak/anleggsarbeid (37) som dei største grupperingane.

Fakturert gebyr for dette arbeidet er totalt rett under 2,5 mill. kroner.

I tillegg har vi handtert 85 saker der vi konkluderte med at løyve ikkje var nødvendig.

Mellombels anleggsverksemnd og tiltak i sjø

Løyve til eingongstiltak og anleggsarbeid omfattar i hovudsak løyve etter kapittel 22 (mudre og dumpe), utfylling frå land, utslepp frå etablering av veg og togtunnelar frå samferdselsprosjekt og utslepp frå etablering av kraftverkstunnelar. Løyve til eingongstiltak har vore det desidert største fagområdet i tal løyve i 2021.

Vi har

- avklara tydelegare i kva saker Statsforvaltaren krev søknad og gir løyve i energisaker og i kva type saker vi meiner at NVE skal handtere saka etter sitt

regelverk. Nyten her er at vi unngår unødvendig dobbeltregulering.

- sett ein stor auke i tal førespurnader om avklaring om anleggstiltak i sjø krev løyve etter forureiningslooverket eller ikkje, jf. "vanleg forureining". Nyten her er at fleire anleggstiltak i sjø vert sjekka ut av oss basert på om tiltaket medfører fare for forureining.
- delteke på mange orienteringsmøte i regi av Statens vegvesen og Kystverket om store komande samferdselsprosjekt (E16 & Vossebanen, Sotrasambandet og Stad skipstunnel). Tidleg medverknad i søknadsprosesser om løyve for store samferdselsprosjekt er særskilt nyttig for begge parter.

Akutt forureining

Vi deltok som miljøfagleg rådgjevar for Miljødirektoratet og IUA Nordfjord under beringa ved Stad av *Eemslift Hendrika* i april. Aksjonen var godt leia av Kystverket, som for første gang brukte Teams som plattform for statusmøta. Sist haust øvde vi også med Miljødirektoratet. Begge delar gjer oss betre rusta til neste aksjon.

Landbasert industri

Aktiviteten vår innan IED-industri (næringsmiddelindustri og avfallsanlegg) er omtala under punkt 3.3.1.4.1.

Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling

Vestland fylke har registrert 18 verksemder innan kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling. Seks av desse har løyve frå Statsforvaltaren. Oppfølging skjer ved eigenkontrollrapportering og tilsyn. Desse kjem inn under IED-direktivet og BREF Surface Treatment of Metals and Plastics (STM) som skal reviderast. Første fase skal skje i første del av 2022. Fleire av løyva skal reviderast etter tiårsregelen, men vi vil vente litt med dette på grunn av BREF-arbeidet i EU. Dersom prosessen med revideringa vil gå over mange år, må dette vurderast på nytt.

Akvakultur

Koparutslepp

Vi ser no effekten av mangeårig innsats for å redusere utslepp av kopar frå akvakulturanlegg. Anlegga i vårt fylke har hatt krav om måling av koparnivå rundt anlegga i mange år, og vi har systematisk samla og formidla kunnskap om problemstillinga. I år har vi hatt lokale tilsynsaksjonar med både akvakulturanlegga og notvaska, og vi ser ein markert nedgang i bruken av koparhaldig impregnering på nøtene. Ut frå talmaterialet vårt var om lag halvparten av impregnermengda som vart nytta i notvaska i fylket i 2021, utan kopar. Over 30 prosent av impregneringa var utan biocid i det heile. Eit fleirtal av anlegga vi hadde tilsyn med, opplyste at dei hadde slutta eller var på veg til å slutte med koparbaseret notimpregnering.

Tilsynsmetodikk

Vi har god erfaring med utprøving av ein ny tilsynsmetode på akvakultur, der vi ser heile selskap under eitt, med alle sine lokalitetar. Tilsyna i år var temamessig vesentleg smalare enn tidlegare. For akvakulturanlegga i sjø kontrollerte vi alle vilkåra i løyvet om miljøgranskningar, knytt opp mot internkontroll og risikovurderinger, og for dei landbaserte anlegga var rapportering av utsleppsmengder og tilhøyrande utsleppskontroll tema. Vi måtte gjøre meir førebundne arbeid før tilsyna, og det sette høge krav til vår erfaring og kompetanse, men vi opplevde svært god dialog og læring hjå dei selskapa vi kontrollerte. Slik målretta innsats gir grundigare tilsyn om det utvalde temaet, meir samtidig merksemd i heile bransjen på temaet, og etter vår erfaring også betre forståing i det enkelte selskapet om "kva vi er ute etter". Metoden eignar seg godt til både digital og fysisk gjennomføring, men vi har til no velt å gjennomføre desse tilsyna digitalt. Vi deler gjerne våre erfaringar med andre fylke, og har allereie avtala at andre kan vere med oss som observatørar i 2022.

Dialog

Vår praksis ved større søkerader og/eller nye tiltak er å oppmode næringa til dialog med oss om saka før søkeraden vert sendt inn. Vi ser at dette gir betre søkerader med meir dokumentasjon om miljøverknader, særleg om temaet naturmangfold. I år har vi hatt meir slik dialog enn tidlegare år, noko som reflekterer både at det er fleire store saker i vårt fylke, og at næringa opplever kontakten som nyttig. Betre søkerader gir eit betre grunnlag for rett avgjerd og rette vilkår i den enkelte sak.

Avvik på akvakulturområdet

- Lang saksbehandlingstid: Det har kome svært mange søkerader dei siste to åra. Prioritering av tilsyn i kombinasjon med stor pågang av saker og redusert arbeidskapasitet har ført til eit etterslep av ubehandla søkerader, som vi må ta i 2022.
- Kvalitetssikring av miljøgranskningar: Vi går fortløpande gjennom rapportar, men vi har ikkje hatt kapasitet til å godkjenne C-granskingane i Forurensning.

Tilsyn

Med 103 utførte tilsyn på forureiningsområdet i 2021 dobla vi tilsynsaktiviteten frå året før. Vi er dermed om lag tilbake på utgangspunktet før pandemien. Nye tilsynsmetodar med meir bruk av digitale tilsyn fungerer godt og har gitt oss gode verktøy for å få jobben gjort, uavhengig av avgrensingane i reise- og møteaktivitet, som har vore gjeldande også store delar av dette året. Vi enda likevel litt under måltala for tal tilsyn og gebyrinntekter som vi hadde rekna med ved starten av året. Det vart fakturert tilsynsgebyr for rett over 2,5 mill. kroner.

Vi deltok i alle dei tre nasjonale tilsynsaksjonane, for fiskemjøl- og fiskeolje, EE-avfall og avløp, der vi også representerte statsforvaltarane i Miljødirektoratet sine aksjonsgrupper for dei to førstnemnde. Dei eigeninitierte tilsyna våre vart i hovudsak organiserte som lokale tilsynsaksjonar, med flest tilsyn innan sju bransjar/verksemstdtypar: landbaserte akvakulturanlegg, notvaska, akvakulturanlegg i sjø, deponi, blåsesand, fiskeforedling og næringsmiddelverksemder. Vi hadde fire større fleirdagstilsyn/revisjonar.

Vi opplever at tilsynsaksjonar gir meir effektivt tilsynsarbeid, ettersom vi rekk over fleire tilsynsobjekt i same bransje på kort tid og kan gå djupare inn i problemstillingar og krav for same bransje i førebuinga av tilsyna. Det er også enklare å involvere andre enn dei personane som til dagleg arbeider med sakshandsaming for den aktuelle bransjen i tilsynsaksjonar, ettersom kvar enkelt kan vere med på fleire tilsyn om det same og dermed få breiare

kunnskap om bransjen enn etter berre enkelttilsyn. Det gjer oss som tilsynslag meir robuste. Vi meiner også å sjå betre effekt av tilsyna ute hjå verksemndene, når det er meir "bles" om dei krava som gjeld hjå mange verksemder samstundes.

Miljøgifter

Blåsesandsaksjonen starta med ei oppfølging av tips om bruk av blåsesand i byggegrøfter. Vi initierte difor ein lokal tilsynsaksjon der vi var ekstra på utkikk etter handteringa av avfall og då med spesiell merksemd på brukt blåsesand. To av seks kontrollerte verksemder hadde alvorlege avvik. Desse avvika er no lukka. Vi har fått meir oversikt over avfallshandteringa i verksemndene som driv med mekanisk overflatebehandling og vedlikehald av metallkonstruksjonar i tilknytning til faste anlegg/installasjonar. Det er positivt for bransjen at vi kontrollerer fleire i same bransje slik at konkurransevilkåra vert meir like og avfallshandteringa meir i tråd med lover og forskrifter.

Renere Havn Bergen

2021 har vore eit svært aktivt år, med seks prosjektmøte og eigne møte om interessentanalysar og Monte Carlo-simulering for Vågen og Store Lungegårdsvann. Statsforvaltaren, som forureiningsmyndighet for Bybanen Utbygging og Bane NORs store prosjekt ved Store Lungegårdsvann, har nyttig informasjon om mogleg samarbeid og moglege konfliktar for det komande arbeidet til Renere Havn i Store Lungegårdsvann i 2022 og 2023. Dette har vi formidla løpende til prosjekteieren.

Avfall og gjenvinning

Sakshandsamingstid for avfallsanlegg har i 2021 vore lengre enn ønskt, mellom anna på grunn av dårlige søknader, manglende planavklaring og endringar i søknadane i søknadsprosessen. Høg tilsynsaktivitet for dei som jobbar med avfall er også ein viktig årsak.

Vi trur tilrådingane som vart gitt i prosjektet "likare vilkår for avfallsanlegg", vil vere gode tiltak for å betre dette. Bransjen vil då bli betre kjend med rammene for avfallsanlegg og kva ein søknad skal innehalde, og vi vil bruke mindre tid på å fastsette vilkåra.

Deponi

Vi har gitt løyve til drift av nytt deponi til Lindum på Eikefet som var ein stor og krevjande konsesjon og har kome i gang med å fastsette vilkår for etterdrift for to nedlagde deponi.

I deponiaksjonen kontrollerte vi seks deponi som er i aktiv drift og to deponi som er i etterdrift. Vi fann store manglar i drifta ved deponia og mange alvorlege avvik som må følgjast opp gjennom både rettleiing, nye tilsyn og saksbehandling. Mellom anna hadde dei fleste deponia for lite kunnskap om regelverket for mottakskontroll og basiskarakterisering. Dette gjer at avfall blir deponert ulovleg og utan tilstrekkeleg kontroll. Alle deponia får nytt tilsyn i 2022. Det er elles nødvendig med fullstendig gjennomgang av alle deponiløya i åra som kjem. Saksbehandlinga og tilsyn har avdekt stort behov for betre rettleiingsmateriell og malar for deponi. Vår oppfølging av deponiet er noko av det viktigaste vi kan gjøre for å redusere forureining frå avfallshandtering i vårt fylke. Anlegga er i gang med tiltak for å redusere forureining frå deponi som følge av vår oppfølging. Dette er ein bransje som krev mykje oppfølging og ressursar frå vår side i fleire år framover. Vi har jamlege møte med andre fylke om oppfølging av deponi, og har inntrykk av at situasjonen er den same andre stader i landet.

Shredderanlegg og skipsgjenvinning

Det har vore mange klager frå naboor, på både støy og annan forureining til luft og vatn. Vi har gjennomført både revisjon og tilsyn ved anlegget i 2021. Vi har lagt ned mykje arbeid i gruppe med andre statsforvaltarar om kravsetting knytt til BAT. Vi kan ikkje fastsetje krav før vi har fått avklaring på spørsmål som er sende Miljødirektoratet. Anlegget er eit av dei største avfallsanlegga i fylket med stort potensiale for forureining. Oppfølginga vår har ført til nye rutinar i verksemda og dermed redusert forureining. Anlegget krev likevel framleis mykje oppfølging.

Bidrag nasjonalt

Vi har vore aktive i å bidra på våre område inn mot Miljødirektoratet og i arbeidsgrupper i lag med andre statsforvaltarar. Dette har ført til likare forståing mellom statsforvaltarane om krav til avfallsanlegg som er omfatta av IED, og kva anlegg som er omfatta, og utforming av krav til anlegga og sakshandsaminga kring dette. Vi har fleire sakshandsamarar med lang erfaring frå oppfølging av avfallsanlegg. Vi har derfor prioritert å bidra for å sikre at forureining frå avfallsanlegg blir tenleg regulert. Vi er opptatt av at statsforvaltarene er involverte i prinsipielle avklaringar om krav til avfallsanlegg. Under er oversikt over større prosjekt/saker der vi har bidratt i 2021. Vi er glade for å bidra med vår kompetanse, men det tar mykje tid. Kunne ein tenke seg modellar med frikjøping slik at embete kan kompensere for tida som blir brukt til nasjonalt arbeid? Våre bidrag har vore:

- Deltatt som koordinator for IED for avfallsanlegg. Tatt initiativ til jamlege møte mellom statsforvaltarane etter at Miljødirektoratet avslutta sin møteserie. Leia arbeidet med koordinering av arbeidet med nye IED-krav til shredderanlegg og bidratt til avklaring av IED-krav til biologiske anlegg.
- Deltatt i avklaring av lagringstid og definisjon av lagerplass i deponidirektivet.
- Saman med Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark skrive eit notat om korleis rammevilkåra for biologiske anlegg bør endrast og samordnast basert på erfaring frå eigne anlegg.
- Deltatt i prosjektgruppa for likare vilkår for avfallsanlegg.
- Deltatt i tverssektorelt prosjekt for massehandtering.
- Innspel om klagesak som gjaldt lagringsforhold på eit avfallsanlegg omfatta av IED.
- Bidratt med avfallsfagleg kompetanse i nasjonal aksjonsgruppe for tilsyn med EE-avfall. Dette arbeidet krevde mykje ressursar.

Oppfølging av forureining i industriområde med mange aktørar og aktivitetar inkl. nedlagt deponi

Vi følger framleis opp lukt i Rådalen med møte, dialog og tilsyn, og har følgt opp 97 luktklager i 2021. Det ser ut til at vår oppfølging har bidratt til betre rutinar og større merksemd om lukt i verksemndene. Det er også mange utfordringar når det gjeld handtering og regulering av forureina overvatn.

Manglante heimel i internkontrollforskrifta om samordning gjer oppfølginga meir komplisert og ressurskrevjande. Vi har deltatt i referansegruppe for miljøkartlegging av området som kommunen har sett i gang i samband med oppdatering av reguleringsplan. Dette er eit viktig grunnlag for å sikre best

mogleg samla regulering og oppfølging av miljøforhold ved anlegga i området.

Massehandtering

Fleire store utbyggingsprosjekt i vårt område fører til store masseoverskot. Som i resten av landet manglar vi oversikt over mengder og disponering av overskotsmassar i vårt fylke frå store og små prosjekt, og det er vanskeleg å vite om vi er på rett veg mot meir gjenvinning og mindre ulemper for klima og miljø. Det er ikkje regionale planar om massehandtering i vårt fylke, men temaet er i ferd med å bli utgreidd og regulert på ein betre måte i kommuneplanar og reguléringsplanar, mellom anna som følgje av betre interne rutinar. Som det er peika på i prosjektet "betre handtering av overkotsmassar", er det behov for betre rettleiing og regelverk på dette området.

I 2021 har vi fått søknad om deponering av 9 millionar kubikkmeter overskotsmassar frå tunnelbygging i Sørfjorden ved Osterøy, i samband med ny veg og bane mellom Arna og Stanghelle. Prosjektet genererer om lag 11,5 million kubikkmeter overskotsmassar, og om lag 1 million kubikkmeter av desse skal nyttast i prosjektet. Søkjaren opplyser at målet er å finne samfunnsviktig bruk innanfor akseptable kostnader, miljøverknader og klimagassutslepp. Ved søknadstidspunktet var det avklart levering av 1,6 million kubikkmeter til eksterne motakarar til slik bruk. Også Stad skipstunnel vil generere store mengder massar, og vi har i 2021 gitt innspeil om planar som gjeld handtering av massar herfrå.

Også i 2021 vart mykje overskotsmassar i Vestland leverte til område med løye til bakkeplanering, særleg i områda rundt Bergen. Fleire kommunar har i 2021 kontakta Statsforvaltaren og fått rettleiing om korleis dei kan følgje opp saker der dei har mistanke om at det er brukt avfall som til dømes betongslam, rein og forureina betong, asfalt, avfall frå gartneri og forureina massar til bakkeplaneringa. Mottak av massar har i fleire tilfelle gått i mange år og mange ulike aktørar har levert til anlegga, og det er mistanke om eller påvist forureining frå fleire anlegg. Sjølv om kommunane har sett krav til bruk av reine massar, har fleire anlegg utvikla seg til deponi med dårleg mottakskontroll og utslepp som fører til forureining. Vi har ikkje oversikt over omfanget av desse problema og har hatt som strategi at kommunane må følgje opp sakene dei har gitt løye til og krevje tiltak om naudsynt. Vi har også fått meldingar om bruk av overskotsmassar med usikker opphav og avfall til bygging av skogsbiologiske, og problem med kontroll, forureining og oppfølging av slike saker. Det er behov for betre rettleiing om dette.

Vi har i fleire samanhengar informert kommunar og private aktørar om at anlegg som tar imot overskotsmassar frå fleire ulike aktørar over tid, er å rekne som avfallsanlegg etter forureiningslova paragraf 29 og må ha løye etter forureiningslova dersom det er fare for forureining. Vi har likevel ikkje hatt kapasitet til å følgje dette opp i 2021, ut over generell rettleiing og fråsegner i ein del bakkeplaneringssaker. Vi har ikkje fått søknader om avfallsanlegg for mottak av overskotsmassar for bruk til bakkeplanering eller utfylling, eller søknader om inerte deponi i 2021.

Vi har hatt innlegg på seminar om massehandtering for kommunane, og fleire kommunar etterlyste betre rettleiing om korleis dei skal følgje opp ulovleg massehandtering.

I 2021 hadde vi i oppgåve å rettleie kommunar til å stille krav om forsvarleg massehandtering og å følgje opp at gjenvinning av reine stein- og jordmassar er vurdert i planprosessar. Arbeidet involverer fleire avdelingar og regelverk, og vi planla å lage ein strategi for dette arbeidet i 2021. Sidan vi ikkje hadde kapasitet til eit slikt arbeid i 2021, har vi planlagt å få dette på plass i 2022.

Saker med særskilt oppfølging

Grunna høgt konfliktnivå frå ei aksjonsgruppe som klagar på lukt ved Askøy Miljørens AS sitt slamkomposterasanlegg på Herdla i Askøy kommune, har vi brukt mykje ressursar på å følgje opp luktklagene. Vi har hatt jamlege tilsyn med verksemda og svara på luktklagene. Verksemda la ned aktiviteten sin i fjerde kvartal 2021. Det kom nokre klager på lukt etter at verksemda hadde lagt ned aktiviteten. Då sende vi brev til kommunen og bad dei undersøke om det var noko i området som kunne forårsake lukt. Etter det har klagaren svara at det ikkje lenger er lukt. Vi ser oss ferdig med saka frå vår side.

Vi har også ei verksemd som driv behandlingsanlegg for kasserte køyretøy utan løye, og verksemda fører til forsøpling og fare for forureining. Dette er ressurskrevjande, men vi følgjer opp verksemda tett med jamlege tilsyn. Verksemda har hatt store mengder bildelar liggjande i over tre år. Dei har i 1,5 år drive med rydding og fjerning av bildelar og kasserte køyretøy. Vi ser gradvis forbetringer, men dei er framleis ikkje i mål. Vi har varsle og vedteke tvangsmult, men vi har enno ikkje drive inn tvangsmulta. Vi ser det som mest føremålstestleg at verksemda sjølv ryddar opp, og vi brukar tvangsmulta for å motivere verksemda til å rette seg etter lover og forskrifter. Oppfølginga av verksemda er ikkje avslutta og vil halde fram.

Rapportering

Rapportering frå våre avfallsanlegg skjedde i 2021 dels via Altinn (behandlingsanlegg for EE-avfall, biologisk avfall og farleg avfall, shredderanlegg), noko vart rapportert via Autostat (biloppsamling) medan noko vart rapportert direkte til oss på skjema vi har utvikla (anlegg for sortering/behandling av blanda avfall, massar mv.). Vi ønskjer sterkt at Miljødirektoratet tar grep slik at all rapportering frå avfallsanlegg kan skje via Altinn. Dette vil gjøre det likt over heile landet, enklare og meir føreseieleg for anlegga.

Avfallsplaner i havner

I løpet av 2021 har vi godkjent 38 planar med totalt 174 hamner og held oss no innanfor kravet på sakshandsamingstid på tre månader. Datagrunnlaget er framleis därleg og det er vanskeleg å få oversyn over alle hamner. Det er estimert at det ligg inne tre gonger så mange hamner i databasen for Vestland enn det som er reelt. Vi har spelt inn ønske om at avfallsplanar i hamner på sikt blir inkludert i TILDE, då det er stort potensiale for digitalisering av arbeidsprosessen.

I lys av koordinatorrolla vart det tidleg oppretta dialog med koordinatoren i Trøndelag og dei andre sakshandsamarane hos dei andre embata.

Koordinatoren har hatt merksem på effektivisering av arbeidet med avfallsplanar, mellom anna saman med Miljødirektoratet, for å utbetre databasen «*Avfallsplanar i hamner*». Dette resulterte mellom anna i ein testversjon av ny rapporteringsfunksjon i databasen som gjer at hamner ikkje må teljast manuelt ved rapportering. Vi har også arbeidd med vidareutvikling av brevmalar, formuleringar som går igjen i sjekklisten og mal til avfallsplan for nærings- og industrihamner. På sikt vil dette arbeidet føre til meir effektiv sakshandsaming av avfallsplanar.

Luft

Vi følgjer opp Bergen kommune gjennom arbeidet i Forum luft og støy, der Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Statsforvaltaren møter. Forumet har vore i drift sidan 1997 og hatt effekt på arbeidet etter forureiningsforskrifta kapittel 5 og 7. Bergen har nyleg passert 30 prosent elbilandel i bomringen, noko som gir redusert forureining. Vedfyring gir periodevis høge nivå av svevestøv.

Fleire avfallsanlegg har kravd oppfølging i 2021 på grunn av utslepp til luft. Sjå omtale under avfallskapittelet.

Støy*Næringsmiddelindustri*

Vi har fått naboklager knyttte til lakseslakteri på grunn av støy frå brønnbåtar som leverer levande fisk direkte til slakting, i staden for å setje han i slaktemerd. Denne nye praksisen har vorte innført som ein konsekvens av at Mattilsynet pga. smittefare ikkje tillet merdsetjing av (PD-)sjuk fisk. Brønnbåtane har lege til kai "til alle døgnets tider" og ligg der i fleire timer med motoren i gang. Verksemndene har etter kvart sett i verk tiltak, som å nytte meir stillegåande båtar og å setje krav til kva tidsperiodar dei kan ligge til kai.

Støy frå bygningsmasse og innretningar som ikkje er omfatta av utsleppsløyvet

Vi har også fått klager på støy frå bygningsmassen og installasjonar knyttte til denne. I nokre tilfelle har anlegg vorte bygde ut i fleire omganger og nye bygningar har kome til, noko som kan ha endra støybiletet. Dette gjeld verksemndene som har løyve etter forureiningslova, der vi har regulert støy ut frå aktiviteten ved anlegga. Vi har også sett vilkår om at verksemndene skal melde frå dersom det blir gjort endringer som kan føre til vesentleg auka forureining eller fare for forureining. Det kan sjå ut til at støy ikkje vert rekna som forureining. Statsforvaltaren er også styresmakt for mindre verksemndar (< 75 tonn ferdigvare/døgn). Desse er regulerte gjennom kapittel 26 i forureiningsforskrifta og har ikkje støykrav.

Avfall

Eit stort avfallsanlegg har kravd mykje oppfølging i 2021, mellom anna på grunn av støy. Sjå omtale under avfallskapittelet.

Akvakultur

Naboar til oppdrettsanlegg tar i aukande grad kontakt med oss for å klage på støy eller spørje om kva reglar som gjeld. I område med kort avstand mellom busetnad (spesielt fritidsbusetnad) og areal avsett til akvakulturanlegg i kommuneplanen, ser vi at standardstøygrensene ikkje er tilstrekkeleg til å dempe konfliktar. Vi har sett partane saman i nokre saker og bidratt til semje om "frivillige" tiltak som anlegga kan gjere, for å redusere støyplager for naboar.

Progresjon i arbeidet med å redusere forurensning fra utslipps av avløpsvann (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

God progresjon i arbeidet med å redusere forurensning fra utslipps av avløpsvann fra større tettbebyggelser og bedre etterlevelse av EUs avløpsdirektiv

Vi har utarbeidd og oppdatert ein avløpsstrategi for avløpsarbeidet i Vestland fylke 2020–2022.

Vi har starta opp arbeidet med å revidere løyve med krav om primærreinsing der vi feilaktig har gitt fristar ut over fristane i kapittel 14. Varselbrev om endring av løyve er sendt ut. Vi har også starta opp arbeidet med å revidere løyve som er eldre enn ti år. Løyva skal reviderast etter paragraf 18 tredje ledd. I 2021 har vi gitt nytt løyve til Søre Askøy tettbygde område og Førde tettbygde område. Vi har også starta revidering av løyve for Voss tettbygde område. Det står att å revidere eller gi nye løyve til tre kommunar (Voss, Gloppen, og Ullenvang (to stlk.)) og til private anlegg i Kinn, Bergen, Askøy og Stord. I tillegg har vi tre nye kapittel 14-kommunar (Alver, Stryn og Eidfjord), som også skal ha nye løyve.

For Stord, Kinn, Alver, Stryn og Eidfjord kommunar blir det planlagt eller vurdert nye reinseanlegg, og vi reknar med at det vil føre med seg ein del oppfølging og rettleiing. I 2021 har vi hatt møte med fleire av kommunane og driftsassistansen om avløpsregelverket og kva krav som gjeld / vil gjelde for den enkelte kommunen. I tillegg har vi i samband med tilsynsaksjonen 2021 gjennomført tilsyn med seks kommunar og åtte private anlegg.

Desse møta, saman med tilsynsaksjonen i 2021, har vore viktige for oppfølginga av kommunane sitt avløpsarbeid. Det å ha med kommunaleiinga på tilsyna, viste seg å vere nyttig. Vi trur at dette har medverka til at avløp blir prioritert høgare i kommunane sitt arbeid. Tilsynsaksjonen har også gjort kommunane meir merksame på at vidare utbygging i område utan tilstrekkeleg avløpsreinsing, er i strid både med forureiningsregelverket og plan- og bygningslova.

Sjølv om kommunane truleg er meir merksame på ansvaret sitt, vil det vere viktig å følgje dei tett opp vidare. Dette er for å sikre god framdrift i avløpsarbeidet. Her treng vi rettleiing frå Miljødirektoratet om korleis vi skal gjøre det på best mogleg måte.

Vi er elles i gang med å pålegge alle kommunar med kapittel 14-anlegg å gjennomføre resipientovervaking i tråd med krava i vassforskrifta. I 2021 har vi gitt pålegg om dette til sju kommunar, og vi har mottatt overvakningsprogram frå alle desse kommunane. Pålegget er gitt til kommunar der vi ikkje skal revidere løyvet dei nærmaste åra. Pålegget har fleire stadar ført til reviderte eller nye overvakningsprogram som vil føre til at vi får meir kjennskap til korleis utsleppa påverkar resipientane.

På avløpsområdet har vi i 2021 handsama to klagesaker på kommunale vedtak. Vi har gitt fråsregn til hovudplanar for avløp og har handsama eigenkontrollrapportar frå i alt 121 avløpsanlegg innan fristen 1. juni 2021.

Det har vore nyttig for arbeidet på avløpsområdet å delta i nasjonal avløpsforum, oppretta i 2021, som er med på å sikre lik handsaming på tvers av landet.

Forurensning - avløp, tettbebyggelser omfattet av kap. 14

Tettbebyggelsesid	Kommunenavn	SUM BOF 5 (pe)	Kommentar	Tettbebyggelser som er sammenkoblet
12-061-Søre Askøy	Askøy	39 395	Opplysingar i samsvar med utsleppssøknad 2020 om dagens tilførslar	
12-080-Myrkdalen	Voss	1 334	Hyttefelt. Tal i samsvar med eigenkontrollrapport 2020, basert på målte verdiar inn på anlegget den veka det var høgast belastning.	
12-040-Vossevangen	Voss	17 000	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020, teoretisk utrekna av kommunen.	
12-081-Seljestad	Ullensvang	472	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020. Vi trur talet er utrekna med ein faktor 2 etter NS-standard	
12-082-Håra	Ullensvang	442	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020. Vi trur talet er utrekna med ein faktor 2 etter NS-standard	
12-041-Øystese-Nordheimssund	Kvam	10 124	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020. Utrekna på bakgrunn av tilknyting (antall fastbuande og hytter), stor andel hytter. Består av nye Notaneset og Laupsa RA.	
12-083-Sysendalen hytteområde	Eidfjord	4 994	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020. Vi kjenner ikkje kva metode som er nytta då anlegget hittil har vore regulert etter kapittel 13.	
14-026-Førde	Sunnfjord	33 797	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020. Tal basert på måledata inn til anleggen den veka med høgast målt tilførsel.	
12-046-Osøyo	Bjørnafjorden	16 011	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020. OHARA: 13665, utrekna frå høgaste målte doegntilførsel og degnvassmengde. Inkluderer også Tøkjessundet (103), Halhjem (1914), Solstrandfjæra (178) og Solstrand fjordhotell (151). For dei små anlegga svarar oppgitt tal til tilknytte.	
12-001-Bergen	Bergen	479 493	I samsvar med eigenkontrollrapportar for alle anlegg i 2020. Nytta gjennomsnittdøgnverdi for dei store anlegga og ganga med 2. Tala for dei små anlegg tilsvalar tal tilknytte.	
12-005-Indre Ama	Bergen	12 736	I samsvar med eigenkontrollrapport for alle anlegg i 2020. Nytta gjennomsnittdøgnverdi for dei store anlegga og ganga med 2. Tala for dei små anlegga tilsvalar tilknytte.	
12-019-Leirvik	Stord	29 435	I samsvar med eigenkontrollrapport for alle anlegg 2020, tilknytte multiplisert med 1,5. Eit av anlegga har malingar, og der er tilførselsmålingane nytta i utrekninga.	
14-001-Florø	Kinn	14 489	I samsvar med eigenkontrollrapport for alle anlegg 2020, teoretisk utrekna basert på tilknyting, multiplisert med faktor 1,5.	
14-041-Byrkjelo	Gloppen	7 500	I samsvar med eigenkontrollrapport 2020. Vi trur talet er utrekna basert på måledata og ein faktor på 2,5 i samsvar med NS-standard. Anlegget har eit stort næringsmiddelpåslapp.	

Forurensning - avløp, tettbebyggelser omfattet av kap. 13

Tettbebyggelsesid	Kommunenavn	SUM BOF 5 (pe)	Kommentar	Tettbebyggelser som er sammenkoblet
	Alver	0	12 ulike tettbygde område, frå 233 til 5875 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbebygde område er i nærliken av kap. 14.	Kommunen planlegg å kople saman fleire av dei tettbygde områda dei komande åra, og vil då bli omfatta av kap. 14.
	Askvoll	0	1 tettbygd område, 743 busette. Dvs. ingen tettbygde område er i nærliken av kap. 14.	
	Askøy	0	5 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 218 til 1562 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	I nytt utsleppsløyeve av 2021 er Ask tettbygde område medrekna i Søre Askøy tettbygde område. Det er likevel førebels uavklara om kartet til SSB bør oppdaterast.
	Aurland	0	1 tettbygd område, 824 busette. Dvs. ingen tettbygde område er i nærliken av kap. 14.	
	Austevoll	0	1 tettbygd område, 1588 busette. Dvs. ingen tettbygde område er i nærliken av kap. 14.	
	Austrheim	0	2 tettbygde område, 477 og 637 busette. Dvs. ingen tettbygde område er i nærliken av kap. 14.	
	Bergen	0	4 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 212 til 3867 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Bjørnafjorden	0	6 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 393 til 1622 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Bremanger	0	3 ulike tettbygde område, frå 396 til 1189 busette. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Bømlo	0	6 ulike tettbygde område, frå 383 til 2932 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Eidfjord	0	1 tettbygd område i kap. 13, med 544 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærliken av kap. 14.	
	Etne	0	2 tettbygde område, med 571 og 1283 busette. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Fedje	0	1 tettbygd område med 440 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område i nærliken av kap. 14.	
	Fitjar	0	1 tettbygd område med 1751 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område i nærliken av kap. 14.	
	Fjaler	0	1 tettbygd område med 1186 busette. Dvs. ingen tettbygde område i nærliken av kap. 14.	
	Gloppen	0	5 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 370 til 2447 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Gulen	0	2 tettbygde område, med 294 og 315 busette. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Høyanger	0	3 tettbygde område, med 269 til 2051 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærliken av kap. 14.	
	Kinn	0	6 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 201 til 3313 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	
	Kvam	0	4 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 237 til 487 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærliken av kap. 14.	

	Kvinnherad	0	9 tettbygde område, med 363 til 2272 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Luster	0	2 tettbygde område med 1062 og 1257 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Lærdal	0	1 tettbygd område med 1186 busette. Dvs. ingen tettbygde område i nærlieken av kap. 14.	
	Osterøy	0	6 tettbygde område, med 210 til 1303 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Sogndal	0	5 tettbygde område, med 804 til 3999 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14. Høgskulen bidrar med om lag 3000 pe, ingen næringsmiddelpåslipp.	
	Solund	0	1 tettbygd område med 334 busette. Dvs. ingen tettbygde område i nærlieken av kap. 14.	
	Stad	0	6 tettbygde område, med 237 til 3018 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Stord	0	1 tettbygde område i kap. 13, med 3419 busette og utslepp til sjø. Dvs. ikke i nærlieken av kap. 14.	Sagvåg tettbebyggelse skal reknast med i Leirvik tettbebyggelse. Kartet frå SSB må oppdaterast.
	Stryn	0	1 tettbygd område med 2553 busette og utslepp til sjø.	Stort næringsmiddelpåslipp tilseier at dette er ein kap. 14-kommune, vi følgjer opp dette på forvaltningsstilsyn i 2022.
	Sunnfjord	0	5 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 506 til 1222 busette. Alle med unntak av Naustdal har utslepp til ferskvatnspunkt. Dvs. ingen av desse er i nærlieken av kap. 14.	Farsund tettbygde område er mogleg kopla til Førde tettbygde område. Vi undersøker dette nærmere. Vassendens tettbygde (1136 busette) område kan på sikt også bli knytt til Førde tettbygde område. Alternativt bygd om til nytteinseanlegg og omfatta av kap. 14.
	Sveio	0	2 tettbygde område med 365 og 1529 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Tysnes	0	2 tettbygde område med 313 og 786 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Ullenvang	0	6 tettbygde område i kap. 13, med 333 til 4876 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærlieken av kap. 14.	
	Ulvik	0	1 tettbygd område med 534 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Vaksdal	0	3 tettbygde område, med 791 til 1193 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Vik	0	1 tettbygd område med 1245 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	
	Voss	0	1 tettbygd område i kap 13 med 485 busette og utslepp til ferskvatn?. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap 14	
	Øygarden	0	18 ulike tettbygde område i kap. 13, frå 285 til 4142 busette. Alle med utslepp til sjø. Dvs. ingen av desse er i nærlieken av kap. 14.	Fleire av dei tettbygde områda i Øygarden ligg svært nær kvarandre. Dette gjør at det på sikt kan skje ei samansmelting av desse, men vi kjerner ikke til konkrete planar per i dag.
	Årdal	0	3 tettbygde område, med 437 til 3117 busette og utslepp til sjø. Dvs. ingen tettbygde område er i nærlieken av kap. 14.	

Etter å ha lagt inn alle data for alle kommunar oppdaga vi at det berre var tettbygde område som innan 10 år truleg vert omfatta av kapittel 14 som skulle med i denne tabellen. Vi har lagt inn tilleggskommentarar der det kan bli endringar dei nærmeste åra.

Kommuners registrering i Grunnforurensning (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Flere kommuner registerer, oppdaterer og vedlikeholder egne lokaliteter i Grunnforurensning i forhold til 2020.

63 prosent av kommunane i Vestland har brukar i databasen. Det er ein auke på fem kommunar frå året før. Dette svarar til dårleg til middels måloppnåing. Vi har laga eit utkast til strategi for arbeidet med grunnforureining som gjeld fram til 2023. Tidlegare erfaringar viser at rettleiing i konkrete saker gir større sannsyn for at kommunane held fram med å vere aktive brukarar. Vi har prioritert denne framgangsmåten. Framover vil vi oppsøke fleire kommunar aktivt for rettleiing.

God framdrift i arbeidet med opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsve (fra kapittel 3.1.4.4.3.1 i TB)

Rapportere på

God framdrift i arbeidet med opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsverft

Av dei tre attståande prioriterte skipsverfta vart arbeidet med Solund verft avslutta i 2021. Solund verft dokumenterte ikkje utsleppa sine med prøvetaking før i 2020. I 2021 meinte vi at vi hadde tilstrekkeleg med måleseriar til å bedøme at utslepp frå deponi for blåsesand og frå verftets drift var langt under dei grenseverdiane som er gitt for skipsverft. Forureining i sjøsedimenta er vurdert til å være låg og verftet er avslutta som prioritert skipsverft i vårt brev 29. november 2021.

Westcon Yards AS, Florø skal etter siste pålegg gitt av Fylkesmannen i Sogn & Fjordane i 2014 gjennomføre ei foreløpig siste resipientovervaking i

2023. Vi hadde møte med Westcon og NIVA i november 2021 om detaljar i prøvetakingsprogrammet, m.a. framlegg til endringar frå førre resipientundersøking i 2018.

Det siste verftet, Stadyard, skal vi ta føre oss i 2022.

3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene

For å bidra til god økonomiforvaltning i kommunane har vi gjennomgått alle dei 43 kommunane i Vestland sine budsjett for 2021 og økonomiplaner for perioden 2021 til 2024. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgt opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov med forskrifter.

Alle kommunane fekk brev med våre kommentarar til budsjett og økonomiplan. Gjennomgangen viser at fleirtalet av kommunane i Vestland planla perioden 2021 til 2024 med svake netto driftsresultat og sterkt auke i lånegjelda. Det var først og fremst 2021 som vart budsjettet med svake resultat og større auke i gjelda. Styrkinga av resultata frå 2022 må sjåast i samanheng med gjennomføring av større planlagde innsparinger frå 2021. Dette er med på å bidra til ei positiv utvikling for den frie eigenkapitalen i drifta, gjennom auka disposisjonsfond samanlikna med driftsinntekten.

Vi har i budsjettbreva formidla våre økonomiske vurderinger ut frå status og slik økonomien er planlagt for dei nærmaste åra. For enkelte kommunar har det også vore nødvendig å presisere kommunestyret sitt ansvar for realisme i budsjetteringa, og at det ikkje er tillate å budsjetttere med uspesifiserte innsparinger.

Tilbakemeldingar frå kommunane er at budsjettbreva er til hjelp i planlegging og styring av kommuneøkonomien. I tillegg gir breva Statsforvaltaren samla god informasjon som vi brukar i kommunedialogen.

Koronapandemien har ført til utryggleik i økonomien til kommunane. Statlege støtteordningar har bidrege til å kompensere ekstra utgifter og tapte inntekter knytte til pandemien. Etter KMD sine fylkesvise rammer for skjønnsmidlar, har vi i 2021 fordelt 396 mill. kroner til kommunane som kompensasjon for ekstra pandemiutgifter.

Ufordringane til fleire av kommunane i fylket er negativ folketalsutvikling og ein demografi med fleire eldre samanlikna med talet på yrkesaktive. Denne utviklinga vil vere krevjande for kommuneøkonomien framover.

Vi informerer kommunane i brev og på nettsidene våre om kommuneopposisjonen og revidert nasjonalbudsjett.

Det vart sendt eige brev til kommunane om det opphavlege statsbudsjettet for 2022, som vart lagt fram frå Solberg-regjeringa. I eit nytt brev i november informerte vi om tillegget til statsbudsjettet, som vart lagt fram frå Støre-regjeringa.

I oktober inviterte vi, saman med KS, alle kommunane til statsbudsjettdag i Førde. Denne dagen vart også strøymt, slik at alle kommunane i Vestland hadde høve til å delta.

Vi har følgd opp rapportering om bruk av øyremerkt tilskot til kommunane i Vestland på 295,2 mill. kroner til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunale bygg, anlegg og vegar.

Dei ni nye kommunane i Vestland har hatt ein travel og utfordrande start etter pandemietbrøtet tidleg i 2020. Likevel er vårt inntrykk at det er skapt gode kommunar med styrkt kapasitet og fagmiljø. I september gjennomførte vi samling med kommunedirektørar i dei nye samanslåingskommunane i Vestland. Tema var gevinstrealisering, erfaringar frå tidlegare kommunesamanslåingar, kommuneplanarbeid og kommuneplanens samfunnssdel, og delegasjonsreglement. Gruppa ønskjer ei liknande samling i 2022.

Trass i pandemien greidde vi å gjennomføre samling i økonominetverket for økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. Tema var mellom anna Kostra, konsolidert rekneskap, økonomiske handlingsreglar og bruk av finansielle måltal som planleggings- og styringsverktøy. Vi har eit arbeidsutval som planlegg desse nettverksamlingane. Tilbakemeldingar på samlingane er at nettverket er ein god arena for kommunane til å tilegne seg ny kunnskap tilpassa lov og regelverk, gode diskusjonar med kollegaer i andre kommunar, og at nytilessette økonomisjefar blir ein del av eit eksisterande nettverk på deira arbeidsområde.

Pandemien har også i 2021 gjort det vanskeleg å gjennomføre fagdagar for nye folkevalde. Vi har konkludert med at vi tar dette att etter kommunevalet i 2023.

Gjennom året har vi har hatt møte med enkeltkommunar etter behov, anten etter ønske frå kommunane eller at vi sjølv ber om møte med kommunen, til dømes som oppfølging av Robek-kommunane.

Generelt viser tilbakemeldingar frå kommunane at dei ser på samhandlinga og aktivitetane som positive, og at dei ønskjer å halde fram på denne måten. I ein travel kvardag treng dei også samlast for faglege oppdateringar, drøfte problemstillingar og bygge netverk med kollegaer.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2021.

I Vestland er målet om reduksjon i tal Robek-kommunar innfridd. Ved utgangen av 2021 er det to kommunar i registeret, Bremanger og Gloppen.

Osterøy kommune vart meldt ut i mars 2021 etter at ny økonomiplan for perioden 2021–2024 vart vedteken i balanse. Kommunen vart meld inn etter paragraf 28-1, bokstav b.

Austrheim kommune vart meldt ut i juli 2021 etter at årsrekneskapen for 2020 viste inndecking av tidlegare meirforbruk.

Gloppen kommune vart innmeld i Robek etter kommunelova paragraf 28-1, bokstav c, i april 2021, etter at økonomiplanen viste at meirforbruk måtte dekkast inn over fleire enn to år.

Bremanger kommune har vore i Robek sidan 2008, som følgje av Terra-saka.

Etter kommunestyrets plan for inndecking skal Bremanger kommune dekkje inn resten av underskotet på 9,3 mill. kroner i 2021, og kan meldast ut når rekneskapen for 2021 er godkjent.

Gloppen kommune har hatt gode inntekter i siste halvdel av 2021, i tillegg til gjennomførte innsparinger i drifta. Utsiktene til eit kort Robek-opphold er derfor til stades.

Vi har tett dialog og oppfølging med kommunane. Vi gir konkrete tilbakemeldingar kvart år til alle kommunane, etter vår gjennomgang av budsjett og økonomiplanar. I tillegg har vi dialog gjennom året, på e-post og eventuelt møte.

Før gjennomgangen av budsjett og økonomiplan 2022–2025, har vi gruppert kommunane etter ei risikovurdering som vil danne grunnlaget for analyse, og korleis vi vektlegg og gir tilbakemeldingar til kommunane. I den samanheng vil vi også vere tydelege til kommunar som kan vere i faresona for å bli registrert i Robek.

Antall kommuner i ROBEK (2)

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultat	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2020	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2021
Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2021	- 1	3	2

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2020. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2020.

Generelt har Kostra-rapporteringa og kvaliteten på rapporteringa vorte betre dei siste åra. Departementet har hatt særlege oppfølgingar på eigedomsforvaltnign og byggfunksjonsnivå. På desse områda er det framleis for mange feil.

Vi vil halde fram med å følgje opp på denne måten:

Vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering kvart år på våre heimesider, med lenker til andre aktuelle sider. Vi informerer kommunane om feil i Kostra-rapporteringa underveis i rapporteringsperioden. Om vi ikkje kan svare på enkelspørsmål frå kommunane, blir desse sende vidare til SSB eller departementet for nærmere avklaring.

På økonominetverkssamlinga i 2021 for alle økonomisjefane i kommunane i Vestland, var Kostra og bruk av Statistikkbanken og Kostra-data hovudtema. Bolken vart leia av representant frå SSB i tillegg til innlegg frå departementet. Statsforvaltaren hadde innleiingsvis med ein oversikt over status på eigedomsforvaltnign for alle kommunane, inkludert reinhold og energibruk. Denne vart også sendt til kommunane i ettertid. Kostra er eit gjentakande tema, og ofte er det kommunar med gode system som fortel korleis dette blir gjort hjå dei.

I Vestland er det mange samanslegne kommunar. Sidan vi i denne rapporteringa samanliknar Kostra-tal frå 2019 og 2020, vert ikkje oppstillinga heilt rett i samanlikninga sidan 2019-tala ikkje inkluderer kommunar som er samanslegne.

Kommunane er nøgde med at vi samlar alt informasjon om Kostra-rapporteringa på same stad på heimesida vår.

Vi har etterlyst hjå SSB om dei kan lage ei oppsummeringsside for kvar kommune, etter at all rapportering er ferdig. Dette har dei ikkje i dag, og det hadde vore til god nytte for oss i oppfølgingsarbeidet mot kommunane.

I tabellen nedanfor skal vi oppgi tal for 2020 og 2021. Sidan tala frå 2021 ikkje er klare enno, reknar vi med det er tal frå 2019 og 2020 vi skal rapportere på. Tal som blir lagde inn, er dermed frå 2019 og 2020.

Kvalitet i KOSTRA-data

Område	Resultat	Antall feil i 2020	Antall feil i 2021
Feil på eiendomsforvaltnign på aggregert nivå - utgifter til renhold (art 075) og forvaltnign (funksjon 121)	5	16	21
Feil på byggfunksjonsnivå for utgifter til renhold og energi	- 9	77	68

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Fram til og med 2019 har vi lagt vekt på å bruke dei nasjonale måltala i dialogen vår med kommunane, og samanlikna kommunane med fylket og landssnittet. Vi har gjort dette ved tilbakemeldingar i møte med kommunane, på heimesidene våre, og elles i brev og annan kommunikasjon med kommunane. Det er særleg netto driftsresultat, gjeld og disposisjonsfond i prosent av bruttoinntekter, vi har hatt merksemd på.

Etter 2020 og ny kommunelov med lovfesta bruk av finansielle måltal i styringa av kommunane, vart dette forsterka. Administrasjonane og dei folkevalde vil få eit meir "aktivt" forhold til korleis måltala bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

I våre tilbakemeldingar til kommunane for budsjett 2021 og økonomiplan 2021–2024 gjekk vi gjennom dokumenta til alle dei 43 kommunane i Vestland. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgt opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov. Kvar kommune fekk tilbakemelding på vår vurdering og bruken av nøkkeltal. Kommunane er ulike, og det er også ulik grad av realisme og styring ved hjelp av dei vedtekne måltala. Nokre kommunar får dette til og brukar måltala aktivt, medan andre ikkje gjer dette på same måte. Derfor hadde vi bruk av finansielle måltal med handlingsreglar som styringsverktøy som eit hovudtema på samling for økonominettverket i november.

Alle budsjettbreva og ei oppsummering for fylket ligg på heimesidene våre. Vi legg òg ut nøkkelta for kvar enkelt kommune for kvart enkelt år i økonomiplanperioden: Netto driftsresultat, brutto driftsinntekter, bruk/avsetjing i disposisjonsfond, bruk av lån (alle i kr og prosent) og avdrag.

Dette er mykje arbeid kvart år, men vi vurderer at det er verd det. Vi ser at jo meir konkrete vi greier å vere i våre tilbakemeldingar, dess betre blir det oppfatta. Vi håpar at dette, i tillegg til anna Kostra- oppfølging, gjer sitt til at bruk av nøkkeltal og Kostra-data etter kvart blir innarbeidd som kommunane sin måte å gjennomføre økonomiplanlegging og -styring på.

3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Ei av pluss-sidene ved pandemien er bruk av Teams. Vi har hatt faste møte med sakshandsamarar hos fylkeskommunen, og faste møte i partnarskapen mellom oss (SF), Innovasjon Noreg (IN), fylkeskommunen (FK) og faglaga. Dette har resultert i god samordning og at vi har vore tettare på dei sakene som skal til politisk handsaming.

Effekt av dette er m.a.:

- Felles handlingsplan mellom SF, FK og IN.
- Vedtak i fylkestinget om å utarbeide *Temaplan landbruk og regional jordvernstrategi*.
- Felles fysisk møte med frukt- og sidernæringer i Hardanger om mobilisering for auka produksjon og auka verdiskaping.
- God inngang og prioritering av søknader til IN på investeringsmidlar til mjølk frå bås til lausdrift der 19 saker fekk støtte med snitt katal etter utbygging på 29 mjølkekyr.
- Fylkeskommunen er aktivt inne i arbeidet med Inn på tunet-løftet 2. Vi hadde m.a. ein felles fagdag der fylkeskommunen presenterte sitt engasjement for SF og prosjektkommunane.
- Gjennomføring av "Liv og lyst" som felles lokalsamfunnsmobilisering.
- Informasjon til næringa om sesongarbeidskraft og søknad om dispensasjon til landbruksføretak. Fikk inn ein del arbeidskraft til haustearbeidet, men svært lite hjelp til arbeidstoppar vår og sommar.
- Lokalmat: Tett dialog og felles mobilisering gjennom webinar om mjølkeforedling saman med kompetansenettverket for lokalmat ved Sogn jord- og hagebruksskule.
- Fleire marknadshagar er etablerte, og dei har fått fagleg oppfølging gjennom opne markdagar. Stor interesse for kursa i marknadshage, og fleire har starta opp med lokalt sal av grønsaker.
- Gjennom EU-prosjektet MAREA har vi utveksla erfaring om formidling av historier om lokal matproduksjon med særleg vekt på småskala grønt.
- Har laga infofilm om energiproduksjon med solceller på gardsbruk.
- Brukt Matgledekorpset til å inspirere og gi kunnskap om mat på institusjonar.
- Urbant landbruk: Gjennomføring av prosjektet Bybonden i Bergen i samarbeid med Bergen kommune. Skulane viser stor interesse m.a. for dyrkingskurs og skulehage (14 skular i 2021).

Næringsutvikling i landbruket er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid. God informasjon om verkemiddela, ulike alternativ og grundig rådgjeving bidrar til å kvalitetssikre dei største investeringsprosjekta. Det var stor interesse for investeringsmidlar hjå IN, men stor kostnadsvekst har dempa dette utover i 2021, særleg på nye driftsbygningar.

Regional næringsplan for landbruket i Vestland (RNP) er i mindre grad aktiv når fylkeskommunen har tatt over leiaransvaret for næringsutvikling på landbruksområdet.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Regional innsats innen landbruksbasert næringsutvikling er innrettet slik at nasjonale mål og føringer i RNP nås.

Samarbeid

Det er faste møte i partnarskapen mellom fylkeskommunen og Innovasjon Noreg, både på leiarnivå og sakshandsamarnivå. Samarbeidet er konkretisert gjennom ein felles årleg handlingsplan.

Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen som no leiar arbeidet med næringsutvikling på landbruksområdet. Første året etter at RT-midlar og RK-midlar var overførte til fylkeskommunen (2020), var vi tett på prosessen med handsaming av søknader. I 2021 har vi trekt oss noko tilbake og heller vore på tilbodssida når vi har fått konkrete spørsmål om søknadene.

Vi deltar også i det meir overordna samarbeidet for næringsutvikling i regi av Næringsforum i Vestland. Dette er ein arena leia av fylkeskommunen med deltaking frå næringslivet, FoU-miljø, universitet og høgskular, Nav, Kommunenes sentralforbund, Innovasjon Norge m.fl. Vi deltar også i eit eige FoU-forum for Vestland, som i løpet av 2021 laga ein FoU-strategi, der også FoU-behovet i landbruket vart godt omtalt.

Utfordringar**Fagmidlar**

Det er hemmende for vårt arbeid at Statsforvaltaren ikkje lenger har økonomiske verkemiddel til næringsutvikling og heller ikke kan søke fylkeskommunen om utviklingsmidlar. Vi har heller ikke eigne fagmidlar til å arrangere møte o.l. når vi skal bidra til å utvikle landbruksnæringa. Vår attraktivitet er dermed knytt til arbeidstid, kunnskap om landbruket og statlege forventningar, kompetanse og nettverk. Det hadde vorte endå betre med litt "handpenger".

Båsfjøs

Over 700 mjølkebruk i Vestland driv framleis med båsfjøs. Skal vi oppretthalde vår relative del av mjølkeproduksjonen må minst halvparten av desse legge om til lausdrift innan 2034. Kostnadsvekst, finansieringsordningar og kvotepris gjer dette utfordrande. Økonomien i mjølkeproduksjonen gjer at unge vegrar seg for å gå inn i yrket. Rapporten frå NIBIO i januar 2022 viser at 19 prosent vil slutte ved krav om sjukebinge og beiting i 2024. Ytterlegare 24 prosent vil slutte når lausdriftskravet kjem i 2034. I sum er 43 prosent mentalt på veg ut av næringa.

Arbeidskraft

Tilgangen på arbeidskraft i sesong har vore svært vanskeleg i 2020 og 2021. Særleg for bærnæringa er kostnaden med arbeidshjelp høg samanlikna med innteninga i næringa. Stadige endringar i regelverket gjer produksjonen sårbar og fleire vel å trappe ned eller slutte.

Klima

Endringane i klima gir nye utfordringar. Frost i fruktbløminga i 2020, utfrysing av frukttre i 2021 og sommartørke i indre fjordstrok i 2021 viser at næringa må ruste seg for større variasjonar. Ordninga med tilskot etter avlingssvikt grunna klima er svært viktig for å redusere risikoen. Mindre snø i fjellet gir også mindre tilgang på vatn til vatning på ettersommaren.

Hjort

Tapte avlingar grunna hjortebeting gjer at mange tapar mykje før. Areal som er formya, er særleg utsette, og hjortebeting gjer at mange vegrar seg for å fornya enga. Produksjonen av lokalt grovfôr er mindre enn potensialet. Det finst også ein del beiteskade på ungskog, noko som bidrar til vanskane med forynging etter hogst.

Samstundes er jakt og jaktopplevelingar på hjort ei kjelde for inntekt og næringsutvikling. Utfordringa er å finne den rette balansen mellom hjortetal og beitegrunnlag, og mellom inntektpotensiale og skade. Her er det behov for både meir kunnskap og erfaring, og kanskje også noko betre rolle- og forventningsavklaring mellom dei ulike aktørane: grunneigarane, jegerane, kommunane, fylkeskommunen og Statsforvaltaren. Hjortesenteret på Svanøy kan og bør også spele ei aktiv rolle med kunnskapsformidling for desse aktørane, og vi har inndeia ein diskusjon om dette.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp.

Arbeidet med forynging etter hogst har vore krevjande i fleire år. Dei siste par åra har vi satsa ein del på møte med både aktørane i næringa, kommunane og møte for skogeigarar, det siste i regi av ulike organisasjoner. Vi inndeia året med eit samrådsmøte mellom oss, kommunesektor og dei største aktørane innan hogst og forynging. Dette er nyttig for både å definere felles utfordringar i dette arbeidet og for gjensidig orientering.

I samarbeid mellom Skogselskapet, kommunane og oss er det gjennomført over 30 skogdagar med informasjon retta mot skogeigarar. Dette er langsiktig arbeid som vi trur er grunnleggande for auka aktivitet.

Det var stor mangel på arbeidskraft til planting fordi utlendingar i praksis var utestengde grunna koronatiltak. Vi gjorde eit informasjonsstunt i media retta mot norsk ungdom, og fekk stor respons. 300 ungdomar frå heile landet kontakta oss, noko vi ikkje hadde rekna med. Vi sende dei vidare til aktuelle fylke og firma, og kring 70 kom i arbeid her i fylket. I tillegg var det fleire skogeigarar som planta sjølv. Planteresultatet vart dermed langt betre enn frykta, og plantetalet auka frå 550 000 til 817 000.

Denne innsatsen i 2021 førte også til auka bestillingar for planting i 2022. Men anna skogkulturarbeid ligg framleis på eit lågt nivå, framleis under 1000 dekar med ungskogpleie.

Foryngelse etter hogst (opplæring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekt antall felt/kontrollfelt	Antall påbegynt pr. 30.6	Antall slutført pr. 31.11	Antall ikke påbegynt 31.11
Resultatkartlegging	77	0	52	25
Foryngelseskontroll	201	54	97	25

Foryngelse etter hogst (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner	Antall andre tiltak
Tiltak og aktivitetar forbygelse	10	20	40

Fellesmøte med kommunane var delvis fysisk, eit av dei ein samla landbrukskonferanse, og delvis digitalt. Møta med enkeltkommunar er mange medrekna synfaringar. Andre tiltak er 30 skogdagar i regi og samarbeid med Skogselskapet, pluss digitale møte og webinar.

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt og i samsvar med regelverket.

Vi har 43 kommunar i Vestland, men ikkje alle desse har nemnande mengder skog, så vi har derfor ikkje tildelt skogbruksmidlar (NMSK) til meir enn kring 30 av desse. Rangert etter middels hogst dei siste ti åra får vi denne inndelinga av dei 43 kommunane:

- Under 1000 m3/år: 12 kommunar
- 1000 - 5000 m3/år: 11 kommunar
- 5000 - 10000 m3/år: 7 kommunar
- 10000 - 30 000 m3/år: 9 kommunar
- Over 30 000 m3/år: 4 kommunar

I 2021 tildelte vi skogsvegmidlar til 26 av desse kommunane, basert på innmelde behov i november året før. Etterspurnaden har vore to til tre gonger høgre enn tildelt ramme til fylket, så vi må prioritere strengt og basert på behov og nytte - kostnad.

Med god fagleg hjelp frå oss fungerer dette tilfredsstillande, men her har nok alle eit forbetringspotensiale.

31 kommunar fekk midlar til skogkultur i 2021, og 19 av desse fekk tildelt over 100 000 kroner kvar. Det er vanskeleg å stipulere behovet for skogkultur komande år, så her følger vi med og omdisponerer etter behov utover hausten. På grunn av låg aktivitet og etterspurnad har det vore nok midlar til dette området, men vi ventar aukande behov.

Forvaltningskontrollane syner at kommunane gjer sjølv forvalningsarbeidet innan NMSK på ein tilfredsstillende måte, men det er få som har kapasitet til å vere aktive overfor skogeigarar. Vi ser til dømes at ein del kommunar ikkje gjennomfører forbygning- og resultatkontrollen slik som forventa.

Vi har hatt ei rekke nettbaserete kurs i tillegg til nokre fysiske møte, og mange skogdagar der også kommunane er involverte eller inviterte. Det manglar ikkje på velvilje, men rett og slett kapasitet. Det at det digitale fagsystemet ØKS er til dels forelda og lite brukarvenleg, gjer heller ikkje situasjonen betre. Til dømes har dei ekstra midlane som kom siste åra i samband med koronatiltaka, vore tunge å tilpasse fagsystemet.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	43	26	26
Skogkultur	43	31	31
Miljøtiltak	43	5	25

Vi har hatt få saker med tilskot til miljøtiltak.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (resultat)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	43	26	26
Skogkultur	43	31	31
Miljøtiltak	43	5	25

Etter vår vurdering er det klar samanheng mellom forvaltning og resultat, så vi rapporterer med same tal kommunar i denne tabellen som i den føre.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner	Antall andre tiltak
Tiltak økonomiske virkemidler	2	35	5

3.1.1.13 Bærekraftig landbruk

Gjennom regionalt miljøprogram (RMP) har vi lukkast med aktiv drift av det bratte jordbruksarealet. Tiltak for redusert forureining til vatn og luft har også tilslutnad gjennom RMP. Det må utviklast betre ordninger for drenering, retur av landbruksplast og tilskot til gjødsellager.

Det er lite merksemål kring økologisk landbruk, med unntak av småskala dyrking av frukt og grønsaker til press. Det er etablert fleire marknadshagar som eit resultat av kurs og oppfølging i samarbeid mellom Statsforvaltaren, Norsk landbruksrådgjeving og Bondens Marked.

Skogbruk og biologisk mangfold

Forynging av skog etter hogst er viktig for berekraftig skogbruk og norsk klimapolitikk. I tilbakemeldinga på årsrapporten for 2020 vart det vist til at departementet opplever det som dobbeltkommunikasjon når vi peika på at frøspreiing frå norsk gran og sitkagran er eit trugsmål for det biologiske mangfaldet, samstundes som vi skal fremje forynging etter hogst – også med gran på Vestlandet.

Vi har hatt gode interne faglege diskusjonar om skogbruk og biologisk mangfold, men vi kan ikkje legge skjul på at faglege signal og rapportar frå dei to fagdirektorata for miljø og landbruk vert tolka ulikt: på den eine sida frykt for konsekvensane av at gran kan spreie seg for mykje, samstundes som felles fagrapporatar frå dei to fagdirektorata viser til at planting og forynging av granskog ikkje treng å føre til konflikt med biologisk mangfold, eller at artar forsvinn på landskapsnivå.

I arbeidet med forynging etter hogst prøver vi å balansere dette ved hjelp av arealdifferensiering der vi til dømes unngår planting i lystheimråda i dei ytre kystbygdene, og prøver å finne tilpassa løysingar i område med høg biologisk verdi. I andre område følgjer vi opp det vanlege foryngingskravet der kulturskogen er godt etablert og med tenleg infrastruktur.

Vi ser fram til fellessamlinga til våren i regi av dei to fagdirektorata, mellom anna om skogbruk, klima og biologisk mangfold.

Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Virkemidler på miljøområdet er tilpasset til regionale miljøutfordringer

SMIL

Kommunane er utfordra gjennom forventningsbrevet og rammetildelinga til å prioritere tiltak i vassførekommstar for å redusere avrenning og risiko for avrenning frå jordbruksareal. Dette resulterte i fleire saker på hydrotekniske tiltak og lagerplass for rundballar.

RMP

Viktige miljøtema er prioriterte. Det er god og aukande oppslutnad om ordningar på bratt engareal, biologisk mangfold, seterdrift, storfe på utmarksbeite, buffersoner mot vassdrag og miljøvenleg spreying av husdyrgjødsel. Det er ein nedgang i søknader på bratt fruktareal, småfe på utmarksbeite, kulturminne og hekkeområde for fugl. Vi har god dialog med miljøavdelinga om det faglege grunnlaget for dei ulike ordningane og oppdatering av Naturbase.

Klima- og miljøprogrammet

Effekten av programmet er kunnskap og endra praksis i jordbruket. Programmet har eigne retningslinjer og er lyst ut offentleg. Gjennom støtte frå programmet har vi lagt til rette for etablering av Forum landbruksplast, mobilisering og kurs for klimarådgiving på gardsbruk, meir kunnskap om utslepp av klimagassar på organisk jord og spreiemåte for redusert tap og betre utnytting av nitrogen i husdyrgjødel.

Utmarksbeite

NIBIO har gjort beitekartlegging i fleire referanseområde, som gir ny kunnskap og grunnlag for å utarbeide beitebruksplanar i kommunane.

CWD

Vi har eit godt samarbeid med Statsforvaltaren i Oslo og Viken og Mattilsynet i arbeidet mot CWD på Hardangervidda. Det smitta området vart som kjent utvida frå Nordfjella og sørover til i teorien heile vidda. Økonomisk støtte til beitelaga har gjort dei betre i stand til både sikrare og betre handtering av salt til husdyra, og til meir tilsyn. Midlane er hovudsakleg fordelte etter tal dyr i dei ulike beitelaga.

Utsett frist for spreieing av husdyrgjødsel

Fleire kommunar har vedtatt lokale forskrifter med utsett frist for overflatespreieing av husdyrgjødsel. Nokre kommunar handsamar heller dette som enkeltsøknader der dei brukar våre kart og lister som grunnlag i handsaminga og for vilkår ved utsett spreiefrist. Desse karta viser jordbruksareal, mengde husdyrgjødsel per bruk og spreidd avløp. Listene viser vassførekommstar som ikkje har god nok vasskvalitet.

Landbruksplast

Vi har tatt initiativ til etablering av Forum landbruksplast, som er eit samarbeid mellom næring, forvaltning, salsledd og organisasjoner. Sjølv om over 90 prosent av landbruksplasten vert returnert er det framleis for mykje som hamnar i naturen, vassdrag, lokale deponi eller som blir brunne.

Drenering

Auka nedbør gjør at trøngen for drenering er stor. Satsane i tilskotsordninga er låge i forhold til kostnaden, og det er difor for liten respons på denne ordninga.

Virkemidler på miljøområdet (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Vurder kort om de ulike de økonomiske miljøvirkemidlene (RMP, SML, tilskudd til tiltak i beiteområder, drenering, etc.) har hatt ønsket effekt	RMP, SML, tilskot til tiltak i beite og miljømidiane: God effekt. Drenering: dårleg effekt grunna lågt tilskot samanlikna med totalkostnaden ved tiltaket.
Beskriv kort de største utfordringene innenfor miljøområdet de kommende år	Klimaendringane: meir nedbør og kortare periodar der jorda er eigna for køyring krev høg arbeidskapasitet til rett tid, og auka behov for drenering. Klimaendringane gir også større variasjonar i nedbørstørke med trong for vatnring. Gjennomføring av tiltaka i den nye vassforvaltningsplanen for Vestland krev meir kapital både til bygging av gjødsellager og investering i utstyr som gir meir presis spreiling av gjødsel. For mykje av landbruksplasten er på auge, og det må leggjast betre til rette for innsamling.
Vurder kort om grensegangen mellom miljø- og landbruksforvaltingens virkemidler er formålstjenlig	Landbruk og miljø har særleg eit felles ansvar for biologisk mangfald, røvvil og forureining. Vi har i dag ein god dialog om utvald naturtype, Naturbase og Vann-Nett. Det er trong for at miljøavdelinga tar eit større ansvar for det museale landskapet slik at verkemidla gjennom RMP kan brukast på det aktive jordbruket.
Hvilke tiltak vil Statsforvalteren iverksette fremover for å øke måloppnåelsen/miljøeffekten?	Oppfølging av den nye vassforvaltningsplanen for Vestland krev konkrete tiltak for å redusere avrenning til vassdrag. Kommunane sin praksis på utsett spreiefrist må følgjast opp, og mange føretak treng auka kapasitet på gjødsellager.

Virkemidler på miljøområdet (andel)

Andel av RMP-rammen som er brukt på kulturlandskapstiltak	Andel av RMP-rammen som er brukt på å redusere forurensing	Sum
81 %	17 %	98 %

Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søker, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Vi når brukarane i Vestland på ein god måte ved at alle RMP-ordningane og søknadsprosessen er omtala på nettsida vår. Alle PT-søkjarar får SMS vår og haust med lenke til nettsida.

2022 er det siste året i denne RMP-perioden, og ordningane ligg fast for fire år om gongen.

Ordninga med miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel er no godt etablert og søknadsmengda aukar jamt. Vi tek inn ti nye vassdrag med u gjødsla kantsone.

Vi vil løfte nokre satsar for å gjøre ordninga med synkande eller låg oppslutnad meir attraktive. Dette gjeld seter med mjølkeproduksjon, tiltak for hekkande fugl (vipe), skjøtsel av freda kulturminne og klimarådgjeving.

Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2017	2018	2019	2020	2021
Hvor stor en andel (%) av PT søker søker RMP	44,4	45,9	43,9	41,3	43,2

2019 er første året med felles program for Vestland

Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem åra.	Aukande. Både for spreiling av husdyrgjødsel, kantsone og kulturlandskap. SML hadde i 2021 øyremerk midlar til tiltak på forureining.
Gi en kort vurdering av i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	RMP-ordningane blir kunnjorde på nettsida vår før vekstsesongen. Det blir sendt ut SMS vår og haust til alle som søker PT med lenke til nettsida. Dei ordningane kommunane forvaltar vert lyste ut i regi av kommunen.
Hvilke tiltak vil Statsforvalteren iverksette kommande år for å øke miljøinnsatsen i jordbruket?	Miljøordningane i RMP er utvida. Fleire tek i bruk ordninga med miljøvenleg gjødselspreiling, det vert tatt inn nye vassdrag med tilskot til u gjødsla kantsone og satsane for klimarådgjeving er auka. For ordninga med tilskot til tiltak i beiteområde oppmodar vi no kommunane og beitelaga om å setje i gang arbeid med beitebruksplanar.

Vannforvaltningsplanene (fra kapittel 3.1.6.2.1.3 i TB)**Rapportere på**

Miljøvirkemidlene er innrettet i henhold til vannforvaltningsplanene, med mer forpliktende krav ved behov for forsterket innsats.

Gjennom Vann-Nett har vi tatt ut rapportar over vassforekomstar som ikkje har god nok tilstand. Dette er spelt inn til kommunane med forventning om tiltak, særleg på utsett frist for spreiling av husdyrgjødsel.

Vi har laga fylkesdekkande kart over jordbruksareal som viser mengde husdyrgjødsel per dekar (GDE) og kart over spreidd avløp. Dette er verktøy for å vurdere kommunane sitt arbeid, for å vurdere tiltak og grunnlag for utsett spreiefrist.

Vannforvaltningsplaner

Tema	Hvor mange vannområder vil nå miljømålene, innen gitte frister (utsatt frist regnes som (ny) gitt frist)	Hvor mange vannområder vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange av vannområder som ikke vil nå miljømålene, er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange av vannområder som ikke vil nå miljømålene, er det fastsatt strengere krav med hjemmel i annet regelverk for å nå målene
Antall	9	0	0	0

3.1.1.14 Andre oppdrag

Vi har gjennom året hatt tett kontakt med ordførarar og kommunedirektørar. I denne dialogen har også kommunestruktur vore tema. Det har ikkje vore politisk ønske om å diskutere nye samanslåingar av kommunar i Vestland.

Derimot har vi vorte inviterte til møte i kommunestyret i Kinn for å orientere om reglane i inndelingslova ved eventuell deling av kommunen.

3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

Gode og heilskaplege tenester under pandemien

I 2021 hadde vi særskild merksemeld på i kva grad tenestene var opne, tilgjengelege og evna å identifisere og følgje opp utsette barn og unge. Vi hadde faste, også felles, kontaktmøte med alle kommunane på dei relevante sektorområda, helse, sosial, barnevern og utdanning, for å ta opp dei nasjonale forventningane til tenestene og rettleie om omsynet til barn og unge. Like viktig var det å få informasjon frå kommunane/tenestene om korleis smitteverntiltak verka inn på arbeidet med undersøkingar, tiltak og oppfølging av barn og familiarar. Informasjonen vi har henta inn samsvarer med funn i dei nasjonale undersøkingane som viser at barn og unge i periodar ikkje har fått fullverdige tenester eller naudsynt oppfølging i tide. Det har og vore stor variasjon i kapasiteten i tenestene og korleis dei har samarbeidd.

Oppsummert meiner vi at belastinga på barn og unge, særleg dei som strevar mest, har vore stor og med negative konsekvensar som følgje av endra rammer i kvardagen, og at hjelpetenestene i periodar har vore mindre tilgjengelege.

Barns rettar

Barns synspunkt og barnets beste er ofte ikkje med i vurderingar og avgjerder om barn. Vi meiner barns rett til medverknad og barnekonvensjonen ikkje fullt ut er forstått og godt nok innarbeidd i sakshandsaminga og i kontakt med barna sjølv.

Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge

Vurdering av i kva grad kommunane har eit samordna tenestetilbod til utsette barn og unge

Det varierer i kva grad kommunane har eit samordna tenestetilbod til utsette barn og unge og korleis dette vert løyst. Her er kommunane si organisering ein faktor som kan spele inn på korleis tenestene finn kvarandre og ser på oppgåver i fellesskap. For utdanningsområdet er det til dømes alltid interessant å sjå om skule og barnehage er organisert saman med barnevern.

Arbeidet med kompetansestrategien på barnevernsområdet og førebuing til barnevernsreforma har ført til større merksemeld på behovet for samordning av tenester til barn, unge og foreldre. Dette gjeld for barneverstenestene og andre tenester som møter barn og foreldre, så vel som administrative og politiske leiarar. Deltaking på dei ulike arrangementa i samband med barnevernsreforma syner at både førebyggjande arbeid, tverrfagleg samarbeid og koordinerte tenester er noko leiarar er opptekne av. Fleire kommunar har sett i verk eigne utviklingsprosjekt og tilsett koordinatorar for å sikre gode prosessar i førebuinga til reforma og arbeidet med planen som kommunen skal lage for det førebyggjande arbeidet, jf. § 3-1 i barnevernlova. Prosjekta handlar om å kartlegge samarbeidsstrukturar, kva tiltak og kompetanse kommunen allereie har, og kva dei treng framover. Nokre er også i gang med drøftingar med nabokommunar om mogleg samarbeid om tenester og drift av ulike hjelpe tiltak. Nær halvparten av kommunane har i større eller mindre grad teke i bruk strukturane som ligg i BTI-/BTS-modellen. I løpet av året melde nokre fleire kommunar at dei ønskjer å ta han i bruk.

Hovudutfordringar

Den eine utfordringa er at arbeidet med innføring og praktisk bruk av modellar og verkjøy for betre tverrfagleg samarbeid går seint, og under dette manglande erfaring og kompetanse i å drive systematisk utviklingsarbeid. Det skal lite til før utviklingsarbeid stoppar opp. Fleire samtidige endrings- og utviklingsprosessar kompliserer arbeidet, særleg i kommunar som av ulike grunnar ikkje kan frigjere ressursar til utviklingsoppgåver. Vi har sett fleire døme på det i samband med kommunenesamanslåingar, og under pandemien.

Ei anna utfordring, som har direkte innverknad på tilbod til barn og barnefamiliarar, er dei store variasjonane i samarbeidet, ikkje berre frå kommune til kommune men òg internt i og mellom tenester i same kommune.

Den tredje er kapasitet og tilgangen på fagleg kompetanse. Rekruttering av personell med rett kompetanse er vanskeleg mange stader og gjer at tenestene er sårbare, til dømes for å handtere stor auke i etterspurnad etter tenester.

Tiltak for eit samordna tenestetilbod

Vi har faste møte med kompetansemiljøa, KS, Bufetat region Vest, helseføretaka og Statsforvaltaren i Rogaland om prioriteringar, samordning og samarbeid om konkrete tiltak. På nokre område er det oppretta arbeidsgrupper som til dømes for valdsførebyggande arbeid, barnevernsreforma og støtte til innføring av BTI-/BTS-modellen. Frå hausten 2018 medverkar vi til drift av eit læringsnettverk på barnevernsområdet der alle kommunane er med. I 2021 vart mandatet for nettverket utvida til å handle om førebuing til barnevernsreforma. Målgruppa vart utvida til alle leiarar for tenester og tiltak som møter barn, unge og foreldre. Innsatsen vart retta mot å spreie informasjon, skape engasjement og forankring hos politikarar, toppleiarar, kommunalsjefar og tenesteleiarar for målsettingane med reforma og kva som skal til for å lukkast. For å nå fram med bodskapen til målgruppa, nyttar vi informasjonsbrev, nyhendevarsel, eiga nettside og fysiske og digitale samlingar og møte. I læringsnettverket samarbeider vi tett med KS, Bufetat, RKBU Vest, RVTS, Korus, NUBU, Barnehuset, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen om planlegging, formidling og gjennomføring av arrangementa. Vi har òg samarbeid med fleire brukarorganisasjonar. Aktiviteten i nettverket vert koordinert av ei styringsgruppe med seks barnevernleiarar, representantar frå Statsforvalteren, KS, kompetansemiljøa og Bufetat.

Fordi barnehage og skule er den tenesta som når nær sagt alle barn og unge, har det vore viktig for Statsforvaltaren å møte kommunane breitt og sjå barnehage og skule i tett kopling til dei andre velferdsområda. Når representantar for dei aktuelle områda er samla, både frå kommunane og frå Statsforvaltaren, gir det gode høve for å drøfte område for samhandling og sjå på ulike måtar å gjere det på. Korleis kan innsats på eitt område gje gode resultat på eit anna? Kva kan dei ulike tenestene bidra med og korleis? På kva område er det nytig med felles innsats?

Effekt av innsatsen så langt

Når Statsforvaltaren opptrer samordna har vi tru på at vi oppnår i alle fall to ting. For det første er det effektivt når kommunane kan gje tilbakemeldingar i éin omgang, i tillegg til at dei kan få informasjon utan unødige repetisjonar. Eit anna poeng er at problemutvikling og drøftinger skjer i ein meir samla kontekst, noko som i seg sjølv motiverer for samordning.

Evalueringar syner at både barnevernsleiarane, kompetansemiljøa og andre samarbeidspartnerar meiner læringsnettverket er ein viktig og relevant arena for erfarsingsdeling og utviklingsarbeid i barnevernet. I tillegg til er det ein arena for å snakke saman om felles strategiar for utvikling av tenester og tiltak til utsette barn og unge, og ikkje minst etablere kontakt på tvers av kommunegrenser. Læringsnettverket har òg medverka til meir samordna innsats frå Statsforvaltaren, Bufetat og kompetansemiljøa ut mot dei kommunale barnevernstenestene. Dei faste møta mellom aktørene gir betre oversikt og grunnlag for meir målretta og koordinert innsats inn mot kommunane som treng støtte og bistand. Vi har erfart at vi kan oppnå meir med mindre innsats frå kvar aktør. Det har vore målsettinga heilt frå oppstarten av læringsnettverket, men i 2021 såg vi gode resultat av dette krevjande koordineringsarbeidet.

Evalueringar gjort av leiarar og tilsette i barnehage, skule, PPT, Nav, barnevern og helsetenester, av tema som vart tekne opp i samarbeid med kompetansmiljøa om BTI-/BTS-satsinga, viste at det er stor interesse for temaa og at innhaldet var relevant. Tema som vart tekne opp var mellom anna barnevernsreforma og førebyggande arbeid. I november arrangerte vi ein tverrfagleg digital konferanse for alle som arbeider i tenester og tiltak som møter barn, unge og foreldre. Tema for konferansen var tverrfaglege og koordinerte tenester, tidleg innsats, førebyggande arbeid, barnefattigdom og bustadsosialt arbeid. Det var 330 deltakarar. Kommunar som i periodar sjølv har liten kapasitet til å drive utviklingsarbeid, dreg nytte av nettverket ved at dei får del i erfaringar frå andre kommunar. Ei anna erfaring er at nokre kommunar er i førarsetet på eitt område, medan andre går føre på andre område.

God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene (fra kapittel 3.2.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene

Kompetanse om utsette barn og unge som grunnlag for eit heilskapleg og samordna tenestetilbod

Utsette barn og unge er ei lite einsarta gruppe. Tiltak for å møte behova deira, føreset deltaking frå ei rekke ulike tenester og fagområde, og kompetanse til å fange opp og forstå signal og snakke med unge om vanskelege tema som vald, overgrep og sjølvordstankar. Personalalet må òg ha grunnleggjande kunnskap om regelverk og handlingskompetanse i fall det er grunn til å tru at barn og foreldre treng hjelp, i tillegg til kunnskap om og evne til å samarbeide med personell i andre tenester. Leiarar må sjå til at styringssystemet for tenestene fungerer, inkludert ordningar for samarbeid og koordinering av tenester. På desse felta er det store variasjonar i og mellom kommunane.

Behov for kompetanse

Framdrift i utviklingsarbeid vert påverka av mangefull erfaring frå og kunnskap om systematisk utviklingsarbeid, prosess- og prosjektarbeid. Prosessane vert tunge og belastande for leiarar og tilsette. Vi har funne behov for støtte til opplæring av prosjekteleiarar og planarbeid, og ser at somme kommunar ikkje har hatt nok ressursar til å følgje opp påbegynt opplærings- og endringsarbeid. I læringsnettverket for barnevern la vi, i samarbeid med kompetansmiljøa, vekt på å møte dette behovet i kommunane. Korte prosjekt, med årlege utslyssningar av tilskot, fører ofte til ustabilitet i prosjekteleiarrolla, og at kompetansen som er bygd opp fort forsvinn ut av prosjekta. Det er behov for fleire felles arenaer der spesialområde som til dømes barnevern, psykisk helse og rus, Nav, PPT, skule, helsestasjon, fastlege, spesialisthelsetenester og politi møtest og vert kjende. Vi arrangerte tverretatlege samlingar hausten 2021 for å møte dette behovet.

Hausten 2021 spurde vi leiarar i tenestene som møter barn og unge, om behov for kompetansehevande tiltak for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge. Berre 24 av 518 leiarar meinte medarbeidarane ikkje trong meir kompetanse på desse områda. Mange peika særleg på behov for meir kunnskap om tolking av teikn og signal, og kompetanse til å snakke med barn om vald og overgrep.

Det er generelt stor interesse for kompetansehevande tiltak og utviklingsarbeid, men det er ein krevjande balanse å samstundes gi tenester, delta i kurs, drive utviklingsarbeid og handtere utfordringar som følgje av pandemien.

3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Vi har i samarbeid med Husbanken hatt utvalde "programkommunar" som over tid har hatt oppfølging for å styrke innsatsen på det bustadsosiale området. Erfaringar frå arbeidet i programkommunane vert formidla i møte med andre kommunar som ikkje har kome like langt i arbeidet med bustadsosiale planar.

I 2021 samarbeidde vi med Husbanken og Statsforvaltaren i Rogaland i prosjektet "Bolig for velferd", der fem kommunar har delteke. Vi har hatt felles møte med kommunar og statlege instansar i prosjektperioden. Erfaringar frå prosjektet som vart avslutta i 2021, skal vidareformidlast til kommunar i ulike forum og møte i 2022. Rapport frå prosjektet "Boligsosialt arbeid" skal ferdigstilla innan 1. april 2022.

Seks tilsette frå Husbanken vest, avdeling for kommune og marknad, vart frå 1. september 2021 overførte til oss i forsøket med å samordne det bustadsosiale arbeidet i Vestland. Vi har oppretta ein ny seksjon "kommune og samfunn" i kommunalavdelinga. Seksjonen har oppgåver innan det bustadsosiale arbeidet, generell kommunedialog, kommuneøkonomi og reforma "Leve heile livet".

Seksjonen kommune og samfunn skal ta eit særlig ansvar for å samle og styrke interne, relevante fagmiljø, arbeide for ei meir heilskapleg og effektiv oppgåveløysing på det bustadsosiale området, og bidra til å styrke kommunedialogen. Det tverrfaglege bustadsosiale arbeidet blir elles organisert som eit eige prosjekt i embedet.

Alle trenger et trygt hjem (2021 - 2024) (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene i Alle trenger et trygt hjem (2021 – 2024).

Vi har hatt flerie samlingar for tilsette på ulike nivå i kommunane i arbeidet med barnevernsreforma og endringar i lovverk. Målet har vore å rette merksemd mot at arbeidet med reforma berre lukkast dersom dei som møter barn, unge og foreldre, samarbeider om å oppdage, hjelpe og gje rett og koordinert hjelp til rett tid, i samsvar med behova barnet og familiene har.

På digital fagsamling for alle tilsette i kommunale tenester som møter barn, unge og foreldre, hadde vi innlegg om bustadsosialt arbeid for barnefamiliar og døme på arbeid med bustadsosial handlingsplan. Kommunar som jobba godt med bustadsosialt arbeid heldt innlegg på samlinga. Fagfeltet bustadsosialt arbeid er også knytt til den breie tilnærminga i arbeidsgruppa retta mot barn og unge hos oss.

Arbeidet med Leve heile livet er no knytt tett opp mot det bustadsosiale området. Bustad for eldre var tema på fleire av Leve heile livet-konferansane i andre halvår. Bustad har også vore sentralt i Leve heile livet-prosjektet sine dialogmøte med kommunane, og er vorte eit viktigare tema i den interne arbeidsgruppa hos oss. Bustadar for eldre har inngått i høyringsfråsegnene våre til kommunale planframlegg, inkludert samfunnssdelen til kommuneplanane.

Statsforvaltaren er representert i fylkeskommunen sitt bustadforum for Bergen og omlandskommunane, og i rådet for berekraftig bustadforsyning i Bergen kommune.

Koordineringa av dei regionale statlege velferdsetatane er i 2021 vidareført i det regionale samordningsutvalet.

Vi har internt, etter at prøveprosjektet vart starta opp 1. september, etablert god kontakt mellom det bustadsosiale feltet og helse- og sosialfag. Eit tett samarbeid mellom desse fagområda er viktig både for vidareutvikling av buoppfølgingstenester og i andre tenester retta mot helseproblem, som mellom anna rus og psykiatri.

3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi har også i 2021 jobba systematisk for at tilsyna våre skal vere samordna, målretta og bidra til læring og forbetring. Vår tverrfaglege interne tilsynsgruppe gjer at vi internt i arbeidet kjänner til tilsynsarbeidet på tvers av fagområda. Vi har også vore opptekne av kompetanseheving internt, mellom anna gjennom tilsynsdag for alle som driv med tilsyn og kurs. På tilsynsdagen var "tilsyn som verkar" hovudtema. Vi legg vekt på at alle som driv med tilsyn skal vere klare over at eit tilsyn er ikkje avslutta før vi veit at leiringa i verksemda har gjort endringar for å rette opp i avvik som er avdekt.

Vi har etablert kontakt med andre statlege tilsynsetatar og kontrollutvalssekretariata for kommunane, gjennom halvårlege møte. Vidare har vi sjølv sagt teke i bruk tilsynskalenderen, og vi deltek i nettverket der alle embeta er med.

Koronasituasjonen har medført noko redusert tilsynsaktivitet, samstundes som vi har drive utstrekkt rådgjeving og rettleiing i denne perioden. Vi har hausta erfaringar med digitale tilsyn, og hatt dette som tema på vår interne tilsynsdag. Erfaringane våre varierer noko, ut frå fagområde og kva element som er viktige ved gjennomføring av tilsynet. På beredskapsområdet har tilsyna vorte avgrensa, slik at det som vart gjennomført, var det som var mest relevant for situasjonen kommunane har stått i.

Nedanfor gir vi noko nærmare oversikt over arbeidet embetet har gjort i 2021, for best mogleg å kunne oppnå effektane som kommunelova §§ 30-6 og 30-7 legg opp til.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi nyttar tilsynskalenderen for å gje kommunane informasjon og oversikt over planlagde tilsyn. Vi har etablert rutinar for korleis tilsyn skal leggjast inn i kalenderen, og sett fristar for når tilsyn skal leggjast inn og når kommunane kan gje tilbakemelding.

Vi har hatt to halvårlege møte med andre aktuelle statlege tilsynsetatar, der vi har informert om og diskutert samordning av tilsyn, i tillegg til å utveksle erfaringar om tilsyn under koronapandemien. På desse møta har vi diskutert tilsyn generelt. Vi har ikkje sett det som nødvendig å diskutere situasjonen i enkeltkommunar særskilt med andre tilsynsetatar.

Vi har delteke i dei jamlege møte i samordnarnettverka saman med dei andre embeta. Vi gir forbettingsinnspel til tilsynskalenderen der vi ser det er naudsynt.

Vi har jamlege møte i tverrfagleg tilsynsgruppe i embetet, som mellom anna diskuterer samordning av tilsyn.

Den samla tilsynsbelastninga på kommunane generelt er etter vårt syn akseptabel. Frå tid til annan tek nokre kommunar kontakt for å flytte tilsyn, og vi har funne fram til praktiske løysingar. Under planlegginga av tilsyn i tilsynskalenderen for 2022, er det ingen kommunar som har tatt kontakt for å få flytta tilsyn på grunn av kollisjonar med andre tilsyn, men stor belastning av andre årsaker som pandemien, kan også vere årsak til ønske om flytting frå kommunen si side.

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt.

Tilsynskalenderen gir høve til å leggje inn forvalningsrevisionar i kommunane, og vil gi god oversikt over forvalningsrevisionane om dette vert gjort. Vi har oppmoda kontrollutvalssekreteriata om å leggje inn forvalningsrevisionane, og vi opplever at dei er positive til kalenderen og ønsker å bruke denne.

Vi har i 2021 brukt vår interne tilsynsgruppe til å auke merksemda på korleis vi betre kan fange opp planlagde forvalningsrevisionar og ta omsyn til desse.

I 2021 har vi difor invitert alle kontrollutvalssekreteriata inn til halvårlege møte saman med oss og andre relevante statlege tilsynsetatar. Dette har vi fått god respons på frå kontrollutvalssekreteriata. På møtet hausten 2021 presenterte alle sekretariata komande forvalningsrevisionar, der våre tilsynsmedarbeidarar og dei andre statlege tilsynsetatane fekk høve til å følgje presentasjonane for å få kjennskap til og oversyn over kva som er planlagt.

Vi har ikkje utsett eller avlyst tilsyn i 2021 som følgje av forvalningsrevision på same område. Dette skuldast truleg også at det sjeldan oppstår reelle kollisjonar eller ei slik overlapping av tema som fører til at vi meiner det er rett å nedprioritere vårt tilsyn.

Av ulike grunnar er det behov for å endre tidspunkt for tilsyn, anten frå Statsforvaltaren eller frå kommunen si side. Dei to siste åra har nokre slike endringar hatt koronarelaterte årsaker. Dette vert løyst ved dialog mellom kommunen og dei som skal gjennomføre tilsynet, slik at kommunikasjonen kan gå direkte og effektivt for å finne den mest tenlege løysinga.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

At tilsyna våre skal bidra til læring og forbetring, er vår målsetjing, og dette er eit tilbakevendande tema på samlingar. På vår interne tilsynsdag for alle i embetet som driv med tilsyn, i september 2021 vart det mellom anna diskutert kva faktorar som er viktige for at eit tilsyn skal føre til læring og forbetring.

Embetet legg vekt på god og konstruktiv dialog med kommunar og verksemder ved førebuing, gjennomføring og etterarbeid i tilsynet. Ved planlagde tilsyn brukar vi risikovurderingar for å velje tilsynsobjekt, innanfor rammene for det aktuelle tilsynet. Ved hendingsbaserte tilsyn brukar vi heile verktøykassa for å tilpasse tilsynet til alvoret av saka. I dei mest alvorlege sakene reiser vi på kort varsel ut til verksemda og gjennomfører intervju. I dei minst alvorlege sakene hentar vi som regel inn dokumenta og vurderer saka på bakgrunn av desse.

IVår erfaring er at det er særskilt viktig å ansvarleggjere leiinga i verksemda vi har ført tilsyn med, for å følgje opp funn frå tilsyn. Sidan 2020 har vi hatt ei meir målretta oppfølging av kommunen etter tilsyn, slik at det vert mogleg å vurdere om tilsynet har ført til endring og forbetring. Vi har også i nokon grad gjennomført oppfølgingstilsyn.

Vi får stort sett gode tilbakemeldingar etter tilsyn. Dersom verksemdene kjem med tilbakemelding om at dei ikkje er nøgde med tilsynet, vurderer vi tilbakemeldinga og brukar henne til intern læring.

Vi har ei tilsynsgruppe med representantar på tvers av avdelingane. Gruppa skal mellom anna jobbe for å vidareutvikle tilsynet gjennom

kompetansetiltak slik at det er verknadsfullt og bidreg til varig endring og forbetring i kommunane og andre verksemder.

Vi har i 2021 avgjort at vi skal gjennomføre eit kursopplegg i embetet med Einar Hovlid frå Helsetilsynet, som har forska på verknaden av tilsyn. Dette startar opp første halvår 2022.

3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Vi har ei tverrgående klimagruppe i embetet, der vi diskuterer klimaomsyn innan plan, landbruk, helse og miljø. Her vert også arbeidet med berekraftsmåla diskutert og løfta fram. Det er aukande merksemad om både klimagassutslepp og klimatilpassing i kommunene, sjølv om det er stor strekk i feltet. Vi deltar i arbeidet med den nasjonale klimakonferansen i Sogndal, og i august 2021 sende vi ut forventningsbrev om kommunal klima- og energiplanlegging til kommunane. Embetet deltar også i nettverket Klimapartnere i Vestland og utarbeider klimarekneskap kvart år.

Kommunale klima- og energiplaner har ambisiøse mål (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner har i sin klima- og energiplanlegging en oppdatert handlingsdel (nyere enn 4 år) med ambisiøse mål og gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp

Ei kartlegging av status på communal klima- og energiplanlegging viste stor strekk i kommunefeltet hausten 2019. Første generasjon planar hadde i mange tilfelle liten kontakt med anna communal planlegging og kommunebudsjett. Vi valde difor å lage eit eige [forventningsbrev](#) med klare forventningar, som vart sendt ut 20. august 2021, ti dagar etter FN sin Kode rød-rapport. Brevet har hatt ein viss effekt på oppstart og revisjon av planar i fleire kommunar. Nokre kommunar er særskilt ambisiøse og går føre med arbeid både med gode tiltak og klimabudsjett.

I brevet har vi peika på følgjande:

- Klimaomstillinga krev klimaleiing og politisk forankring.
- FNs berekraftmål skal vere grunnlaget for planlegginga.
- Kommunane må setje ambisiøse mål i klima- og energiarbeidet.
- Handlingsprogrammet må koplast til kommunebudsjettet.
- Kommunane må utvikle klimarekneskap og klimabudsjett som verktøy.
- Arealforvaltninga er sentral for å nå klimamåla.
- Konkrete klimatiltak i jord- og skogbruk er viktige.
- God folkehelse heng saman med innsatsen på klimaområdet.
- Klimatilpassinga må omfatte alle relevante sektorer.

Det har vore ein strategi å få fleire kommunar med i netteverket Klimapartnere Vestland, som er drifta av fylkeskommunen. Så langt er ni av 43 kommunar med. Vi vil kartleggje planstatus på nytt i 2022.

Kommunene har integrert klimatilpasning i planer (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene har integrert klimatilpasning i sine planer i tråd med statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning

Vi viser her til vår rapportering over på 3.2.1.4.1.1 når det gjeld integrering av klimaarbeidet generelt i communal planlegging, og kva vi har gjort.

Vi opplever at klimatilpassing er godt integrert i overordna planar, i den forstand at kommunane er merksame på klimaendringane og tek høgde for desse. Dette er og dreve fram av fleire konkrete hendingar med stor skade i fylket. Vi samarbeider godt med NVE om konkrete planar, der klimatilpassing er eit naudsynt tema å handtere.

3.1.2.5 Andre oppdrag

Byvekstavtalen

Eit viktig tiltak for å følge opp klimaforliket er byvekstavtalen for bergensområdet, kalla Miljøloftet, som vi har lagt mykje arbeid ned i for å få oppslutnad rundt.

Året 2021 var det første heile ordinære driftsåret for

Miljøloftet. Effektiv økonomistyring og gjennomføring av viktige prosjekt innan kollektiv, sykkel og gange har vore prioritert.

Eit viktig grep i avtalen er koplinga mellom arealplanlegging og transport for å nå nullvekstmålet. Fleire av kommunane arbeider med nye arealplanar der senterstruktur, kollektivknutepunkt og arealbruk er sentrale tema for å nå nullvekstmålet. Avtalen sikrar over 16 milliardar til investeringar i bergensområdet fram til 2029. Vi har stor tru på at satsinga på byvekstavtalar vil føre til markante resultat i form av reduserte klimautslepp i byområda framover, men det er ein føresetnad at både vi og sentrale styresmakter følger opp med tydelege signal i konkrete plansaker. Vi ser at det i somme kommunar er diskusjonar om Miljøloftet har vore eit gode for kommunen eller ikkje, og diskusjonane blir stundom reflekterte i vilje til å vedta planar

som utfordrar nullvekstmålet.

Elles er vi spente på kva det varsla grepet med bygdevekstavtalar vil føre til.

3.1.2.6 Miljø- og skogfaglig kompetanse i skogvernarbeidet

Vi har alt etablert eit fagleg samarbeid mellom skogbruk og miljø i arbeidet med frivillig skogvern. Vi har også merka oss krava om meir systematiske faglege vurderingar av både skogbruks- og verneverdiar, og vil innføre dette frå 2022.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Som i fjor og året før tykkjer vi det er uklart kva vi skal rapportere på her. Vi ser at dei andre embeta også i år svarar ulikt på dette punktet.

Som meldt i innleiinga meiner vi at vi har levert gode resultat i eit år som har vore prega av koronapandemien, sjølv om vi har gjort mindre av utoverretta aktivitetar, som tilsyn og rettleiing, enn planlagt.

På dei fleste områda har vi utført arbeidet vårt i tråd med embetsoppdraga, med høg kvalitet på rettleiing, kontroll, tilsyn og sakshandsaming. Vi har størst vanskar med å få gjort alt på verjemål og helse-, sosial- og barnevernsområdet, trass i at i det nye embetet styrkte desse områda med ressursar frå andre område. Ut frå dei signala vi har fått om å bruke tildekinga vår meir i tråd med kva dei ulike departementa legg inn, ser vi at vanskane kan bli endå større framover. Men vi arbeider vidare for å gjort oppgåvene så godt som råd.

På det overordna planet vil vi framheve grupper i embetet på tilsyn og forvaltningsrett på tvers av avdelingane og fagområda, for å samordne praksis og halde oppe kvaliteten.

Vi brukar malar og kunnskapsgrunnlag frå direktorata og departementa, og vi prioritærer å ta del i fagsamlingar som oppdragsgjevarane skipar. I eit år der dei fleste fagsamlingane har vore digitale, er det fint at denne forma når langt fleire av våre tilsette enn det vi kan sende til fysiske samlingar. Samstundes mistar vi viktige uformelle diskusjonar og nettverksbygging mellom embeta og med direktorata og departementa på denne måten. For framtida vil vi føretrekkje kombinasjonar, til dømes fagsamlingar der vi kan sende nokre medarbeidarar, med digital overføring til medarbeidarar på kontora.

Vi får stort sett gode tilbakemeldingar på faglege samlingar vi held for kommunane, medan vi nesten ikkje får tilbakemeldingar på klagesaker. Det siste tolkar vi som at resultata våre er kommuniserte på ein forståeleg og vel grunngjeven måte.

Tilsynsrapportane blir gjennomgåande vurderte av kommunane som nyttige og eit godt grunnlag for internt arbeid og prosessar. Vi har praktisert eit breitt repertoar av rettleatingsformer som er tilpassa ulike behov i kommunane. På område med konkrete fristar for sakshandsamingstid, er desse følgde. Vi ser det slik at eit tilsyn der vi har peikt på avvik, ikkje er over før vi ser at det har ført til forbetringar.

Vi har ei tilsynsgruppe på tvers av alle avdelingane. Her utvekslar vi erfaringar og utviklar felles kompetansetiltak for å auke kvaliteten på tilsyna. Gruppa arrangerer årleg tilsynsdag for alle dei tilsette som arbeider med tilsyn, der hovudtema begge siste åra har vore tilsyn som verkar. Vi skal også ha kursing internt om tilsynsmetodikk og praksis.

Våre rutinar og standardbrev er viktige for å sikre god kvalitet i sakshandsaminga.

På avdelingane og fagområda har vi ei rekke ulike lag og grupper for å sikre kompetanseoverføring mellom tilsette og sams praksis. På nokre fagområde har vi nettverk mellom fleire embete, sjå oversynet i kap. 2.1.

På nokre fagområde hadde vi stor utskifting av medarbeidarar i 2021. Når kompetente medarbeidarar sluttar og blir erstatta av mindre erfarte folk, får det følgjer for kvaliteten i arbeidet vårt, både når det gjeld rettleiing, kontroll, tilsyn og saksbehandling. Dette betyr ikkje at avgjerder og rapportar ikkje held den standarden vi skal ha, men prosessane fram til ferdig resultat tar lenger tid, og dette kan særleg gå ut over rettleatingsarbeidet.

For å sikre kvaliteten har vi fokusert særleg på å utarbeide og vidareutvikle gode system for opplæring og tydelege rutineskriv. Vi sikrar at alle medarbeidarar får opplæring i rettstryggleik, informasjonstryggleik og statsforvaltaren si rolle i forvaltninga. Vi gir systematisk opplæring i lov og regelverk på dei ulike fagområda, i tillegg til innføring i tilsynsmetode.

Samlinger (fra kapittel 3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 samlinger innen utløpet av 2 kvartal 2021.

Vi har gjennomført to digitale samlingar om den nye integreringslova i 2021. Målet med rettleiinga har vore å gi kommunane kompetanse om det nye regelverket, for å sikre at deltakarane i introduksjonsprogrammet får oppfylt sine rettar etter lova.

Tema for den første samlinga var ein gjennomgang av reglane i den nye lova. I den andre samlinga gjekk vi nærmare inn på utvalde problemstillingar og kommunen sitt ansvar for forsvarleg opplæring og tenester. Krav til enkeltvedtak og handsaming av klagesaker i forvaltningslova var òg tema.

Målgruppa for deltaking på dei to samlingane var kommunetilsette frå Nav, vaksenopplæringa og flyktingtenesta. Vestland fylkeskommune vart også invitert til å fortelje om sine nye oppgåver på feltet, mellom anna fylkeskommunens ansvar for det regionale integreringsarbeidet og ansvar for karriererettleiing og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Vi vurderer innhaldet og elementa på fagsamlingane som nyttige og relevante, og vi har fått positive tilbakemeldingar frå deltakarar.

Kommunar har kontakta oss om at dei i utarbeidninga av program for flyktingar etter den nye lova, kjem opp i ein del tolkingar som dei gjerne skulle diskutert med Statsforvaltaren. Det er ytra ønske om at vi skal ha fleire fellesmøte med flyktingtenestene i Vestland, som vi hadde i 2021.

Tilbakemeldingane viser at det er ei kjensgjerning at det først var i siste halvår av 2021 at trykket på busetjingar kom. Først etter det var kommunane ordentleg i gang med å utarbeide individuelle planar. Dei meiner at det hadde vore svært nytig med digital spørjetime om integreringslova.

Vi vurderer å arrangere ei samling første halvår 2022 for flyktingtenesta og vaksenopplæringseinigane i kommunane om integreringslova. Tema for samlinga vil vere differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk for nykomne innvandrarar ved innføring av den nye integreringslova. Dette er også temaet for tilsynet i perioden 2022-2024.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

I 2021 har vi handsama 699 byggesaker, av desse er 683 saker handsama innan tolvvekersfristen. Det vil seie at om lag 98 prosent av sakene er handsama innan fristen, noko vi er særskilt nøgde med. Dei gode resultata skuldast langsigkt arbeid med fagleg kompetanse, organisering, saksfordeling og saksstyring. Inkludert i sakene er 20 saker som vi har handsama for Statsforvaltaren i Troms og Finnmark. Vi har lagt desse inn i Sysam med tida frå vi fekk dei til dei var ferdig handsama i vårt embete.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 2 %	98 %	699	683

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Statsforvaltaren har ingen fullgod forklaring, men vi vil arbeide aktivt med å betre mottakskontrollen for å fange opp desse sakene tidlegare.

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 33 %	67 %	12	8

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama åtte oreigningssaker i første instans i 2021. Alle sakene er handsama innan 12-vekersfristen.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	8	8

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama seks oreigningssaker i andreinstans. Fem av desse er handsama innan 12-vekersfristen. Sidan det totalt sett er få saker, vil den eine saka over frist medføre ein relativt stor prosentdel av sakene.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 17 %	83 %	6	5

IED: Implementering av BREF (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)**Rapportere på**

God progresjon i arbeidet med nye tillatelser til virksomheter som omfattes av nye bransjekrav om beste tilgjengelige teknikker (BAT-konklusjoner).

Næringsmiddel

Vi har 19 IED-verksemder innan FDM-BREF-en (og tre som sorterer under SA-BREF-en som er under revisjon). Vi har fått inn svar på pålegg om BAT-utgreiingar frå alle IED-verksemndene. Kvaliteten på utgreiingane er varierande, og mange verksemder har ikkje svara på dei tre spørsmåla som vart stilt, om dei ville klare å tilfredsstille dei bindande utsleppsgrensene (BAT-AEL). Vi har gått gjennom rapporterte utsleppsdata for å kartlegge korleis verksemndene «ligg an» samanlikna med BAT-AEL. Vi har venta på avklaringar frå KLD og Miljødirektoratet om fiskeforedling og lakseslakting. Sjømat Norge stilt spørsmål om BAT-konklusjonane gjeld for denne sektoren sidan han ikkje er med i datagrunnlaget for fastsetjing av BAT-AEL-krava. Avklaringa om at dei er omfatta av BREF, kom i slutten av oktober.

Vi deltar med SF-representanten i Miljødirektoratet sine BAT-grupper (for FDM og SA). Sidan næringsmiddelindustri er ein delegert bransje er det viktig at vi som er på "grasrotnivå" og i kontakt med næringa, er med i slike grupper. Dette gjeld også aksjonsgrupper for tilsynsaksjonar retta mot denne bransjen.

I 2021 har vi hatt tilsyn med fem av IED-næringsmiddelverksemndene, og vi har gjennomført revisjonar, ved Viking Fjord AS og Pelagia Måløy Sildoljefabrikk. BAT-konklusjonane og strenge BAT-AEL har vore tema ved desse tilsyna. Dei aller fleste tilsyna på næringsmiddelområdet var digitale.

Effekt av arbeidet

Bevisskjering av bransjen. Verksemndene har gjennomgått og kartlagt korleis dei oppfyller dei generelle BAT-konklusjonane gjennom utfylte sjekklistar og har fått ein systematisk gjennomgang av ytre miljø-arbeidet sitt. Vi har fått tilbakemeldingar om at dette var ein god prosess for dei. Vi har fått formidla kva krav BAT-konklusjonane fører med seg. Ein del verksemder har teke dette på alvor og sett i verk prosesser for å oppgradere. Vi har lært mykje av denne prosessen.

Kvifor ikkje måloppnåing / liten effekt?

Vi hadde ein intern plan om å sende ut tilbakemelding på alle BAT-utgreiingane i 2021. Vi kom ikkje så langt som vi hadde planlagt på grunn av sjukefråvær. Vi venta også lenge på avklaringa frå KLD/ Miljødirektoratet på Sjømat Norge sine innspel om at lakseslakting ikkje var omfatta av FDM-BREF-en (dei ville m.a. utarbeide eigen BREF). Ut frå innsend informasjon og erfaringar frå tilsyn og annan kommunikasjon med næringa, spesielt fiskeindustrien, ser det ut til at ikkje alle verksemndene har fått med seg spørsmåla vi stilt om dei ville klare å tilfredsstille dei strenge utsleppsgrensene. Laksebransjen har nok trudd at bransjeorganisasjonen skulle «ordne opp» for dei.

Vegen vidare

Vi tek ein ny runde med bransjen og presiserer kva krav som gjeld og at det er rom for å søke om unntak frå BAT-AEL-krava. Vi skal varsle dei verksemndene det gjeld om at loyvet etter forureiningslova må endrast for å tilfredsstille utsleppskrava. Medan vi ventar på endring av forureiningslova paragraf 18 med omsyn til heimel til å revidere loyve som er færre enn ti år gamle, startar vi med verksemndene som har eldre loyve. Vi skal tilpasse vedtaksbrev og løymemal til næringsmiddelindustrien og setje utsleppsgrenser i tråd med BAT-AEL. Vi reknar med mange søknader om unntak frå BAT-AEL sidan reinseteknologien som vert nytta til t.d. lakseslakting og i pelagisk industri ikkje er tilpassa krava, ikkje er utvikla, eventuelt blir urimeleg dyrt. Dette er til dels ein konsekvens av at Noreg, både styresmaktene og bransjeorganisasjonar, ikkje har vore med å påpeike norske tilhøve under revisjonen av FDM-BREF-en og utarbeidninga av dei bindande utsleppsgrensene.

IED for avfallsanlegg

I 2021 har vi prioritert å få avklaringar, formulere utkast til nye BAT-vilkår, og å få oversikt og prioritere sakene. Vi har ikkje oppdatert loyve i 2021. Vi har identifisert åtte loyve som har utdaterte krav og som må oppdaterast innan 10. august 2022. To av desse skal ha BAT-AEL-krav. Vi er i gang med dette arbeidet og prioriterer desse åtte loyva framover. Vi tar sikte på å nå fristen. I tillegg må 19 loyve ha mindre endringar og ti anlegg ha brev om at dei ikkje er omfatta. Manglande avklaringar frå Miljødirektoratet har skapt utfordringar og ført til uvisse om korleis vi skal forstå BREF for avfallsanlegg. Mykje arbeid med tilsyn på avfallsanlegg har også gjort det vanskeleg å prioritere arbeidet med oppdatering av loyve. For nokre anlegg kan det bli problem med heimel til å endre loyve på grunn av store investeringar for verksemndene.

Forurensningstilsyn: God kompetanse (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)**Rapportere på**

God kvalitet på tilsynsaktiviteten

Vi vil vurdere måloppnåinga vår innan tilsyn i 2021 som middels til god.

Vi er ikkje heilt i mål med følgjande punkt:

- Det skortar på ressursar for å auke tilsynsomfanget vesentleg, sidan det også er store og ressurskrevjande oppgåver med tidsfristar på løyvesida no. Tilsynsgebyra fullfinansierer på ingen måte heile vår ressursbruk for det enkelte tilsynet, og gir oss vanskelege avvegingar om ekstra stillingar finansierte av gebyr.
- Vi har god kompetanse både på det faglege for bransjane og det tilsynsfaglege, men kan bli endå betre på å i større grad blande tilsynspersonell med kompetanse på avfall og industri, altså å “gå meir i lag på tvers”.
- Ikke alle hjå oss har hatt høve til å ta HMS-etatane sitt tilsynskurs, ettersom dette ikkje har vore arrangert på ei stund.
- Vi har framleis noko etterslep på frekvensbasert tilsyn, jf. føreslått frekvens i Forurensning. Under dette ligg det også bevisste val om å vente med enkelte verksemder til tidspunkt for varsla nasjonale tilsynsaksjonar, eller til oppsamling som lokale aksjonar. Vi vurderer likevel at tilsynsaktiviteten er risikobasert og at tilsynsfrekvensen for verksemndene er forsvarleg.

Fellesaksjonar som vert skydde på i tid fleire gonger i Miljødirektoratet sin tilsynsplan, gjer det vanskelegare å planlegge våre eigne tilsyn. Her vil vi spesielt trekke fram skipsverft som døme. Vi ønskjer at dei nasjonale/regionale aksjonane vert fastsette tidlegare på hausten, for minst to år om gongen, og ikkje slik som no, der det eigentleg berre er aksjonane det første året som står fast, medan dei varsla aksjonane for dei to neste åra framstår meir som “plukklister” der ingenting er sikkert.

Vi er nøgde med at

- vi har gode rutinar på plass i botnen, og jobbar godt med erfearingsutveksling mellom alle som jobbar med tilsyn på forureiningsområdet i faste månadlege tilsynsmøte.
- vi har samhandling på tilsynsområdet på tvers av fagavdelingane i embetet, slik at vi også lærer av det som vert erfart i andre avdelingar.
- tilsynsplanlegginga vert ferdig tidleg på året, og vi gjennomfører det meste av det vi planlegg.
- tilsyna no er i stor grad organiserte som lokale aksjonar, slik at vi kan jobbe mest mogleg effektivt med kvar bransje.
- Vestland er med i mange aksjonsgrupper og prosjektgrupper, og bidrar til fellesskapen med erfearingsutveksling på tvers av embeta og med Miljødirektoratet på mange område.
- vi ser ein svært positiv trend med bruken vår av digitale tilsyn, frå sakte start og litt utrygt med "det nye", til full fres og trygg bruk av ny metodikk og nye verktøy.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Vi har gjennomført kontrollarbeidet som planlagt med forvaltningskontroll av tolv kommunar. Alle er gjennomførte i grupper på tre, men med oppfølging og kontroll av den enkelte kommunen. Vår erfaring er at dette gir nyttig erfearingsutveksling og læring for alle.

Vi var ikke ferdige med kontrollen av husdyrkonsesjon og tidlegpensjon før nyttår fordi kontrollistene kom seint på året. Dette følger vi derfor opp i 2022.

Vi finn generelt sett ikke tilfelle med store feilutbetalingar, men kontrollarbeidet viser at vi kan bli betre på rutinar og skriftleg dokumentasjon, og å vurdere og kontrollere dei rette momenta.

Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren har effektiv internkontroll av sin tilskuddsforvaltning på landbruks- og reindriftsområdet.

Arbeidet med internkontroll er og skal vere ein kontinuerleg prosess som vi ønskjer å gjøre betre for kvart år. Det er derfor også omtala i den årlege verksemdsplanen (VP) for landbruksavdelinga. Vi vurderer at vi i dag har mange av dei elementa som skal ligge i eit internkontrollsysten, men vi kan bli betre på sjølv systematikken, dokumentasjon på oppfølging av avvik og feil, og at det vert eit aktivt verktøy for heile avdelinga. Kort sagt: frå *intern kontroll* til *internkontrollsysten*.

Kva har vi i dag?

Vårt interne styringssystem og interne kontroll for landbruksavdelinga er formulert i eit eige notat og i VP-dokumentet, og med følgjande innhold:

- Byggjer på krava i økonomireglementet i staten, § 14 og kap 2.4 i dei tilhøyrande føresegnene, og korleis vi oppfyller desse krava.
- Dei årlege styringsdokumenta.
- Delegeringsreglement internt i embetet og i avdelinga.
- Skriftelege rutinar for dei fleste forvaltningsordningane.
- ”Årshjulet” med planlegging, gjennomføring, rapportering osv.
- Risikovurdering av ordningane vi forvaltar, og risikobasert utplukk av kommunar til kontroll.
- Ei enkel risikovurdering av drifta i avdelinga.
- Vi har ein eigen kontrollplan med både kontroll av kommunane og kontroll av våre eigne ordningar:
 - Kva ordningar vi skal kontrollere eller følgje opp i kva kommunar, og korleis det skal skje.
 - Kva interne ordningar vi skal kontrollere eller følgje opp og korleis det skal skje.
 - Oppfølging av eventuelle saker med mishald.

I kontrollplanen var det fastsett kontrollpunkt for dei ordningane vi plukka ut, der vi er førsteinstans. I 2021 var det *avlingssvikt ved klimaskade* og

kompensasjon for avvikling av pelsdyr. Effekten av dette er betre kvalitetssikring av dei faglege vurderingane vi må gjøre i desse sakene.

For avlingssvikt er risikoindikatorane særleg knytte til vurderinga av tidlegare avlingsnivå, skadeårsak, og om skaden er grunna klima eller ikkje.

For kompensasjonen for avvikling av pelsdyr handlar risikoen om at dette er ei heilt ny ordning, med fleire justeringar i regelverket, og å sikre tilstrekkeleg faktagrunnlag for dei tekniske anlegga og verdiane der.

Dei tiltaka vi sette i verk var hovudsakleg sjekklistar som skulle sikre faktagrunnlag og dei faglege vurderingane. Vi vil også leggje til at godt fungerande fagsystem er i seg sjølv det viktigaste tiltaket for kvalitetssikring av tilskotsforvaltning. Slik sett er vi heldige på dei fleste områda av landbruksforvaltninga.

Feil vert følgde opp ved å utbetre rutinar og praksis. Vi har ikkje funne feil med slikt omfang at vi har føgt opp med krav om tilbakebetaling eller liknande.

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldir's rundskriv?	Ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	1
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	2
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfellesskap	1
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstattning på grunn av overproduksjon	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstattning pga. driftsfellesskap	3
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstattning er under arbeid	0
Beløp standardisert erstattning sendt til Ldir for innkreving	39210

Vi har ganske få saker som ligg like under eller over konsejsjonsgrensa. I 2021 kom lista på aktuelle foretak fra 2020 sein i november, så vi rakk ikkje å sjekke dette ferdig før nytår. Desse svara og tala er derfor ikkje endelige.

Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	0
Saker funnet i orden	0
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

Vi brukar å kontrollere alle sakene, men vi fekk lista med 27 saker fra Landbruksdirektoratet sein i desember, så dette vart ikkje kontrollert i 2021. Dei fleste som må sjekkast har med seg noko næringsinntekt i ei overgangsfase inn i første året av tidlegpension. Vi har tidligare år ikkje funne store feilutbetalinger ved dette.

Kontroller som følge av mulige feilopplysninger

Sak nr	Ordning og årsak	Resultat	Oppfølging
--------	------------------	----------	------------

Vi har i 2021 ikkje fått tips eller funne saker med vesentlege feilutbetalinger som vi har føgt opp vidare. Vi har fått eit par saker som gjeld handtering av landbruksplast, som vi sende over til dei aktuelle kommunane, då dette ved sida av sjølve ureininga også kunne vere brot på krava til jordbruksproduksjon.

Internkontroll for tilskuddsforvaltningen

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Merknad
Tilskudd til tidligpension	Ja	Nei	Få saker, kontrollerer alle etter liste frå Landbruksdirektoratet.
Tilskudd til landbruksvirksomhet	Ja	Nei	Sjekkar søknad mot historisk oversyn. Ikke eigen kontroll av rekneskap m.m. i 2021.
Tilskudd til veteranreiseer	Ja	Nei	Etter omlegging til digital søknad har vi sjekka så godt som alle søknadane, særleg skyssbåt og ventetid.
Stimuleringsstilskudd til veterinaerdekninng	Ja	Nei	Grundig sjekk av alle søknadane frå kommunane, sjekkar mot historiske tal og tiltak.
Tilskudd til regionale prosjekter innen klima og miljøprogrammet	Ja	Nei	Forholdsvis få saker med relativt låge tilskotsbeløp til konkrete aktivitetar og andre tiltak. Får rapport før utbetaling.
Erstattning etter offentlige pålegg	Ja	Nei	Hadde ikkje saker i 2021.
Erstattning ved avlingssvikt	Ja	Ja	Sjekka dette internt i 2021. Hadde definerte risikopunkt for å sikre betre fagleg grunnlag og einsarta praksis.
Kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald	Ja	Ja	Sjekka dette internt i 2021, definerte risikopunkt. Mest fordi dette var ei ny ordning og med til dels svært usikkert regelverk. Vi fekk god oppfølging i nettmøte med Landbruksdirektoratet.
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Ja	Nei	Relativt lågt beløp, oversiktlege forhold og liten risiko.
NMSK, kommuneskog	Ikke aktuell	Nei	Vi har ikkje slike saker.
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Nei	Vi har til no ikkje hatt kontroll på dette, med unntak av den vanlege oppfølginga av at prosjekta vert gjennomført.
Tilskudd til siidaandeler og tamreinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og tamreinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger			

Med "Etablert internkontroll" reknar vi ordningar der vi i tillegg til det generelle interne kontrollsystemet og fagsystemet, har eigne skriftlege rutinar. For "Risikobasert kontroll" svarar vi ja der vi hadde kontroll i 2021 og nei der dette ikkje har vore gjennomført i 2021 eller der risikoen er vurdert som låg.

Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren har effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte.

Vårt internkontrollsysteem er skildra i eit tidlegare kapittel. Vi har etablert rutinar for oppfølging av at kommunane gjennomfører forvaltning av produksjons- og avløysartilsot i samsvar med gjeldande regelverk og fristar. Ved forvaltningskontroll av kommunane vert det jamleg etterspurt kva interne system og rutinar dei har i forvaltninga av dei statlege støtteordningane for landbruket.

Vi ser at dette varierer frå kommune til kommune. I mange av dei kontrollerte kommunane finn vi manglar på både skriftlege rutinar og dokumentasjon på dei vurderingane som blir gjorde i handsaminga av enkeltsøknader.

Men vi har også inntrykk av at dette blir tatt tak i som ein del av den kommunale internkontrollen, og vi har også bidratt med nettkurs om desse temaet.

Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Bergen	Skogbruk, NMSK-midlane	Eit avvik knytt til risikobasert kontroll --> manglar skriftleg kontrollplan og risikovurderinger. Ein merknad på betre oppfølging av foyngingskontrollen.	Vert følgd opp ved kontakt i 2022.
Osterøy	Skogbruk - NMSK-midlane	Ein merknad om betre oppfølging av foyngingskontrollen.	Vert følgd opp ved kontakt i 2022.
Ullensvang	Skogbruk - NMSK-midlane	Eit avvik knytt til mangelfulle skriftlege system og rutinar på skogbruksområdet. Ein merknad knytt til kontroll av føretak.	Vert følgd opp ved kontakt i 2022.
Stad	Skogbruk - NMSK-midlane	Eit avvik knytt til risikobasert kontroll og synlege prioriteringar for utplukk til kontroll. Ein merknad til internkontrollen, og ein merknad til oppfølging av foyngingskontroll. --> manglar skriftleg kontrollplan og risikovurderinger ved handsaming av søknader.	Vert følgd opp ved kontakt i 2022.
Stryn	Skogbruk - NMSK-midlane	Ein merknad til kommunen sine rutinar for feltkontroll.	Vert følgd opp ved kontakt i 2022.
Sunnfjord	Skogbruk - NMSK-midlane	Ein merknad knytt til vurderingar ved utplukk til kontroll.	Vert følgd opp ved kontakt i 2022.
Bergen	Produksjonstilsot og avløysartilsot	To avvik og to merknadar. Eit avvik knytt til manglende grunngjeving i saker om avkorting. Eit avvik på vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. Ein merknad til mangefull internkontroll, og ein merknad til kontrollplanen.	Vert følgd opp ved kurs og direkte kontakt i 2022.
Austevoll	Produksjonstilsot og avløysartilsot	To avvik og ein merknad. Eit avvik på at risikovurdering ved kontroll, manglar grunngjeving. Eit avvik på vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. Ein merknad om manglar ved internkontrollen.	Vert følgd opp ved kurs og direkte kontakt i 2022.
Etne	Produksjonstilsot og avløysartilsot	Eit avvik og ein merknad. Avvik på risikovurderingar ved kontroll, manglar grunngjeving. Ein merknad på manglar ved internkontrollen.	Vert følgd opp ved kurs og direkte kontakt i 2022.
Bremanger	Produksjonstilsot og avløysartilsot	To avvik og to merknadar. Eit avvik på at dei hadde under 10 % kontroll, og eit avvik på vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. Ein merknad på mangefull internkontroll og manglende grunngjeving ved rettingar i søknader.	Vert følgd opp ved kurs og direkte kontakt i 2022.
Hyllestad	Produksjonstilsot og avløysartilsot	Ingen merknader eller avvik.	Ingen, men vert til likt med andre invitert på kurs.
Kinn	Produksjonstilsot og avløysartilsot	Tre avvik og ein merknad. Eit avvik på manglende kontrollplan og grunngjeving for kontroll, eit avvik på grunngjeving ved retting av søknader, og det tredje avviket på vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. Merknaden er knytt til manglar ved internkontrollen.	Vert følgd opp ved kurs og direkte kontakt i 2022.

Forvaltningskontroller av kommunene, 20%

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	8	28 %	12	43

Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren har effektiv internkontroll som ivaretar kravet til informasjonssikkerhet i fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Vi administrerer kven som skal ha tilgang til dei ulike fagsysterna både hjå oss og i kommunane, og kva roller ulike personar skal ha.

Det vert gjennom heile året gjort endringar i kven som har tilgang m.m. i dei ulike fagsystema. Alle endringar frå kommunane blir sende skriftleg og loggførte i vårt arkivsystem, og utgjer 110 postar for 2021.

Vi har ei eiga skriftleg rutine for oppfølging av dette. Vi har i tillegg eit Excel-dokument med oversikt over tilsette som viser kva rolle dei ulike personane har, som vi oppdaterer når det skjer endringar. Vi hentar e-postadressene frå denne lista når vi sender ut informasjon til kommunane og kan då fange opp personar som har sluttar eller er i permisjon. Vi kontaktar kommunen der det er tvil om tilgang, eller det kan sjå ut som om nokon med tilgang har sluttar e.l.

Vi får ein del spørsmål som gjeld kravet til at to ulike personar skal sakhandsame og godkjenne, og kva som ligg i kravet til budsjettdisponeringsmyndigheit i denne samanhengen. Nokre av spørsmåla gjeld bruk og forståing av desse omgrepa, men prinsippet om at to ulike personar skal handtere dette, er på veg inn. Dette vert også sjekka ved forvaltningskontrollar av kommunane.

3.1.3.3 Befolkingen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Tillit til tenestene og varetaking av rett til nødvendige og forsvarlege tenester er ei sentral oppgåve innan helse, omsorg, sosial og barnevern. Vi prioritærer, i samsvar med nasjonale føringer, saker som gjeld rettstryggleiken til enkeltpersonar, særleg tvang og klagesaker som kan miste aktualitet ved lang sakshandsamingstid. Vi prioritærer også saker som gjeld barn, utsette grupper og aktuell, uakseptabel risiko knytt til tenester eller helsepersonell. Vi har prioritert å halde sakshandsamingstida nede i tvangssaker og rettighetsklager. Pandemien, auka sakstilfang og innsats i det nasjonale restanseprosjektet har gitt restanseoppbygging og høgare median sakshandsamingstid i hendingsbaserete tilsynssaker.

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale. Hvilke konsekvenser koronapandemien har for omsorgen og oppfølgingen barna får på institusjonen, må være tema i samtalet med barna. Tilsynet bør gjennomføres på ettermiddag/ kveldstid for å få snakket med flest mulig barn. Dersom barnet ikke var tilstede under tilsynsbesøket, skal statsforvalteren i etterkant kontakte barnet med tilbud om samtale.

Alle barn som bur på barnevernsinstitusjon får tilbod om samtales med oss i samband med tilsynsbesøk. Vi legg til rette for å gjennomføre samtalar med barn på ettermiddag og kveld, og tek kontakt med barn i etterkant av tilsyna om dei ikkje kan snakke med oss under tilsynet. I 2021 laga vi nyt informasjonsskriv og la til rette for at barn kan ta kontakt med oss på sms og direkte på mobil. Vi sender også ut brev til barn i forkant av tilsyn. I 2021 ønskte nokre av barna å vere til stades under intervju med tilsette og leiinga. Vi meiner dette har ført til gode samtalar om barnas erfaringar og situasjon under opphaldet. Vi vil leggje til rette for dette på fleire tilsyn i 2022.

Barn får også tilbod om samtales med oss når dei klagar på tvang og når dei tek kontakt utanom tilsynsbesøka. Vi har samtalar med barn både på institusjonen og i våre lokale. Fleire barn og unge tek kontakt med oss utanom tilsyna, ofte på sms eller ved å ringe. På grunn av koronapandemien og smitteverntiltak har vi lagt til rette for at barn kan snakke med oss på Teams eller andre trygge digitale plattformer. Vi har også lagt tilrette for samtalar med barn ute. Barna gir tilbakemeldingar om at dei veit korleis dei skal få tak i oss.

Barna fortel at pandemien har ført til reduserte aktivitetstilbod og at det kan vere kjedeleg å berre vere på institusjonen. I starten av pandemien var det fleire barn som hadde det vanskeleg fordi dei ikkje fekk ha nærekontakt med andre barn og vaksne. Dei fortel at dei er trøytte av å verte spurde om korleis dei opplever å bu på institusjon under pandemien. Dei seier det er som før. Vi har også fått informasjon om at fleire barn ikkje har fått den hjelpa dei skulle haft frå andre tenester, eller at det er brot i det eksisterande tenestetilbodet på grunn av smitteverntiltak.

Trass i at vi over fleire år har hatt samtalar med barn som satsingsområde og jobba på nye måter for å få dette til, så har vi ikkje lukkast med å få flere samtalar med barn under tilsyna. Vi har hatt kontakt med Forandringsfabrikken for å få innspel til korleis vi kan leggje tilrette for trygge samtalar. Vi held fram arbeidet i 2022.

Statsforvalteren skal gjennomføre samtales med alle barn som ønsker det. (fra kapittel 3.3.1.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gjennomføre samtales med alle barn som ønsker det.

I tillegg til samtalar med barn på institusjon, gjennomførte vi samtalar med barn i hendingsbaserete tilsynssaker og klagesaker.

Som del av det landsomfattende tilsynet med undersøkingar i kommunal barnevernsteneste, gjennomførte vi tre tilsyn. I samband med tilsyna snakka vi med fleire barn og foreldre.

Ved tilsyn med senter for foreldre og barn avdeling Sudmanske hausten 2021, snakka vi med familiær om deira erfaringar med tilbodet under opphaldet.

Informasjon frå barn og familiær er viktig for vår forståing av tenestetilboda og for at vi kan gjere gode vurderingar av tenestene.

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 6 måneder eller mindre.

Median sakshandsamingstid var 7,0 månader. Årsaka til fleire restansar og lengre median handsamingstid er koronapandemien, nasjonalt restanseprosjekt og auka sakstilfang.

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 6 måneder eller mindre (Helse/omsorg)

Saksområde	Resultatnål	Prosentpoeng	Resultat
Helse/omsorg	50 %	-12 %	38 %

Saksbehandlingstid for tilsynssaker ASD (fra kapittel 3.3.1.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre

Vi behandla 12 tilsynssaker i 2021. Sju av dei er behandla med lokal avklaring. Dei fem sakene vi har vurdert, har median saksbehandlingstid på 1,6 mnd.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %	50 %	100 %

Avslutning av klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.2.3 i TB)**Rapportere på**

Avslutning av klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Sosial

Vi handsama 298 klagesaker, og 99 prosent vart handsama innan fristen på tre månader. Median sakshandsamingstid var 0,5 mnd.

Helse

Vi handsama 548 klagesaker og 85 prosent vart handsama innan fristen på tre månader. Median sakshandsamingstid var 1,4 mnd. Vi har bygd ned restansar i løpet av året (124 til 89).

Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker: minst 90% innen 3 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	9 %	99 %
Helse/omsorg	90 %	-5 %	85 %

Andel vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemming som er overprøvd innen 3 måneder: Minst 90 %.

Vi handsama 307 vedtak om bruk av tvang og makt i 2021. 71 prosent av vedtaka vart overprøvd innan tre månader etter at saka var mottatt frå kommunen. Første kontroll av innsende vedtak startar straks vedtaket er mottatt, og eventuelle manglante opplysningar vert etterspurde frå kommune eller spesialisthelseteneste. Vår overprøving startar når saka er tilstrekkeleg opplyst, som kan vere fleire veker eller månader etter vi fekk saka frå kommunen. Vi vurderer at fleire faktorar medverkar til at saker tek over tre månader å overprøve. Mellom anna må vi i fleire saker innhente naudsynte opplysningar for å kunne overprøve vedtaka, til dømes utvida verjefullmakt, skildringar av tvangsbruk og opplysningar til søknad om dispensasjon frå utdanningskrav. I tillegg tek det i nokre saker lang tid før spesialisthelsetenesta uttalar seg.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	-21 %	69 %

Andel søker om dispensasjon fra utdanningskrav (fra kapittel 3.3.1.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Andel søker om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: Minst 90 %.

Vi fekk 19 søker om dispensasjon frå utdanningskrav i vedtaksperioden i 2021. 17 av desse vart handsama innan tre månader.

Avslutning av klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre (fra kapittel 3.3.1.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Minst 90 % av klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre skal være avsluttet innen 1 måned.

I 2021 var det stor nedgang i talet på klager på tvang frå barn under opphold på barnevernsinstitusjon. I 2020 fekk vi 68 klager og 16 i 2021. Barna fekk medhald i 40 prosent av klagene. Sakene vart handsama innan fristen på ein månad. Vi er uroa over nedgangen i talet på klager frå barn, og har sett i verk tiltak for å undersøkje kva som kan vere årsakene. I samtalar med ungdom på institusjon informerer vi om retten til å klage.

Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	10 %	100 %

Resultatmål FMVL (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 350-poeng

Endres til 220 poeng.

På grunn av pandemien har det ikkje vore mogleg å gjennomføre planlagde tilsyn med helse- og omsorgstenestene i eit slikt omfang som venta. Vi har prioritert det landsomfattande tilsynet med helse- og omsorgstenester og tilsyn inn mot spesielt sårbare grupper, der vi såg tilsyn som eit eigna verkemiddel til forbeting.

Vi la vekt på rettleiing og oppfølging av korleis kommunane la til rette for testing, isolering, smittesporing og karantene, og samstundes sørge for å ha kapasitet til å gi innbyggjarane naudsynt hjelp. Ved informasjon om reduksjon i tilbod som hadde eller kunne få alvorlege konsekvensar for pasient eller brukar, følgde vi opp med informasjon og rettleiing og tydeleg forventing om endring av praksis. I omfang utgjer dette arbeidet minst like stor bruk av ressursar som gjennomføring av dei planlagde tilsyna.

Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
220	-73	147

Tilsyn vart avlyst på grunn av smittesituasjonen.

Resultatmål FMVL (fra kapittel 3.3.1.3.4.3 i TB)**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 85 poeng

Planlagde tilsyn i spesialisthelsetenesta ut over eigenutredninga i barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar, vart nedskalert som følgje av koronapandemien.

Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
85	24	109

Resultatmål FMVL (fra kapittel 3.3.1.3.5.4 i TB)**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 115 poeng

Vi gjennomførte eit tilsyn som systemrevisjon og sju kartleggingar som del av den landsomfattande undersøkinga om tilgjenge til sosiale tenester i Nav. Eit planlagt tilsyn med Nav Årstad var varsle, men vart avlyst grunna alvorleg hending i tenesta.

Aktivitetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
115	-11	104

3.1.3.4 Andre oppdrag

Vi har ved førespurnader informert kommunane om ny kommunelov. Vidare har vi rettleia kommunane i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet. På grunn av pandemien har vi ikkje fått gjennomført opplæringsdagar for folkevalde.

Gjennom den interne tilsynsgruppa samordnar vi tilsynsaktiviteten vår, og vi sikrar også på den måten at vi har lik forståing av internkontrollregelen i paragraf 25-1 i kommunelova.

3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning som ivaretar rettsikkerhet

Vi har jobba systematisk og målretta heile året for å nå måltala for 2021, og vi meiner vi har hatt rett mengd ressursar på dei prioriterte områda sett i

samanhang med løvingar og alle oppgåvene vi til saman skal løyse. At vi ikkje har nådd alle måltala, skuldast utskiftingar og nytilsettingar, mykje nedetid i VERA, og difor ein noko pressa ressurssituasjon på verjemålsområdet.

På tilsynsområdet har vi i 2021 gjort eit stort arbeid med å få på plass gode rutinar. Det har ført til ein meir heilekspakleg praksis for saker der vi må gjere tiltak overfor verja, anten som følgje av verjerekneskap som ikkje vert godkjent, eller tilsynssaker der vi må vurdere å byte verje av andre grunnar. Vi har også hatt jämlege webinrar for faste verjer gjennom året i tillegg til fysiske samlingar før jul i Bergen og Førde.

Vi tok i bruk rammeverket for granulering av verjefullmakter på nye verjemål frå og med 01.09.2021. Vi valde å utsette gjennomgangen av eksisterande verjemål, for å tilpasse omfanget av verjefullmaktene og verjemåla til det nye rammeverket, til 2022. Det kjem av ein allereie pressa ressurssituasjon, samstundes som vi ønskte å finne den beste måten å gjennomføre dette arbeidet på.

I 2021 har vi også lagt vekt på FN's berekraftsmål og kva dei betyr for oss på verjemålsfeltet. Vi starta mellom anna eit samarbeid med kommune og samfunnsssseksjonen i embetet, som har tatt over rettleiingsoppgåvene på det bustadsosiale området frå Husbanken. Vi har hatt informasjonsutveksling mellom seksjonane, og dei hadde føredrag for dei faste verjene våre på verjesamlinga før jul. Der la dei vekt på at det er viktig med trygg bustad og orienterte om kva tenester Husbanken tilbyr som kan vere aktuelle for personar under verjemål.

Vi er generelt opptekne av også å sikre dei kvalitative målkrava, noko vi merkar kan kome i konflikt med dei kvantitative måla. Det vert stadig sett nye krav til sakshandsaminga vår, utan auka løvingar eller utvida fristar. Dersom vi i saker om opprettning av verjemål skal halde dei krava som er sette for til dømes samtale med verjehavaren, kartlegging av behov og omfang av verjemåla, innhenting av dokumentasjon, m.m., er det ikkje alltid mogleg å klare å handsame sakene innan fristen.

Saksbehandlingssystemet VERA har elles vore sære utstabilt også i 2021, med mykje nedetid, både varsle og uventa, noko som har gått utover produktiviteten. Spesielt byte av arkivkjerne har gjort at vi mista mykje tid til sakshandsaming. Vi viser særleg til nedetida rett etter sommarferien på over åtte arbeidsdagar, i tillegg til mykje teknisk trøbbel med ekspedering av dokument, som til saman har teke mykje tid å rette opp i. Bytet av arkivkerna har også påverka innregistreringa av dokument frå innkorga negativt, og oppgåva krev no meir ressursar enn tidlegare.

Verjemålsseksjonen hjå oss har framleis fire medarbeidarar som er finansiert over embetetsbudsjettet. I tillegg har vi i 2021 hatt to tilkallingsvikarar (studentar) som har hjelpt til med kontroll av verjerekneskap og anna enklare sakshandsaming. Dette har likevel ikkje vore tilstrekkeleg for å nå alle målkrava.

Av erfaring ser vi at eventuell auka finansiering på verjemålsfeltet vert kombinert med nye eller meir omfattande oppgåver, noko som i realiteten inneber ei nedprioritering av eksisterande oppgåver. I beste fall dekkjer auka ressursar inn nye målkrav, men då slik at eksisterande oppgåver framleis heng etter. Dette gjer det vanskeleg å fullt ut ivaretake alle dei ulike oppgåvene på verjemålsfeltet samstundes som at måltal og ambisjonar på prioriterte saksområde skal oppfyllast. Resultatet vert lengre sakshandsamingstid og mindre tid per sak. Vi er bekymra for at dette i verste fall også fører til svakare rettstryggleik for dei som er under verjemål og eit svakare omdømme for verjemålsordninga.

Opprett vergemål (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager.

I første tertial 2021 hadde vi ei måloppnåing på 81 prosent. Gjennom heile året hadde vi ei samla måloppnåing på 68 prosent.

Vi har heile året prioritert å ha nok ressursar på saksfeltet «opprettning av verjemål». Grunna utskiftingar og nyttilsettingar har det likevel gått med ein del tid til opplæring på dette området. Mykje nedetid i VERA, både varsle og uventa, har også bidratt til at vi ikkje har nådd måla våre gjennom heile året.

Vidare har vi strekt oss langt for å sjå til at ei sak er så godt opplyst som naudsynt, før vi har treft vedtak. Vi har til dømes hatt som rutine å purre to gonger på legeerklaering og samtykke før vi har ferdigbehandla saka. Dette er fordi vi ser at dei som treng verje ofte har vanskar med å sende inn naudsynt dokumentasjon til oss innan fristen. Vi ser likevel at slike tiltak gjer det vanskeleg å nå resultatmålet på 70 dagar. Vi har difor byrja å avslå saker tidlegare enn før når vi ikkje har motteke naudsynt dokumentasjon. Vi meiner dette tiltaket fører til ønskt måloppnåing i 2022.

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
68 %	80 %	- 12 %

Klacesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Klacesaksbehandling – 80 % av klagene statsforvalteren mottar på verjemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Vi hadde ei samla måloppnåing på 92 prosent i 2021. Vi har nådd målkravet.

Klagesaksbehandling – 80 % av klagene Statsforvalteren mottar på verjemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
92 %	80 %	12 %

Stadfestelse av fremtidsfullmakter (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)**Rapportere på**

Stadfestelse av fremtidsfullmakter - 80 % av fremtidsfullmaktene som stadfestes, skal være behandlet innen 30 dager.

Vi har 72 prosent samla måloppnåing gjennom heile året.

Målloppnåing i første tertial: 67 prosent.

Målloppnåing i andre tertial: 74 prosent

Målloppnåing i tredje tertial: 75 prosent

Vi klarar alltid målkravet i saker der vi får tilsendt all naudsynt dokumentasjon saman med søknaden om stadfesting av framtidfullmakt. På dette området har vi i likskap med «opprettning av verjemål» hatt som rutine å purre på opplysningar før vi eventuelt avsluttar saka grunna manglende dokumentasjon. Vi har den siste tida i større grad gått bort frå å sende purringar, som på sikt kan føre til betre måloppnåing på dette området.

Stadfestelse av fremtidsfullmakter - 80 % av fremtidsfullmaktene som stadfestes, skal være behandlet innen 30 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
72 %	80 %	- 8 %

Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Grunna ein pressa ressurssituasjon på dette området og mykje nedetid i VERA (særleg åtte arbeidsdagar i august i samband med overgang til ny arkivkjerne) såg vi at vi ikkje ville klare å kontrollere alle verjerekneskapa i sentralt uttrekk innan fristen 10. oktober.

Verjerekneskapskontrollen vart likevel ferdig i god tid før 31.12.2021, og revisor konkluderte i sin rapport med at det ikkje var noko å utsetje på gjennomgangen av verjerekneskapa, med unntak av at vi ikkje hadde nådd fristen.

Vi noterer at måloppnåinga på 79 prosent er eit omrentleg tal ut frå våre eigne utekningar, då det ikkje er mogleg å hente dette talet frå PowerBI.

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen

Resultat	Resultatmål	Differanse
79 %	100 %	- 21 %

Digital innsending av søknader (fra kapittel 3.3.2.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Andelen søknader om godtgjøring og søknader om statsforvalterens samtykke (bruk av kapital, salg av eiendom etc.) som leveres digitalt, skal være minst 75 %

Dette punktet har det ikkje vore mogleg for SRF å hente ut riktige tal på for 2021, grunna byte av arkivkjerne i VERA i august 2021 og ein feil i Documaster.

Andelen søknader om godtgjøring og søknader om Statsforvalterens samtykke (bruk av kapital, salg av eiendom etc.) som leveres digitalt via Altinn, skal være minst 75 %

Resultat	Resultatmål	Differanse
75 %	75 %	0 %

3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje

Vi har sjølvråderetten til verjehavaren som det klare utgangspunktet for alt arbeidet vi gjer på verjemålsfeltet. Vi meiner dei tiltaka vi har gjort i sakshandsaminga, som nemnt under punkt 3.3.2.2.1, er med på å sikre at vi fastset riktig mandat ut frå verjehavrens og hjelpebehov, og at verja ikkje går utover det fastsette mandatet.

Gjennom dei nye verjefullmaktene får vi i større grad sikra individtilpasning av verjemål og at verjene ikkje gjer disposisjonar og handlingar som fell utanfor verjeoppdraget. Dei nye verjefullmaktene er også med på å gjere verjene meir medvitne på kva som faktisk ligg til oppdraget som verje.

Utvikling av tiltak for å sikre vergehavers selvbestemmelse (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Vergemål skal utøves med respekt for vergehavers behov og vilje. Statsforvalteren skal innarbeide prosesser ved opprettelsen av vergemål som sikrer at omfanget av vergemålet er tilpasset den enkelte. Begrunnelsen for omfanget av vergemålet skal fremgå av vedtaket.

Statsforvalteren skal påse at vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett.

Ved oppretting av nye verjemål gjennomfører vi samtalar med verjetrengande så langt det let seg gjøre. I 2021 har vi gjennomført samtale med verjetrengande i 58,1 prosent av nye saker. Dersom vi ikkje får tak i dei, sender vi ofte ei tekstmelding og ber dei kontakte oss. Vi noterer at nokon av dei som søker om verjemål av ulike årsaker ikkje ønsker eller klarar å snakke med oss og at nokon berre vil kommunisere med oss skriftleg. Nokre få får vi ikkje kontakt med.

I heile 2021 har vi sendt ut kartleggingsskjema i alle nye saker, for å sikre at verjemålet vert konkret tilpassa den einskilde.

Vi fastset alltid omfang av verjemålet og verja sitt mandat ut frå den skriftlege dokumentasjonen vi har mottatt i saka, og med bakgrunn i telefonsamtalar med verjetrengande, føreslått verje, eventuelle nærliggande og andre i hjelpeapparatet.

Vi har sjølvråderetten til verjehavaren som det klare utgangspunktet for alt arbeidet vi gjer på verjemålsfeltet. Dette er eit gjennomgående tema i all vår kommunikasjon med oppnemnde verjer. Slik sikrar vi at dei handlar i tråd med verjehavaren sine ønske og behov og har forståing for at dei ikkje kan gjøre disposisjonar verjehavaren er usamn i, uavhengig av samtykkekompetansen til verjehavaren. Dette gjeld til dømes rettleiing av verjene i det daglege, i vedtak til verjer, i kurs og opplæring, artiklar på nettsidene våre, m.m.

3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

Heilt overordna meiner vi å sjå at kommunane, både som eigar og styresmakt, er meir optatt av regelverket enn for nokre år sidan. Vi trur arbeidet med ny opplæringslov kan ha hatt betydning. Det betyr ikkje at alt regelverk fullt ut er kjent, forstått, blir etterlevd eller at forvaltningskompetansen alltid er god nok.

Vi meiner sjølv at vi i stor grad klarer å gi rettleiing som treff behova i sektoren godt, og at vi gjer det i ei form som er tilpassa målgruppene. Kommunane prioritærer deltaking på våre regelverksaktivitetar høgt. På område vi har gitt mykje rettleiing, ser vi at saker som kjem til klagebehandling hos oss, blir betre. Eit døme kan vere tilretteleggingsplikta i barnehagen.

I år har vi hatt mange saker som gjeld meldeplikta. Dette er òg eit felt der vi har gitt mykje rettleiing og kursing. Ut frå dei sakene vi har, ser vi at vi framleis bør prioritere meldeplikta og vilkår for at denne blir utløyst.

Sakshandsaminga i kommunane, slik vi ser ho i vår klagehandsaming, er ei viktig kjelde til å vurdere regelverksetterleiving. Ei anna kjelde er korleis kommunane følgjer opp regelverksbrota vi finn i tilsyn. Oftest blir avdekt svikt følgt opp og retta, men vi har òg døme på at kommunane ikkje forstår korleis dei kan rette opp i regelbrota. I desse tilfella har vi valt å arrangere møte med dei aktuelle kommunane og gi omfattande rettleiing. Dette viser korleis kompetansen og kapasiteten i nokre kommunar er avhengig av heilt tilpassa rettleiing, og at meir generelle samlingar og nettbasert informasjon ikkje alltid er nok.

Eit siste punkt vi vil trekke fram, er dei nye føreseggnene i lovverket om likebehandling og uavhengigkeit når kommunen løyser oppgåver som barnehagestyresmakt. Dette har vore krevjande for mange kommunar å forstå, og å sjå korleis dei kan følge lovkrava innanfor den organiseringa dei har.

Sektorkunnskap ligger til grunn for vurdering av oppfølging og virkemiddel (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

All vurdering av oppfølging og valg av virkemiddel skal være basert på kunnskap om tilstanden på rettsikkerhetsområdet

Vi har fleire kjelder til sektorkunnskap på rettstryggleiksområdet. Vi nyttar sektoromfattande kjelder som mellom anna Basil, elevundersøkinga, grunnskulepoeng, skulebidragsindikator og kommunale brukarundersøkingar. Vi nyttar også enkeltståande kjelder som saks- og klagebehandling, registrerte meldingar, medieoppslag og møtepunkt mellom avdelingane i embetet.

Vi har god erfaring med opne telefonsamtalar med kommunalsjefar, med ein viss tematisk systematikk frå vår side. Vi har nytta slike samtalar jamleg det siste året grunna behovet for å skaffe seg kunnskap om og forstå tilstanden i sektoren, med dei utfordringane pandemihandteringa har ført med seg.

Vi har òg sett på korleis kommunane nyttar sine nettsider for å informere om rettar og prosedyrar. Dette har vore ei nyttig kjelde. Vi er òg merksame på kva vi ikkje veit: Om det er kommunar vi sjeldan hører frå, eller om vi har få kjelder på bestemte område.

Når det gjeld kva vi ser etter i vår vurdering og val av verkemiddel, er nasjonalt prioriterte område alltid med i kartlegginga. På same måte vil rettar som er

viktige for enkeltbarn og ungdom eller voksne, alltid vere tema.

Rettleiing som verkemiddel er godt eigna for dei fleste situasjonar. For å gje best mogleg rettleiing er vi medvitne om korleis rettleiinga blir gitt, kva nivå i sektoren vi rettar oss mot, og på kva nivå i embetet vi deltar.

Vi brukar store ressursar på å informere om regelverk, nasjonal politikk og statlege satsingar. I tillegg vil rettleiing som er basert på konkrete behov i kommunar, anten dei er definerte av oss eller kommunen, gå inn som ei viktig rettleiingsform.

Det siste året har vi på grunn av pandemien stort sett gjennomført rettleiing og dialog med kommunane gjennom digitale plattformer. Vi erfarer at den digitale infrastrukturen opnar for varierte presentasjons- og dialogformer og at det kan vere ressурсeffektivt for kommunane og oss. Vi har også sett at rettleiinga på digitale plattformer, når ho er godt planlagt, har strukturelle rammer som gjer til at rettleiinga blir treffsikker og målretta for større grupper. Vi opplever at denne typen digital rettleiing er godt eigna til å avklare regelverk og statlege føringar. Våren 2021 gjennomførte vi mellom anna to digitale rettleiingsmøte for kommunane om regelverket kring standpunkturdering. Etter fullført behandling av standpunktklager i 2021 ser vi at faglærarane sine fråsegner i sum har betre kvalitet enn i 2020.

I 2021 har vi i større grad enn i 2020 gjennomført rettleiingssamlingar for kommunane på område der vi fann grunn til å støtte opp om regelverksetterlevinga. Denne prioriteringa har mellom anna ført til at omfanget på tilsyn var noko lågare i 2021, enn i 2020.

Tilsyn blir vurdert som verkemiddel i to ulike prosessar. Ved inngangen til eit nytt kalenderår set vi opp og legg fram ein plan for tilsyn. Grunnlaget er dei kjeldene som er nemnde over. Måletsettinga om å kontrollere tema og område der det er sannsynleg at vi finn brot på regelverket, tilseier at denne vurderinga, både av tema og objekt må vere grundig og konkret.

I tillegg vil tilsyn som verkemiddel bli vurdert løpende gjennom året når vi finn regelverksområde eller konkrete kommunar eller saker der vi ikkje meiner rettleiing er tilstrekkeleg.

Desse vurderingane endar vanlegvis ikkje med at det blir opna tilsyn med ein gong. Hovudregelen er at dette er tilsyn som blir tatt opp til ny vurdering ved neste revisjon av tilsynsplana (juni) eller for komande år. Like fullt skjer det at vi opnar tilsyn i tillegg til dei som er planlagde og varsle for året, men som sagt i eit avgrensa omfang.

Bruk av tilsyn som virkemiddel skal øke (fra kapittel 3.3.3.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Økt bruk av tilsyn som virkemiddel der risikovurderingene tilsier det

I 2021 har vi gjennomført 24 tilsyn på skule- og barnehageområdet. I tillegg fekk fire tilsyn ikkje ferdigstilt førebels tilsynsrapport i 2021. Arbeidet med desse tilsyna blir vidareført i 2022.

Som det går fram av rapporteringa over og av tilsynsarbeidet i 2021, valde vi tilsynsterma på regelverksområde der vi veit det er variabel forståing og praksis i sektoren. Dette gjeld både rettar i opplæringslova og i barnehagelova. Skolemiljø og "særskiltområdet" må nemnast spesielt.

Vi har også lagt ressursar i å utarbeide tilsynsopplegg for å sikre rettane til grupper av elevar med sårbarheitsfaktorar. Tema her har vore:

- opplæring på alternativ opplæringsarena
- kommunens internkontroll og heimeopplæring
- fylkeskommunens internkontroll og rett til opplæring i fengsel

Dette er område der vi vurdert at sannsynet for og konsekvensen av regelverksbrot har vore høg.

For at tilsynsarbeidet skal ha ein førebyggande funksjon ut over det konkrete tilsynsobjektet, er det viktig at eigar eller styresmakt følgjer opp og nyttar resultata i kvalitetssikring og kompetanseheving generelt.

I kva grad det skjer, har vi ikkje systematisk og inngåande kunnskap om, men vi meiner det er grunnlag for å seie at kommunane hovudsakleg planlegg internt oppfølgingsarbeid etter tilsyn. Vi tilbyr ytterlegare rettleiing om det aktuelle regelverket etter tilsyn. Vår erfaring er at tilsynet er godt eigna til å rette merksemrd mot sentrale rettar som skal sikrast i barnehage og skule, og at tilsynet saman med det samla oppfølgingsarbeidet får ein førebyggjande funksjon.

Tilsyn skal avdekke brudd med store konsekvenser (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilsyn er prioritert på områder hvor det er høy sannsynlighet for brudd på regelverket og hvor det er store konsekvenser for barn, unge og voksne og lærlinger

I 2021 har vi brukt ressursar på å utvikle fleire tilsynsopplegg. Vi har prioritert dette for å sikre god samanheng mellom risikovurderinga vår og bruken av rett verkemiddel. To tema var knytt til koplinga mellom sektorregelverk og reglane i kommunelova om internkontroll. Vi har ført tilsyn med store

skuleeigarar og funne omfattande brot på regelverket. Brota gjeld sikring av rettar for både elevar som får opplæringa si heime og innsette som har rett til grunn- og vidaregåande opplæring i fengsel.

Vi har vidare prioritert tilsyn på område der det er generell uro for rettstilstanden til enkeltbarn og ungdom eller vaksne: Spesialpedagogisk hjelp, 19g, skulemiljø, spesialundervisning og voksenopplæring. Vurderingane her byggjer på generell kjennskap til regelforståing og -etterleving, konkrete meldingar og saker, brukarundersøkingar m.m.

Funna etter tilsyna og talet på korreksjonspunkt generelt tyder på at dette var aktuelle tema for tilsyn, og at vi hadde gjort ei formuflig risikovurdering.

Rapportering av tilsyn - barnehage og opplæringsområdet

Område	Kommune	Navn på barnehage (kun særlige tilfeller)/skole	Nasjonalt initiert tema eller egeninitiert	Tema nasjonalt initiert tilsyn	Tema egeninitierte tilsyn	Stedlig/skriftlig	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Status tilsyn per 31.12.	Antall korreksjonspunkter i foreløpig rapport pr tilsyn (= brudd på regelverket per tilsyn)	Dato foreløp tilsyn
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Årstad VGS	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Digitale intervju	20	Endelig rapport	4	21.05.2
Opplæring	Bjørnafjorden kommune	Os barneskole	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Digitale intervju	11	Endelig rapport	4	21.05.2
Opplæring	Stord kommune	Stord ungdomsskule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Digitale intervju	13	Endelig rapport	6	25.08.2
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Digitale intervju	15	Foreløpig rapport	8	20.12.2
Opplæring	Stryn kommune	Olden skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Tilsynsbesøk	13	Foreløpig rapport	6	30.12.2
Opplæring	Bergen kommune	Nygårdslien	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Tilsynsbesøk	13	Endelig rapport	6	12.11.2
Opplæring	Alver kommune	Meland ungdomsskule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena	Skriftlig	17	Varslet	0	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena	Skriftlig	15	Foreløpig rapport	11	10.12.2
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	13	Endelig rapport	9	15.09.2
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena	Skriftlig	11	Endelig rapport	7	08.07.2
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Mo og Øyrane VGS	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	13	Endelig rapport	6	18.05.2
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Kvinnherad VGS	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	0	Varslet	0	
Opplæring	Alver kommune		Nasjonalt initiert	Grunnskole voksne		Digitale intervju	17	Foreløpig rapport	10	13.11.2
Opplæring	Kinn kommune		Nasjonalt initiert	Grunnskole voksne		Digitale intervju	0	Varslet	0	
Opplæring	Kvinnherad kommune		Nasjonalt initiert	Grunnskole voksne		Digitale intervju	18	Endelig rapport	11	19.05.2
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Bergen katedralskole, Voss gymnas, Stord VGS	Nasjonalt initiert	Videregående voksne		Skriftlig	13	Endelig rapport	5	15.01.2
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Nasjonalt initiert	Grunnskole voksne		Digitale intervju	18	Endelig rapport	9	19.02.2
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Bergen fengsel	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Internkontroll og rett til opplæring i fengsel	Digitale intervju	15	Endelig rapport	12	12.10.2
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Veiledering og tilsyn - kommunen som barnehagemyndighet	Skriftlig	7	Foreløpig rapport	7	26.11.2
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Veiledering og tilsyn - kommunen som barnehagemyndighet	Digitale intervju	11	Endelig rapport	7	04.05.2
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde barneskule, Sande skule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø - internkontroll, plikta til å varsle, plikta til å undersøke	Digitale intervju	14	Endelig rapport	8	07.05.2
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø - internkontroll, plikta til å varsle, plikta til å undersøke	Digitale intervju	13	Endelig rapport	10	09.06.2
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Veiledering og tilsyn - kommunen som barnehagemyndighet	Skriftlig	18	Endelig rapport	12	27.08.2
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Rett og plikt til grunnskoleoppplæring, heimeopplæring, og internkontroll	Skriftlig	18	Endelig rapport	14	26.11.2
Barnehage	Tysnes kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Spesialpedagogisk hjelp	Skriftlig	0	Varslet	0	
Opplæring	Vaksdal kommune	Stanghelle skule	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	0	Varslet	0	
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskule	Nasjonalt initiert	Elevenes utbytte	Særskild språkopplæring	Digitale intervju	10	Endelig rapport	6	01.11.2
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Nasjonalt initiert	Elevenes utbytte	Særskild språkopplæring	Digitale intervju	10	Endelig rapport	7	30.09.2

Vi gjennomførte to tilsyn med det nasjonalt initierede tilsynstemaet særskilt språkopplæring i 2021. Tabell 289 opna ikke for registrering av dette tilsynstemaet, slik at desse to tilsyna er registrert under kategorien Nasjonalt initiert, elevens utbytte, særskilt språkopplæring. Som det går fram av tabellen er det registrert regelverksbrot på enkelte punkt som ikke går fram av nedtrekksmenyen. Funn i tilsyna går fram av tabell 290. Vi viser her til brev til Utdanningsdirektoratet den 14. april 2021 der vi tok opp spørsmål kring samanhengen mellom kontrollspørsmål og oppbygginga av regelverket i tilsynsopplegget deira. Vidare stilte vi spørsmål ved rekkefølga på dei oppstilte kontrollspørsmåla. Våre tilsyn var varsla kommunen og i påvente av ein større revisjon stadfesta de i brev datert 28. april 2021 at vi kunne gjøre tilpassingar i pågående tilsyn våren 2021.

Rapportering av funn fra tilsyn - barnehage og opplæringsområdet

Område	Kommune	Navn på barnehage/skole	Tema/deltema nasjonalt initierete tilsyn	Tema/deltema egeninitierete tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (nasjonalt initierete tilsyn)	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (egeninitierete tilsyn)	Kommentarer
--------	---------	-------------------------	--	------------------------------------	---	---	-------------

Opplæring	Vestland fylkeskommune	Årstad VGS	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Årstad VGS	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever, eller at de varsler direkte til skoleeieren dersom mistanken gjelder en i skoleledelsen?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Årstad VGS	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Årstad VGS	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Bjørnafjorden	Os barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever, eller at de varsler direkte til skoleeieren dersom mistanken gjelder en i skoleledelsen?		
Opplæring	Bjørnafjorden	Os barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen varsler rektor eller eventuelt skoleeieren straks?		
Opplæring	Bjørnafjorden	Os barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken ved mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever?		
Opplæring	Bjørnafjorden	Os barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Stord	Stord ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, følger med på om elevene har et trygt og godt skolemiljø, og at de følger spesielt godt med på elever som kan være særskilt sårbare?		
Opplæring	Stord	Stord ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Stord	Stord ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når skolen har mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Stord	Stord ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken snarest?		
Opplæring	Stord	Stord ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Stord	Stord ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Sikrer rektor at elevene får ta del i planleggingen og gjennomføringen av arbeidet for et trygt og godt skolemiljø?		

Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, følger med på om elevene har et trygt og godt skolemiljø, og at de følger spesielt godt med på elever som kan være særskilt sårbare?		
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sørgør rektor for at alle som jobber på skolen, griper inn mot krenkelser som for eksempel utesenging, isolering, baksnakkning, mobbing, vold, diskriminering og trakassering, dersom det er mulig?		
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når skolen har mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at berørte elever får uttale seg om hva som skal være innholdet i aktivitetsplanen?		
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever, eller at de varsler direkte til skoleeieren dersom mistanken gjelder en i skoleledelsen?		
Opplæring	Vik kommune	Flatbygdi skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken ved mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever?		
Opplæring	Stryn kommune	Olden skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Stryn kommune	Olden skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når skolen har mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Stryn kommune	Olden skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken snarest?		
Opplæring	Stryn kommune	Olden skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Stryn kommune	Olden skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever, eller at de varsler direkte til skoleeieren dersom mistanken gjelder en i skoleledelsen?		

Opplæring	Stryn kommune	Olden skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen varsler rektor eller eventuelt skoleeieren straks?		
Opplæring	Bergen kommune	Nygårdslien	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Bergen kommune	Nygårdslien	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor så raskt som saken tilsier?		
Opplæring	Bergen kommune	Nygårdslien	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever, eller at de varsler direkte til skoleeieren dersom mistanken gjelder en i skoleledelsen?		
Opplæring	Bergen kommune	Nygårdslien	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen varsler rektor eller eventuelt skoleeieren straks?		
Opplæring	Bergen kommune	Nygårdslien	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken ved mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever?		
Opplæring	Bergen kommune	Nygårdslien	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken straks?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Innhenter skolen samtykke fra elever over 15 år og foreldre til elever under 15 år, før skolen fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Gir skolen eleven og foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i den sakkyndige vurderingen, før skolen fatter enkeltvedtak?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Sørger skolen for at saken er tilstrekkelig opplyst før den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder vedtakene opplysninger om omfanget av spesialundervisningen, det vil si antall timer spesialundervisning samlet og i hvert av fagene?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder vedtakene opplysninger om hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder vedtakene opplysninger om hvordan skolen skal organisere spesialundervisningen?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder vedtakene opplysninger om det er behov for personer med særskilt kompetanse til å gjennomføre spesialundervisningen?		
Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Begrunner skolen vedtak som ikke samsvarer med den sakkyndige vurderingen, ved å vise hvorfor eleven likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		

Opplæring	Voss herad	Vangen skule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Mo og Øyrane VGS	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Innholder skolen samtykke fra elever over 15 år og foreldre til elever under 15 år, før skolen fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Mo og Øyrane VGS	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Gir skolen eleven og foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i den sakkyndige vurderingen, før skolen fatter enkeltvedtak?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Mo og Øyrane VGS	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Sørger skolen for at saken er tilstrekkelig opplyst før den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Mo og Øyrane VGS	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen vedtak så smart som mulig i alle saker der PPT har gjennomført en sakkyndig vurdering?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Mo og Øyrane VGS	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Begrunner skolen vedtak som ikke samsvarer med den sakkyndige vurderingen, ved å vise hvorfor eleven likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Mo og Øyrane VGS	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne a. er over opplæringspliktig alder? b. ikke har rett til videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. har lovlig opphold i Norge?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne trenger grunnskoleopplæring ved å legge vekt på a. søkerens opplevede behov? b. en kartlegging av om tidligere opplæring var likeverdig og er tilfredsstilende ut fra dagens krav? c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når dette foreligger?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt i hvilke fag eller ferdigheter de har behov for opplæring?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særskilt språkopplæring? b. spesialundervisning?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne med rett til grunnskoleopplæring nedvendig rådgivning for å se hvilket tilbud som passer for søkerens situasjon?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen vedtak om grunnskoleopplæring uten ugrunnnet opphold etter at søknad er mottatt?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? c. hva innholdet i opplæringen skal være? d. hvilken organisering opplæringen skal ha? e. hvilket omfang opplæringen skal ha? f. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?		
Opplæring	Alver kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Setter kommunen i gang grunnskoleopplæringen innen rimelig tid etter vedtak om rett til grunnskoleopplæring?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering?		

Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne a. er over opplæringspliktig alder? b. ikke har rett til videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. har lovlig opphold i Norge?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne trenger grunnskoleopplæring ved å legge vekt på a. søkerens opplevde behov? b. en kartlegging av om tidligere opplæring var likeverdig og er tilfredsstilende ut fra dagens krav? c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når dette foreligger?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt i hvilke fag eller ferdigheter de har behov for opplæring?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særskilt språkopplæring? b. spesialundervisning?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne med rett til grunnskoleopplæring nødvendig rådgivning for å se hvilket tilbud som passer for søkerens situasjon?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen vedtak om grunnskoleopplæring uten ugrunnet opphold etter at søknad er mottatt?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? c. hva innholdet i opplæringen skal være? d. hvilken organisering opplæringen skal ha? e. hvilket omfang opplæringen skal ha? f. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Inneholder vedtaket et opplæringstilbud tilpasset den voksnes behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?		
Opplæring	Kvinnherad kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Setter kommunen i gang grunnskoleopplæringen innen rimelig tid etter vedtak om rett til grunnskoleopplæring?		
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Bergen katedralskole, Voss gymnas, Stord VGS	Videregående voksne - Gjennomføre opplæring		Fatter fylkeskommunen vedtak om videregående opplæring for voksne uten ugrunnet opphold etter at søknad er mottatt?		Deltema: Videregående voksne - veilede og behandle søknader. Går ikke an å velge riktig deltema i nedtrekkliste.
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Bergen katedralskole, Voss gymnas, Stord VGS	Videregående voksne - Gjennomføre opplæring		Fatter fylkeskommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. hva innholdet i opplæringen skal være? c. hvilken organisering opplæringen skal ha? d. hvilket omfang opplæringen skal ha? e. hvilken sluttkompetanse opplæringen skal føre frem til?		Deltema: Videregående voksne - veilede og behandle søknader. Går ikke an å velge riktig deltema i nedtrekkliste.
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Bergen katedralskole, Voss gymnas, Stord VGS	Videregående voksne - Gjennomføre opplæring		Inneholder vedtaket et opplæringstilbud tilpasset den voksnes behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		Deltema: Videregående voksne - veilede og behandle søknader. Går ikke an å velge riktig deltema i nedtrekkliste.

Opplæring	Vestland fylkeskommune	Bergen katedralskole, Voss gymnas, Stord VGS	Videregående voksne - Gjennomføre opplæring		Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?		Deltema: Videregående voksne - veilede og behandle søker. Går ikke an å velge riktig deltema i nedtrekkliste.
Opplæring	Vestland fylkeskommune	Bergen katedralskole, Voss gymnas, Stord VGS	Videregående voksne - Gjennomføre opplæring		Setter fylkeskommunen i gang videregående opplæring for voksne innen rimelig tid etter vedtak om rett til dette?		Deltema: Videregående voksne - veilede og behandle søker. Går ikke an å velge riktig deltema i nedtrekkliste.
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Kontrollerer fylkeskommunen før vedtak om søkerne a. har fullført grunnskolen eller tilsvarende? b. ikke har fullført videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. fyller minst 25 år i søknadsåret? d. har lovlig opphold i Norge?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne trenger grunnskoleopplæring ved å legge vekt på a. søkerens opplevde behov? b. en kartlegging av om tidligere opplæring var likeverdig og er tilfredsstilende ut fra dagens krav? c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når dette foreligger?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt i hvilke fag eller ferdigheter de har behov for opplæring?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særsikt språkopplæring? b. spesialundervisning?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Får alle søkerne med rett til grunnskoleopplæring nedvendig rådgivning for å se hvilket tilbud som passer for søkerens situasjon?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særsikt språkopplæring? c. hva innholdet i opplæringen skal være? d. hvilken organisering opplæringen skal ha? e. hvilket omfang opplæringen skal ha? f. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Inneholder vedtaket et opplæringstilbud tilpasset den voksnes behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Sogndal kommune	Sogndal opplæringssenter	Grunnskole voksne - Veilede og behandle søker		Setter kommunen i gang grunnskoleopplæringen innen rimelig tid etter vedtak om rett til grunnskoleopplæring?		
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa		Innhertar skulen samtykke frå elevar over 15 år og foreldra til elevar under 15 år, før skulen gjer vedtak om spesialundervisning?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa		Gir skulen eleven og foreldra mogelegheit til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga, før skulen gjer vedtak?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa		Sørger skulen for at saka er tilstrekkeleg opplyst før dei gjer vedtak om spesialundervisning?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa		Gjer skulen vedtak så snart som mogeleg i alle saker der PPT har gjennomført ei sakkunnig vurdering?	

Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Inneheld vedtaka opplysningar om omfanget av spesialundervisninga, det vil sei tal på tamar spesialundervisning samla og i kvart av faga?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Inneheld vedtaka opplysningar om kva for eit innhald spesialundervisninga skal ha?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Inneheld vedtaka opplysningar om korleis skulen skal organisere spesialundervisninga?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Grunnjev skulen vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga, ved å vise kvarfor elevane likevel kan få eit forvarleg utbytte av opplæringa?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Tar skulen stilling til kva som er barnets beste når dei gjer vedtak om spesialundervisning?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - avtalar om alternativ opplæringsarena og oppfølging av tilbodet		Har kommunen inngått ein avtale med tilbydar om hjelp til å gjennomføre spesialundervisninga?	
Opplæring	Voss herad	Voss ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - avtalar om alternativ opplæringsarena og oppfølging av tilbodet		Sikrar skulen tilstrekkeleg oppfølging av eleven og tilbodet eleven får på alternativ opplæringsarena? Har skulen eit system for å følgje opp tilbodet elevane får på alternativ opplæringsarena? Vert det utarbeida årsrapportar?	
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering		Syter PPT for at elevane har fått moglegheit til å uttale seg i samband med sakkunnig vurdering?	
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Gjer kommunen vedtak om spesialundervisning, og er det grunngitt i vedtaket dersom bruk av alternativ opplæringsarena ikkje er tilrådd i sakkunnig vurdering?	
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Inneheld vedtaka opplysningar om omfang, innhald og organisering av undervisninga? Går eventuelle avvik fra læreplanen fram av vedtaket?	
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Er det teke stilling til barnets beste når vedtaket blir gjort?	
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhold i opplæringa		Inneheld dei individuelle opplæringsplanane skildringar av organisering, opplæringsmål, og avvik i samsvar med vedtak?	
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - avtalar om alternativ opplæringsarena og oppfølging av tilbodet		Har kommunen inngått ein avtale med tilbyder om hjelp til å gjennomføre spesialundervisninga?	
Opplæring	Øygarden kommune	Fjell ungdomsskole	Egeninitiert tilsyn	Alternativ opplæringsarena - avtalar om alternativ opplæringsarena og oppfølging av tilbodet		Sikrar skulen tilstrekkeleg oppfølging av eleven og tilbodet eleven får i opplæringa? Utarbeider skulen årsrapportar? Har skulen eit system for å følgje opp tilbodet elevane får i/på alternativ opplæringsarena?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - rettleie om retten til opplæring		Har fylkeskommunen nødvendige rutinar for å gi rettleiting om rettane til opplæring etter opplæringslova?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - rettleie om retten til opplæring		Følgjer fylkeskommunen med på om innsette som ønskjer det får nødvendig rettleiting?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - rettleie om retten til opplæring		Set fylkeskommunen inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekkar at innsette som ønskjer det ikke får nødvendig rettleiting?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - rettleie om retten til opplæring		Følgjer fylkeskommunen opp om iverksette tiltak fører til at praksis vert endra i tråd med regelverket?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - vurdere retten til opplæring		Har fylkeskommunen nødvendige rutinar som sikrar at den innsette får rett til opplæring på rett grunnlag?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - vurdere retten til opplæring		Følgjer fylkeskommunen med på om innsette får vurdert retten til opplæring?	

Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - vurdere retten til opplæring		Set fylkeskommunen inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekkar at innslette ikke får vurderet retten til opplæring?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - vurdere retten til opplæring		Følgjer fylkeskommunen opp om iverksette tiltak fører til at praksis vert endra i tråd med regelverket?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - gjøre vedtak som oppfyller krava i forvaltningslova		Har fylkeskommunen nødvendige rutinar for å gjøre vedtak om retten til grunn- og vidaregående opplæring for innslette i fengsel?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - gjøre vedtak som oppfyller krava i forvaltningslova		Følgjer fylkeskommunen med på om innslette får vedtak om grunn- og vidaregående opplæring?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - gjøre vedtak som oppfyller krava i forvaltningslova		Set fylkeskommunen inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekkar at innslette ikke får vedtak om grunn- og vidaregående opplæring?	
Opplæring	Bergen kommune	Bergen fengsel	Egeninitiert tilsyn	Opplæring i fengsel - gjøre vedtak som oppfyller krava i forvaltningslova		Følgjer fylkeskommunen opp om iverksette tiltak fører til at praksis vert endra i tråd med regelverket?	
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Har barnehagemyndigheten oversikt over pliktene til barnehageeigarane etter barnehagelova?	
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Har barnehagemyndigheten tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene dei har etter barnehagelova?	
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn?	
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Er risikovurderingane til barnehagemyndigheten baserte på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Gjennomfører barnehagemyndigheten rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar?	
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Er rettleiinga til barnehagemyndigheten basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	
Barnehage	Kvam kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Brukbar barnehagemyndigheten tilsyn som verkemiddel der dette er nødvendig for å sørge for regelverksetterleiving etter barnehagelova hos barnehageeigar?	
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Er rettleiing til barnehagemyndigheten basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Har barnehagemyndigheten tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene dei har etter barnehagelova?	
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn?	
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Brukbar barnehagemyndigheten tilsyn som verkemiddel der dette er nødvendig for å sørge for regelverksetterleiving etter barnehagelova hos barnehageeigar?	
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Er tilsynet til barnehagemyndigheten basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Vurderer og konkluderer barnehagemyndigheten på om barnehageeigarane oppfyller lovkrava i barnehagelova?	
Barnehage	Øygarden kommune		Egeninitiert tilsyn	Veileddning og tilsyn - kommunen som barnehagemyndighet		Vurderer og konkluderer barnehagemyndigheten på om barnehageeigarane oppfyller lovkrava i barnehagelova?	
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde Barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følger kommunen med på om alle som arbeider på skulen varslar?	Pilottilsyn skolemiljø
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde Barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følger kommunen opp om iverksette tiltak fører til at praksis blir endra i tråd med regelverket?	Pilottilsyn skolemiljø

Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Set kommunen inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekker at dei som arbeider på skulen ikkje varslar i tråd med regelverket?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Har kommunen rutinar for at skulen og skuleeigar gjennomfører dei undersøkingane som ein med rimeleghet kan forvente?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Har kommunen rutinar for å dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøke i den enkelte sak?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følger kommunen med på om undersøkingane blir gjennomført i tråd med regelverket?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Set kommunen inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekker at dei som arbeider på skulen, eller skuleeigar, ikkje undersøker i tråd med regelverket?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Sunnfjord kommune	Førde barneskule, Sande skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følger kommunen opp at tiltaka dei har sett inn for å sikre regelverkssetterleving har tilstrekkeleg effekt?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Har kommunen rutinar for å dokumentere kva som er gjort for å oppfylle plikta til å varsle i den enkelte sak?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følger kommunen med på om alle som arbeider på skulen varslar?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Set kommunen inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekker at dei som arbeider på skulen ikkje varslar i tråd med regelverket?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følgjer kommunen opp om iverksette tiltak fører til at praksis blir endra i tråd med regelverket?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Har kommunen gjort det tydeleg kven som skal iverksette og gjennomføre undersøkingar i skudemiljøsaker?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Har kommunen rutinar for at skulen og skuleeigar gjennomfører dei undersøkingane som ein med rimeleghet kan forvente?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Har kommunen rutinar for å dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøke i den enkelte sak?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følger kommunen med på om undersøkingane blir gjennomført i tråd med regelverket?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Set kommunen inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekker at dei som arbeider på skulen, eller skuleeigar, ikkje undersøker i tråd med regelverket?	Pioltilsyn skudemiljø
Opplæring	Fjaler kommune	Dingemoen skule, Våge skule	Egeninitiert tilsyn	Skolemiljø og internkontroll		Følgjer kommunen opp at tiltaka dei har sett inn for å sikre regelverkssetterleving har tilstrekkeleg effekt?	Pioltilsyn skudemiljø
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Har barnehagemyndigheta oversikt over pliktene til barnehageeigarane etter barnehagelova?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Har barnehagemyndigheta tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene dei har etter barnehagelova?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Veileddning og tilsyn - kommunen som barnehagemyndighet		Har barnehagemyndigheta tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene dei har etter barnehagelova?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Bruker barnehagemyndigheta denne kunnskapen til å gjere risikovurderingar for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veileddning og tilsyn		Er rettleiinga til barnehagemyndigheta basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	

Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn		Brukar barnehagemyndigheta tilsyn som verkemiddel der dette er naudsynt for å sørge for regelverksetterleving etter barnehagelova av barnehageeigar?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn		Er tilsynet til barnehagemyndigheta basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn		Vurderer og konkluderer barnehagemyndigheten på om barnehageeigarane oppfyller lovkrava i barnehagelova?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn		Formidlar barnehagemyndigheten vurderingar og konklusjonar skrifleg til barnehageeigar?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn		Gir barnehagemyndigheten ein frist for retting i sine pålegg om retting til barnehageeigaren?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Rett og plikt til grunnskoleopplæring		Har kommunen nødvendige rutinar og prosedyrar for å registrere alle elevar med heimeopplæring i kommunen?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Rett og plikt til grunnskoleopplæring		Registerer kommunen alle elevar med heimeopplæring i kommunen?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Rett og plikt til grunnskoleopplæring		Følger kommunen med på om alle elevar med heimeopplæring blir registrert?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Rett og plikt til grunnskoleopplæring		Set kommunen inn tiltak dersom dei avdekker at dei ikkje har registrert elevar som får heimeopplæring?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Har kommunen nødvendige rutinar og prosedyrar for å vurdere om det skal bli ført tilsyn med heimeopplæring?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Har kommunen nødvendige rutinar og prosedyrar for gjennomføring av tilsyn med heimeopplæringa - på ein slik måte at kommunen ser at eleven får tilsvarende undervisning?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Har kommunen nødvendige rutinar og prosedyrar for å sikre at vurderinga av å ta eleven inn til særskilt prøve blir tatt?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Følger kommunen med på om alle elevar med heimeopplæring får tilsyn i tråd med rutinane?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Set kommunen inn tiltak dersom dei avdekker at elevar som får heimeopplæring ikkje har fått tilsyn i samsvar med rutinane?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Har kommunen nødvendige rutinar og prosedyrar for å krevje at elevar skal gå på skule, dersom heimeopplæringa ikkje er lovleg?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Følger kommunen med på om elevar tar til på skule, dersom heimeopplæringa ikkje er lovleg?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Set kommunen inn tiltak dersom dei avdekker at heimeopplæringa ikkje er i tråd med regelverket?	
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Har kommunen nødvendige rutinar og prosedyrar for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik ved heimeopplæring?	
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Følger rektor opp at lærerne underveis i opplæringen kartlegger norskerdigheten til elever med vedtak om særskilt språkopplæring?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Følger rektor opp at lærerne vurderer om eleven i tillegg har behov for morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring hvis eleven har behov for særskilt norskkopplæring?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Sørgar rektor for at lærerne i vurderingen av behovet for morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring vurderer hva som er til elevens beste?		

Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Inneholder enkeltvedtaket minimum opplysninger om a) hva slags særskilt språkopplæring eleven skal ha, herunder morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring b) antall timer særskilt språkopplæring c) organisering av den særskilte språkopplæringen, herunder om opplæring skal foregå på en annen skole		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring			Går det fram av enkeltvedtaket kva faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?	Ikke et alternativ som kan velges i nedtrekksmenyen
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring			Sørgjer kommunen for at skulen vurderer om eleven har rett til særskilt norskopplæring?	Ikke et alternativ som kan velges i nedtrekksmenyen
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring			Syter heradet for at skulen vurderer om elevar har rett til særskilt norskopplæring?	Ikke et alternativ som kan velges i nedtrekksmenyen
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Følger rektor opp at lærerne vurderer om eleven i tillegg har behov for morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring hvis eleven har behov for særskilt norskopplæring?		
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Sørgjer rektor for at lærerne i vurderingen av behovet for morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring vurderer hva som er til elevens beste?		
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Inneholder enkeltvedtaket minimum opplysninger om a) hva slags særskilt språkopplæring eleven skal ha, herunder morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring b) antall timer særskilt språkopplæring c) organisering av den særskilte språkopplæringen, herunder om opplæring skal foregå på en annen skole		
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring			Går det fram av enkeltvedtaket kva faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?	Ikke et alternativ som kan velges i nedtrekksmenyen
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring			Inneholder enkeltvedtaket informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans, informasjon om at klagen skal sendast til skulen og retten til å sjá dokumenta i saka?	Ikke et alternativ som kan velges i nedtrekksmenyen
Opplæring	Kvam kommune	Nordheimsund skule	Elevenes utbytte - Vurdering av behov for særskilt språkopplæring		Følger rektor opp at lærerne underveis i opplæringen kartlegger norskferdighetene til elever med vedtak om særskilt språkopplæring?		
Opplæring	Bergen kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med heimeopplæring		Gjennomfører kommunen tilsyn med heimeopplæringa i tråd med rutinane?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledring og tilsyn		Inneholder førehandsvarselet opplysningar om det rettslege og faktiske grunnlaget for det varsla vedtaket, ei beskriving av kva vedtaket inneber for barnehageeigaren, og ein frist for uttale?	
Barnehage	Askøy kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledring og tilsyn		Inneholder pålegg om retting eller vedtak om stenging informasjon om: a) Reglane vedtaket bygger på? b) Dei faktiske forholda vedtaket bygger på? c) Dei hovudomsyn som har vore avgjande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn? d) Klageadgang? e) Klagefrist? f) Klageinstans? g) Framgangsmåten ved klage? h) Informasjon om retten til å sjá sakas dokument? i) Informasjon om retten til å be om utsett iverksetjing?	

Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Alle skoleeiere og skoleledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø

I dei sakene som blei melde inn til oss i 2021, har vi i alle våre vedtak konkludert med at aktivitetsplikta ikkje er oppfylt. Det viser at forståinga av kva som gjer eit trygt og godt skolemiljø, ikkje fullt ut er forstått eller praktisert etter krava i regelverket. Fram til 2021 har vi hatt rettleiing i alle kommunane om regelverket. I 2021 la vi opp til meir målretta tilbod til enkelte regionar og kommunar. Ut frå dei sakene vi har til behandling vil vi gå tilbake til rettleiing mot alle kommunane.

Vi ser at dei sakene som kom til oss i 2021, var meir samansette og komplekse enn tidlegare, og at det kan vere krevjande for skulane å finne gode løysingar for kvar einskilde elev. Sakene kan til dømes innehalde element som både skulevegring, spesialundervisning, særslig utagerande elevar, meldingar til barnevernet og alternativ opplæringsarena. Vi er usikre på om denne kompleksiteten går igjen i alle sakene som utløyser aktivitetsplikta for skulane, eller om mindre omfattande saker blir løyste på skulenivå og ikkje kjem til oss.

Vi ser at det er naudsint for skuleeigar å ha kompetanse på fleire område enn kap. 9A i opplæringslova for å kunne arbeide førebryggande for eit trygt og godt skolemiljø. Dette vil vi rettleie skuleeigarar om i 2022, og vi vil mellom anna gjennomføre rettleiing om regelverket for spesialundervisning og bruk av alternativ opplæringsarena.

Vi vil også informere om regelverket knytt til tverrfagleg og tverrrettateleg arbeid, fordi vi ser at det er naudsint i fleire saker.

Kompetanse på aktivitetsplikten (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle skoler har fått økt kompetanse om aktivitetsplikten

Vi arrangerte ingen konferansar som var retta mot alle skuleeigarane eller skulane i 2021. Dette var eit medvite val fordi erfaringa frå handhevingsordninga viste at det var behov for meir lokal og målretta rettleiing tilpassa den einskilde region, kommune eller skule. Vi deltok difor på fleire regionale og kommunale møte, der vi tok opp aktivitetsplikta og vår erfaring som handhevingsstyresmakt. Skuleeigar sitt ansvar og forsvarlege system var også tema på fleire av desse møta.

I 2021 erfarte vi at eit aukande tal saker måtte gå mange rundar før våre vedtak blei oppfylte på skulane. I mange av desse sakene vurderte vi at det ikkje var mangel på vilje til å etterleve vårt vedtak som var problemet, men snarare skulen si evne til å forstå regelverket. Vi konkluderte difor med at det i mange av desse sakene var best å møte skuleeigar i lag med skuleleiinga, for å informere om regelverket og konkretisere innhaldet i vedtaka våre og kva det var forventa at skulen skulle gjøre for å følgje opp. Vi hadde 16 slike møte i 2021. Det var viktig for oss at skuleeigar deltok på møta, slik at dei fekk kunnskap om status og kan følgje opp skulane generelt, og den konkrete saka spesielt. Vi vurderer at desse møta var nyttefulla og gode verkemiddel for å sikre at aktivitetsplikta på dei aktuelle skulane vart oppfylt.

Oversikta over meldte 9A-saker i 2021 viser at nokre friskular har mange saker hos oss. Innhaldet i desse sakene og handteringen av aktivitetsplikta i skulane gir grunn til å uregelmessig for regelverket er forstått og iverksett. Vi vil difor rette særleg merksemd mot å informere friskulanane om regelverket om skolemiljø i 2022.

Kompetanse hos barnehagemyndigheten til å veilede (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

Rapportere på

Alle barnehagemyndigheter har kompetanse til å veilede barnehageeiere i nytt kapittel VIII i barnehageloven

I 2020 arrangerte vi seks regionale samlingar for barnehagemyndigheta i kommunane der nytt kapittel 8 i barnehagelova var tema. Målet med desse møta var å gjøre kommunane kjende med det nye regelverket, slik at dei skulle ha kompetanse til å rettleie og føre tilsyn med barnehagane. Vi utarbeidde også ein presentasjon som barnehagemyndigheta kunne bruke i si rettleiing lokalt.

I 2021 har vi ikkje hatt eigne samlingar der barnehagemyndigheten er tema. Vi har fått svært få spørsmål om regelverket, både frå foreldre, barnehageeiare og barnehagestyresekretariatet. Vi er difor usikre på kor godt regelverket er forstått og iverksett i sektor.

For å få eit betre inntrykk av status for gjennomføringa av desse fråsegnene, og ei oppdatert risikovurdering for våre tilsyn, sende vi hausten 2021 spørsmål til barnehagemyndigheta i kommunane om kapittel 8. Vi bad om ei tilbakemelding på kor mange saker eller meldingar barnehagemyndigheta har motteke etter kapittel 8, korleis dei hadde rettleia barnehageeiare om dette regelverket, og om det har vært ført tilsyn etter kapittel 8.

Berre éin kommune opplyste at dei hadde fått meldingar frå foreldre som omhandla trygt og godt barnehagemyndigheten. Vi vurderer at dette truleg ikkje speglar den faktiske situasjonen om talet på barn som ikkje har det trygt og godt i barnehagen, men trur at regelverket og framgangsmåten ved å melde frå er lite kjent hos foreldra. Ei nærmare undersøking av kommunane sine heimesider viser at dei samla inneheld lite informasjon om korleis barnehagane skal arbeide med barnehagemyndigheten og korleis foreldra kan gå fram dersom dei opplever at barna ikkje har det trygt og godt i barnehagen.

Tilbakemeldingane frå barnehagemyndigheta viser at dei fleste av kommunane hadde hatt nytt kapittel 8 opp som tema i møte med barnehagane, men at det var store variasjonar i kor systematisk og grundig denne rettleiinga hadde vore.

Vi ser i tilbakemeldingane at skiljet mellom eigar og myndighet ikkje er klart for kommunane. Rettleiinga som blir gitt etter kap. 8, er utforma som pålagde rutinar og retningslinjer, som berre barnehageeiare kan kome med. Dette gjeld fleire kommunar.

Når det gjeld tilsyn viste tilbakemeldingane frå kommunane at svært få, berre 1–2 prosent av kommunane, hadde gjennomført tilsyn der barnehagemiljø var tema.

På bakgrunn av tilbakemeldingane frå kommunane planlegg vi ei samling der kapittel 8 og barnehagemyndigheita sine oppgåver er tema. Målet med samlinga vil vere å bidra til at barnehagemyndigheta legg vekt på dette regelverket, både gjennom rettleiing og tilsyn.

Vi vurderer at det er behov for at sentrale myndigheter systematisk samlar inn informasjon om korleis dette regelverket er tatt i bruk i sektoren. Vi treng og større merksemd på informasjon til foreldre om barnehagen sine plikter etter regelverket og korleis dei skal gå fram for å melde frå om saker.

Kompetanse hos barnehagemyndighet til å påse at loven blir fulgt (fra kapittel 3.3.3.1.3.4 i TB)

Rapportere på

Alle barnehagemyndigheter har kompetanse til å påse at nytt kapittel VIII i barnehageloven blir fulgt

På samlingane i 2021 gjekk vi gjennom alle delane av kapittel 8, i tillegg til å sjå det i samband med barnehagemyndigheita sitt tilsyn. I gjennomgangen la vi både vekt på kva som er kravd av barnehagane, og kva som er kravd av kommunane som barnehagemyndighet. Vi snakka til dømes om at barnehagemyndigheta i sin tilsynsplan må ta høgde for hendingsbaserte tilsyn, i tillegg til planlagde tilsyn etter kapittel 8. Vi understreka tydeleg at skiljet mellom eigar- og myndigheitsoppgåver vil vere viktig her.

Som nemnt har vi grunn til å tru at kommunane i Vestland i liten grad har innhenta informasjon for risikovurderinger eller på andre måtar følgt opp barnehagane si etterleving av reglane i kapittel 8 i 2021. Vi trur at eit nytt tilsynsopplegg frå Udir på området kan bidra til å få opp tilsynsaktiviteten. Det er viktig at eit slikt opplegg tar høgde for at mange av tilsyna i kommunane vil vere hendingsbaserte og omhandle enkelbarn.

Kompetanse hos barnhageeiere og ledere (fra kapittel 3.3.3.1.3.5 i TB)

Rapportere på

Alle barnhageeiere og barnehageledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt barnehagemiljø

Vi er usikre på i kva grad barnehageeigarane og barnehageleiarane i fylket har kompetanse på kva som gir eit trygt og godt barnehagemiljø. Vår rettleiing til sektoren går gjennom kommunane som barnehagemyndighet, og tilbakemeldingane viser at det varierer kor mykje merksemd barnehagemyndigheita har hatt på regelverket. Vårt inntrykk er at det nye regelverket har blitt svært godt motteke i barnehagane, men at mange er usikre kva som er barnehageeigar sitt ansvar, og korleis dei skal gå fram for å oppfylle formkrava i lova.

Fem virkedager til tilbakemelding og vurdering (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Innen fem virkedager skal statsforvalteren ta kontakt med eleven/foreldre som har meldt inn saken og gi dem en plan for videre saksbehandling. Innen samme frist skal statsforvalteren ha avgjort om saken skal avvises.

Vi har interne rutinar som seier at vi skal ta kontakt med meldaren på telefon same dag som meldinga kjem inn, eller dagen etter. Dette har vi klart i dei aller fleste sakene. I éi sak har vi ikkje halde fristen på fem dagar. Denne saka vart meldt 30. desember 2021, og meldaren vart ikkje kontakta før etter tolv verkedagar. Vi har justert rutinane våre for å unngå at dette skal skje igjen.

Rask ferdigbehandling (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Vi prioritærer dette arbeidet svært høgt. Saksbehandlingstida varierer likevel mykje i desse sakene. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid frå vi får meldinga til vi har gjort vedtak, er 62 dagar. Saksbehandlingstida varierer veldig i dei ulike sakene. I dei sakene som har tatt lengst tid, handlar det ofte om at det tar tid å få gjennomført elevsamtalar eller at vi ventar på dei skriftelege kommentarane frå meldaren knytt til skulen sin dokumentasjon. Nokre gongar har meldaren eller skulen valt å bruke brevpost, og det forseinkar saka mykje. Vi har også hatt stor utskifting blant våre medarbeidarar på dette området i 2021, og det har påverka saksbehandlingstida.

Høy kvalitet i vedtakene (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Alle vedtak etter § 9 A-6 har høy kvalitet i saksbehandlingen

Vi har organisert oss i ei 9 A-gruppe, som diskuterer saker, regelverksforståing og interne rutinar ein gong i veka. Vi arbeider heile tida med å forbetre malar og vedtak. Nye medarbeidrarar har gitt oss viktige innspel til endringar for å sikre god og brukarretta kommunikasjon i vedtaka. For å sikre kvaliteten i vedtaka er det to sakshandsamarar på kvar sak, éin ansvarleg og éin medlesar. Då sikrar vi at saka er grundig gjennomarbeidd før ho blir sendt til godkjenning.

Vedtak i klarspråk og tilpasset mottakeren (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Alle vedtak er skrevet i et klart språk og er tilpasset mottakeren

Vi går ofte gjennom vedtaka våre for å sjå på om dei kommuniserer godt med målgruppa. Vi endrar formuleringar og oppsett når det er naudsynt for å ha eit klart språk. Hausten 2021 gjennomførte vi ei samling med NTB Arkitekt, der klarspråk var tema. Føredragshaldaren hadde fått tilsendt fleire vedtak frå oss på førehand, mellom anna vedtak i skolemiljøsakar. Han snakka om korleis våre vedtak var formulerte, om dei var tilpassa målgruppa og om vi skrev klart og tydeleg. Dette var ein svært nytig dag, som i etterkant førte til konkrete endringar i våre malar og formuleringar.

Vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Antall vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Gjennom tilsyn og klagesaksbehandling har vi erfart at det er særleg store variasjonar i korleis kommunane oppfyller sine plikter etter opplæringslova og barnehagelova på områda spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging etter § 37 og spesialundervisning. Vi arrangerte difor tre digitale samlingar for kommunane som tok for seg skiljet mellom spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging etter § 37, sakkynlig vurdering, vedtak og gjennomføring av vedtak. Kvar av samlingane hadde 150–200 deltakarar frå skule- og barnehagesektoren. Vi har også hatt rettleiingsmøte med kommunar med gjentakande rettsbruksfeil eller saksbehandlingsfeil. Vi vurderer at vi gjennom desse tiltaka har sikra ei rettare og likare lovforståing på dette området. Dette vil igjen påverke rettstryggleiken til elevar og barnehagebarn med særskilte behov.

Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.7.2 i TB)

Rapportere på

Antall vedtak fra barnehagemyndigheten med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Gjennom tilsyn og klagesaksbehandling har vi erfart at det er store variasjonar i korleis kommunane oppfylte sine plikter etter opplæringslova og barnehagelova på områda spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging etter § 37, og spesialundervisning. Vi arrangerte difor tre digitale samlingar for kommunane om skiljet mellom spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging etter § 37, sakkynlig vurdering, vedtak og gjennomføring av vedtak. Kvar av samlingane hadde 150–200 deltakarar frå skule- og barnehagesektoren. Vi har også hatt rettleiingsmøte med kommunar som har gjentakande retts-bruksfeil eller saksbehandlingsfeil. Vi vurderer at vi gjennom desse tiltaka har sikra rettare og likare lovforståing på dette området. Dette vil igjen styrke rettstryggleiken til barn med særskilte behov.

3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Samarbeid om busetting av flyktigar er framleis eit viktig punkt i satsinga vår på Bustad for velferd saman med Husbanken. Her tek også IMDi, Nav, Bufetat og KS del, saman med aktuelle kommunar. Vår overordna vurdering, ut frå den kontakten vi har med kommunane og andre aktørar, er at busettingsarbeidet går bra.

I 2021 har vi gitt rettleiing om ny integreringslov. Oppslutninga frå kommunane var god, og ut frå dei tilbakemeldingane vi har fått, er endringane i regelverket fanga opp i kommunane. Vi legg vekt på rask oppnemning av verjer til einslege mindreårige, og å gi rettleiing til verjene.

Under pandemien har vi hatt særskilt merksemd på kva følgjer smitteverntiltak og redusert tilgang til tenester kan ha i arbeidet med integrering. Vi har oppmoda kommunane om å ha merksemd på korleis tenestene følgjer med og opp, og med eit særskilt blikk for skule og opplæring.

Statsforvalterens bidrag til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting (fra kapittel 3.3.3.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting.

Samarbeidet om busetting er godt etablert i fylket, og dette gir IMDi eit godt informasjonsgrunnlag for sine vedtak. Arbeidet følgjer ein fast og avtalt prosess.

Det er vår vurdering at samarbeidsprosessane om busssetting legg stor vekt på situasjonen i kommunane når det gjeld næringer, tilgang på arbeidsplassar og opplæring eller utdanning, slik at integreringa skal fungere best mogleg. I tillegg har det mykje å seie kor i kommunane flyktninger får tilbod om bustad. Dette er særleg aktuelt i område der kollektivtilboden er avgrensa og bustadsadressa betyr noko for kor tilgjengelege tenester og fritidstilbod faktisk er.

3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov

Barnehage- og skuleeigarar har ei bemanning som hovudsakleg stettar dei kompetansekrava som gjeld (jf. rapporteringar i BASIL og GSI). Tidelegare år har vi rapportert at tilgangen på kvalifisert personell jamt over er god.

Dette året har mange eigarar meldt at det har vore krevjande, og i mange høve ikkje mogleg, å ha tilstrekkeleg bemanning i fleire periodar som følgje av sjukefråvær og smitteverntiltak. Eit spørsmål vi har reist i møte med eigarane er om dei konsekvensane pandemien har hatt for barn og unge vil krevje ny og annleis kompetanse for at tilboda skal vere læringsfremjande, og sikre trivsel og utvikling.

Vi veit at mange har brukt mykje mindre tid på arbeidet med fagfornyinga dette året. Samstundes ser vi at fagfornyinga er høgt prioritert i kompetanseordninga, så det er eit bidrag til å hente seg inn igjen i det arbeidet.

Vi ser òg at tema som er kopla til omgrep som inkludering, barnehage- og skolemiljø, og spesialpedagogikk, er hyppige i dei utviklingsarbeida som skjer i kompetanseordningane.

Når det gjeld kompetansehevinga som ikkje er del av vidareutdanningssystemet, men er kopla til tilskotsordningane, er vi uroa for kapasiteten i UH-sektoren. Vi har fleire konkrete døme på at UH ikkje har klart å følgje opp sin del av partnarskapet, noko UH sjølv stadfestar. Det er altså ikkje slik at det er usemje og sprikande forventningsnivå.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle barnehage- og skoleeiere som deltar i ordningene sikrer at kompetansebehov er vurdert gjennom lokale prosesser som involverer ansatte i virksomhetene.

Vi har formidla klare forventningar til dei prosessane som ligg til grunn for behovsmeldingar i tilskotsordningane. Åra etter at ordningane kom på plass, gjennomførte vi fleire samlingar med kartlegging og analyse som tema. Vi har halde fast på at "barnehage- og skulebasert" ikkje berre peikar på kor sjølv utviklingsarbeidet skal vere forankra, men at vurderinga av kompetansebehova skal gjennomförast i involverande prosessar. Like fullt varierer det i kva grad dette blir gjort. Fleire av eigarane har eit ønske om endå meir støtte i vurderings- og analysearbeidet lokalt. Kva type støtte det er snakk om, og frå kven, er noko meir uoversiktleg. Frå vår side blir det eit viktig signal at analysekompetanse sjølv sagt er viktig, men like viktig er det at det blir sett av tid til dei lokale prosessane, og at dei tilsette lokalt og til saman kan få fram tydelege bilete av kompetansebehovet.

Som nemnt i avsnittet om kompetansen hos eigarane, er vi uroa for kapasiteten i UH-sektoren til å følgje opp alle dei partnarskapet dei har gått inn i. Vi har døme på kommunar som har hatt grundige og godt forankra lokale prosessar, har inngått partnarskap, men der prosessane har stoppa opp som følgje av kapasitets- eller prioriteringsvanskar i UH. Vi er og uroa for kva slike døme kan føre til når det gjeld tillit til partnarskapsordninga og motivasjon for lokale tidkrevande prosessar.

Tiltak møter lokale behov og er forankret i langsiktige kompetanseutvplaner (fra kapittel 3.4.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sørger for at tiltak er forankret i lokale behov og at prioriteringer er forankret i en langsiktig felles plan.

I Vestland har vi i 2021 lagt om både organisering og samansetting av samarbeidsforum. Vi hadde tidelegare to samarbeidsforum, eitt for den desentraliserte ordninga for skule, og eitt for den regionale ordninga for barnehage. I november 2021 vart det bestemt at vi skulle gå over til å ha eit felles samarbeidsforum for begge desse ordningane og for Kompetanseløftet.

Samarbeidsforum har utarbeidd ein langsiktig og felles plan. Denne fungerer som eit grunnlagsdokument for alle våre tiltak og for samhandling mellom aktørane. Planen skal sikre at nye medlemmar i samarbeidsforum kan gjøre seg kjende med overordna mål og føringar for dei lokale kompetanseordningane, og for korleis arbeidet skal prioritert og gjennomførast i Vestland. Planen skal også vise kva krav det er sett til heile prosessen, frå lokale vurderingar til endelege prioriteringar og avgjerder i samarbeidsforum. Planen legg også føringar for involvering av aktørane på alle nivå. Dette er med på å sikre ei god forankring der samarbeidsforum er i stand til å gjøre prioriteringar som støttar opp om krava til ordninga.

Kompetansefeltak gjennomføres i partnerskap med UH (fra kapittel 3.4.1.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sikrer at barnehage- og skolebaserte kompetansetiltak gjennomføres i partnerskap mellom barnehage-, skoleeiere og UH

I fylket vårt har vi to utdanningsinstitusjonar med både skule- og barnehagelærarutdanning: Høgskulen på Vestlandet (HVL) og NLA Høgskolen (NLA). Desse to institusjonane er difor aktuelle UH i partnarskap med barnehageigarane. I tillegg har universitetet i Bergen lektorutdanning.

Det går fram av vår langsiktige plan at UH-institusjonane og skule- og barnehageigarane skal vere likeverdige partar i kompetanse-ordningane. Dette er forstått av samarbeidsforum og innarbeidd praksis i fylket vårt sidan 2019. Vi har vedtatt ein tildelingsmodell der UH og skulane/barnehagane som kjem med i ordninga, utløyser 50 prosent kvar av midlane. Det er då ein føresetnad at UH er til stades i alle prioriterte skular og barnehagar, uavhengig av storleik og geografisk plassering. Vi er også tydelege på det doble føremålet med ordninga, og at lærarutdanningane skal styrkast gjennom dette partnarskapet. Dette formidlar vi tydeleg til eigarane i fylket, både i tildelingsbrev, på nettsidene våre, og på oppstartssamlingar.

Kompetanseløftet for spes.ped. og inkluderende praksis (fra kapittel 3.4.1.1.1.4 i TB)**Rapportere på**

Kompetansetiltakene omfatter den brede målgruppen i laget rundt eleven, inkludert PPT

Vestland var ikkje med i piloteringa av kompetanseløftet, men kom med frå 2021, med oppstartssamling 18. februar 2021. Det var semje om at det første året skulle nyttast til å kartlegge kva område for kompetansearbeid som peikte seg ut, og korleis arbeidet kunne organiserast på ein god måte for å sikre brei deltaking frå kommunane.

Organisering

For at kompetanseløftet skulle bli lettare å sjå i samanheng med andre tilskotsordningar, endra vi organiseringa frå to samarbeidsforum (barnehage og skule), til eitt felles. Forumet skal ha ei litt anna rolle enn tidlegare, og nokre oppgåver er delegerte til underliggende arbeidsgrupper. Forumet kan difor i større grad bli brukt til å løfte fram god praksis, eller til planlegging av kompetanse-hevande samlingar på kommunenivå. Vi vurderer at vi på den måten kan skape ei felles forståing for ordninga i kommunane. Dette vil igjen føre til at kompetansetiltaka i større grad når ei brei målgruppe, og heile laget rundt barnet. Statped er med i samarbeidsforum.

Kartlegging – status

Innstillinga frå samarbeidsforum og rapporteringa på midlane frå 2021 viser at dei fleste regionane og kommunane har lagt vekt på kartlegging dette året. Det blir vidare rapportert at PP-tenestene er med på kartleggingsarbeidet, og at kommunane ser fleire instansar som aktuelle aktørar i utviklingsarbeidet. Det blir likevel meldt om at covid-19 pandemien har sett kartleggingsarbeidet i kommunane tilbake. Følgjer av pandemien for mange barn og unge aktualiserer ei tilnærming der ulike tenester går saman om kompetanseutvikling. Vi ser at kommunane har god oversikt over kva område som peikar seg ut for kompetanseutvikling. Vi ser at aktuelle tenester er identifiserte, men at det gjenstår ei endeleg konkretisering. Dette vil vi tru er på plass når vi skal gjennomføre prosessen for 2022.

Koordinering

Kommunane oppfattar at denne ordninga har eit viktig føremål. Samstundes er det krevjande arbeid, med avgrensa midlar. Fleire kommunar etterlyser midlar til koordinering. Dette er mest aktuelt for mindre kommunar med interkommunale tenester, men kan også vere aktuelt for større kommunar som er organiserte under ulike avdelingar og med ulike leiarar. Dette er det viktig for oss å følgje med på, og finne tenlege løysingar på.

Barnevernsreforma

Det er fleire kommunar som ønskjer å sjå barnevernsreforma og kompetanseløftet under eitt. Vi kan fint sjå tiltak under kompetanse-løftet som tiltak i barnevernsreforma der desse heng naturleg saman.

Vi ser likevel til at vilkåra og intensjonane for kompetanseløftet blir følgde.

Statped (fra kapittel 3.4.1.1.1.5 i TB)**Rapportere på**

Statped er involvert ved behov

Statped er invitert inn i Vestland fylke sitt samarbeidsforum. I forumet er Statped tiltenkt ei rolle som rådgivande organ, og vil delta i drøftingar og støtte regionane i arbeidet med kompetanseløftet. For å sikre at Statped er involvert ved behov, har vi – i vår rolle som sekretariat – oppdatert styringsdokumentet for lokal kompetanseutvikling og den langsiktige planen for fylket. Planen skildrar kommunikasjonslinjene for kommunar og regionar som ønskjer eit samarbeid med Statped. Planen gir føringer for når og korleis Statped skal bli involvert i utviklingsarbeidet i kommunane. Dette skal kome fram i innstillingane frå kompetanseregionane og i den samla innstillinga frå samarbeidsforum. Vi ser av rapportane for 2021 at Statped har hatt ei litra rolle i kartleggingsarbeidet i kommunane så langt. Dette ser vi i samanheng med at våre kommunar er inne i sitt første år, og at Statped blir meir kopla på i planlegging av konkrete utviklingssamarbeid. Vår vurdering er difor at dei nye strukturane vil sikre at Statped er involvert ved behov.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har systemer for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Alle kommunar i oppfølgingsordninga har system for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine verksemder. Dei har delteke i ulike fasar av arbeidet med å utvikle system for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine verksemder.

Jondal kommune, som i januar 2020 blei innlemma i nye Ullensvang kommune, avslutta våren 2021 samarbeidet med Statsforvaltaren og rettleiingskorpsen om arbeid i oppfølgingsordninga. Sjølv om pandemien hadde forseinka arbeidet deira, var dei komne godt i gang med å etablere systematisk arbeid på skuleområdet i nye Ullensvang kommune. Tiltaka i dette arbeidet var basert på tidlegare arbeid med å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov.

Hyllestad kommune avslutta også samarbeidet våren 2021. Hyllestad hadde lagt vekt på etablering av eit systematisk utviklingsarbeid på skulenivå. På skuleeigarnivå har det interkommunale samarbeidet handla om å få på plass eit felles system for kvalitetsutvikling, for å få til god samanheng mellom kvalitetsarbeidet på skule- og kommunenivå. Dette arbeidet blir vidareført som ein del av det interkommunale arbeidet. Tiltaka på begge nivå var basert på tidlegare arbeid med å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov.

Dei nye kommunane i oppfølgingsordninga – **Ulvik herad og Kvinnherad kommune** – har våren 2021 arbeidd med å kartlegge og analysere kompetansebehovet i kommunane. Dei gjekk hausten 2021 vidare til gjennomføringsfasen av utviklingsarbeidet, og jobbar no med tiltak basert på dette arbeidet.

Vi vurderer at alle kommunane som har vore med i ordninga i 2021, har fått heva sin analysekompetanse. Dei har vidare fått erfaring med å arbeide systematisk med å identifisere eit utfordringsbilete og vurdere sitt kompetansebehov. Denne erfaringa er eit godt grunnlag for utviklingsarbeid i kommunane.

Målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov (fra kapittel 3.4.1.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge

Jondal og Hyllestad kommune avslutta våren 2021 samarbeidet med Statsforvaltaren i oppfølgingsordninga. Kommunane har sett i verk tiltak basert på analysar og eit utfordringsbilete identifisert i samråd med rettleiingskorpsen. Covid-19 epidemien sette prosesjonen i utviklingsarbeidet noko tilbake. Dei vidarefører difor arbeidet med tiltaka etter å ha avslutta samarbeidet med oss.

Ulvik kommune avslutta forfasen i oppfølgingsordninga våren 2021. Etter analyse og kartlegging av kompetansebehov har kommunen synleggjort eit utfordringsbilete som koncentrerer seg om organisasjonskultur og lesing. Arne Bygstad frå HVL har sidan hausten 2021 bidratt med fagleg kompetanse om organisasjonskultur, og vil støtte kommunen i det vidare arbeidet. Vi har følgt kommunen tett, og ser starten på betring av kulturen på skulen.

Kvinnherad kommune avslutta våren 2021 forfasen i oppfølgingsordninga. Kommunen har fem skular i ordninga. Gjennom pedagogisk analyse har skulane kome fram til ulike utfordringsbilete, som er forankra i profesjonsfellesskapet på kvar skule. Desse ligg til grunn for skuleigar sine vurderingar og val av tiltak. Tiltaka er som følgjer: Inkluderande praksis, lesing i alle fag og leiing av endrings- og utviklingsarbeid.

Resultata på kvar av dei fem skulane blir målt opp mot dei resultatata dei hadde ved inngangen til oppfølgingsordninga.

Etter seks månader i gjennomføringsfasen opplever skulane at dei kan sjå resultat av utviklingsplanane. Skulane rapporterer at dei har fått ei retning på utviklingsarbeidet og dei tilsette er motiverte i prosessen.

Vi vurderer at kommunane i ordninga jobbar målretta med tiltak, sjølv om dei har utfordringar grunna covid-19 epidemien. Tiltaka har rot i eit utfordringsbilete hos kvar enkelt skule, og er utarbeidd gjennom grundig arbeid med analysar. Den lokale forankringa gir praksisnære tiltak, som igjen vil gi betre læringsmiljø og -utbytte for barn og unge ved skulane og i kommunen.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

Vi tok initiativ til og leia ein evaluatingsprosess etter dei store terrengbrannane i Øygarden i juni. Det var ingen omkomne i brannane, men dei vara i mange dagar og førte m.a. til at hus brann ned.

Vi samla alle dei involverte aktørane til eit felles møte på rådhuset i Øygarden, og skreiv eit referat med framlegg til forbetringspunkt. Vi hadde seinare eit oppfølgingsmøte med naudetataane for å diskutere den vidare oppfølginga av funna.

Vi har delteke i prosessane med evaluering av pandemihandtering, initiert av DSB. I juni skreiv vi ferdig ein rapport om førebels evaluering, og deltok på evaluatingsseminaret i regi av DSB og Helsedirektoratet i månadsskiftet november-desember.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik.

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

Ingen avvik.

3.2.3 Barne- og familielatedepartementet

Vi gjennomførte 110 av 112 forskriftsfesta tilsyn ved 15 institusjonar med til saman 49 avdelingar i 2021. Dette er 98,2 % av dei lovpålagte tilsyna.

To av tilsyna gikk ut grunna omsyn til smittevern og kapasitet. Dette blei risikovurdert.

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

I samband med nedstenging som følgje av koronapandemien, avlyste vi fleire utoverretta aktivitetar, t.d. samlinger og planlagde tilsyn med helsetenestene i 2021. Under pandemien har vi i omfang følgt opp kommunane og spesialisthelsetenestene med råd, rettleiing og samordning med minst like store ressursar som vi ville brukt på avlyste aktivitetar.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Det er rapportert om nokre avvik pga. pandemien og klår prioritering av pandemihandteringen innan beredskapsområdet.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen avvik.

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik.

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for:

- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å styrke ledelsesforankringen av kvalifiseringsprogrammet
- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å øke kompetansen på kvalifiseringsprogrammet i NAV-kontorene, herunder hvordan det sikres kompetanse om at kvalifiseringsprogrammet er en lovbestemt rettighet for de brukerne som fyller vilkårene
- Hvordan statsforvalteren har fulgt opp NAV-kontor med særskilte utfordringer i gjennomføringen av kvalifiseringsprogrammet
- Hva er de største utfordringene i kommunenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet?

Leiarforankring og betre kompetanse

For å styrke leiarforankringa var kvalifiseringsprogrammet eit av temaa i dialogmøta med Nav-kontora og kommunane. I forkant av møta skal Nav-leiar evaluere kontorets arbeid med kvalifiseringsprogrammet. Resultatet av evalueringa vert følgd opp i dialogmøtet.

Vi har gitt Nav-kontora tilbod om grunnopplæring i regelverket. Ved kartlegging av kva det er behov for meir opplæring om, svara mange at det er trong for meir grunnopplæring. Vi har også sett at arenaer for erfaringsutveksling og nettverk er viktige tiltak i det kompetansehevande arbeidet. I arbeidet med å planlegge og evaluere nettverkssamlingane har vi med oss ei arbeidsgruppe med KVP-rådgjevarar og representant frå Nav Vestland. Arbeidet blir vidareført i 2022.

Kontor med særskilte utfordringar

Vi har teke kontakt med kontora med særskilte utfordringar, også med oppmading om å delta på opplæringstiltaka som vi har hatt for alle Nav-kontor. Vi har òg gitt tilbod om særskilt opplæring tilpassa aktuelle behov ved det einskilde kontoret, gitt rettleiing til tilsette som tar kontakt, og sendt skriftleg informasjon om tolking av regelverk.

Dei største utfordringane

Fleire Nav-leiarar har opplyst at det er vanskeleg å identifisere andre enn dei som alt er i sosialtenestene. Arbeidsevnevurderinga kan vere utfordrande. Kravet om vesentleg nedsett arbeidsevne vert opplevd å vere i strid med kravet om å delta på fulltid og heiltid. Eit par av kontora som har få deltararar, peikar på at pandemien, ein vanskeleg arbeidsmarknad og dårlig kollektivtransport har gjort det vanskeleg å tilby individuelt tilpassa 37,5 timars veke. Nokre peikar også på at arbeidet med kvalifiseringsprogrammet er særlig ressurskrevjande, og at det krev mykje tid og kompetanse hjå rådgjevarane.

Tjenestebarometer (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne i Trøndelag og Vestland skal kort beskrive status i utvikling av tjenestebarometer. Statsforvalterne bes rapportere på hvordan tjenestebarometeret er blitt benyttet og hvilke erfaringer statsforvalterne har med denne metodikken.

I 2021 hadde vi saman med Nav-Vestland felles dialogmøte med kommunane om tenestene i Nav. Føremålet var å bidra til eit tydeleg og godt forankra eigarskap til tenestene, styrking av partnarskapen og samhandlinga mellom Nav-kontora og andre kommunale tenester. Eit anna føremål var at politisk og administrativ leiing i kommunen og tenesteleiarar får ei felles forståing av arbeidet i tenestene. Vi møtte 14 kommunar i tre ulike regionar. Kommunane gav tilbakemelding om at møta var nyttige.

Vi brukte tenestebarometeret som ein del av førebuinga til møta. Svara frå kommunane gav oss godt grunnlag for risiko-vurderinga som vi hadde med til dialogmøta. I sum gir tenestebarometeret og dialogmøta oss kunnskap og betre grunnlag for prioriteringar, til dømes tilskotsforvaltning og tilbod om opplæring. Svara i tenestebarometeret gav også Nav Vestland grundig informasjon om dei sosiale tenestene i kvar kommune.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal beskrive utøvelsen av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket; herunder hva slags aktivitet det stilles vilkår om, og hvorvidt statsforvalteren generelt oppfatter aktivitetene som hensiktsmessige for å øke overgang til arbeid og utdanning.

Rapporten er basert på svar på kartlegging i desember 2021 og vedtak i klagesaker, under dette også saker der vilkår ikkje er klagegrunnen. Nav stiller mellom anna vilkår om aktivitet til personar under 30 år ved:

- Oppmøte til avklaringssamtalar med Nav.
- Aktiv arbeidssøking, Jobsenter, oppdatere CV og sende meldekort.
- Kommunale arbeidstiltak som "Jobblyst", "FIA", "Nye muligheter" og "Posterus". Dette er tiltak som starta som prosjekt med stønad frå Statsforvaltaren.
- Aktivitet i Frisklivssentralen, Kirkens Bymisjon m.m.
- Statlege arbeidsretta tiltak, som AFT og Avklaring.
- Følgje opp behandling i andre delar av hjelpeapparatet.
- Følgje opp utdanningstiltak.

I kartlegginga svara nokre at dei gjer ei individuell vurdering av om det er rett å stille vilkår, og at dei heller vil motivere til aktivitet. Andre kontor viste til at dei alltid nytta det same tiltaket, til dømes oppmøte på Frisklivssentralen alle kvardagar, men utan at dei nemnde individuell vurdering. Dette tyder på mangelfull og ulik forståing av regelverket. I vedtaka i klagesakene ser vi ofte at Nav nytta ein standardtekst for vilkår. Det manglar ofte ei individuell vurdering, og det kjem ikkje fram i teksten om vilkåret er sett i samarbeid med brukaren. Det er framleis nokre kontor som blandar krav om vilkår og krav om dokumentasjon eller opplysing av saka.

Det kan sjå ut til at ein del av brukarane som står nærmast arbeidsmarknaden, har flytta seg frå sosialstønad til arbeid under pandemien. Det er færre som får sosialstønad, og kommunane sine utbetalinger har gått ned. Det er vanskeleg å seie noko om i kva grad vilkår om aktivitet har medverka til dette. Det kan også vere at det under pandemien har vore eit større behov for vikarar, også dei utan formelle kvalifikasjoner, til dømes innan reinhald, omsorgstenester, daglegvarebutikkar og barnehagar.

Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal beskrive hvilke kompetansehevende tiltak de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret, og redegjøre for hvordan statsforvalteren har tilrettelagt for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV.

I møte og på fagsamlingar la vi særleg lagt vekt på informere om plikta til samhandling, ansvaret og rolla til Nav i barnevernsreforma. Vi har i dialogen med tenestene prioritert tema som førebygging, tidleg innsats, barnefattigdom, tverrfagleg samarbeid og tenesteutvikling på tvers av tenesteområde. Vi hadde

også fagdagar om kva barnevernkonvensjonen har å seie for Nav.

Dei tverrfaglege møta for tilsette og tenesteleiarar og dialogmøta med kommunaleiing har vore nyttige arenaer for utveksling av erfaringar.

Barn og unges særskilte behov under pandemien (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for sin oppfatning av i hvilken grad og hvordan NAV-kontorene systematisk har tilrettelagt for å ivareta barn og unges særskilte behov under pandemien.

Ut frå kva 32 Nav-leiarar svara på ei spørjeundersøking, finn vi at dei fleste har hatt særleg merksemd på behova til barn og unge under pandemien, men at det er variasjonar mellom kontora med omsyn til kva som er gjort. Fleire viste til at Nav hadde godt samarbeid med andre tenester. Nokre viste til dei faste samarbeidsavtalaane med barneverns- og flyktningetenestene.

Døme på tiltak er

- kartlegging av barna sine behov i samtalar med foreldra og bruk av standardiserte kartleggingsverktøy
- ekstra kontakt med og systematisk gjennomgang av behova til familiar med barn og unge
- eigen vakttelefon for betre tilgjenge.

Fleire av leiarane svara at dersom den ekstra kartlegginga ved starten av pandemien ikkje avdekte særleg endring i familiens behov, så vart den vidare oppfølginga gjort som normalt. Nokre viste til at dei hadde sett i verk ekstra tiltak for å sikre høve til deltaking i fritidsaktivitetar, som ekstra økonomisk stønad, klippekort til symjehall, aktiviteteskort, gratis utlån av fritidsutstyr og tilbod om ferieaktivitetar arrangert av kommunen i samarbeid med andre organisasjonar. Eitt av dei største kontora har hatt merksemd på at barn og unge skal ha naudsynte digitale hjelpemiddel til å følgje heimeundervisning. Eit anna av dei store kontora hadde hyppig telefonkontakt med barnefamiliar, inviterte ungdom til gruppessamlingar og til "walk and talk" både i grupper og individuelt.

Eit par av leiarane understreka at kontora har hatt normale opningstider gjennom pandemien og sett inn ekstra ressursar til økonomisk rådgjeving. På grunn av pandemien vart eitt av dei største kontora pålagt å stenge ein lengre periode og hadde då utfordringar med å følgje opp barnefamiliar med dårlege norskkunnskapar.

Økonomisk rådgivning under pandemien (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for sitt arbeid med økonomisk rådgivning under pandemien.

Økonomisk rådgjeving har vore prioritert frå vår side under heile pandemien, til dømes ved å omtale tenesta i artiklar på nettstaden og i dialogen med kommunane og Nav-kontora.

Vi gav tilbod om grunnkurs og vidaregåande kurs og gjennomførte nettverksamlingar. I samarbeid med direktoratet og embeta i Trøndelag og Oslo og Viken, gav vi tilbod om fire eksperatkurs i 2021, og om basiskurs.

Vilkår for norskopplæring (fra kapittel 7.3.1.7 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal følge med på og beskrive innføring av norskopplæringsplikt for mottakere av økonomisk stønad og kommunenes erfaringer med den nye lovbestemmelsen.

Denne rapporteringa byggjer i hovudsak på svar på spørjeundersøking til Nav-leiarane og opplysingar i fagsamling hausten 2021. Fleirtalet av Nav-kontora stiller ikkje eller i liten grad vilkår om norskopplæring. Nav-leiarane oppgir ulike grunnar for det, mellom anna tilgang på ressursar til språkopplæring og økonomi.

Fleire kontor opplever at brukarane er positive til å lære norsk, og i den grad nokon ikkje er motiverte, har det samanheng med høg alder eller helseproblem. Språkopplæring inngår ofte som del av eit kvalifiseringsprogram, og mange opplyser at kombinasjonen språkopplæring og arbeidspraksis har god effekt. Erfaring ved eit av dei større Nav-kontora er at den største gruppa med behov for språkopplæring er kvinner som har vore heimeverande, og som ikkje lenger har rett til gratis opplæring. Brukarane vil gjerne ha stønad til opplæring. Ved kontor i mindre kommunar er det færre brukarar med språkutfordringar, og dei som er aktuelle, får norskundervisning. Eitt stort kontor stiller ikkje vilkår om norskopplæring. Nokre svara at dei nyttar norskundervisning som tiltak, men utan at dei finn det naudsynt å stille vilkår. Eit par leiarar skriv at dei har stilt vilkår om norskopplæring, men til brukarar som alt deltok i slik opplæring. Vilkåret hadde difor ikkje praktisk betydning. Ein Nav-leiar skriv at språkproblem er ei stor utfordring for mange og at det fører til vanskar med å kome i arbeid, men seier ikkje noko om kontoret stiller språkopplæring som vilkår for sosialhjelp.

Digitalisering av sosiale tjenester (Digisos) (fra kapittel 7.3.1.8 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for sin oppfatning av hvordan digitalisering/DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene.

Nav-kontora får no dei fleste søknadene i DIGISOS. Det er framleis mogleg å sende søknad i posten.

DIGISOS gjer kontakten med Nav enklare for brukarar som har digital kompetanse. Det er likevel brukargrupper som av ulike årsaker ikkje kan å bruke digitale kanalar, til dømes brukarar som har utfordringar med språk, rusproblem og eller psykiske lidinger. Det er òg brukarar som ikkje har nødvendig digitalt utstyr eller digital kompetanse. Dei sosiale tenestene må vere tilgjengelege også for desse brukarane.

Vi veit at nokre brukarar har problem med å få levert den dokumentasjonen Nav ber om, anten fordi dei ikkje har ein digital kopi av dokumentasjonen eller fordi DIGISOS ikkje kan ta imot den digitale dokumentasjonen som brukaren prøver å leggje ved.

Vidare er det viktig at dei digitale løysingane ikkje erstattar eller står i vegen for annan kommunikasjon med dei som tek kontakt og søker om tenester eller treng oppfølging. Saka er ikkje alltid godt nok opplyst med det søkeren har sendt inn eller lagt ved. Når kommunikasjonen hovudsakleg er digital, kan det òg vere vanskelegare å avdekke andre behov som søkeren kan ha.

Sidan DIGISOS manglar klageskjema, blir terskelen høgare for ein del av dei som vil klage.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.9 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status på gevinstrealisersplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns og Arbeids- og sosialdepartementers områder i årsrapport for 2021.

Statens helsetilsyn

Vi har i tre år hatt eit internt prosjekt med utvikling av tilsyn innan helse, omsorg, sosial og barnevern med mål om effektivisering og større effekt av tilsyn i tenestene. Vi går inn i sakene på ein måte som er meir differensiert og tilpassa problemstillinga, og vi har større merksemeld på oppfølginga av tilsyn og om tiltaka som verksemldene set i verk for å rette lovbroter til betre og tryggare tenester for brukarane. Utviklingsarbeidet i regi i Helsetilsynet er integrert i vår organisasjon.

Arbeids- og sosialdepartementet

Eit overordna mål er betre kvalitet i sakshandsaming, informasjon og rettleiing. Etter samanslåinga av embeta har vi utvikla ein felles plattform for arbeidet vårt på departementets område. Det bidrar til at vi når dei overordna måla. Vi har etablert eit sterkt og meir robust kompetansemiljø på fagområdet. Som ein konsekvens har vi hatt ei tettare oppfølging av tenestene. I månadlege møte med Arbeids- og velferdsdirektoratet har vi hatt gode kanalar for å løfte aktuelle utfordringar, til dømes utfordringar med regelverk, behov for faglege avklaringar, behov for merksemeld på bameperspektivet i Nav, Nav si rolle i oppvekstreforma og tilbakemelding på i kva grad Nav sine tenester er tilgjengelege.

Prosjekt "Økt kompetanse" har ført til stor merksemeld på korleis vi saman med Nav fylke arbeider heilskapleg med styrking av kompetanse i tenestene. Vi vidarefører ei prosjektstilling for å styrke utviklingsarbeidet på Nav-området etter at prosjektpérioden i det sentrale prosjektet er avslutta. Saman med Nav Vestland har vi utvikla kompetansestrategiar i tråd med oppdragsbreva og etablert ein felles arena for dialogmøte med politisk og administrativ leiing i kommunane.

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven og gi en kort vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

Det er tre krisesenter som stettar krisesentertilbodet for alle kommunane. Alle krisesentera gjev tilbod til barn, kvinner og menn, og tilboden er tilgjengeleg heile døgnet.

Tilsyn

Vi førte tilsyn med fire kommunar etter krisesenterlova i 2021 og undersøkte om kommunane sikrar at barn som bur på krisesenter vert følgde opp i samsvar med behov. Under dette undersøkte vi om kommunane følgjer med på at barna får oppfylt rettar som dei har etter andre lovverk under og etter opphold på krisesenteret. Temaet var valt ut på grunn av bekymring for situasjonen til sårbare barn under pandemien. I to kommunar fann vi manglar ved oppfølging og kontroll med krisesentertilbodet.

Informasjon til kommunane om fagleg rettleiar for innhald og kvalitet i krisesentertilbodet

Krisesentertilbodet var tema i vår løpende kontakt, dialog og fagsamlingar med alle kommunane. Vi har orientert om krav til kvalitet og om å gjere

krisesentertilbodet kjent i brev til kommunane. Under pandemien har vi også fått informasjon om krisesentertilbodet gjennom kartleggingane som Bufdir har gjennomført på vegner av den nasjonale koordineringsgruppa.

Vurdering

Alle kommunane har krisesentertilbod, men vi ser at fleire kommunar har for lite informasjon om dei som nytta tilboden. Vi er særleg uroa over at mange barn blir buande i ein familiesituasjon med vald og trugsmål over lang tid før dei får hjelp. Vi veit til dømes at det har vore færre valdsutsette med barn som har teke kontakt med krisesentera i 2021. Det kan sjå ut til at fleire barn har flytta tilbake til valdsutøvaren etter opphaldet samanlikna med tidlegare år. Bergen kommune har etablert krisesentertilbod til kvinner med rusvanskar. Krisesenter Vest har meldt at dei ikkje har eigna lokale dersom brukarar må i karantene eller isolasjon på grunn av korona. Dette er meldt vidare til vertskommunen. Vi har ikkje informasjon om andre endringar i krisesentertilboden i fylket.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	43
Antall krisesentertilbod i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2019	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2019	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2020	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2020	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2021	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2021	4

Statsforvalteren skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall behandlede søknader, og fattede vedtak inndelt i innvilgeler, avslag og avisninger (avslag og avisninger skal differensieres i rapporten) knyttet til hver sakstype, etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova i årsrapporten. Når det gjelder ekteskapsloven § 18a andre ledd, bes statsforvalteren differensiere rapporteringen for saker ut ifra sakstype, dvs. etter om sakene gjelder bokstav a), b) eller c).

Statsforvalteren skal rapportere på andelen separasjons- og skilsmessesøknader som er mottatt digitalt.

Sjå tabell og kommentar.

Statsforvalteren skal rapportere på antall fatede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall fatede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Vi har i 2021 berre gjort eitt vedtak etter barnelova. Dette var eit vedtak i ei klagesak som gjaldt rett til opplysningar om barnet etter barnelova paragraf 47.

Ekteskapssaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avtak	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ektskapsloven	Separasjon, jf. § 20	957	943	1	13	80 %
Ektskapsloven	Skilsmissesak, jf. § 21	898	882	11	5	83 %
Ektskapsloven	Skilsmissesak, jf. § 22	48	33	1	14	27 %
Ektskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ektskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7	1	0	1	0	0 %
Ektskapsloven	Fritak fra dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	23	17	6	0	0 %
Ektskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Klage på at vigsler er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ektskapsloven	Godkjennning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ektskapsloven	Reise sak for å opp løse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmissesak eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	82	80	2	0	0 %
Brudvigjingslova	Godkjennning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Tabellen syner ein liten nedgang i talet på innvilga separasjonar og skilsmisser samanlikna med i 2020. Talet på mottekne søknader er derimot stabilt. I alle sakstypene er det berre ført opp søknadane som er formelt avviste. Vi har også søknader som er lagde vekk til vi får inn manglende dokumentasjon. Delen fritak for dokumentasjon av skifte gjeld både søknader som har kome inn saman med søknad om anerkjennung og søknader som har kome inn separat. Delen av digitale søknader er omtrentleg. Det kan til dømes kome inn flere digitale søknader i same sak. Vi har også motteke søknader i 2021 som framleis er under handsaming. Vi har i dag omtrent 250 saker under handsaming. Talet på søknader som er godkjende/avslatte/avviste er difor ikkje likt med talet saker som er motteke og handsama i 2021. Søk i Ephorte er heller ikkje ei sikker kjelde for statistikk, då det er vanskeleg med presise søk.

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familielrettens område. Dette kan for eksempel være hvilke typer saker som dominerer, utviklingstrekk og utfordringer. Det er også av interesse å få opplyst hvem som kontakter statsforvalteren.

Vi har i 2021 gjeve rettleiing/informasjon om reglane i barnelova, både skriftleg og per telefon, mest per telefon. Det er foreldre og barnevernstenester som tek kontakt.

Når foreldre tek kontakt handlar det ofte om samvær og fordeling av reisekostnader og eventuelt tvangskraft for vedtak eller avtale om dette, jf. barnelova § 44 eller § 55. Vi får også spørsmål om rett til opplysningar om barnet, jf. barnelova § 47.

Vi opplever ganske ofte at ein av foreldra tek kontakt om at barnet ikkje får BankID, minibankkort/konto eller pass, fordi det krev underskrift av begge foreldra, og den andre forelderen vil ikkje samtykke til dette eller er ikkje mogleg å få tak i

Barnevernstenestene tek kontakt om forholdet mellom barnelova og barnevernlova og får rettleiing om det, jf. rundskrivet om dette. Vi får også spørsmål om kven av foreldra som har rett til informasjon i samband med ei barnevernssak, til dømes der foreldra ikkje bur saman og barnevernstenesta har opna undersøking.

Vi får også spørsmål om kva som ligg i rest-foreldreansvaret etter omsorgsovertaking, til dømes om det er foreldra eller barnevernstenesta som kan bestemme i spørsmål om BankID, minibankkort/konto, konfirmasjon og økonomi.

Informasjon om biologisk opphav

Vi finn ikkje eit eige avsnitt for rapportering av saker innan biologisk opphav. Rapporteringa vert derfor lagt inn her.

Vi har i 2021 handsama 53 saker om opplysningar om den adopterte sitt biologiske opphav i saker der Statsforvaltaren har gjeve løyve til adopsjon. Dette er fem saker meir enn i 2020. Ved utgangen av 2021 hadde vi seks saker under handsaming.

I 38 av sakene var det den adopterte sjølv som tok kontakt for å få opplysningar om sitt biologiske opphav. Dei resterande 15 sakene gjaldt tilfelle der den bortadopterte var død og der etterkommarane spurte om opplysningar om sitt biologiske opphav, jf. ny adopsjonslov sett i kraft 01.07.2018.

Vi gjev også mykje informasjon og rettleiing over telefon på dette saksfeltet.

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

Vi har ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontora i år.

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Bufdir vil oversende utfylte skjemaer med data på utvalgte indikatorer fra kommunenes halvårsrapportering og SSB. Disse skjemaene skal benyttes som underlag i statsforvalterens vurdering av risikobildet i kommunal barnevernstjeneste.

Akuttberedskap

Ved årsskiftet 2021/2022 var det tre kommunar som ikkje hadde forsvarleg akuttberedskap i barnevernet. Barnevernstenesta har ikkje tilgjengeleg beredskap på kveld, natt og helgedagar, men viser til alarmtelefonen eller politiet etter arbeidstid. Det er iverksett tiltak for å få på plass akuttberedskap i regi av læringsnettverket i fylket.

Vurdering av kvalitet og risiko

Gjennom rapporteringar, kartleggingar, tilsyn og klagesaksbehandling, ser vi at det er stor variasjon i den faglege kvaliteten i dei ulike barnevernstenestene.

Undersøkingar

I 2019, 2020 og 2021 har vi ført tilsyn med og avdekt at fleire barnevernstenester ikkje gjennomfører undersøkingar i tråd med lovkrav. Det er manglar i kunnskapen om forvaltningsrett som til dømes rett til kontradiksjon, dokumentasjonsplikt, rett til medverknad og informert samtykke. Vi ser også at informasjon om barn ikkje blir vurdert opp mot bekymring for barn, og at det i for mange barnevernssaker ikkje blir gjort gode faglege vurderingar. Vi meiner det i mange tenester er stor risiko for at omsorgssituasjonen ikkje blir avklart, og at barn ikkje får rett hjelp til rett tid.

Barns rettar

Vi ser at tenestene har auka kunnskap om og stor merksemd på barns rettar og at barn skal få medverke i eiga sak. Likevel viser tilsyn at barns synspunkt og barnets beste ofte ikkje er vurdert opp mot annan informasjon i sakene. Vi meiner barns rett til medverknad og barnekonvensjonen framleis ikkje er forstått og godt nok innarbeidd i saksbehandlinga og i kontakten med barn.

Vald og overgrep

Under pandemien har vi hatt stor merksemd på saker om vald og overgrep. Vi veit at nokre tenester har hatt stor auke i slike bekymringar, medan andre tenester ikkje har registrert endringar. Vår vurdering er at tenestene tek bekymring om vald og overgrep alvorleg, og at mange barn får hjelp når barnevernet først er varsla. Vi meiner likevel at manglar i kvaliteten på undersøkingsarbeidet for ofte fører til at bekymringar ikkje blir avklara, og barn blir buande i ein skadeleg familiesituasjon over lang tid. Vi ser også at mange barn blir utsett for internettrelaterte overgrep, utan at vaksne veit om det. Vi vil ha eit større søkelys på denne typen overgrep mot barn i 2022.

Høgkonfliktsaker

Mange av sakene vi får, gjeld høg konflikt mellom foreldre som ikkje bur saman. Vi er uroa over omfanget og alvoret i desse sakene som gjeld både barnevernlova og barnefamilien, og ser at tenestene strever med å få til gode og stabile løysingar for barna.

Tilsyn med barn i fosterheim

Tenestene har ikkje gjennomført det lovpålagte volumkravet for tilsyn med barn i fosterheim. Omsyn til smittevern kan forklare litt, men vi er uroa over at tenestene ikkje har klart å stette dette i tråd med lovkrav over mange år.

Bemannning og kompetanse

Det er fleire tenester som har utfordringar med å rekruttere og behalde nødvendig fagkompetanse. Det er stor utskifting og tidvis høgt sjukefråvær. Det gjeld også leiarar. Vi meiner dette er ei vesentleg forklaring på at tenestene strever med å sikre god og trygg hjelp til barn og familiar. Vidare er vi uroa over at den offentlege omtalen av barnevernet over tid har vore negativ. Gjentakande negativ omtale trur vi fører til manglande tillit til tenestene, og at det aukar belastninga på dei tilsette.

Rapportering på tiltak i gevinstrealiséringsplanen (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)

Rapportere på**Rapporteringskrav på tiltak i gevinstrealiseringssplanen****Søknadsbehandling separasjon og skilsmissesaker**

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på arbeidet med å sentralisere saksbehandlingen av søknader om separasjon og skilsisse etter ekteskapsloven innenfor de nye sammenslåtte statsforvalterne. Statsforvalterne skal gjennomføre en kartlegging av ressursbruk og kvalitet i siste kvartal 2022 og dette skal rapporteres i årsrapporten for 2022.

Tilsyn etter barnevernloven med forskrifter

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status på arbeidet i årsrapporten for 2021.

Søknadshandsaming separasjon og skilsmissesaker

Samanslåinga av embata har gjeve eit sterkt felles fagmiljø på saksfeltet. Vi har blitt gode på å samarbeide frå ulike kontorstadar, noko som har gjort oss godt rusta i koronapandemien.

Sakshandsamarane i Vestland arbeider gjennom ei felles tilgangsgruppe i Ephorte. Dette gir godt oversyn over saksmengde og gjer at vi kan handsame saker i kø etter dato.

Eit anna arbeidsverktøy vi bruker aktivt er One Note. Her legg vi inn malar, vurdering av rettslege spørsmål, døme på saker, møtereferat og liknande. Dette gir alle sakshandsamarane tilgang på lik informasjon. Verktøyet sikrar effektiv handsaming og lik handsaming av like saker.

Vi gjennomfører også arbeidsmøte kvar tredje veke. Møta gir oss eit felles treffpunkt for å diskutere aktuelle problemstillingar. På møta går vi gjennom status på saksfeltet og ser på restansesituasjonen. Vi diskuterer også aktuelle problemstillingar, går gjennom konkrete saker, utarbeider rutiner og liknande.

Tilsyn etter barnevernlova med forskrifter

Vi har oversikt og held oss orientert om område med risiko for svikt. Målet er at tilsyn skal føre til betre tryggleik for tenestemottakarane og varig forbetring. Vi tilpassar inngangen i tilsynssaker og tilsynsmetodikk i tråd med Helsetilsynet sine tilrådingar.

Vi har i større grad enn tidlegare tilpassa måten vi følger opp lovbroten. Når lovbroten ikkje er fanga opp av leiinga gjennom ordinære styringstiltak, følgjer vi opp både skriftelege og i oppfølgingsmøter fram til praksisen som førte til svikt er endra. Vi meiner dette fører til ei reell forbetring i tenestene og reduserer risikoen for ny svikt på same område. Tenestene melder tilbake at slik oppfølging er ei god hjelpe i arbeidet med å rette lovbroten. Gjennom kontinuerleg forbettingsarbeid meiner vi tilsyna etter barnevernlova er forbetra.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2021	Antall gjennomførte tilsyn i 2020	Antall gjennomførte tilsyn i 2019
4	0	1	0

Oversikt over antall saker... (fra kapittel 7.3.2.9.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere antall saker i hver kategori og utfallet av dem.

Vi fekk 270 søknader om oskespreiing i 2021. 239 søknader vart innvilga, medan 17 søknader vart avslagne. Ingen av avslaga frå 2021 er klaga på til Barne- og familieldepartementet. Vi har ikkje fått søknader om privat gravstad eller klager på kommunalt enkeltvedtak etter gravferdslova.

Elles meiner vi i år som i fjor at tida er komen for å vurdere om det i det heile er naudsynt med ein søknadsprosess på dette feltet. Eit alternativ kan vere å påleggje krematoria plikt til å informere dei pårørande om kva reglar som gjeld for spreying av oske, med mogleg bøtestraff for dei som bryt reglane. Så blir det opp til kvar einskild å rette seg etter reglane, slik det er på mange samfunnsområde. Samfunnsskaden av moglege brot på reglane er så liten at vi ser ikkje nytte av å halde fram med det byråkratiet som ligg i søknadsprosessen vi har i dag. Heller ikkje i dag kontrollerer vi om dei som får løye, held seg til vilkåra.

Oversikt over antall saker i hver kategori... (fra kapittel 7.3.2.10.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere antall saker i hver kategori og utfallet av dem.

Vi har handsama tre søknader om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred etter paragraf 5 første ledd, om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. To av søknadene er innvilga, medan éin er avsleghen.

Det er éin kommune som har søkt om godkjenning som typisk turiststad i 2021. Denne søknaden er framleis under handsaming.

Rapportering på Leve hele livet (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket kan vise til politisk vedtatte planer for hvordan innsatsområdene og løsningene i kvalitetsreformen Leve hele livet skal gjennomføres lokalt.

Vi har organisert Leve heile livet som eit prosjekt med representantar frå helse-, landbruks- og kommunalavdelingane. Frå september blei seks tilsette frå Husbanken som arbeider med rettleatingsoppgåver overfor kommunane om bustadssosialt arbeid, ein del av Statsforvaltaren, som del av eit treårig prøveprosjekt. Desse seks tilsette og koordinatoren for Leve heile livet-prosjektet er i same seksjon. Vi vil få auka merksemd på bustadsosialt arbeid med dei nye personalressursane og oppgåvene med på laget, og dei er no ein del av prosjektgruppa for Leve heile livet.

Gjennom dialogmøte, nettverk og webinar har regionalt støtteapparat møtt kommunane og gitt oppfølging og støtte i arbeidet med reforma. Kommunane har prioritert planarbeidet, og i siste rapportering hausten 2021 hadde 56 prosent av kommunane politisk vedtekne planar for arbeidet. 41 prosent melde tilbake at dei kunne rekke å få politisk vedtak i løpet av 2021. Vi ser per januar 2022 at fleire kommunar fekk på plass politisk vedtekne planar mot slutten av 2021. Fleire kommunar melder om at pandemien er ei av årsakene til at dei ikkje har fått alle vedtak på plass. Samla sett vurderer vi difor dette resultatet som godt og forventa, og ser behov for ei vidare oppfølging av planarbeidet i løpet av våren 2022.

Kommunane løyser arbeidet med reforma på ulike måtar. Dei fleste lagar eigen handlingsplan eller prosjektplan for arbeidet med reforma. Her vert alle innsatsområda synleggjorde med mål og tiltak. Fleire kommunar har organisert arbeidet med reforma som prosjekt. Det er oppnemnt tverrgående arbeidsgrupper med mandat og rammer for utvikling og igangsetting av tiltak. Leiatar for helse- og omsorgstenestene i kommunen leier ofte desse arbeidsgruppene. Nokre kommunar har engasjert eller tilsett eigen prosjekteilar for arbeidet.

For andre kommunar, til dømes Børøya, har det vore viktig å integrere arbeidet med reforma i ordinært plan- og utviklingsarbeid. Fleire av tiltaka innanfor innsatsområda mat og måltid, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene, var påbegynt før reforma. Innsatsområdet aldersvenleg samfunn er tatt inn i overordna plan og utviklingsarbeid. Etter vår vurdering er dei ulike løysingane spennande og gode.

Vi ser at tema som aldersvenleg samfunnsplanlegging, rekruttering og kompetanse og skyssordningar eller transport, er felles utfordringar som mange kommunar treng støtte og hjelpe til. Dette blir det også jobba med i dialogen mellom støtteapparatet og kommunane.

Vi formidlar til kommunane at ein føresetnad for å lukkast er at dei får til å jobbe på tvers av sektorar. Kommunane melder tilbake til oss at dei ser nytten av dette, men at det for fleire er ei utfordring å få til det tverrfaglege samarbeidet. Nokre kommunar ser på reforma som ei helsereform og ikkje ei samfunnsreform.

Vi vurderer derfor at vi det blir viktig å ha endå tydelegare merksemd på desse utfordringane i det vidare arbeidet. Dei kommunane som er komne godt i gang reforma og har utarbeidd gode rutinar, nyttar vi som gode døme for dei som ikkje er komne like langt.

Rapportering på Demensplan 2025 (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2025, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig.

Kommunane har i ulik grad tilrettelagt tenestetilbodet til personar med demens i tråd med mål, strategiar og tiltak i Demensplan 2025. Kommunane er kjende med den demografiske utviklinga og utfordringsbiletet, men vi er usikre på om planar og tiltak i tilstrekkeleg grad vil sikre gode tenester og eit samfunn som er tilrettelagt for ei veksande gruppe personar med kognitiv svikt og demenssjukdom. Vi har gode haldepunkt for at kommunane kan bli betre på dimensjonering av tenestene og har teke dette opp på aktuelle areaner og møtepunkt med dei. Mange har utfordringar med å skaffe personell med riktig kompetanse til å møte behov for tenester til personar med demens. Vi understøttar arbeidet med å rekruttere personar med høgskulekompetanse.

Vi må ha auka merksemd på fleire område framover, til dømes oppfølging etter diagnose og individuell tilrettelegging. Brukarmedverknad har fått større merksemd, men fleire kommunar manglar system for korleis dei skal sikre dette til kvar tid. Vi meiner at tilboden til yngre personar med demens og personar med åtferdsutfordringar bør styrkast.

Dagtilbod

Mange dagaktivitetstilbod har vore stengde i 2021 på grunn av smittesituasjonen. Mange seniorar og eldre har vore isolerte frå familie, vener og det sosiale fellesskapet. Vi meiner at tilrettelagde dagaktivitetstilbod i kommunane treng styrking både i omfang og innhald.

Gode og samanhengande tenester

God oppfølging av personar med demens og deira pårørande krev tett samhandling mellom dei ulike instansane som spesialisthelseteneste, fastlegar og kommunens tenestetilbod, for å sikre et heilskapleg pasientforløp gjennom hele sjukdomsforløpet. Samarbeid med demensteam og det å ha ein fast kontaktperson i tidleg fase av sjudomsforløpet, er viktig. Vi må gjennom vårt arbeid understøtte kommunane i deira arbeid for å få til ei betre samordning for god oppfølging av personar med demens.

Rapportering på Kompetanseløft 2025 (fra kapittel 7.3.3.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstenestene i kommunene, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbod i fylket, tilgangen på desentraliserte og deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

Kompetanse- og rekrutteringssituasjonen i helse- og omsorgstenestene

Kommunane rapporterer om stadig større utfordringar med rekruttering av kompetent personell til helse- og omsorgstenestene. Rekruttering, spesielt av legar, sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar, er utfordrande for alle små og store, distrikts- og sentrumsnære kommunar. Psykologar og jordmødrer er også yrkesgrupper som er vanskeleg å rekruttere til.

Fastlege

Vanskane med å rekruttere fastlegar aukar. Per januar 2022 har seks kommunar ingen ledig listekapasitet. I tillegg har seks kommunar under 50 ledige listeplassar. Totalt 25 av 43 kommunar har lyster utan fast lege, som vert betjent av vikarar. Det er totalt 40 lyster utan fastlege. I mars 2020 var 11 lyster var utan fast lege. Talet på pasientar på desse listene har auka frå 8 950 til 17 789 i same periode. Særleg bekymringsfullt er det at det også er vanskar med rekruttering i Bergen og i større kringliggjande kommunar. Arbeidsmengda har auka over tid, og det er behov for å redusere listestørleiken. Det fører til auka behov for rekruttering av nye legar.

Kommunane tilbyr i aukande grad fastløn eller gunstige avtalar for næringsdrift. Det er døme på at kommunar overbyr kvarandre i konkurransen om gode kandidatar. Nordsjøturnus, gjenkjøpsavtalar for næringsdrivande legar og fritak frå kommunale oppgåver er også forsøkt av ein del kommunar. Kommunane melder om store vanskar med å få tak i vikarar, særleg langtidsvikariat. Både vikarbruk og «nordsjøturnus» fører til dårlig kontinuitet for lege-pasient-relasjonen. Dette kan medføre risiko ved oppfølging av behandling frå sjukehus, ved at epikriser og prøvesvar ikkje blir følgde opp slik dei skal.

Tiltak i Handlingsplanen for allmennlegetenesta ser så langt ikkje ut til ha tilstrekkeleg effekt. Vi følgjer opp handlingsplanen og samarbeider med ALIS Vest og kommunane. Arbeidet med å redusere arbeidsmengda for fastlegar bør oppretthaldast. Det bør leggjast til rette for at kommunar i større grad kan tilby fastløn og/eller kortare pasientlister. Interesse for allmennmedisin bør i større grad leggjast vekt på ved tilsettjing av LIS1-legar på sjukehus. Legar som ventar på LIS1-teneste er også ein unytta ressurs som, brukt på ein forsvarleg måte, kunne vore nyttal som vikarar. Dette kan på sikt også vere rekrutteringsfremjande.

Utvikling sysselsette og årsverk

Tal frå Statistikkbanken for 2020 tyder på at auken i sysselsette og talet på årsverk i helse- og omsorgstenestene held fram. Veksten kan vere eit uttrykk for kapasitetsvekst og tilpassing til auka behov for tenester. Vanskane med rekruttering av personell vil auke dersom tilgangen på kvalifisert personell ikkje vert betre. Nokre kommunar har nedgang i talet på både årsverk og sysselsette. Reduksjonen er størst i gruppa med vidaregående opplæring. Høgt sjukefråvær, høg gjennomtrekk og mange deltidstilsette er òg ein del av utfordringsbildet og med negative konsekvensar for kvalitet, effektivitet og arbeidsmiljø. Slik vi vurderer det, er delen årsverk og sysselsette utan helse og sosialfagleg utdanning i helse- og omsorgstenestene framleis stor. På landsbasis har 40 prosent av denne gruppa utdanning på ungdomsskulenivå eller lågare. Vi er uroa for kva denne manglende kompetansen har å seie for kvalitet og tryggleik i tenestene. Styresmakter, utdanningsinstitusjonar og kommunane må leggje meir til rette for å få heve formalkompetansen til denne gruppa.

Bergen kommune har i mange år hatt samarbeid med høgskulen om desentralisert bachelor i sjukepleie og vernepleie for eigne tilsette. Nabokommunar har også nyttal seg av tilboden. Endringar i opptakskrava til desentralisert utdanning gjer det no meir utfordrande både økonomisk og i tid for kommunen og dei tilsette å gjennomføre utdanninga. Det er behov for å revurdere inntakskrav og leggje til rette slik at omfattande praksiskrav ikkje vert til hinder for at tilsette får utdanne seg. Samstundes må kvaliteten på utdanningane bli varetaken.

Utdanningstilbod

Fylkeskommunen og Høgskulen på Vestlandet har utdanningstilbod innan helsearbeidarafaget, sjukepleie, vernepleie og sosialfaga. Høgskulen har tilbod om både heiltids- og deltidsutdanninger på dei ulike studiestadene. Inntrykket vårt er at dei ønskjer å samarbeide med kommunane. Vi meiner likevel at dei tradisjonelle tilboda ikkje er nok. Utdanningsinstitusjonane må bli meir omstillingssyktige og fleksible i sine tilbod. Dei må lytte meir til kommunane og samarbeide betre om deltids- og desentraliserte tilbod. Det er behov for utdannningar tilpassa kommunale behov og meir praksis i kommunane. Økonomi må ikkje vere eit hinder for å få til fleire, gode og alternative løysingar.

Rekruttering- og kompetanseplanlegging

Kommunane er opptekne av og mange arbeider systematisk med å rekrutttere fleire og heve kompetansen blant tilsette. Samstundes er det kommunar som manglar kompetanseplan, og som ikkje har synleggjort kompetanse- og rekrutteringsutfordringar i planane sine. Mange kommunar løyer

utfordringane fortløpende med kortsigte tiltak. Vi har tatt opp rekruttering og systematisk kompetanseplanlegging i webinar og dialogmøte med kommunane.

Kommunane søker i stor grad om tilskotsmidler til kompetanseheving og utdanning fra kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot. I 2020 utgjorde søknadene fra kommunane mest tre ganger fullmakta vår. Tilbakemeldinga fra kommunane er at tilskotsordninga er eit viktig bidrag for å heve kompetansen i tenestene. Diverre er det mange kommunar som ikkje klarar å gjennomføre planlagde opplæringstiltak og som søker om overføring av tilskot.

Det er behov for fleire sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidrarar. Dei utgjer grunnkompetansen i helse- og omsorgstenestene.

Vi meiner at kommunane i større grad bør ta ansvar for eigne tilrettelagde opplæringstilbod og kompetanseheving tilpassa lokale behov i tida framover. Innhaldet i utdanningane bør også utformast i tråd med og tilpassa endringar i tenestetilbod og hjelpebehov. Det er behov for nye måtar og modellar for å organisere praksis. Godt samarbeid med utdanningsinstitusjonane og interkommunalt samarbeid i tillegg til økonomisk stønad og tilrettelegging frå staten, er nok avgjerdande for at kommunane skal lukkast med dette.

Rapportering på habilitering og rehabilitering (fra kapittel 7.3.3.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av hvorvidt tilbuddet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrapningsplanen. Rapporteringen skal også inkludere hvorvidt det sikres nødvendig rehabilitering til pasienter med Covid-19 og hvordan pandemien eventuelt har påvirket tilbuddet til andre med behov for habilitering og rehabilitering.

Tilbodet innan habilitering og rehabilitering vart ikkje vesentleg endra i 2021. Tiltak for å handtere pandemien har innverka på utviklingsarbeidet. På grunn av pandemien har nokre tenestemottakarar fått redusert rehabiliteringstilbod eller ikkje fått tilbod i det hele. Resultat frå evalueringa av opptrapningsplan for habilitering og rehabilitering vart våren 2021 presentert i webinar for kommunane og spesialisthelsetenesta. Rehabilitering i kommunen etter covid-19-sjukdom og informasjon om Helsedirektorats rettleiing og webinar om seinfølgjer og rehabilitering etter covid-19, var òg tema i samlinga. Bergen kommune har etablert eige tilbod til personar over 18 år som har hatt covid-19 og slit med etterverknader. Helseføretaka har rehabiliteringstilbod. Arbeidet med helsefellesskap vart presentert i fleire av møtepunkta med kommunane. Vi ventar at helsefellesskapet vil bidra til styrkt samhandling og samarbeid, også innan habilitering og rehabilitering.

Det er mykje u gjort på fagområda habilitering og rehabilitering. Tenestene er fragmenterte og sårbare med omsyn til tverrfagleg og tverrrelatert samarbeid. Små kommunar er sårbare når det gjeld personell og ressursar i rehabiliteringstenestene til å gjennomføre tiltak slik som planlagt. Barn og unge med nedsett funksjonsevne og behov for langvarige og koordinerte tenester er ei brukargruppe som ofte ikkje får det tenestetilbodet dei har behov for. Det er stor variasjon i tilgangen på kompetanse og kapasitet i habiliteringstenestene i spesialisthelsetenesta og i dei kommunale tenestene. Det innverkar på tilboda til unge under 18 år med utviklingshemming, også til dei som har vedtak om bruk av tvang. Det er òg stor variasjon i tilboda til eldre og personar med rus og eller psykiske vanskar. Slik vi ser det, er det behov for ei ny målretta nasjonal satsing for styrking av habilitering og rehabilitering.

Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen i helsestasjon- og skol (fra kapittel 7.3.3.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en kortfattet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen i helsestasjon- og skolehelsetjenesten, herunder en vurdering av hvordan koronasituasjonen har påvirket kommunenes lovpålagte tilbud til gravide, barn og unge.

Dei fleste kommunane oppfyller dei formelle krava til fagkompetanse i helsestasjon og skulehelsetenesta. Alle har tilsett eller avtale om helsejukepleiar og lege, men fleire har ikkje tilsett jordmor. Nokre har avtale med nabokommunar om jordmøteneste. Tal frå SSB tyder på at nokre få kommunar ikkje har stilling for fysioterapeut ved helsestasjon og i skulehelsetenesta. Fleire av kommunane har tilsett psykolog og psykiatrisk sjukepleiar i desse tenestene.

Kommunane rapporterer om vanskar med å rekruttere personell, spesielt jordmødrer. Dei fleste kommunane har små stillingsbrøkar for jordmødrer og fysioterapeutar på helsestasjon og i skulehelsetenesta. Vi meiner dette gjer det endå meir utfordrande å rekruttere til stillingane. Mangel på personell med relevant fagleg kompetanse er etter vårt syn den største utfordringa.

I tråd med nasjonale tilrådingar har vi i kontakten med kommunane presisert at tenestene til barn og unge, så langt som råd, skal vere opne og tilgjengelege.

Pandemien har påverka tilboda til barn og unge, spesielt i periodane med strenge nasjonale tiltak. Helsejukepleiarar i ein del kommunar vart i periodar omdisponerte til vaksinering og testing. Ved gjenopning våren 2021 meldte tenesteleiarane om større pågang, barn og unge som sleit med einsemd, bekymring, stress, angst og helseangst, søvnproblem, depresjon, tvangstankar, skulevegring og problemstillingar kring mat, både overekt og spisevegring, tvangstankar og sjølvskading. Det vart også meldt om familiekonfliktar, omsorgssvikt og vald i nære relasjoner. Fleire melde om vanskar med å gjennomføre barselgrupper og babygrupper på grunn av smitteverntiltak, og om nybakte foreldre som trøng støttesamtalar og ekstra oppfølging.

Rapportering på planlegging av helse- og omsorgstjenesten (fra kapittel 7.3.3.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av omfanget og kvaliteten i kommunenes arbeid med å integrere planlegging av helse- og omsorgstjenestene i det ordinære økonomi- og planarbeidet i kommunen, herunder andelen kommuner som ikke i tilstrekkelig grad integrerer disse tjenestene i planleggingen.

Basert på ein gjennomgang av det som ligg lett tilgjengeleg på nettsidene til kommunane, referat frå dialogmøte vi har hatt i Leve heile livet-arbeidet og delrapportering, finn vi at

- 29 kommunar har kommunedelplan for helse eller annan type plan, og 25 av desse er tilgjengelege på heimesidene til kommunane.
- 14 kommunar har ingen gjeldande planar tilgjengeleg på nettsidene. Mange av desse kommunane er i ferd med å lage ein plan eller planprogram, har ein mellombels plan eller held på med ferdigstilling planen. Av dei 14 kommunane veit vi at sju kommunar har utarbeidd eigen Leve heile livet-plan.
- Det er totalt 16 kommunar som arbeider med ein ny overordna helse- og omsorgsplan. Fleire av kommunane som blei slått saman i 2020, jobbar til dømes med ein felles overordna helse- og omsorgsplan for den nye kommunen.

Ein slik gjennomgang gir sjølv sagt ikkje heile biletet. I økonomiplanar ser vi at kommunane planlegg sine helse- og omsorgstenester sjølv om dette ikkje alltid er synleg gjennom tilgjengelege kommunedelplanar eller handlingsplanar for helse- og omsorg.

Det er vanskeleg å vurdere kvaliteten på kommunane sitt arbeid med å integrere planlegging av helse- og omsorgstenestene i det ordinære- og planarbeidet sidan vi får svært få av delplanane til gjennomsyn. Temaet er sentralt i dialogmøta som vi gjennomfører i Leve heile livet-arbeidet. Vi ser at mange kommunar er forseinka i planarbeidet. Dette kan skuldast pandemien, mangel på ressursar og eller plankskompetanse i kommunen.

Tvungen somatisk helsehjelp (fra kapittel 7.3.3.7 i TB)**Rapportere på**

Vi ber statsforvalteren evaluere involveringen av brukere og pårørende i tilsynet med praktiseringen av tvungen somatisk helsehjelp i den kommunal helse- og omsorgstjenesten, jf. oppdrag 3.3.1.3.10. Evalueringen vil gjennomføres som en digital samling i siste kvartal av 2021. Statens helsetilsyn vil sende ut invitasjon til samlingen med konkrete spørsmål i forkant av samlingen.

Våre tilsyn var retta mot omsorgsbustader og pasientar med kognitiv svikt. På grunn av koronapandemien vurderte vi at det ikkje var tilrådeleg å reise ut til tenestene for å snakke med pasientar. Vi vurderte også at det kunne vere utfordrande å intervju dei aktuelle pasientane på telefon eller digitalt. Dette sa tenestene seg einig i. Det vart derfor bestemt at vi skulle tilby samtale på telefon med nærmeste pårørende. Tenestene var med å velje ut dei pårørende i samarbeid med oss. Om lag ei veke før kvart tilsyn snakka vi med fire til fem pårørende. Vi utarbeidde ein enkel spørsmålsguide for informantane. Det var sett opp om lag 20 min. til kvar samtale. To frå tilsynslaget deltok.

Tilbakemeldingane frå pårørende var at dei sette pris på at vi skulle ha tilsyn, og at dei vart involverte. Vi var tydelege på at samtalen var avgrensa til området for tilsynet. Frå nokre fekk vi innspel som vi brukte i planlegginga av tilsyna. Sett opp mot tidsbruken meiner vi at nytteverdien av samtala var avgrensa. Dei var ikkje avgjerande for resultatet av tilsyna. Vi er usikre på kva utbyte vi ville fått av å snakke med pasientar med kognitiv svikt, og om pasientane ville opplevd å bli høyrd og involverte.

Gevinstrealiseringssplan (fra kapittel 7.3.3.8 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på gevinstrealiseringssplanen for oppgavene på Helsedirektoratets og Helsetilsynets områder i årsrapport for 2021.

På begge felta er sakshandsaming og arbeid med utviklingsoppdrag samordna og forbeta. Det er gjort ein gjennomgang av rutinar og arbeidsmåtar opp mot sentrale styringsdokument, for å sikre lik og god kvalitet i heile det nye fylket.

Rapportering på nasjonalt restanseprosjekt NRP (fra kapittel 7.3.3.9 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapportløsningen rapportere på antall overførte saker i nasjonalt restanseprosjekt (NRP), fordelt på rettighetsklager og tilsynssaker, og antall behandlet innen frist.

Hos oss vart NRP-sakene handsama innan fristen. Éi sak vart ikkje realitetshandsama innan fristen, men sendt til Helsetilsynet for vurdering av reaksjon, grunna manglande svar frå helsepersonell.

Nasjonalt restanseprosjekt NRP

Saksområder	Antall overførte saker	Antall ferdigbehandlet innen frist	Antall ferdigbehandlet innen årets utgang
Tilsynssaker	19	18	13
Rettighetsklager	40	38	40

Det er etterslep i registreringa. NRP-sakene vart ferdighandsama innan fristen.

Tilsyn av verger (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på totalt antall kontrollerte vergeregnskap i 2021. Det skal oppgis hvor mange vergeregnskapene statsforvalterne har plukket ut og kontrollert basert på egne risikovurderinger, og hvor mange verger som er fratatt oppdrag som en konsekvens av vergeregnskapskontrollen.

Statsforvalteren skal også rapportere på antall vergemål som det er ført tilsyn med i 2021 utover regnskapskontroll, både planlagte og hendelsesbaserte. Statsforvalteren skal i tillegg kort beskrive hva tilsynene har avdekket og hvordan avvik er fulgt opp. Det skal også rapporteres på antall verger som har blitt fratatt vergeoppdrag i løpet av 2021 på bakgrunn av tilsyn og en kort redejøre for årsaker til fratakelsene.

Kontroll av verjerekneskap

Vi kontrollerte totalt 897 verjerekneskap i 2021. Det sentrale uttrekket utgjorde 888 saker, og av desse var om lag 15 prosent saker som vi hadde meldt inn til kontroll som følge av eigne risikovurderinger. I tillegg kontrollerte vi ni verjerekneskap som følge av eigne risikovurderinger.

Antal verjemål som det er ført tilsyn med i 2021 ut over regnskapskontroll

I det planlagte tilsynet skulle vi gjennomføre tilsyn med totalt 35 verjer. Av desse er seks av tilsyna avslutta med observasjoner og følgde opp med rettleiing til verja. 18 av tilsyna er avslutta utan vidare oppfølging, 16 er ikke ferdigvurderte, og i ett tilfelle er det ikke oppretta tilsynsaktivitet.

Vi har elles gjennomført 16 hendingsbaserte tilsyn. I åtte av sakene vart verja fråtatt verjeoppdraget, tre verjer fekk halde fram med oppdraget etter avslutta tilsyn, og i fem av sakene vart verja anten friteken frå oppdraget eller verjemålet avslutta.

I tre saker i i 2021 meldte vi til politiet mistanke om underslag frå verje. Vi har også meldt til politiet i ei sak i starten av 2022, om forhold som vart avdekte i 2021.

Kva tilsyna har avdekt

- Manglende innsending av dokumentasjon, spesielt ved innsending av verjerekneskap.
- Manglende forklaring på transaksjonar i kontoutskrifter.
- Avvik ved trekk av verjegodtgjering: Trekt utan godkjenningsvedtak frå Statsforvaltaren, trekt frå verjekonto utan å sende søknad om godtgjering, trekt dobbel godtgjering, trekt for tidleg.
- Avvik ved lån av midlar, og i nokre tilfelle samanblanding av verjehavaren og verja sin økonomi.
- Avvik ved "bruk av kapital": Ikke søkt om godkjenning frå Statsforvaltaren.
- Verjer gjennomfører ikkje alltid oppstartssamtale med verjehavaren.
- Verjer tek ikkje alltid kontakt med Statsforvaltaren når dei har spørsmål om korleis dei skal løyse verjeoppdraget.
- Verjer snakkar ikkje alltid med verjehavaren i forkant av transaksjonar.
- I nokre få tilfelle har verje disponert midlar for verjehavaren som overstig 2G.

Korleis avvika er følgde opp

Vi avsluttar dei fleste tilsynsaktivitetane utan vidare tilsynssak, etter innleidande undersøkingar, eller gjennom avsluttande observasjoner.

Avvik er følgde opp med opplæring og rettleiing, både i vedtak og gjennom samtalar og kurs.

Av og til startar vi tilsynssak på bakgrunn av melding frå verjehavaren, då vedkomande opplever at verja ikke hjelper han eller ho med det dei ønskjer. I nokre tilfelle ser vi at verjehavaren har hatt ei for høg forventning til kva verja kan hjelpe til med og kor tilgjengeleg verja skal vere. Då har vi prøvd å rettleie verjehavaren om dette.

Av dei faste verjene vi har ført tilsyn med i 2021, er det tre verjer som ikke får halde fram som faste verjer. Dei får halde fram med nokre av verjeoppdraga dei alt har, men dei vil ikke få tilbod om nye verjeoppdrag.

Antall kontrollerte vergeregnskap og antall kontrollert på bakgrunn av egne risikovurderinger og på antall vergemål som det er ført tilsyn med i 2021 utover regnskapskontroll

Antall totalt kontrollerte vergeregnskap	Totalt antall leverte vergeregnskap	Antall verger under oppfølging	Antall verger som er fratatt oppdrag
897	0	70	10

Vi noterer at tala på kor mange verjer som er under oppfølging, og kor mange som er fråtekne verjeoppdrag, er omrentlege. Dette fordi det ikke er mogleg å hente ut heilt presise tal frå verken PowerBI eller VERA, og det er heller ikke mogleg å finne tala for heile året i VERA eller ePhorte, og informasjonen finst ikke i Documaster.

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførelse. Statsforvalteren skal også rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og på antall restanser. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Statsforvalteren skal rapportere på forbruk for året samt forventet forbruk på kap. 470, post 01 for påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes. Statsforvalteren skal umiddelbart informere SRF dersom det er andre vesentlige risikoer eller avvik på området.

Vi har i 2021 utbetalt kr. 11 852 020 etter lov om fri rettshjelp. Av dette utgjer kr. 8 328 070 fritt rettsråd og kr. 3 523 950 er utbetaling i saker som er handsama av Kontrollkommisjonen for psykisk helsevern. Det er tilbakebetalt kr. 123 875. Totalforbruket på kapittel 470, post 01 er såleis kr. 11 728 125 for 2021.

Det er utbetalt advokatsalær i 1126 saker. Dette er saker som anten er godkjende av advokaten sjølv, eller av oss. Vi har i tillegg utbetalt salær i 381 saker for Kontrollkommisjonen.

I 2021 har vi innvilga økonomisk dispensasjon i 20 fritt rettsråd-saker. Dette gjaldt fire saker om skifte av felleseiige, tre barnefordelingssaker, ei sak om både skifte og barnefordeling, fem klagesaker etter folketrygdlova, to saker om personskadeerstatning, to saker om valdsoffererstatning, ei sak om oppseiing og avskil i arbeidstilhøve og ei prioritert barnevernssak. Vi har avslått fritt rettsråd i 101 saker. 48 søknader er avslått på grunn av at søkeren ikke oppfylte dei økonomiske vilkåra, 45 søknader er avslått av andre grunner og åtte søknader er avslått etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunner.

Fordelinga mellom sakstypar og kostnader er slik:

1. Utlandingssaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf. § 5 (2) nr. 1 a: 61 saker, kr. 282 867
2. Utlandingssaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf. § 5 (2) nr. 1 b: 1 sak, kr. 4069
3. Klager i asylsaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf. § 5 (2) nr. 1 c: 15 saker, kr. 138 115
4. Andre utlandingssaker, jf. § 11 (3): 4 saker, kr. 69 663
5. Barnevernssaker, jf. § 11 (1) nr. 2: 29 saker, kr. 330 859
6. Andre barnevernssaker, jf. § 11 (3): 6 saker, kr. 65 599
7. Erstatning for straffeforfølging, jf. § 11 (1) nr. 3: 138 saker, kr. 954 291
8. Valdsoffer, jf. § 11 (1) nr. 4: 10 saker, kr. 94 937
9. Vurdering av politimelding, jf. § 11 (1) nr. 6: 209 saker, kr. 835 150
10. Undersøking og behandling utan samtykke, jf. § 11 (1) nr. 8: 211 saker, kr. 1 409 503
11. Skiftesaker, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 45 saker, kr. 595 975
12. Barnefordeling, jf. § 11 (2) nr. 1: 114 saker, kr. 1 010 462
13. Familie, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 24 saker, kr. 368 425
14. Personskadeerstatning, jf. § 11 (2) nr. 3: 7 saker, kr. 114 758
15. Oppseiing/utkasting frå bustad, jf. § 11 (2) nr. 4: 10 saker, kr. 73 668
16. Andre husleigesaker, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 5696
17. Oppseiing/avskil i arbeidstilhøve, jf. § 11 (2) nr. 5: 27 saker, kr. 195 365
18. Valdsoffererstatning, jf. § 11 (2) nr. 6: 30 saker, kr. 173 724
19. Klagesaker for Nav, jf. § 11 (2) nr. 7: 162 saker, kr. 930 048
20. Andre trygde- og pensjonssaker, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 6625
21. Sosialsaker, jf. § 11 (3): 2 saker, kr. 12 478
22. Arvesaker, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 6625
23. Klage til NAV, jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 1 b: 1 sak, kr. 13 562

24. Vurdering av erstatningskrav, jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 2 a: 1 sak, kr. 4069
25. Krav om erstatning overfor NAV, jf. rundskriv G/05/2019 pkt. 2 b: 1 sak, kr. 6781
26. Andre saker: 15 saker, kr. 543 752
27. Eigne utgifter, inkl. tolk, jf. § 14 (2) 1.pkt: 37 saker, kr. 70 154
28. Utgifter til sakkyndig § 14 (2) 1. og 2. pkt: 1 sak, kr. 10 850

Tal restansar per 31.12.2021 var 39 saker (19 søknader og 20 stykkprissaker). Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i 2021 har vore to til tre veker for søknader om fritt rettsråd og fri sakførsel. For utbetaling av eigeninnvilga stykkprissaker og saker frå kontrollkommisjonen har gjennomsnittleg handsamingstid vore på ei til to veker.

I 2021 har vi innvilga fri sakførsel i åtte saker og har avslått 26 søknader. Fem av søknadene vart avslått på grunn av økonomi, 18 av andre grunnar og tre vart avslått etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

Forbruket på kapittel 470, post 01 har vore på kr. 11 728 125. Dette er ein auke med kr. 2 101 005 samanlikna med 2020, men samstundes i tråd med forventa samla forbruk for 2021 som vi har skissert i tertialrapporteringane gjennom året.

Rettshjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkommne søknader	398	362	36
Innvilgede søknader	250	242	8
Avslalte søknader	127	101	26

Statsforvalteren skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Vi har tidlegare skissert eit forventa forbruk på kapittel 470, post 01 på om lag på same nivå i 2022. Etter at inntektsgrensene vart heva betydeleg med verknad frå 1.januar 2022, og salærssatsen vart oppjustert frå same tidspunkt, må ein forvente eit auka forbruk i 2022. Vi vil estimere at forbruket på kapittel 470, post 01 vil kunne bli ein stad på mellom 15 til 20 millionar kroner.

Særskilt rapportering på NAV-saker (fra kapittel 7.3.4.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere særskilt på de NAV-sakene som omfattes av det særlige rettshjelptiltaket i Justis - og beredskapsdepartementets rundskriv G – 05/2019.

Det skal rapporteres på antallet innkomne saker, behandlede saker og totalt utbetalt beløp.

Vi har fått inn tre saker som gjeld Nav-sakene som er omfatta av det særskilde rettshjelptiltaket i Justis- og beredskapsdepartementet sitt rundskriv G-05/2019. Alle tre sakene er godkjende, og vi har utbetalt totalt kr. 24 412,- i desse sakene.

Ivaretagelse av samfunnssikkerhetshensyn i planer (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)

Rapportere på

I hvilken grad ivaretar kommunene samfunnssikkerhetshensyn i alle planer:

1. Alle planprogram beskriver hvordan samfunnssikkerhet skal ivaretas.
2. Det stilles kvalitetsskrav til ROS-analyser og kvalitetssikres i etterhånd når disse gjennomføres av eksterne.
3. Avdekket risiko og sårbarhet, inkludert klimaendringer, følges opp i planer.
4. Tiltak fra overordnet plan følges opp på lavere plannivå.

Statsforvaltaren gjev tilbakemelding på alle meldingar om oppstart av planarbeid, inklusive forventningar til ivaretaking av samfunnstryggleiksomsyn (ROS-analyse) i planprosessen. Som del av denne tilbakemeldinga vert det vist til relevant bakgrunnsinformasjon som t.d. DSBs rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging". Vårt inntrykk er elles at kommunane er gode på å formidle forventningar til ivaretaking av samfunnstryggleiksomsyn i planlegginga, og vidare at dette no blir følt opp i alle plansaker (inkl. planprogram). Naturfare og klimaendringar har etter kvart også blitt eit sentralt tema i alt planarbeid.

Både kommunane og Statsforvaltaren viser til forventningar og krav i lov- og forskriftsverk og rettleiingar mv., så det vert klart og tydeleg formidla kva kvalitetskrav ein legg til grunn. Statsforvaltarens oppfatning er nok likevel at kommunane i noko større grad sjølv burde følgje opp desse kvalitetskrava før første gangs politisk handsaming.

Vidare gjev Statsforvaltaren tilbakemelding på alle planar som er lagt ut til offentleg ettersyn eller høyring, og der ROS-analysen og oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit er sentrale element i tilbakemeldinga. I det alt vesentlege tykkjer vi kommunane følger opp ansvaret på ein god måte, sjølv om kompetansenvået tidvis er noko varierande. Vi ser også at det i liten grad er behov for å fremje motsegn til planar med bakgrunn i tilhøve knytt til ROS-analysar (og oppfølging av desse). Dei feil og manglar vi finn, vert i all hovudsak retta av kommunane gjennom dialog med oss utan å gå vegen om motsegn. Det er elles ein del av Statsforvaltaren i Vestland sin rutine å gjennomføre dialogmøte med kommunen når vi har vesentlege merknader til eit planforslag for om mogeleg å unngå bruk av motsegn. Ofte fell grunnlaget for merknadene vekk etter slike dialogmøte, det vil seie at kommunen ser sjølv at avdekte tilhøve må rettast.

Samlet virkemiddelbruk i kommunene (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for status på virkemiddelbruken overfor kommunene:

1. Hvilket kunnskapsgrunnlag er lagt til grunn for valg av virkemiddel tilpasset kommunens behov?
2. Antall gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene
3. For gjennomførte tilsyn:
 - Hvor mange tilsyn er gjennomført?
 - Hva var tema for tilsynet?
 - Var det fellestilsyn med helseberedskap eller rent tilsyn med kommunal beredskapsplikt?
 - Hva har Statsforvalteren lagt til grunn for å velge kommuner ut for risikobasert tilsyn?
 - Hvilke typer læringsaktiviteter har Statsforvalteren lagt til rette for i forbindelse med tilsynet?
4. I hvilken grad er veiledningsbehovet ivaretatt innen communal beredskapsplikt og helseberedskap?
5. I hvor mange kommuner har Statsforvalteren vært i møter med kommunens ledelse?

1. Det viktigaste kunnskapgrunnlaget for å vurdere verkemiddelbruken vår overfor kommunane er den informasjonen vi har fått gjennom tilsyn, øvingar, handtering av krisehendingar og annan dialog med dei. Under pandemien har vi vore særleg tett på kommunane, noko som ha gitt oss endå betre kunnskap.
2. Vi har ikkje arrangert øvingar med kriseorganisasjonen i nokon av kommunane i 2021. Vi deltok saman med to kommunar (Bergen og Sogndal) på ei øving i regi av Sivilforsvaret, og vi deltok saman med Alver kommune på ei øving i regi av Equinor.
3. Vi gjennomførte tilsyn i tre av 43 kommunar i 2021. Tema var overordna beredskapsplanverk og system for øving, opplæring og evaluering. Dei var felles tilsyn i regi av helse-, sosial- og barnevernавdelinga og beredskapsseksjonen. I utveljinga av kommunar prioriterte vi tilsyn med mindre kommunar som vi oppfatta som sårbare under handteringa av pandemien. Det vart gjennomført rettleiing i samband med tilsyna.
4. Pandemien har gjort at kommunane har hatt eit stort behov for rettleiing. Det har særleg handla om forståing, tolking og praktisk oppfølging av føringar frå nasjonale styresmakter. Rettleiing har vore høgt prioritert.
5. Statsforvaltaren har hatt faste møte kvar veke der mellom anna kommunedirektørar har delekte. Det har under mange av smitteutbrota vore møte med kommuneleiinga i dei råka kommunane. Statsforvaltaren har også hatt svært mange møte med politisk og administrativ leiing i Bergen og kommunane rundt i samband med koordinering av felles smitteverntiltak. Vi har også hatt mange temamøte eller ad hoc-møte med leiinga i kommunar som har hatt særlege problemstillingar eller utfordringar.

FylkesROS (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjør for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan

Arbeidet med ny fylkes-ROS starta i 2019 med målsetjing om at analysen skulle vere ferdig hausten 2020. Pandemien har gjort det umogleg å prioritere dette.

Hausten 2021 sette vi i gang igjen arbeidet med fylkes-ROS, der to av medarbeidarane fekk ansvaret for den praktiske leiinga av prosessen. Vi er godt i gang med arbeidet og er ferdige med analysen av ein del av risikoområda. Målet er å bli ferdig med heile analysen i første halvdel av 2022.

I analysen har vi prioritert å ha særleg merksemad på tema klimatilpassing, digitale tenester, digitale verdikjeder og berekraftmåla. Dette på bakgrunn av eigne satsingsområde i embetet og ut frå føringar i DSB sin rettleiar for arbeidet med fylkes-ROS.

Status scenario fylkesROS (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for status av scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i fylkesROS.

Vi har gått gjennom og sett oss inn i scenarioet utarbeidd av DSB, og laga ein strategi for korleis vi skal gå fram med å utarbeide eit regionalt scenario.

Vi har ved fleire høve dei to siste åra prøvd å gjennomføre fysiske møte med Heimevernet, Politiet og Sivilforsvaret i eigna lokale, for å diskutere scenarioet. Det har til nok ikkje vore mogleg å gjennomføre dette på grunn av smitteutbrot og tilhøyrande retningslinjer for smittevern.

Gevinstrealisering: helhetlig og systematisk tilnærming i oppfølging av kommuner (fra kapittel 7.3.4.7 i TB)**Rapportere på**

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen: Redegjør kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for enhetlig og systematisk tilnærming til samfunnssikkerhets - og beredskapsarbeidet i oppfølging av kommunene.

Dei to tidlegare embeta hadde til dels nokså ulik tilnærming og ulike arbeidsmetodar på samfunnstryggleksområdet. Vi har fått etablert felles forståing og tilnærming til oppgåvene etter samanslåinga. Det gjeld til dømes planlegging og gjennomføring av tilsyn og øvingar og innanfor arbeid med beredskap og krisehandtering.

Det er eit nært og godt samarbeid mellom fagmiljøa i embetet som arbeider med samfunnstryggleik og beredskap, først og fremst helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og beredskapsseksjonen.

Dialog med og støtte til kommunane i pandemihandteringen har vore den høgst prioriterte oppgåva både i 2020 og 2021. Vi har fått svært mange positive tilbakemeldingar på den tilnærminga vi har valt. Vi har hatt spørjeundersøkingar (våren 2020 og våren 2021), der eit viktig spørsmål til kommunane var om dei oppfatta embetet som samla og samkørt i pandemihandteringen. Alle kommunane gav positiv respons på det.

Gevinstrealisering: styrke samordningsrollen innen samfunnssikkerhetsarbeidet (fra kapittel 7.3.4.8 i TB)**Rapportere på**

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen: Redegjør kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for felles tilnærming og systematisk oppfølging av regionale aktører.

Sidan samanslåinga har vi lagt vekt på å sikre god dialog med medlemene i fylkesberedskapsrådet og andre relevante regionale aktørar i begge dei gamle fylka. Det er ei kontinuerleg oppgåve, ikkje minst sidan det jamleg er utskiftingar i nøkkelpersonell.

Pandemien har gjort det utfordrande å møtast fysisk, men samstundes har den digitale utviklinga skote veldig fart. Det er veldig lett å samhandle på digitale plattformer. Møte i fylkesberedskapsrådet går veldig bra å gjennomføre på Teams så lenge det ikkje er gradert informasjon som vert presentert og diskutert. Vi ser at politiet og brukar Teams til møte i redningsleiringa, noko som er veldig ressurssparande for både oss og andre aktørar.

Det har vore gjennomført forventningsavklaringar i fylkesberedskapsrådet om korleis vi skal samhandle i normalsituasjonar og ved uønskte hendingar. Det var eit av områda der dei to tidlegare embeta hadde noko ulike tradisjonar. Tilbakemeldingane frå rådet er at dei er godt nøgd med dagens tilnærming.

Gevinstrealiseringssplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)**Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiseringssplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av statsforvalterne og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten

Talet på tilsyn vart redusert i 2020 som følgje av pandemien. I 2021 dobla vi tilsynsaktiviteten igjen, tilbake til utgangspunktet i 2019, men vi har ikkje auka ut over dette. Høg kvalitet og lik praksis vert sikra gjennom tilsynsrutinar og erfaringsdeling. Digitale tilsyn har sikra gjennomføring av tilsyn i periodar med avgrensar høve til å reise ut til verksemndene, og vi har reindyrka digital tilsynsmetodikk for nokre typar tilsyn for å nå over fleire tilsynsobjekt. Organisering av mykje av tilsynsinnslatsen vår som lokale aksjonar gir oss "mengdetrenings" for utvalde bransjar og tilsynstema, som bidrar til at vi har ekstra merksemd på lik praksis både internt og mot andre fylke. Vi deltar aktivt i nasjonalt tilsynsforum, var med i to av dei tre aksjonsgruppene for nasjonale tilsynsaksjonar, og i arbeidet med Tilde. Deltaking i slike grupper gir god erfaringsdeling på tvers av fylka.

I løypesaker og anna sakshandsaming har vi god nytte av diverse Teamsgrupper på tvers av embeta der ein kan diskutere problemstillingar som kjem opp, og få innsikt i korleis andre fylke har handtert desse. For mest mogleg effektiv sakshandsaming er det viktig med standardiserte vilkår for dei ulike bransjane og på tvers av fylka. Vi har bidratt til standardiseringsarbeid på avfallsanlegg i 2021.

Gevinstrealiseringssplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringssplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

Naturmangfaldsveka

I november arrangerte miljøavdelinga ein webinarserie for kommunane over fire dagar, med tema innan naturmangfald. Rettleiinga vart godt mottatt og er noko vi vil gjenta i 2022, då også med ein eigen webinarserie innan forureining.

Med bakgrunn i låg kvalitet på sakshandsaminga innan kommunal hjorteviltforvaltning og mange klager, arrangerte vi eit digitalt viltsseminar. Det førte til færre hjorteviltklager.

Fremmede organismer (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak mot fremmede organismer

Sjå tabell.

Fremmede organismer

Beskrivelse av tiltak (som meldt inn i ESS)	Oppfølging av overordnede kriterier	Art/artsgruppe	Type tiltak	Vurdering av gjennomført tiltak	Sum brukt
Oppfølging av tiltak i Børmlø kommune. Luking og punktsprøyting på alle kjende (om lag 20) lokalitetar. Blir utført av entreprenør.	Omräde med trua naturtyper. Halde i sjakk og hindre vidare spreiling.	Boersvineblom	Bekjempelse	Tal planter redusert, spreiling truleg under kontroll. Få og små planter att, men det ser ut til at det finst ein frøbank. Kostnad ved tiltak vil truleg ligge på dette nivået framover.	50 588
Kartlegging og bekjempelse i Stord og Jondal kommunar.		Boersvineblom	Kartlegging	Alla kjende planter (3) på Stord luka for freespriing. Spreiing truleg under kontroll. Inkludert i summen over. Eigeninnsats SFVL: Forekomst i Jondal undersøkt. Falsk alarm, feltplass i Artskart.	0
Er registrert nokre få stader i Vestland. Alle må oppsøkjast, og tiltak må verderast etter synfaring.	Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spreeding.	Skunkkala	Bekjempelse	Tal planter redusert, spreiling under kontroll. Eigeninnsats SFVL: Tre lokalitetar i Bergen kommune undersøkt. Alle kjende planter på to av lokalitetane luka. Truleg liten fare for spreiling, men må overvakast og holdast i sjakk.	0
Førebelts relativt få og spreidde forekomstar i naturområde i fylket, men grunn til å vere føre var. Ein del registrerte forekomstar, prioritert ut frå spreiingsfare og naturmiljø, vil bli oppsøkt og bekjempa (kutting og stubbebehandling).	Fjerne forekomst lokalt	Rhododendron	Bekjempelse	Ikke gjennomført.	0
Oppfølging av tiltak starta i 2013. Finst på om lag 15 lokalitetar i fylket (5 er utrydda). Målet er å utrydde arten frå fylket. Samarbeid med Statens vegvesen, kommunar, entreprenørar og private.	Stor sannsynlighet for å fjerne arten i regionen	Kjempebjørnekjeks/tromsøpalme	Bekjempelse	Tal planter redusert, spreiling under kontroll. Eigeninnsats SFVL: Alle lokalitetar der arten var antatt utrydda vart oppsøkt. Eit individ vart funne og gravd opp.	0
Voss herad. Oppfølging av tiltak ved Nedkvitne. Langs bekkedrag, ca. 1,2 km + utløparar. Luking langs bekdedrag med utløparar langs kulturmark. Utført av Norske landbrukstjenester Voss.	Fjerne forekomst lokalt	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Tal planter redusert, spreiling under kontroll. Berre få planter funne ved golfbana. Desse vart luka.	0
Osterøy kommune. Oppfølging av tiltak langs bekk ved Åsgarden, Osterøy. Om lag 300 m. Luking. Ulfart av interessert, lokal privatperson.	Fjerne forekomst lokalt	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Få planter i 2021, men tiltaka frå 2020 vart ikkje følgje opp pga. ei misforståing.	0
Gloppe kommune. Vidareføring av arbeid starta opp i 2018. Samarbeid med Arestad grunneigarlag for å fjerne ein forekomst innanfor eit areal på om lag 5 dekar. Ny tilvekst krev vidare oppfølging, i tillegg til at eit ubebudd bruk ikkje er rydda enno.	Fjerne forekomst lokalt	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Tal planter redusert, spreiling under kontroll. Jobben var så liten i år at grunneigarlaget ikkje sender faktura. Men det står noko m.a. ved Almeland, som bør følgjast opp til neste år.	0
Årdal kommune. Oppfølging av tiltak i Utladalen og Fardalen. Manuell rydding (luking) v/Vikadalens ungdomslag.	Fjerne forekomst lokalt	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Tal planter redusert, spreiling under kontroll. Vellukka. Aktør melder at dei har god kontroll.	10 580
Voss herad. Oppfølging (tiltak påbegynt i 2018 ønskt vidareført). Arten har etablert seg og spreier seg på Prestegardsmoen, eit elvedelta med A-verdi. I samarbeid med Voss kommune ønsker vi å utrydde arten fra dette området.	Omräde med trua naturtyper	Hagelupin	Bekjempelse	Tal blomrande planter redusert, spreiling under ein viss kontroll. Delvis vellukka, men større innsats er ønskjeleg. Slått av planter før blomming (kommunen), men alt vart ikkje slått.	0
Børmlø kommune. Oppfølging av tiltak ved Svortland. Sprøyting og luking. Kommunen gjennomfører.	Holde i sjakk og hindre vidare sprening	Legepestrot	Bekjempelse	Delvis vellukka. Tal blomrande planter redusert, men usikert om arten lar seg utrydde utan meir intensiv og målretta innsats. Kommunen ber ta større ansvar, om dei ønsker å få planten vekk.	14 764

Ikkje meldt inn. Uskedalselva forvaltning SA.	Holde i sjakk og hindre videre spredning	Parkslikekne	Bekjempelse	Bestand redusert, men berre lokalt og på kort sikt. Halde nede bestand langs Uskedalselva. God innsats frå grunneigarar. Eingangsbeløp for å halde opp motivasjon. Ikkje aktuelt med vidare økonomisk stønad til dette.	10 000
Ullensvang kommune. Omfattande spreieing i lia vest for Odda sentrum. Eit problem vi ikkje har vore klar over før i 2019, men spreieinga må ha gått over fleire år. Samarbeid med kommunen om tiltak, i første omgang hogst og stubbebehandling i ytterkant. Tiltak planlagt i 2020, men plantane blømde ikkje dette året, og tiltak vart bestemt utsett til 2021.	Holde i sjakk og hindre videre spredning	Alpegullregn	Bekjempelse	Ingen effekt som monnar. Syntfering og diskusjon med Ullensvang kommune. Neppe realistisk å få utført tiltak som monnar utan store ressursar. Kommuneigarane ville gjere forsøk med ringbarking.	0
Bergen kommune, Langeskogen. Oppfølging: Stønad til dugnad for fjerning av småplantar. Frøtre hogd i 2017.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning."	Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Frøkjelder eliminert. Reduksjon av småtre.	14 431
Solund kommune. Ønske frå kommunen. Fjerning av hemlokk på tre kjende lokalitetar. Første prioritet er fjerning av frøtre.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning."	Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	God effekt ved å eliminere frøtre lokalt. God dialog med kommunen. Beløp utbetal til kommunen med melding om øyremerkning. Alle frøtre hogde på ein lokalitet. Ein lokalitet uaktuell (ikkje vestamerikansk hemlokk). Eit større felt er sett på vent pga. vegavklaring. Dette vil bli eit større prosjekt som må kostnadsrekna.	50 000
Kinn kommune. Brandsøyåsen. Innspel frå kommunen. Første prioritet er fjerning av frøtre, deretter fjerning av ungtre i furuskog.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning."	Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Førebels ingen effekt. Ikkje gjennomført, men god dialog med kommunen. Dette vil bli eit større prosjekt som må kostnadsrekna.	0
Fjaler kommune. Fredensborgåsen. Ønske frå kommunen. Frøtre og mykje spreieing i området.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning."	Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Førebels ingen effekt. Ikkje gjennomført, men god dialog med kommunen. Beløp utbatalt til kommunen med melding om øyremerkning. Dette vil bli eit større prosjekt som må kostnadsrekna.	60 000
Stad kommune. Hjelle - Rindane. Ønske frå kommunen. Oppfølging av prosjekt gjennomført 2019.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning."	Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Frøkjelder eliminerte, bestand av ungtre redusert. God kontakt med kommun og grunneigarlag. Småplantar må fjernast år om anna.	0
Vestland fylke, div. lokalitetar. Første prioritet er hogst av frøtre på nye lokalitetar. Oppfølging: Halde fram med rydding av småtre der frøtre er tatt tidlegare. Samarbeid med grunneigarar, skogsentrepreneurar og kommunar.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning."	Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Lokale frøkjelder eliminerte, bestand av ungtre redusert. Veldig tilbak i mange område rundt i fylket, men mest på Bergenshalvøya. Frøtre fjerna, og dermed farein for spreieing.	588 695
Kinn kommune. Silda ved Måløy. Oppfølging.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning i kystlynghei."	Sitkagran	Bekjempelse	Frøkjelder sterkt reduserte. Veldig tilbak, mykje takka vere dyktig entreprenør og dugnadsinnsats frå Botanisk forening og grendalaget på Silda. Tiltaket utført med midlar frå 2020 og 2021. Om lag 1100 m ³ kunne omsetjast.	553 726
Fjær kommune. Oppfølging av prosjekt starta i 2009. Eit større uttak er under planlegging på Siglo. Prosjektet er leia av Stord og Fjær landbruks- og miljøkontor.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning i kystlynghei."	Sitkagran	Bekjempelse	Ikkje gjennomført.	0
Aver kommune. Dugnad på Rapeneset ved Naturvernforbundet.	"Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning i kystlynghei."	Sitkagran	Bekjempelse	Småplantar i kystlynghei sterkt redusert.	12 929
					1 365 713

Truede arter (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)**Rapportere på**

Tiltak for å ta vare på truede arter og naturtyper.

Sjå tabell.

Truede arter og naturtyper

Art/naturtype	Ref. nr.	Type tiltak	Omfang av tiltaket	Navn på område	Effekt av gjennomført tiltak	Sum
Hubro	21S9045A	Kjøp av tenester	Midlar overført konsulent for bruk i 2022	Mange område	Effekt forventast først i 2022	30 000
Dvergålegras	21S9045A	Overvaking av prioritert art	Som i 2020	Mange område	Ein ny kjent lokalitet sidan 2020. Tilstanden til dei andre lokalitetane er uendra sidan 2020	100 000
Slåttemark/kystlynghei/naturbeitemark	21S9045A	Skjøtselsplanar, kvalitetssikring, rådgjeving		Mange område	Sju nye område har skjøtselsplan, og 38 nye område ligg i naturbase, og har rett på RMP-tilskot. Det er dermed auka sjanse for at desse blir haldne i hevd.	625 760
Sanddynemark	21S9045A	Restaurering	Om lag 5,5 daa med sanddynemark er restaurert.	Refviksanden	Område sperra av med gjerde, infoplakatar plassert ut, naturleg gjenoppbygging av dynefront. Tilstanden vesentleg betra etter at bobilparkering vart flyttet, infoskilt kom opp og ferdsel blei kanalisert i 2021. Ny sanddynefront er i ferd med å byggje seg opp der det tidlegare var store erosjonsproblem.	467 879
						1 223 639

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)**Rapportere på**

Spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene. Kort om fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i ISORD, og formidling av resultatene.

Omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysing av fornyings- og innovasjonsmidler med kriterium for tildeling og lenke til den felles søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn. Tidlegare Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var med på å utvikle portalen, og fagansvaret for denne ligg såleis no hos Statsforvaltaren i Vestland. Vi brukar derfor også litt tid på å rettleie andre embete, i tillegg til rettleiing av kommunar, informasjon på fagdagar hjå KMD, og til å halde ved like og utvikle portalen saman med STAF.

Kommunane blir også i eige brev inviterte til å søkje om prosjektmidler.

I Vestland vart det i 2021 samla fordelt 14 025 000 kroner i prosjektskjønn. Totalt fekk vi inn 74 søknader, og vi løyvde midlar til 20 av desse prosjekta.

Fornyingsmidlane vart fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i heile kroner):

Helse og omsorg	5 025 000
Barnehage og skule	200 000
Utsette barn og unge	1 950 000
Digital forvaltning	4 350 000
Interkommunalt planarbeid	600 000
Samfunnstryggleik og beredskap	1 300 000
Klima- og miljøutfordringar	400 000
Diverse	200 000
Totalsum	14 025 000

Når prosjekta er ferdige evaluerer vi kvart prosjekt. Dette kjem fram på den offentlege sida i Prosjektskjønn, og der viser også våre kommentarer for kvart enkelt prosjekt. Vi har éin rapporteringsfrist kvart år, og har oppfølging på rapporteringa når rapporteringsperioden er ute.

Vi vil trekke fram prosjektet E-helse Vestland som er eit ressurscenter for bruk av teknologi i helse- og omsorgstenesta. E-helse Vestland fekk eit tilskot på 3,25 mill. kroner i 2020 og 3 mill. kroner i 2021. Velferdsteknologi er eit av tiltaka som skal gjere helse- og omsorgstenesta i stand til å oppretthalde kvaliteten på tenestene i åra framover, trass i auke i talet på personar med behov for pleie- og omsorgstenester, og at talet på helsepersonell er venta å gå ned. Digitale verktøy er også viktige i krisesituasjonar knytt til helse. 35 kommunar er direkte deltagarar i E-helse Vestland medio 2021. Dei andre åtte kommunane har fått tilbod om å vere med.

Vi vil også trekke fram prosjektet "Aldri Alene" som fekk 750 000 kroner i 2021. Vi løyver tilskot til prosjektet også for 2022, 1 mill. kroner. Øygarden kommune er sokjar og mottakar av tilskotet. Dette er eit interkommunalt prosjekt mellom kommunane Bjørmafjorden, Bergen og Øygarden. Hovudmålet er i vesentleg grad å redusere sjølvord i regionen, spesielt hjå ungdom. Viktige tiltak for å kunne nå denne målsetjinga er å bygge opp kompetanse hjå innbyggjarane og tilsette om mytene kring sjølvord. Dessutan er det viktig å gi kompetanse til fastleggar og andre som møter brukarar og innbyggjarar til førstemottak. Øygarden kommune er ein samanslått kommune og har utfordringar knytt til sjølvord og overdosedødsfall. Øygarden kommune ligg høgt i talet på overdosedødsfall. I 2022 er det ønske om at prosjektet blir utvida og at kommunane Askøy, Alver og Voss også kan delta.

Til slutt vil vi trekke fram prosjektet "Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland" som fekk 600 000 kroner i 2021. Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap starta prosessen med å utarbeide ein interkommunal plan for sjøarealet. Det er mange interesser knytt til kystsona som gjer sjøarealet utfordrande å forvalte. Bruken må vere berekraftig og forvaltninga må gå på tvers av kommunegrensene. Planarbeidet må gi grunnlag for langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Vi har lagt opp til å gi 600 000 kroner til prosjektet også for 2022.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Sjå tabell.

Kommunalrettlig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	20	4	24
På eget initiativ	0	0	0

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlege kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Vi har jamleg rettleia kommunane, folkevalde og andre mellom anna om økonomireglane i kommunelova med forskrifter, habilitet, reglane om lovlegkontroll, nyval og suppleringsval, og reglane om godtgjersle til folkevalde.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Kommunane i Vestland har omfattande interkommunalt samarbeid, i særleg grad for små og mellomstore kommunar. Omfanget er stort, det har utvikla seg over tid, og ofte blir nye og krevjande oppgåver lagde til interkommunale organ. Grunngjevinga er som regel at kommunen ikkje har relevant kompetanse eller tilstrekkelig kapasitet til å løyse oppgåva sjølv, eller at oppgåvene naturleg bør løysast i større geografiske område.

Organisatorisk har slike samarbeid to ulike former:

- Interkommunalt samarbeid med vertskommune, som vanlegvis er den største kommunen i samarbeidet.
- Interkommunale selskap etter IKS-lova.

Innanfor desse samarbeidsformene er det ofte lovpålagde tenester det blir samarbeidd om, som t.d. legevakt, psykolog, PPT, barnevern, landbruk, veterinær, bygningskontroll, renovasjon, brann og redning og alarmsentral. I tilknyting til samarbeida på fagområda er det og etablert større samarbeid om IKT-drift og -utvikling og innan samfunns- og næringsutvikling.

I tillegg samarbeider kommunane på andre måtar som det er rettsleg høve til, t.d. etter plan- og bygningslova om interkommunalt plansamarbeid.

Det er også fleire samarbeid som er organisert som interkommunale politiske råd (regionråda), og nokre som kommunalt oppgåvefellesskap (revisjon).

I 2021 var det sju fungerande regionråd i Vestland: Nordfjord, Sunnfjord, HAFS, Sogn, Hardangerrådet, Nordhordland og Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Dei seks kommunane Bergen, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden, Voss og Samnanger er ikkje med i noko regionråd. Etne og Sveio er, i tillegg til medlemskapen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, også medlemer i Haugalandsrådet.

Det er stor forskjell på budsjett, bemanning og oppgåveportefølje i dei ulike regionråda; frå faste møteplassar for ordførarane utan faste strukturar til meir aktive regionale aktørar.

Kommunereforma med etablering av fleire store kommunar har bidrige til at kommunane på nytt diskuterer samarbeidsstrukturar. Frå 1. januar 2022 vart

Fjordane interkommunalt politiske råd (FIPR) etablert av Sunnfjord, HAFS og Nordfjord. Frå same tidspunkt vart Samarbeidsforum for Sunnfjord lagt ned, og HAFS-kommunane vil bruke 2022 til å avslutte regionrådet.

Statsforvaltere som samordner statlig innsigelser (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelser, herunder i hvilken grad innsigelser blir løst gjennom dialog.

Arbeidet med samordning av statlige motsegner held fram etter same opplegg som tidlegare. Sjå elles under kap. 3, der planmedverknaden og samordninga er skildra meir utfyllande. Vi meiner at samordningsrolla framleis er veleigna til å oppnå ein betre dialog med kommunane, slik at konfliktar kan løysast i størst mogeleg grad utan motsegn. Men kanskje like viktig er den gode måloppnåinga vi ser knytt til å oppnå betre planar, og i stor grad også raskare prosessar ved konfliktfylte planar.

Samordning av statlige innsigelser

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelsetene fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelsetene fra andre statlige etater er avskåret av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt	24	1	0	28
Statsforvalteren	0	0	0	23
Avinor	2	0	0	1
Biskopene				
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunssikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	1	0	0	1
Forsvarsbygg	1	0	0	0
BaneNor	1	0	0	0
Kystverket	1	1	0	0
Luftfartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	17	1	0	12
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren	1	0	0	1
Statens vegvesen	6	1	0	1
Statsbygg				

Planar med motsegnspunkt som ikkje er løyste, skuldast ofte enten at kommunen har takka nei til dialog eller at planane ikkje er ferdigstilte etter dialogmøtet (ventar på avklaring). I ein stor del av planane der det er fremja motsegn for kommunen, er mange motsegnspunkt likevel løyste som resultat av dialogmøte. Av statsforvaltaren sine 42 eigne motsegnsaker til kommunane, er 59 av 118 motsegnspunkt i planane, altså 50 prosent, løyste før oversending til kommunen.

Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlege tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi nyttar Sysam, og vi har også fagansvarleg for Sysam i vårt embete. I 2021 har vi handsama 699 byggesaker, av desse er 683 saker handsama innan tolvvekersfristen. Det vil seie at om lag 98 prosent av sakene er handsama innan fristen, noko vi er særst nøgde med. Dei gode resultata skuldast langsiktig arbeid med fagleg kompetanse, organisering, saksfordeling og saksstyring. Inkludert i sakene er 20 saker som vi har handsama for Statsforvaltaren i Troms og Finnmark. Vi har lagt desse inn i Sysam med tida frå vi fekk dei til dei var ferdig handsama i vårt embete.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlege tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
699	84	16	21	7	5	0

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten for 2021 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagene ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi nyttar Sysam, og vi har også fagansvarleg for Sysam i vårt embete. Vi har handsama 57 klager på reguleringsplan i 2021, av desse er tre saker over tolvekersfristen. Det vil seie at nærmere 95 prosent av sakene er handsoma innan fristen. Vi er særskilt nøyde med resultatet, som kjem av langsiglig og systematisk jobbing med organisering av arbeid, fordeling av saker, fagleg kompetanse med vidare.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	57
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	65
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	3
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	3

Det skal rapporteres om læringer... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall læringer i 2021. Det skal også fremgå innenfor hvilke fag.

Vi har ikke hatt lærer i 2021. Kontor og administrasjon er det mest relevante faget å ta inn lærer i for oss, men etter opprettelsen av STAF har det vore utfordrande å fylle alle oppgåvene som læreplanen legg opp til. Eitt av kompetansemåla for læringer i kontor- og administrasjonsfaget er opplæring i arkivfaget. Vi vil difor inngå ei samarbeidsavtale med STAF, og er i gang med planlegging av arbeidet med å ta inn læringer i 2022.

Gevinstrealisering på planområdet (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort, årlig samlet vurdering og rapportering i årsrapporten på egen ressursbruk knyttet til arbeid med og medvirkning i planprosesser (som formidling, høringsuttalelser, dialog og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser). I tilknytning til rapporteringen på ressursbruk skal det også ges en vurdering av kvaliteten på arbeidet.

Planeksjonen i kommunalavdelingen disponerer i dag 16 stillingsheimlar. Vi meiner at vi etter samanslåinga har lukkast i å ta ut det beste fra praksisen i begge dei to tidlegare embetene, og at vi har utvikla denne vidare. Vidare har vi oppnådd eit styrkt fagmiljø som gjev betre tenester til kommunane og andre etatar. Samarbeidet med dei andre avdelingane internt fungerer også godt, noko som er naudsynt for at medverknaden i den kommunale planlegginga skal bli så god som råd.

Kartlegging av klager som fremmes av statsforvalteren som sektormyndighet (fra kapittel 7.3.6.8.1 i TB)**Rapportere på**

Det vises til oppdrag 3.1.1.1.14. Det skal ges en beskrivelse av status innen 1. april 2021.

Vi gav ei skildring av status innan 1. april 2021.

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av embetets arbeid...(2) (fra kapittel 7.3.7.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

I innspel til kommunale planar har vi merksemd på at kommunane må vareta universell utforming. Universell utforming var også tema på den årlege plankonferansen for kommunane.

Statsforvalteren skal gi en omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.7.5 i TB)

Rapportere på

Nye regler om aktivitets- og redegjørelsесplikten på likestillingsområdet trådte i kraft 1.1.2020. I årsrapporten for 2021 skal det redegjøres for arbeidet for likestilling i tråd med de nye kravene for redegjørelsесplikten, jf. økonomi- og virksomhetsinstruks pkt. 4.2.3 og pkt. 5.1.1.2, jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 24 om offentlige myndigheters aktivitets- og redegjørelsесplikt samt §§ 26 og 26 a om arbeidsgivers aktivitets- og redegjørelsесplikt. Barne-, ungdoms- og familieliderektoratet (Bufdir) har utarbeidet veiledering og maler for det aktive likestillingsarbeidet og maler for redegjørelse.

Lenke: [Aktivitets- og redegjørelsесplikten \(ARP\) \(bufdir.no\)](#)

Vi følgjer opp likestillings- og diskrimineringslova i myndighetsrolla vår. Vidare følgjer vi opp likestilling og tiltak for å hindre diskriminering i innspel til samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. Vi har innarbeidd likestillingsomsyn i dei interne planrutinane våre.

Avdelingsdirektørane er ansvarlege for å ta opp til drøfting i leiargruppa eventuelle likestillingsutfordringar dei ser innan eige fagområde.

Elles viser vi til pkt. 4.2 og tabell i pkt. 2.3.

Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljøsaker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid i håndhevingssakene per 31.12. Dere skal kun rapportere på saker som gjelder brutt/ikke brutt aktivitetsplikt.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for dei sakene der vi har gjort vedtak om brot eller ikkje brot på aktivitetsplikta, er 62 dagar. Sakene der vi har gjort vedtak om avvisning er ikkje ein del av grunnlaget.

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal beskrive vurderingene som var avgjørende for valg av:

- a) tilsynstema
- b) omfang
- c) skriftlig eller stedlig tilsyn
- d) tilsynsobjekt

a) tilsynstema

Vi har gjennomført tilsyn med ni ulike tema i 2021. Av desse var følgjande tema eigeninitierte: Alternativ opplæringsarena, internkontroll og rett til opplæring i fengsel, heimeopplæring og internkontroll. Vi har også starta eit tilsyn som gjeld spesialpedagogisk hjelp og barnehagemyndigheita sine plikter etter §§ 31 og 35.

Når det gjeld eigeninitierte tilsyn har vi undersøkt om regelverket vert følgt i tilfelle der elevar ikkje får opplæring på nærskulen. Dette gjeld i hovudsak der elevar får spesialundervisning på ein alternativ opplæringsarena. Vi ser at enkelte kommunar i større grad enn andre gir opplæring på andre arenaer enn nærskulen, til dømes på gard eller ulike tilbod med friluftsliv og uteskule. Vi vurderer at risikoen for brot på regelverket er større når elevane får heile eller deler av opplæringa utanfor dei rammene som nærskulen gir, og har difor valt å føre tilsyn med dei kommunane som har nytta alternativ opplæringsarena i størst grad.

Vidare har vi gjennomført eitt hendingsbasert tilsyn med tema internkontroll ved heimeundervisning. Tilsynet vart gjort etter at vi fekk informasjon som gav grunnlag for å undersøke nærmare om kommunen hadde internkontroll på dette området i samsvar med lova.

Vi har også gjennomført eitt tilsyn med internkontroll og rett til opplæring i fengsel der elevar kjem til i løpet av året og for kortare eller lengre tid. Dersom innsette ikkje får opplæring og eit forsvarleg opplærerstilbod, kan det få store konsekvensar for framtidia til den enkelte.

Det avgjerande ved val av tema for eigeninitierte tilsyn har vore risikovurderingar som viser at faren for lovbrot aukar når elevar får opplæringa si borte frå nærskulen.

Når det gjeld tilsyn med nasjonalt initerte tema har vi ført tilsyn med barnehagemyndigheitens rettleiing og tilsyn, skolemiljø, spesialundervisning og voksenopplæring.

På barnehageområdet har vi ført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigkeit og kontrollert om dei utfører oppgåver som gjeld risikovurderingar, rettleiing og tilsyn. Temaet er valt då vi har registrert ei uklar regelverksforståing av grensegangen mellom ansvaret til kommunane som eigar av

kommunale barnehagar, og ansvaret til kommunen som lokal barnehagemyndighet. Vi har erfart at fleire kommunar ikkje har god nok kunnskap om korleis barnehageeigarane oppfyller pliktene i lova, og at dei ikkje har gjennomført tilsyn og rettleiing i tråd med lova.

Eit trygt og godt skolemiljø er avgjerande for at elevane skal kunne nyttiggjere seg av retten til opplæring. Gjennom behandling av saker i handhevingsordninga har vi sett at det skjer mange regelverksbrot, særleg knytt til plikta til å undersøke og til å setje inn tiltak.

Spesialundervisning er eit felt der vi gjennom klagesaksbehandling og andre førespurnader har erfart at kommunane manglar forståing for regelverket og gjer mangelfulle vedtak. Videre er dette eit område der brot på regelverk vil ha konsekvensar for sårbare barn, noko vi også har lagt vekt på i vår risikovurdering.

Vår erfaring frå tidlegare tilsyn på temaet grunnskuleopplæring for vaksne, er at fleire kommunar ikkje har eit system som sikrar at alle vaksne får det tilbodet dei har krav på, ettersom systema ofte er retta mot den gruppa med elevar som har rettar etter introduksjonslova. Vidare er det vår erfaring frå tidlegare tilsyn og som klageinstans, at fleire kommunar utformar vedtak som ikkje møter krava etter opplæringslova og forvaltningslova. Ved val av tema for tilsyn har vi lagt vekt på at vaksne som ønskjer grunnskuleopplæring er ei sårbar gruppe.

b) omfang

Vi har gjennomført 24 tilsyn i 2021. Ved starten av året vart det utarbeidd ein tilsynsplan for heile året, basert på risikovurderingar og personalsituasjonen. I tillegg vert det gjort løpende vurderingar gjennom året, når vi vert kjende med ny risiko for lovbro i kommunane.

Det samla talet på tilsyn er litt lågare enn tilsvarande tal for 2020. Vi ser dette i samanheng mellom anna med dei prioriteringane som er gjorde med omsyn til verkemiddel, då vi også har prioritert å gjennomføre fleire større, digitale samlingar for kommunane om tema der vi finn mange lovbro i tilsyn. Vi viser også til at det er mange nytilsette i avdelinga i 2021, og den konsekvensen dette har hatt for tidsbruken i arbeidsprosessane.

c) skriftleg eller stadleg tilsyn

Vi har gjennomført åtte skriftlege og 16 stadlege tilsyn i 2021. Fleirtalet av dei stadlege tilsyna er gjennomførte med digitale intervju. Dette har si årsak i ulike restriksjonar knytte til koronaepidemien, som har gjort det vanskeleg å planlegge møte- og reiseaktivitet i fylket.

Enkelte av tilsyna er utforma med tanke på at dei skal gjennomførast skriftleg. Dette gjeld til dømes det felles nasjonale tilsynet «gjere vedtak om spesialundervisning», og det eigeninitierte tilsynet vi har hatt på bruk av alternativ opplæringsarena.

I andre tilfelle er det ikkje alltid fastlagt ved opning av tilsynet om tilsynet skal gjennomførast skriftleg eller stadleg. Opplysningane som kjem fram i dokumentasjonen vi får inn ved opning av tilsynet vil vere avgjerande. På grunnlag av den innkomne dokumentasjonen vurderer vi om vi treng meir informasjon for å belyse alle aktuelle spørsmål i tilsynet. Viss vi ser behov for det, vert det gjennomført intervju digitalt eller ved tilsynsbesøk i kommunen.

d) tilsynsobjekt

Tilsynsobjekta er valt ut på grunnlag av risikovurderingar. I den samanheng har vi vurdert innkomne meldingar, statistikk (BASIL, GSI, Elevundersøkinga m.m.), informasjon vi har fått i klagesaker og i kontakt med kommunane. Til dømes har vi ved val av tilsynsobjekt for tilsyn på skolemiljø lagt vekt på Elevundersøkinga, vurdering av indikatorar som skulebidrag, læringskultur, elevdemokrati, trivsel og motivasjon. I tillegg har vi lagt vekt på innmelde saker i handhevingsordninga.

Oppfølging av restrisiko (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan de følger opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

I risikovurderingane har vi avdekt at det er risiko for lovbro i fleire tilfelle enn dei som vert følgde opp med tilsyn. Vi har i hovudsak følt opp dette gjennom ulike rettleiingstiltak, både retta mot enkeltkommunar og i større samlingar. Vi gjekk til dømes gjennom regelverket for spesialundervisning og spesialpedagogikk i tre samlingar på Teams, etter same inndeling som i det felles nasjonale tilsynet etter opplæringslova. Samlingane var retta mot barnehagemyndigkeit, skuleeigar og PPT.

Vi har også informert på nettsidene våre om ulike tema.

I tillegg fører vi oversikt over innkomne meldingar om kritikkverdige forhold, slik at dette blir teke med i risikovurderingar for planlagde tilsyn neste år.

Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	1	0	0	1	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager	4	2	2	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16 a	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 19 e	7	2	0	3	2
Barnehageloven § 19 g	23	1	15	6	1
Barnehageloven § 19 h	0	0	0	0	0
	35	5	17	10	3

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Standpunkt i fag	7	0	0	3	4
Standpunkt i orden og oppførsel	2	0	2	0	0
Skyss, § 3-7	6	0	5	0	1
Lokalt gitt muntlig eksamen	0	0	0	0	0
Inntak, § 3-1	0	0	0	0	0
Utsatt skolestart, § 3-3 annet ledd	0	0	0	0	0
Særskilt språkopplæring, § 3-5	0	0	0	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	2	1	0	1	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Permision, § 3-13	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 2-4 jf oppl § 9a-2	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	0	0	0	0	0
Fritak fra norsk sidemål	0	0	0	0	0
	17	1	7	4	5

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Inntak, § 3-1	1	0	0	1	0
Særskilt språkopplæring, § 3-5	0	0	0	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Tap av rett til vgo, § 3-10	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 2-4 jf oppl § 9a-2	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	0	0	0	0	0
	1	0	0	1	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Standpunkt i fag	111	0	23	87	1
Standpunkt i orden og oppførsel	1	0	1	0	0
Sentralt gitt skriftlig eksamen	0	0	0	0	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	0	0	0	0	0
Skyss, § 7-1	43	7	34	0	2
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	3	0	1	1	1
Spesialundervisning, § 5-1	5	0	2	2	1
Skoleplassering, § 8-1	14	0	14	0	0
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	0
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	0	0	0	0	0
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	0	0	0	0	0
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	0	0	0	0	0
Tegnspråkopplæring, § 2-6	0	0	0	0	0
Særskilt språkopplæring, § 2-8	0	0	0	0	0
Permision fra opplæringen, § 2-11	0	0	0	0	0
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	0	0	0	0	0
Sum	178	7	76	90	5

Ei klagesak på fritak fra opplæringsplikta, § 2-1 fjerde ledd.

Klagebehandling - Vidaregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Inntak, § 3-1 sjette ledd	0	0	0	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	15	1	0	14	0
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	3	0	3	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	2	1	1	0	0
Sentralt gitt skriftlig eksamen	1 456	79	1 377	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførelse) for utenlandsskolene	0	0	0	0	0
Andre ikke-skriftlige eksamener for utenlandsskolene	0	0	0	0	0
Særskilt inntak, § 3-1 sjette ledd	0	0	0	0	0
Tap av rett til videregående opplæring, §§ 3-8 og 4-6	0	0	0	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	15	1	0	14	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	0	0	0	0	0
	1 491	82	1 381	28	0

Kompetansetiltak på fagopplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for hvilke kompetansetiltak dere har gjennomført på fagopplæringsområdet, og hva dere har gjort for å øke regelverksetterlevelsen i sektor.

I arbeidet med kompetansetiltak på fagopplæringsområdet har vi samarbeidd med statsforvaltarane i Rogaland og Agder. Dette har gjort til at vi internt har betre innsikt i regelverket på fagopplæringsområdet.

For å auke regelverksetterleivinga i sektoren har vi nytta fleire innnganger. Vi har både informert på våre nettsider om regelverket knytt til lærekandidatordninga, og etablert eit samarbeid med Vestland fylkeskommune. Dette samarbeidet tek sikte på gjensidig utveksling av informasjon og erfaringsdeling.

I samhandlinga med fylkeskommunen ser vi at dei arbeider godt med lærekandidatordninga. Nye Vestland fylke har no lik praksis for å gi dei ulike elevgruppene strukturert oppfølging. Fylkeskommunen har eit særskilt blikk på elevar som kan falle utanfor i vidaregående opplæring. Rettleilingstenesta har tett kontakt med opplæringskontora, og det er godt samarbeid mellom rettleilingstenesta, skulane og bedrifter i fylket.

Gjennom å byggje opp eigen kompetanse samstundes som vi informerer og har dialog med sektoren, har vi funne ein god framgangsmåte i arbeidet med å sikre regelverksetterleivinga på området.

Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på arbeidet med kompetanseutvikling for barnehager og skoler i fylket, herunder vurdere hvordan barnehage- og skoleiere sikrer at kompetansebehov er vurdert, og hvordan samarbeidsforum sikrer at tiltakene møter lokale behov og gjennomføres i partnerskap med UH. Statsforvalteren skal gi sin vurdering av hvordan kompetansemodellen på sikt kan bidra til å utjøvne kvalitetsforskjeller mellom barnehager og skoler.

Statsforvalteren skal også rapportere i egne tabeller på deltagelse i kompetansetiltak i regional ordning for barnehage og desentralisert ordning for skole.

Status for arbeidet

I Vestland har vi frå og med 2021 eitt samarbeidsforum for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæringa i Vestland. Fram til 2021 var det to samarbeidsforum, eitt for barnehage og eitt for skule. Dette fungerte godt, men med innføringa av Kompetanseløftet såg vi at eitt felles samarbeidsforum ville ha betre føresetnader for å sjå dei tre ordningane (som ingår i lokal kompetanseutvikling) i samanheng. Dette var ei viktig grunngjeving for denne omlegginga. Samstundes har vi eigne arbeidsutval for skule og barnehage. Slik legg vi til rette for grundige prosessar i det lokale og regionale analyse- og prioritieringsarbeidet, og til slutt korleis samarbeidsforum skal gjere dei endelege prioriteringane.

Barnehage- og skuleigarane vurderer kompetansebehova lokalt gjennom ulike prosessar, som er tilpassa lokale tilhøve. Samstundes skal samarbeidsforumet sikre at vurderingane held ein viss kvalitet. I Vestland er det 13 lokale kompetansenettverk for skule (kommunar, fylkeskommune, friskulenettverk), og ti for barnehage. Samarbeidsforum har valt å nytte årshjul og konkrete tidsplanar for arbeidet på alle nivå. Slik sikrar vi eit godt forarbeid på eigarnivå. Det er avgjeraande at UH-sektoren deltek i dei lokale prosessane, slik at dette blir ei kompetanseordning som legg vekt på verksemdbasert profesjonsutvikling. Samarbeidsforum og Statsforvaltaren arbeider for at forståinga av omgrepene "verksemdbasert" festar seg, og finn former som er godt tilpassa dei behova som er vurderte som viktige på eigarnivå. UH-miljøa er aktive deltakarar både ute i verksemndene, på det regionale nettverksnivået og i samarbeidsforum. Vi ønskjer tettare samarbeid mellom aktørane på regionalt nivå. Likevel vil vi ikkje legge for strenge føringar, då partane må finne ei teneleg form for involvering på dette nivået. Vi har hatt fleire gode diskusjonar og drøftingar i samarbeidsforum og i dei lokale nettverka, og vi får stadig betre forståing for korleis partnarskapet mellom aktørane kan tilføre utvikling og kvalitet.

Når det gjeld økonomi i den desentraliserte ordninga (Dekomp), deler skuleigarar og UH-sektor midlane likt mellom seg. Skuleigarane skal legge til ein eigenandel på 30 prosent. I den regionale ordninga for barnehage (Rekomp) er midlane også fordele med 50 prosent til UH, etter at det er sett av 30

prosent til andre tiltak. Samarbeidsforum bestemte at dei skulle nytte 30 prosent til andre tiltak, og høgskulane fekk difor halvparten av dei resterande 70 prosenta av midlane.

I Rekomp melder fleire av dei lokale nettverka tilbake at vilkåra og føringane for bruk av midlar innan dei andre tiltaka (knytt til 30 prosent-potten) er for rigide, og ikkje legg til rette for nok lokalt handlingsrom og fridom. Fleire melder at det burde vere mogleg å nytte delar av midlane til tiltak som nettverksarbeid, møte og samlingar på tvers, slik at dei kan styrke dei lokale nettverka og kompetanseheving på tvers av verksemder. I dialog med Utdanningsdirektoratet kjem det fram at det ikkje er rom for dette. Vi vonar departementet kan gjere ei ny vurdering av føringane og vilkåra for desse andre tiltaka.

Utjamne forskjellar

Ein viktig bakgrunn for dei lokale kompetanseordningane var å utjamne forskjellar på kvaliteten i skular og barnehagar. I den grad kompetansemodellen skal bidra til utjamning av uønskte forskjellar, meiner vi at vi må feste tillit til at kollektive prosessar for profesjonsutvikling er eit viktig bidrag. Vi har no fått ei ordning som tar utgangspunkt i klare og konkretiserte utviklingsområde, samstundes som ordninga gjer personalet og eigarane i stand til å gripe tak i nye behov når dei blir identifiserte.

Vi meiner at forventningane om involvering på alle nivå er avgjerande. Partane skal vere saman om å peike ut område der det er behov for kompetanseutvikling (svakheiter), og dei skal vere saman om å velje tiltak for å utvikle kompetansen (løysing). Vi meiner også at det er formuig at det er eigarane med dei største behova som blir prioriterte i starten, all den tid midlane uansett berre held til eit utval av eigarar, skular eller barnehagar. Dette er det samarbeidsforum og ikkje vi som avgjer.

Kompetanseutvikling i barnehage - deltagelse på andre kompetansetiltak

	Antall deltagere fra kommunale barnehager	Antall deltagere fra private barnehager	Antall deltagere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	7	1	8
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	101	60	161
Barnehagefaglig grunntilnærming	70	10	80
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	12	2	14
Totalt	190	73	263

Samarbeidsforum for barnehage har beslutta at 30 prosent av midlane kan nyttast til andre kompetansetiltak i tråd med vilkåra i ordninga, og vert fordelt på dei ti kompetanseregionane i fylket. Grunna mellom anna koronapandemien har flere av kompetanseregionane gitt tilbakemelding om at planlagde kompetansetiltak er utsette til 2022, og at dei ikkje veit talet på deltakarar no. Tala i tabellen er difor ikkje fullstendige, og er basert på regionane sine estimat. Tala på deltakarar for nokre av tiltaka kan difor auke utover året, når regionane får meir kunnskap om gjennomføringa og deltakinga.

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak

	Beløp tildeilt (kr)	% brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildeilt for regional ordning
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	11 376	0
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	82 304	0
Barnehagefaglig grunntilnærming	2 830 276	11
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	688 704	3
Totalt	3 612 660	14

Samarbeidsforum for barnehage har beslutta at 30 prosent av midlane kan nyttast til andre kompetansetiltak i tråd med vilkåra i ordninga, og vert fordelt på dei ti kompetanseregionane i fylket. Grunna mellom anna koronapandemien har kompetanseregionane gitt tilbakemelding om at fleire av dei planlagde kompetansetiltaka vart utsette til 2022. Tala i tabellen er difor delvis basert på estimat frå regionane. Nokre har vatt å omfordre midlar til barnehagebaserte tiltak. Nokre har meldt om tiltak dei ser i samanheng med barnehagebaserte tiltak eller andre kompetansetiltak. Ut frå tilbakemeldingane tolkar vi det slik at alle midlane vert nytta til tiltak som bidrar til auka kompetanseutvikling for dei tilsette i barnehagane.

Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal innhente informasjon om hvordan det spesialpedagogiske støttesystemet ble involvert i forfasen, og inkludert i valg av tiltak i oppfølgingsordningen. Statsforvalteren skal vurdere om tiltakene som er iverksatt bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Vestland hadde i 2021 to kommunar med i forfasen, Kvinnherad kommune og Ulvik herad. Desse kommunane er ulike i storlek og korleis dei spesialpedagogiske støttesistema er organiserte. Kvinnherad kommune eig blant anna PP-tenesta sjølv, medan Ulvik kjøper tenester av Voss herad.

Kvinnherad

PPT i Kvinnherad kommune har vore aktivt med i forfasen. PPT har saman med skuleleiinga støtta barnehage og skule til å bli gode stadar for barn og unge å vere.

Gjennom forfasen har skulane kome fram til ulike utfordringsbilete som er forankra i kvar skule sitt profesjonsfellesskap. Det er variasjon i behov og ønskte tiltak, noko som er utfordrande for kommunen då dei ønskjer å tilpasse tiltaka til kvar skule sine opplevde behov. Fire av skulane ønskjer å arbeide med inkluderande praksis. Målsetjinga er å tilføra meir pedagogisk kompetanse inn i klasseromma og samarbeida om lokal kompetanseheving med UH-sektoren.

Kommunen har lagt ei stilling i PPT til dette arbeidet som hjelpt til skulane med det systemretta arbeidet. Kommunen har opprettet ressursgrupper og

utviklingslag med rettleiar frå PPT kontoret og UH-miljøet som skal følgje skulane tett opp.

I forfasen har dei fem skulane som er med i oppfølgingsordninga gjennomført ein pedagogisk analyse og bestemt seg for tiltak som er basert på forsking. Med forankring hos barnehage- og skuleleiinga, PPT og helsejukepleiarar ser Statsforvaltaren at tiltaka vil bidra til bedre læringsmiljø og læringsutbytte.

Ulvik

Ulvik herad er ein liten kommune der det berre er ein skule. Rektor ved skulen representerer òg det kommunale nivået, og dei har ikkje eigne PP-tenester. Forfasen har i stor grad vore styrт på skulenivå, og på skulen har det vorte sett saman ei prosjektgruppe med fem personar. Ulvik har ikkje inkludert PP-tenester frå Voss herad, som er den aktøren dei kjøper PP-tenester frå. Men den eine deltagaren i prosjektgruppa er koordinator for den spesialpedagogiske støtta ved skulen. Ut frå søknaden til Statsforvaltaren ser vi at prosjektgruppa har identifisert læringsmiljøet og læringsutbytte som utviklingsområde. Eit sentralt tiltak i planen er å forbetre det profesjonsfaglege fellesskapet, og det er vidare sett av midlar til vidareutdanning i personalgruppa innanfor logopedi og spesialpedagogikk. Seinare har det også kome til eit tiltak kring foreldresamarbeidet, dette er særleg retta mot å betra læringsmiljøet på skulen.

I gjennomføringsfasen hausten 2021 har skulen jobba med organisasjonskultur, og vil i 2022 halde fram arbeidet med å utvikle kulturen i organisasjonen. Vi har vore tett på kommunen og ser starten på ei utvikling i retning mot betring av kulturen på skulen. Vi ser at dette kan ha påverknad på læringsmiljøet og at læringsutbytte i forlenginga av dette vil kunne bli betre. Vi ser også at det er viktig å få med føresette kring arbeidet med læringsmiljøet, og trur at dette også vil ha ein positiv effekt etter kvart som prosjektet utviklar seg.

Kompetanseløftet (fra kapittel 7.3.8.8 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan de har fulgt opp arbeidet med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis i sitt fylke.

Vi kom med i ordninga Kompetanseløftet frå 2021, med oppstartssamling i februar. Når det gjeld innrettinga og føremålet med ordninga hadde vi starta informasjonsarbeidet og førebuinga alt i 2020.

Det var semje i vårt fylke om at det første året skulle brukast til å kartlegge kompetansebehov som grunnlag for utviklingsarbeid frå 2022.

Vi har brukt mykje tid på å drøfte korleis denne ordninga både skal seg frå dei andre tilskotsordningane, samstundes som det blir peikt på at ordningane må sjáast i samanheng. Konkret fekk dette den konsekvensen at vi gjekk frå eitt samarbeidsforum for skule og eitt for barnehage, og slo desse saman til eit felles samarbeidsforum der Statped er inkludert. Vi såg det som heilt naudsynt, nettopp for å sjá Kompetanseløftet i kopling til anna utviklingsarbeid.

Dette er ei stor forsamlings, og det krev understrukturar. Under samarbeidsforum har vi to arbeidsgrupper som i realiteten er tilsvarande som dei to gamle samarbeidsforum - eitt for barnehage og eitt for skule. Her er det brei representasjon som skal sikre at dei private blir inkluderte på ein sidestilt måte.

Framleis er det avgrensa midlar i kompetanseløftet. Det vi får melding om frå kommunane, er at mange, særleg dei små med interkommunale tenester innanfor PPT og barnevern, vurderer å gå inn i felles kompetanseutviklingsopplegg.

Korleis UH kan møte kompetansebehova i kompetanseløftet veit vi ikkje nok om no til å gje ei dekkande omtale. Men no som vi går inn i år to, og det skal etablerast konkrete utviklingssamarbeid basert på den kartlegginga som er gjort i 2021, får vi nærmare kjennskap til det. Det vi veit er at UH-miljøa har uttrykt seg positivt om eigne fagmiljø, og så langt vi har fanga opp ser seg inn i kompetanseløftet som viktige aktørar. Det same gjer Statped.

Gevinstrealisering på barnehage- og grunnopplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.9 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringsplanen skal statsforvalteren redegjøre for realiseringen av gevinst på oppgavene informasjon- og veiledning, klagesaksbehandling og tilsyn. Statsforvalteren skal i tillegg tabellrapportere på ressursbruk og kvalitet for nevnte oppgaver.

Overordna er vi i ein betre posisjon etter samanslåinga til å utvikle spesialisert kompetanse på viktige område. Kvaliteten og effektiviteten i klagebehandling og tilsyn må trekkest fram. Samstundes har vi hatt stor utskifting av medarbeiderarar i 2021. Det betyr sjølv sagt noko for sakshandsamingstida og for kor effektive tilsynsprosessane er. Samstundes har vi no eit større fagmiljø, med gjennomarbeidde rutinar og malar, og er mindre sårbare ved utskiftingar. Sjølvje introduksjonen til oppgåver og å nå den kvaliteten vi skal ha, går fortare.

Når det gjeld rettleatingsarbeid har nok bruken av webinar i staden for fysiske samlingar, gitt gevinst. Tidsbruken vår er redusert, gjenbruk av foredrag er enkel, og deltagartala på webinar er høge. Så om dette er mål på gevinst, peikar det i retning av høg realisering.

Samla sett meiner vi at vi har tatt ut stor gevinst av samanslåinga, både når det gjeld kvalitet på arbeidet og ressursbruk.

Gevinstrealisering: Ressursbruk og kvalitet på oppgaver knyttet til informasjon og veiledning, klagesaksbehandling og tilsyn

Betegnelse på rapporteringskrav	Tilsyn	Klagesaksbehandling	Informasjon og veiledingsoppgaver
Antall årsverk benyttet til oppgaven	9	13	6
I hvilken grad vurderer statsforvalteren at oppgaven blir løst med tilstrekkelig kvalitet?	4	4	4
I hvilken grad har statsforvalteren tilstrekkelig kapasitet til å løse denne oppgaven?	3	4	3
I hvilken grad er statsforvalteren tilstrekkelig tilgjengelig for å løse denne oppgaven?	4	4	4
I hvilken grad har statsforvalteren tilstrekkelig kompetanse til å løse denne oppgaven?	4	4	4
I hvilken grad har statsforvalteren tilstrekkelig endringsdyktighet til å løse denne oppgaven?	4	4	4
I hvilken grad har statsforvalteren tilstrekkelig rettssikkerhet i utførelsen av denne oppgaven?	4	4	4
Dersom statsforvalteren har svart verdien 1 eller 2 på ett eller flere av spørsmålene over, ønsker vi å vite årsaken til dette			

I tillegg har vi tre årsverk til opplæring i kriminalomsorga.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.8.10.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Vi har behandla 13 klagesaker i samband med introduksjonsordninga for nyankomne innvandrarar. Av desse gjaldt tre saker utvida tid, to stans av introduksjonsprogrammet, fem saker rett til introduksjonsprogram og tre permisjon.

I seks av sakene stadfesta vi kommunane sine vedtak. I to saker om utvida tid, éi sak om permisjon, éi sak om stans av introduksjonsprogrammet og éi sak om rett til deltaking i programmet, oppheva Statsforvataren kommunen sitt vedtak.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.8.10.2 i TB)

Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Vi har behandla tre klagesaker på området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrarar etter introduksjonslova: Éi sak om fritak frå plikt til opplæring i samfunnskunnskap, éi sak om fritak frå avsluttande prøve i samfunnskunnskap og éi sak om avsluttande prøve i norsk.

Alle sakene kjem frå den same kommunen i Vestland. I to av sakene vart kommunen sitt vedtak stadfesta. I saka om avslag på søknad om fritak frå avsluttande prøve i norsk og samfunnskunnskap gjorde vi nytt vedtak. Klagaren fekk fritak frå plikta til å avgjenge avsluttande prøve i norsk.

Statsforvalteren skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.8.10.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gjennomføre statsborgerseremonier for alle nye statsborgere i fylket som har fylt 12 år, samt medvirke til at andelen av nye statsborgere som deltar på seremoniene øker.

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjoner til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

Grunna koronapandemien vart det ikkje arrangert seremoniar for nye statsborgarar i 2021. Då landet opna i ein periode på hausten byrja vi å førebu ein seremoni, men dverre steig smitten på ny. Dei nye statsborgarane fekk tilsendt brev der dei vart gratulerte med sitt nye statsborgarskap, og fekk samstundes tilbod om boka "Velkommen som ny statsborgar". Når vi arrangerer første seremoni i 2022 vil nokre av dei som fekk statsborgarskap i 2021, bli inviterte.

Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.8.10.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal også rapportere på antall deltakare i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

Første halvår 2021 var det totalt 3062 deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrarar i Vestland fylke. I andre halvår var talet 1880.

Talet årsverk som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova var 235,84 i første halvår 2021. I andre halvår var talet 223,91.

Bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.8.10.5 i TB)

Rapportere på

Det vises til styringsparameter 3.3.3.2.1. Statsforvalteren skal kort redegjøre for samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune om rask og treffsikker bosetting samt gi en vurdering av samarbeidet.

Dei tala Statsforvaltaren har tilgjengeleg viser ein auke i talet på oppmodingar om busetting i vårt fylke samanlikna med i 2020, og at dei vedtaka som er gjorde om busetting i kommunane er omlag tilsvarende oppmodinga.

Samhandlinga mellom stat, kommune og fylkeskommune følgjer ein avtalt og fast prosess for samarbeid og gode tilrådingar. Det er vårt inntrykk at tilrådingane om busetting tar omsyn til kommunane sine føresetnadar for god integrering, der både arbeidsmarknad, bustadmarknad og korleis opplæringstilboda er plasserte, er viktige faktorar å styre etter. Vi vil òg peike på at fylkeskommunen tar tydeleg ansvar for å invitere relevante kommunale tenester, kultursektor, frivillige og andre til faglege samlingar og drøftingar om inkludering, kvalifisering og integrering.

Vi konkluderer med at samarbeidsstrukturane og den faktiske innsatsen frå stat, fylkeskommune og kommune oppfyller krava til rask og sikker busetting av flyktninger og innvandrarar.

Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

Rapportere på

- Antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene samlet per 31.12.2021, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene hos statsforvalteren.
- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindriftsforvaltning per 31.12.2021.
- Ressurser benyttet til planlegging og gjennomføring av kontrollplanen på landbruks- og reindriftsområdet.

Vi undersøkte ved utgangen av 2021 kor mange årsverk kommunane brukar på landbruksområdet, unnateke viltforvaltning, og samanlikna dette med tildelinga i den såkalla landbruksnøkkelen i rammetildelinga til kommunane.

Tal årsverk for alle kommunane var på om lag 81, medan forventa tal årsverk ut frå tildelinga er på om lag 86 årsverk. Totalt for Vestland ser bemanninga på landbruksforvaltninga i kommunane til å ligge litt under det vi kan vente ut frå tildelinga, men metoden er litt svak. Til dømes er det diskutabelt kva kostnad ein skal setje per årsverk, inkludert administrativ kostnadsdekking. Ei slik undersøking har størst verdi i dialog med enkeltvise kommunar.

Ved landbruksavdelinga hjå Statsforvaltaren hadde vi ifølge bemanningsplanen kring 28,5 årsverk til LMD-området. Etter tilbakemelding på ressursbruken til LMD-området i 2020 vart dette auka med eit årsverk frå hausten 2021, og skal etter planen ytterlegare aukast i løpet av 2022. Samstundes har vi på grunn av diverse vakansar og mindre permisjonar ikkje hatt full bemanning i 2021.

Årsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2021.	29,5
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2021.	0,0
Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2021 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.1.	4,0
Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2021 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.2.	0,0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2021 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1	10,0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2021 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1.	0,0

Tal årsverk i landbruksavdelinga er frå bemanningsplanen. På grunn av permisjonar og vakansar ved utskiftingar, var tal årsverk i 2021 på om lag 27,5.

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

Rapportere på

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodatoplan.

Vi vurderer at samarbeidet om kart går godt. Det er svært viktig at dette fungerer, både for forvaltning av arealbaserte ordningar og fordi gode kart er eit svært viktig hjelpemiddel i all arealforvaltning.

Gjennom geovekstarbeidet er det utarbeidd eit fellesdokument kalla «Avtale om forvaltning, drift og vedlikehald» (FDV). Kartverket har sendt FDV-avtale til underskriving til alle kommunar i Vestland fylke. Kommunane er informerte om at dei bør ha rutinar for kontinuerleg oppdatering, og det er laga framlegg til rutineskildring av AR5.

Alle kommunar i Vestland har signert avtalen, men vi har ikkje oversikt over kor mange som har laga eller revidert rutineskildring.

Bergen og Bremanger kommunar har ikkje hatt periodisk ajourføring dei siste fem åra, men begge har planlagt dette i 2024.

Tiltak som er gjennomførte for vareta landbruksinteressene i kartarbeidet

- Kommunar med store endringer i arealbruken, som også kan føre til endring av arealressurskarta for landbruk AR5, er oftare med i geovekstprosjekt.
- Vi passar på at periodisk ajourføring blir koordinert med datafangsten frå omløps- og ortofoto.
- Vi følgjer med på at prosjektkostnaden for landbruk ikkje overstig den nasjonale kostnadsdelingsnøkkelen.
- Vi følgjer opp datadekning i B- og C-områda. Landbruk bidrar meir i C- enn B-områda. (Skala A, B, C der A er sentrumsområde, C er landbruksområde og B er imellom.) Område som treng betre kvalitet bør omdefinerast frå C- til B-område.
- Ved laserskanning bidrar vi ikkje meir midlar enn det som er vedtatt i Geovekst-forum.

Utfordringa kommunar har med ajourføring av AR5

Arbeidet med kontinuerleg ajourføring er betre enn tidlegare. Samanslåing av kommunane har hatt god effekt for enkelte. Det er betre kompetanse i mange av kommunane, og dei som manglar kompetanse har inngått samarbeid med andre kommunar.

Alle kommunane i Vestland fylke er over på oppdatering i Sentral felles kartdatabase (SFKB).

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5	Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodatoplan	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	0	2	43

Allie kommunar har inngått avtale om oppdatering der det er tilrådd å ha skriftlege rutinar. Det er også laga framlegg til slike rutinar, og vi har inntrykk av at dette fungerer. Vi har ikkje sjekka om dette er på plass i praksis.

Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)

Rapportere på

Rapportere om antall saker der anmeldelse er vurdert, antall saker som er anmeldt og hvilket regelverk sakene gjelder.

Vi har ikkje hatt saker med så grovt brot på regelverket for tilskot eller landbruksdrift at vi har meldt det til politiet.

Utveksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)

Rapportere på

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

Vi har eit årleg møte med Mattilsynet på hausten. Her møter fagansvarleg ved regionkontoret og ein frå kvart distriktskontor. I møtet orienterer Mattilsynet om pågåande saker, og vi avklarar kva saker som skal vidare til kommunen og Statsforvaltaren i tråd med avtalen. Ofte har vi ingen saker før møtet, men dei kjem inn etter møtet. Møtet gir oss eit godt innblikk i Mattilsynet sitt arbeid, graden av brot på regelverket og kva verkemiddel Mattilsynet nyttar for å sikre god dyrevelferd.

Statsforvaltaren har tett dialog med kommunen i dei sakene som er oversende frå Mattilsynet, og vi erfarer at kommunen gjer gode vurderingar. Vi har også vurdert å halde tilbake saker for utbetaling dersom kommunen ikkje gjer vedtak, men det har så langt ikkje vore naudsynt.

Utveksling av informasjon om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2	Herav antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Herav antall saker kommunen har utbetalet tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)				
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avvikling)	2	1	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)				
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr)				
Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3	1	0	0	0

Kolonne "ikkje oppfyller vilkår til vanleg jordbruksproduksjon", linje 2: ei sak der det ikkje vert søkt PT. Linje 5: ei sak der kommunen enno ikkje har gjort vedtak.

Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall møter	Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema	Herav antall møter der pågående saker var tema	Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidstavtalet i Statsforvalteren møtte
Møter gjennomført med Mattilsynet	1	1	1	1

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)**Rapportere på**

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Vi prioriterte å handskape sakene om kompensasjon for avvikling av pelsdynæringa så raskt som råd. Vi kjenner til kring 16 saker i Vestland. Problemet har vore mangelen på endeleg regelverk, noko som har skapt stor frustrasjon. Tal saker i 2021 viser i tabellen nedanfor. Dei to søknadane om avviklingskompensasjon ventar på endeleg regelverk. Det er løvd rammetilskot til rivingssøknadane, men dei er ikkje avslutta endå. Ein ubehandla søknad om alderspensjon ventar på ferdig rekneskap for 2021.

Kompensasjon etter avvikling av pelsdyrholt

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Kompensasjon etter avvikling	11	2	0	9
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	3	0	3	0
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	2	1	0	1
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrholt	14 419 938	0	0	14 419 938

Gevinstrealiseringssplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)**Rapportere på**

I gevinstrealiseringssplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og avløsning til ferie og fritid, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringssplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

Gevinstrealiseringssplanen for LMD legg for vår del opp til meir einsarta praksis og rettleiing innan dei områda som er omtala nedanfor. Vi skriv kort om status og gevinst.

Eigedomsløvgjevinga

- Vi opplever aukande behov for direkte rådgjeving til kommunane om regelverket.
- Frå hausten 2021 har vi styrkt dette feltet med ein ekstra jurist og ein person som skal følge opp regelverket for driveplikt.
- Vi har hatt ei sakshandsamingstid på om lag åtte veker i dei vanlege klagesakene, men til no ikkje makta å vere så offensive som ønskt i oppfølginga av andre saker m.m.
- Vi har vurdert innhenting av saker frå kommunane og bede om slik innsending frå fire kommunar frå 2022, for eit år. Vi plukka ut kommunar ut frå objektive kriterium, slik som tal saker i perioden 2015–2019 + tal klagesaker.

Husdyrkonsesjonsregelverket

- Vi har relativt få saker som ligg like oppunder eller over konsesjonsregelverket.
- Vi har sjekka dei sakene vi skal etter liste frå Landbruksdirektoratet, men til no ikkje funne graverande forhold.
- Vi følgjer med på dette og har no fleire som kjenner regelverket, men utover det ser vi ikkje behov for å auke kapasiteten her.

Kontroll innan produksjonstilskot, avløysarordninga og regionalt miljøprogram

- Vi har styrkt kontrollarbeidet både i kvalitet og kvantitet.
- Vi har organisert arbeidet med ein fast kontolleiar som er med på alle kontrollane, for å kvalitetssikre og kalibrere våre vurderingar og reaksjonar.
- Produksjonstilskot og avløysarordninga har dei største tilskotsbeløpa, så dette vert kontrollert kvart år.
- Vi har også styrkt arbeidet med regionalt miljøprogram (RMP). Etter samanslåinga til Vestland har vi fått til eit godt felles program med både store generelle og spesiellalaga miljøordningar. Vi har god dialog med miljøavdelinga om ordningar innan utvald naturtype som krev registrering i Miljøbase, og har gjort vesentlege grep for å få fleire tiltak mot utslepp til vatn og luft.

Rapportering på kommunenes avvikshåndtering og avkorting (fra kapittel 7.3.9.10 i TB)**Rapportere på**

Rapporter på kommunenes praktisering av avvikshåndtering og avkorting ved feilopplysninger i søknader om produksjons- og avløsertilskudd.

Kommunane si praktisering av avvikshåndtering og avkorting ved feilopplysningene i søknadene om produksjonstilskot (PT)

Dersom det er søkt PT med for høgt tal på areal, dyr, m.m., skal kommunen som kjent vurdere om tilskotet skal avkortast, det vil seie reduserast meir enn oppretting av sjølvfeilen.

Ein manuell gjennomgang av tilgjengelege rapportar viser at av 43 kommunar i Vestland er det 22 kommunar som ikkje har avkorta nokre føretak for feilopplysningar i 2021.

Tabellen nedanfor viser at det vart avkorta for feilopplysningar hjå 62 føretak i Vestland fylke. Det utgjer til saman om lag 510 000 kroner. I tillegg er det registrert feil i søknaden hjå 393 andre føretak også der det ikkje vart avkorta. Nokre av desse gjeld søknader som fekk avslag, mellom anna på grunn av "ikkje vanleg jordbruksproduksjon".

Det varierer mellom kommunane korleis dei praktiserer avkortingsreglane ved feilopplysningar. Det kan vere fordi kommunen meiner det er forståeleg at det kan leggast inn feil på enkelte tal, og dermed ikkje synest det er rett å avkorte. Det er også mange saker med små rettingar, til dømes i areal på grunn av periodisk ajourføring av gardskarta, og kommunen vel då å ikkje avkorte for slike små feil.

Vi ser likevel nokre betringar i praksis:

- Når det vert avkorta følgjer kommunane for det meste retningslinjene i rundskriv, og avkortar tilsvarende meirutbetalinga. Vurdering etter skjønn av avkorting blir også brukt.
- Dei skriftlege grunngjevingane for avkorting er vortne betre. Meir kunnskap og endringane i eStil PT, som legg fôringar for kva som må vurderast, har gjort det lettare.

Avkorting ved feilopplysningar er eit tema vi gjennom fleire år har hatt oppe på samlingar, webinar og andre stader der vi gir informasjon, og som det blir arbeidd kontinuerleg med.

Avkorting ved feilopplysninger

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall saker der kommunen har avkortet	Herav antall saker der kommunen har avkortet merutbetalingen	Herav antall saker der kommunen har avkortet mindre enn merutbetalingen	Herav antall saker der kommunen har avkortet mer enn merutbetalingen	Herav antall saker der kommunen ikke har avkortet
Føretak som har ført opp feilopplysninger for søknadsomgangen 2021 (som ville ført til en merutbetaling)	62	27	20	15	393

Koden Ingen avkorting er brukt 393 gonger, her ligg også produksjonar som er avslått - mellom anna fordi dei ikkje oppfyller kravet om vanleg jordbruksproduksjon.

Rapportering jord-, kosesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.12 i TB)**Rapportere på**

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, kosesjonsloven og odelsloven i 2021

Tabellane nedanfor viser statistikken over tal saker og resultat etter regelverket for fast eigedom. Det som ikkje kjem så godt fram av statistikken, er at mange kommunar treng mykje rettleiing om regelverk og handsaming på dette området.

Saker etter jord- og kosesjonslov - vedtak

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Endret	Stadfestet
Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	7	1	6
Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12	6	0	6
Vedtak i klagesaker om nydyrkning - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrkning)	1	1	0
Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0	0	0
Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd	0	0	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon – kosesjonsloven § 9	2	0	2
Vedtak i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar – kosesjonsloven § 9	0	0	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon for ervervi nærfamilie – kosesjonsloven § 9 siste ledd	0	0	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt kosesjonsgrense – kosesjonsloven § 7	0	0	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - utfall av søknaden/saken

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Avslått	Fritak	Pålegg gitt	Ingen pålegg	Merknad
Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	7	0	3	4	0	0	0	0
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9	4	4	0	0	0	0	0	0
Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12	6	1	1	4	0	0	0	0
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven §12	6	6	0	0	0	0	0	0
Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrkning – jordloven § 11 annet ledd	1	0	1	0	0	0	0	0
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	8	7	1	0	0	0	0	0
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	2	0	1	1	0	0	0	0
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9	0							
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense - konsesjonsloven § 7	0							
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0							
Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0							

Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Dyrka areal (fulldyrka- og overflatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da.	Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da.
Bolig	3	0	3
Hytte ol.	0		
Forretn., kontor, industri	0		
Off./priv. tjenesteyting	3	1	2
Andre byggeområde	0		
Skogplanting	0		
Samferd. og tekn. infrastruktur	0		
Grønnsentrur	0		
Golf	0		
Forsvaret	0		
Andre landbruksformål	0		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0		

Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Driftsenhet	Ikke driftsenhet
Vedtak	4	3	1
Påklaget til Landbruksdirektoratet	1	1	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	§ 35 første ledd a) jf. annet ledd	§ 35 første ledd b) jf. annet ledd	§ 35 første ledd c) jf. annet ledd	§ 35 tredje ledd
Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	1	0	0	0	1
Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	1	0	0	0	1
Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				

Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Delingssak	Drivepliksak	Omdisponeringssak	Konsesjonssak
Antall saker	0	0	0	0	0

Ved slutten av 2021 gjorde vi ei konkret vurdering etter jordlova paragraf 3 og bad om at fire kommunar sende inn sine vedtak om deling. Dette gjeld Stryn, Gloppen, Gulen og Børnlo. Desse sakene vil vi først få i 2022.

Arbeidet for utsatte barn og unge (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**Rapportere på**

Vi viser til oppgave 5.2.2.1 Koordinert innsats for utsatte barn og unge og deres familier i VØI.

Statsforvalteren jobber strategisk og langsiktig for samordning av tjenestetilbudet til utsatte barn og unge og deres familier. Vi ber om en rapportering på effekten av tiltak som er gjennomført på dette området i 2021. Statsforvalteren skal gi en vurdering av resultatene av tiltakene, se hjelpetekst.

Effekt av innsatsen for betre og meir samordna tenestetilbod til barn og unge

Vi har langt på veg lukkast med å få til ein koordinert innsats i det førebuande arbeidet med barnevernsreforma og med samordning av tenester til utsette barn og unge og familiene deira. Det gjeld særleg barnevernstilføret, men også med dei andre tenestene som møter barn, unge og foreldre. Kompetanseløftet inngår her. Situasjonen for barn og unge har naturlegvis også vore eit sentralt tema i møta med kommunar og tenester om handtering av pandemien. Vi har lagt vekt på å få til meir heilskapleg kommunikasjon og innsats ut til kommunane.

Konkret har vi fått til betre og samla informasjonsflyt ut til politisk og kommunal leiing, kommunalsjefar og tenesteleiarar med ansvar på barn- og ungeområdet. Vi har samarbeidd med regionale kompetansemiljø og KS om fleire arrangement der vi har hatt merksemd på førebuingane til barnevernsreforma, tverrfagleg samarbeid, koordinerte tenester og førebyggjande arbeid. Vi har også samarbeidd om felles nettside, nyhende, opplæring og digitale arrangement retta mot alle som møter barn, unge og foreldre i kommunane.

På arrangementa vart det gitt informasjon og lagt til rette for erfarringsdeling, dialog og rådgjeving. Tilbakemeldingane og evalueringane frå arrangementa er gode. Kommunane er tydelege på at dei set pris på meir samla og koordinert innsats frå Statsforvaltaren og dei andre aktørene. Vi får også tilbakemeldingar frå kommunale leiatar på at det er blitt tydelegare kva dei kan be om hjelp til frå regionale kompetansemiljø. Vi ser også at samarbeidet med RVTS, Korus, og RKBU om BTI-nettverka og temoplanar, medverkar til betre samanheng og koordinering mellom aktørene på feltet og i den einskilde kommunen. Vi har lukkast med å få til ei kopling mellom BTI-arbeid, arbeidet med barnevernsreforma og den heilskaplege planen kommunane skal lage for det førebyggjande arbeidet.

Det avgjerande spørsmålet er likevel om innsatsen har ført til at fleire barn får rett hjelp til rett tid, og at hjelpa er godt koordinert og heilskapleg. Dette har vi ikkje ei god nok oversikt over. Vi veit at mange kommunar har gode strukturar for koordinerte tenester, men vi ser dverre at dei ikkje alltid lukkast. Mange kommunar gir også sjølv utrykk for at dette er svært krevjande arbeid, og at dei treng meir hjelp for å få det til. Ved tilsyn med kommunane avdekker vi saker der samhandlinga ikkje har vore tilfredsstillande.

Grunnlaget for vurderingane våre

Vi har gjennomført evalueringar etter dei felles arrangementa i 2021. Vi har også ei styringsgruppe for arbeidet med barnevernsreforma med representantar frå kommunane, KS, Bufetat, RVTS, RKBU og Statsforvaltaren. Denne gruppa har samla tilbakemeldingar og erfaringar frå 2021. Dei vart lagde fram for kommunale leiatar i møte i januar 2022. Vi har gjennomført fleire kartleggingar, mellom anna av kommunane sitt arbeid med førebygging av vald og overgrep, behov for kompetanseheving og korleis kommunar som har slått seg saman eller har verksommunesamarbeid, meiner at det har verka inn på arbeidet med heilskaplege tenester til sårbarer barn og unge. I tillegg legg vi til grunn informasjon frå kartleggingane og dialogen vi har hatt med kommunale leiatar i samband med pandemien. Vi legg også til grunn den informasjonen vi har frå tilsyn.

Vurdering av andre aktørars innverknad på resultata

Vår vurdering er at vi ikkje kan lukkast med intensjonane i barnevernsreforma om vi ikkje lukkast med å få til ein samla og koordinert innsats frå dei ulike aktørene med delvis overlappande oppdrag og samanfallande interesser på feltet. Vi meiner at både KS, Bufetat og dei ulike kompetansemiljøa på barn- og ungefeltet har vore viktige medspelarar i arbeidet. KS er særleg viktig for å bidra med god forankring og merksemd i toppleiringa i kommunane om føresnader og økonomiske konsekvensar. Bufetat har vore særleg viktige samarbeidspartnerar i utviklingsarbeidet og på fosterheimsområdet. Samarbeidet med RKBU, RVTS, NUBU og Korus har vore avgjerande, til dømes for å gje kommunane fagleg støtte i utviklingsarbeidet på barnevernområdet, i BTI-samarbeidet, førebygging av vald og overgrep og på kompetanse- og tiltaksutvikling.

Forbetringspotensiale

Vår innstilling er at vi heile tida kan bli betre på å samordne oppdragene på dei ulike saksområda. Strukturelle grep er også tekniske for å lukkast betre i 2022. Vi vil innhente og bruke tilbakemeldingar meir systematisk i planlegginga av tiltak. Vi treng betre oversikt over om innsatsen faktisk fører til betre og meir koordinert innsats for barn, unge og foreldra deira.

Det todelte målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status i forvaltningen av det todelte målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

Vi har eit godt samarbeid mellom landbruk og miljø internt og med SNO og landbruket sine organisasjonar eksternt.

Dessverre har tap av beitedyr auka noko i 2021, særleg i Luster kommune. Det vart ikkje tatt ut jerv våren 2021, noko som er heilt nødvendig når det kjem jamn innvandring frå region 3. Det er berre ein kort periode om våren der værtilhøva gjer det mogleg med ekstraordinært uttak. Det er difor viktig at Miljødirektoratet og SNO prioriterer beiteområda i Indre Sogn i denne perioden.

Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.2.2 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, både på landbruks- og miljøområdet.

Tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap (UKL) og i verdsarvområdet i Nærøyfjorden medverkar godt til å ta vare på natur- og kulturmiljøverdiane i områda. Tilskota er også særskilt viktig for å oppretthalde og å utvikle landbruksnæringa i områda. I verdsarvområdet ser vi ein positiv trend med generasjonsskifte og satsing på fleire av bruken.

Kulturlandskapsverdiane i områda er jamt over stabile. I nokre av områda som Stadlandet og i verdsarvområdet gir turismen ei utfordring for landbruket, noko som igjen kan truge kulturlandskapsverdiane. I begge områda blir det arbeidd med desse problemstillingane gjennom ulike prosessar. I enkelte av områda er det tidvis behov for tett oppfølging av enkelttiltak for å rettleie og unngå uønskte effektar for natur- og kulturmiljøverdiane.

Kommunane og regional miljø- og landbruksforvaltning samarbeider og samordnar godt. Vi tek aktivt del i arbeidet og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønsker det. Kulturmiljømyndighetene hjå fylkeskommunen har avgrensa kapasitet til arbeidet med UKL og er mest involverte i områda som også er omfatta av kulturmiljøfredning, som Havrå og Ormelid. Ut over dette samarbeider vi med regional kulturmiljømyndigheter ved konkrete behov og utfordringar.

Lærdal

Lærdal kommune prioritærer å støtte dei tiltaka som gir best effekt, til aktivt landbruk, fellestiltak og tiltak som har allmenn interesse. Samarbeidsgruppa er eit viktig rådgivande organ for kommunen for prioritering, planlegging og samordning. Gjerdehald er prioritert i tråd med føringar frå samarbeidsgruppa, deriblant å støtte tidlegare omsøkte gjerdeprosjekt. Det er løvd noko tilskot til tilstandsrapportar på bygningar, jamfør føringar frå samarbeidsgruppa, og til skjøtsel av kulturlandskap med store landskapsverdiar og av allmenn interesse. Det er ønske om å utarbeide meir presise retningslinjer og planar som prioritærer tiltak. Arbeidet går stort sett som planlagt.

Havrå

Det er til no prioritert tilskot til tiltak som skal hindre skadar på to naust som er svært utsette for vindfall av store tre. Dette er eit viktig tiltak for å redde eit viktig bygningsmiljø på Havrå. Kommunen har også løvd tilskot til restaurering av vårflo ved Udgjerde, som fortel om driftsmetodar for gardsbruka på Havrå og som kommunen ser på som viktige å ta vare på. I tillegg er det løvd tilskot til beiting av utmarksareal, rydding og etablering av ny styringstre. Skjøtselsplanen ligg til grunn for prioriteringa og er eit nytig hjelpemiddel for kommunen.

Fylkeskommunen er også tungt inne i forvaltninga av dette unike klyngetunet. Delar av det blir skjøtt av deira eige museum, og andre delar av private grunneigarar. Teigane er mange og små og ikkje alltid med like klare formelle grenser. Dette gjer forvaltninga til dels komplisert. Det har vore vanskeleg å få klarare ansvarsdeling mellom dei ulike offentlege aktørane.

Ullensvang

Det er sett av lite ressursar til arbeidet med UKL i kommunen, noko som gjer at UKL-arbeidet har vorte nedprioritert i 2021. Kommunen har lova å styrke dette i 2022, og vi vil bidra fagleg etter ønske frå kommunen.

Ormelid

Kommunen har prioritert tiltak til skjøtsel i tråd med skjøtselsplanen, og formidling. Dette gir best resultat ut frå tilskotssummen og er i tråd med søknadane frå Stiftinga Ormelid, som driv skjøtselen i området. Arbeidet går som planlagt.

Grinde og Engjasete

Kommunen har prioritert over halvparten av UKL-midlane til skjøtsel av areal. Elles er årets pott bruk til å rydde og setje i stand kulturmiljø. Det er sett av små ressursar til arbeidet med UKL i kommunen, noko som gjer at det har skjedd lite utvikling i UKL-arbeidet i 2021. Arbeidet går som planlagt.

Stadlandet

Dei fleste prioriterte tiltaka er for beite og skjøtsel i tillegg til nokre tiltak til restaurering av bygningar. Stad kommune har også fått innvilga midlar til skilting og utarbeiding av skjøtselsplan. Kommunen har auka innsatsen og mellom anna teke tak i viktige oppgåver som formidling, og fagpersonar frå fleire avdelingar i kommunen er involverte.

Gjuvlandslia

Kommunen har i 2021 prioritert å legg skjøtsel før andre prosjekt, grunna manglende midlar for å dekkje alle tiltaka det er søkt om. Arbeidet går som planlagt.

Verdsarvområdet Nærøyfjorden

Ålege tiltak i form av skjøtsel av areal og beiting er prioriterte. Arealtiltak i form av flaumsikring, grøfting, nydyrkning og istandsetjing av areal som er flaumskadd, har blitt blitt høgt prioritert. Det er løvd midlar til investeringar i driftsapparat i form av bygningar og utstyr. Det er også løvd tilskot til planlegging og grunnlagsarbeid for driftsbygning. Desse midlane er avgjerande for fortsatt drift av desse marginale og samstundes verdifulle jordbruksareala.

Kommunestruktur (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal rapportere om eventuelle prosesser i kommunene der kommunesammenslåing har vært vurdert, og om hvordan det er blitt jobbet for å utfordre kommunene til dette.

Ingen kommunar i Vestland har sett kommunesamslåing på dagsorden i 2021.

I ulike møte med administrativ og politisk leiing i utvalde kommunar, har Statsforvaltaren hatt kommuneøkonomi og framtidige utfordringar som tema. Vi registrerer likevel at det ikkje er politisk ønske om å diskutere kommunesamslåing.

På grunn av pandemien, nye politiske signal sentralt og låg eller ingen interesse blant aktuelle kommunar, har vi i 2021 valt å gå inn i arbeidet på ein

forsiktig måte.

Kinn kommune har vedteke å utgreie opplysing. Vi har rettleidd kommunen om inndelingslova.

Forsøk med overføring av oppgaver fra Husbanken til statsforvalteren (fra kapittel 7.3.10.4.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren i Vestland, Nordland og Rogaland skal i 2021 sammen utrede hvordan forsøk med overføring av oppgaver best kan gjennomføres, sammen med Husbanken, i henhold til føringer i supplerende tildelingsbrev sendt ut 26. oktober 2020.

Vi gjennomførte utgreiinga innan fristen 1. februar 2021. Innhaldet i utgreiinga var mellom anna rammene for forsøket, evaluering, utforming av styringsdialogen, budsjettbehov og fordeling av medarbeidrarar mellom Vestland og Rogaland.

KMD gav tilbakemelding på utgreiinga 30. mars.

Perioden fram til forsøksstart 1. september vart brukt til å innplassere seks medarbeidrarar i ein ny seksjon, kommune og samfunn, i kommunalavdelinga. Seksjonen har, i tillegg til bustadsosialt arbeid, oppgåver innanfor generell kommunedialog, Kommunebilde, kommuneøkonomi og prosjektet Leve heile livet.

Dei første månadane vart brukte til å førebu prøveprosjektet som eit tverrfagleg prosjekt i embetet, og til å spreie kunnskap mellom fagområda som må samarbeide med det bustadsosiale feltet, som til dømes rus, psykiatri, helse, folkehelse, verjemål, utdanning, kommuneøkonomi, plan og Leve heile livet..

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Embetet har i 2021 eit mindreforbruk på 8 760 000 kroner på 0525.01.

Samla tildeling til drift i 2021, var på 212 863 000 kroner. Av desse var 9 940 000 kroner overføring av resultat frå 2020. Det store overskotet i 2020 stammar eigentleg frå 2019, då vi sette av 9 millionar kroner til planlagt ombygging av lokala våre i Bergen og Leikanger til aktivitetsbaserte arbeidsplassar. Ingen av ombyggingane vart noko av på grunn av omstende som låg utanfor Statsforvaltaren.

Per 31.12.2021 sit vi att med eit mindreforbruk på post 01 på kr. 8.760.000. Det vil seie at vi i 2021 nytta ca. 1,2 mill. av tidlegare års mindreforbruk.

Gjennom året har det grunna pandemien vore generelt mindre reise- og møteaktivitet enn planlagt, men likevel ein noko høgare aktivitet enn i 2020.

Meirkostnader grunna pandemien ser vi mellom anna med ekstra vaktordning og bruk av overtid for områda beredskap og helse. Totalt sett meiner vi at vi nytta midlane våre i samsvar med forventingane fra oppdragsgjevarane.

Dei årlege reduksjonane i budsjettet knytt til ABE-reforma er merkbare, og som følgje av dette må vi gjøre justeringar av stillingar og drift. Medarbeidarane våre har likevel innanfor dei fleste områda klart å utføre oppdraga samstundes som dei innfrir krava til høg kvalitet og saksbehandlingstid. Vi innrettar drifta etter reduserte rammeløyvingar, og takkar for tilliten til sjølvé å prioritere mellom fagområda.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2021	Fagdep. 2021	Kapittel 0525, 2020	Fagdep. 2020
Arbeids- og sosialdepartementet	1 118	3 680	1 244	3 040
Barne- og familieldepertementet	15 094	1 249	13 438	1 024
Helse- og omsorgsdepartementet	37 495	13 762	35 485	12 485
Justis- og beredskapsdepartementet	12 885	21 244	10 049	19 991
Klima- og miljødepartementet	30 485	7 097	31 297	5 730
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	66 118	2 561	65 442	3 035
Kunnskapsdepartementet	16 781	10 068	14 152	11 583
Landbruks- og matdepartementet	22 613	267	21 449	307
Andre	1 514	0	1 458	0
Sum	204 103	59 928	194 014	57 195

Auken under HOD skuldast tilsetting i vakant stilling som ass.fylkeslege, tillegg til sluttoppgjer for fylkeslegen. Overtid har også auka. Auken under JD skuldast ekstra stor ressursbruk på beredskap grunna pandemien og auka bruk av overtid. I tillegg har fleire tilsett på verjemål blitt lønna på resultatområde 512. KD har auke i bruk av overtid, og tilsetting i vakant stilling. BGD har også auke i overtid, meir stabilt personale enn tidlegare år og tilsetting i vakant stilling.

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Ressursbruken på pandemien og avgrensingane i fysiske møte og reiser har påverka måloppnåinga i 2021, men i mindre grad enn året før. Vi har hovudsak nådd måla og utført embetsoppdraaga med akseptable eller gode resultat på ulike fagområda. På helseområdet og plan- og byggområdet har vi også tatt saker for å hjelpe andre embete med lange restanselister.

Vi enda med eit økonomisk resultat på 8,76 mill. kroner i overskot i 2021. Vi hadde med oss 9,94 mill. kroner i overskot frå året før, og gjekk difor isolert

sett med eit lite underskot. Dette var slik vi hadde budsjettet. Vi ser det formuftig i budsjetteringa for 2022 å ta høgd for forventa meirutgifter i samband med at vi i 2023 skal inngå ny leigekontrakt på kontorlokale Bergen. Vi ber difor om at overskotet på 8,76 mill.kroner blir overført til 2022.

Vi har i 2021 høg gjennomtrekk ("turnover"), på heile 11,5 prosent. Vi ligg høgt samanlikna med andre embete, men det er likevel lågare enn første året etter samanslåinga. Gjennomtrekken gir vakante stillingar og reduserte lønsutgifter.

Reisekostnaden var også i 2021 låg, omlag som budsjettet. Sjølv om vi fører ein restriktiv reisepolitikk er det naturleg å tenkje seg at reiseaktiviteten vil auke i 2022.

Vi har 4,8 prosent sjukefråvær i 2021, ein nedgang frå 5,8 prosent i 2020 og 6,6 prosent i 2019. Vi har altså hatt ein jamm reduksjon etter samanslåinga.

3.6 Andre forhold

Innsyn

Alle innsynskrav etter offentleglova vert handterte av to dedikerte årsverk ved organisasjons- og strategiavdelinga. Dei to årsverka handterer både innsyn i offentlege dokument og dokument som er unntakse offentlegheita, i tillegg til klager på avslag på innsyn i slike dokument.

Tanken bak sentraliseringa av innsynskrava har vore at når færre personar skal behandle innsynskrav og har handtering av innsynskrav som si primære arbeidsoppgåve, reduserer dette handsamingstida og gir likare behandling uavhengig av fagområde. Fagkompetansen rundt handteringen av innsynskrava blir med dette styrkt.

Samanlikning av innkomne innsynskrav i 2019, 2020 og 2021

Tal frå elnnsyn	2019	2020	2021
FMVL/SFVL	2709	5590	8653
FMHO	1545	618	543
FMSF	366	288	214
Totalt	4620	6496	9410
Totalt handsama*	753	997	1157

* Svar på innsynskrav i offentlege dokument blir ekspederte på e-post utan noko form for registrering, og blir ikkje rekna som sakshandsaming. Det er såleis berre innsynskrav i dokument som ikkje er offentlege, som formelt sett blir sakshandsama. Desse innsynskrava blir registrerte og sakshandsama i ePhorte. Vi skriv svarbrev, og eventuelt sladda versjon av dokumentet blir arkivert på saka i ePhorte. Kvart innsynskrav kan innehalde ei bestilling på inntil ti dokument, og desse dokumenta kan igjen innehalde mange vedlegg.

Statistikken viser ein stor oppgang i mengda med innkomne innsynskrav frå 2019 til 2020, og vidare stor oppgang frå 2020 til 2021. Vi kjenner ikkje årsaka til den markante oppgangen i mengda med innkomne innsynskrav. Det har i praksis vist seg at det ikkje har vore tilstrekkeleg med to dedikerte årsverk til å behandle innsynskrava. Av denne grunn fekk vi frå sommaren av inn to personar i 100 prosent mellombelte stillingar. Dette, i kombinasjon med endringar elles i arbeidsstokken, førte til at talet på årsverk som jobba med innsynskrav i organisasjons- og strategiavdelinga i 2021 enda på 2,88.

Det er verd å merke seg at oversikta berre viser innsynskrava som har kome inn via elnnsyn. Til dømes får vi med jamne mellomrom innsynskrav i heile sakskompleks, saker knytt til konkrete tema, eller meir diffuse innsynskrav. Desse kjem ikkje via elnnsyn, men per e-post eller telefon. Vi har ikkje ein spesifisert statistikk over desse tala, men dei av desse innsynskrava som er sakshandsama i ePhorte, er medrekna i talet for total mengd sakshandsama innsynskrav. Det endelege talet på innkomne innsynskrav for 2021 vil etter dette ende på godt over 9500 innsynskrav. Tala frå elnnsyn seier ikkje noko om kor store bestillingane er, eller kor tidkrevjande handteringen av kvart innsynskrav er. Erfaringa vår er at dei største og mest tidkrevjande innsynskrava ikkje kjem via e-Innsyn.

Samanlikning av innkomne klager i 2019, 2020 og 2021

Innkommne klager	2019	2020	2021
Klager på avslag på innsyn	6	31	12
FM/SF har gjort om	4	-	4
Klageorgan har gjort om	-	4	1
Avslag stadfest av klageorgan	2	16	4
Klage er ikkje komen rettidig, og difor ikkje behandla	-	-	1
Oversendt klageorgan, men ikkje avgjort enno	-	11	2

Statistikken viser ein nedgang i klager på avslag på innsyn. Talet for 2020 var likevel uforholdsmessig høgt, då mange av desse i hovudsak var knytt til eitt saksområde, der éin journalist klaga på alle avslag på innsyn innanfor saksområdet. Dette vart gjort ved at journalisten sende inn éi klage for kvart dokument vi avslo innsyn i, og ikkje som éi felles klage for kvart samlevedtak vi gjorde, som er den vanlege framgangsmåten. Kor stor den reelle nedgangen frå 2020 til 2021 er, veit vi difor ikkje.

I tillegg til klager på avslag på innsyn, får vi unntaksvise krav om å få ei grundigare forklaring på avslag på innsyn. Dersom den som ønskjer innsyn aksepterer svaret vårt, er ikkje kravet om å få ei grundigare forklaring på avslag på innsyn å rekle som ei formell klage. Vi avsluttar då saka.

Oppgåver for Kongehuset og Høgsterett

Grunna pandemien vart besøk frå Kongehuset naturleg nok nok redusert også i 2021, særleg første halvdel av året. Likevel vart det nokre arrangement

med kongeleg deltaking:

- 4. juni: H.M. Dronning Sonja opnar "Kråkestien" i Ullensvang.
- 15.–17. juni DD.MM. Kongen og Dronninga gjennomfører ein tur langs Sognefjorden med besøk i Flåm (Aurland kommune), Hyllestad og Florø (Kinn kommune).
- 14. september: H.K.H. Kronprins Haakon opnar konferansen "The Ocean" i Grieghallen (Bergen), og besøker også forskingsskipet "Dr. Fritjof Nansen".
- 25. oktober: H.M. Kongen til stades ved markeringa av 75. årsjubileet til Universitetet i Bergen.
- 20.–22. september: Högsterett (dommarar og administrasjon) besøker Bergen, Austevoll, Kvam, Bjørnafjorden og Øygarden, og får også orientering frå Voss-ordføraren undervegs. Såleis var fem kommunar direkte eller indirekte dekt av besøket.

Medaljesaker

Vi fekk inn 17 medaljesaker i 2021. Av desse var det ein søknad om St. Olav og 16. om Kongens fortjenstemedalje. Talet på søknader var noko lågare enn tidlegare år. Kvar søknad fører med seg ytterlegare kontakt og innhenting av informasjon, i tillegg til sjølve vurderinga av saka.

4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Statsforvaltaren har mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp. Styringa skal vere heilskapleg og tilpassa risiko.

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa i leiarmøte og i verksemplanen. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. For å få ei heilskapleg leiring har det vore viktig å knyte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi prøver difor å gjennomføre leiansamlingar med utvida leiargruppe der seksjonsleiarane er med, med jamne mellomrom. Seksjonsleiarane får alltid innkalling til leiarmøte for at dei skal vere orienterte om kva som står på saklista. Vi er glade for at seksjonsleiarane får ta del i leianutviklingsprogrammet Vidsyn som Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i verk.

Vi set stor pris på at tildelingsbrevet og verksemde- og økonomiinstruksen no samlar oppdraga våre og at det viktigaste kjem tidleg i førebels tildelingsbrev. Vi er også glade for arbeidet med å forenkle og forkorte embetsoppdrag, og meir målstyring slik at det er mogleg å tilpasse verkemiddelbruken i større grad enn tidlegare. Dette gjer at måloppnåinga og effekten av tiltaka vert betre tilpassa behova i kommunane.

På same måten som i 2019 og 2020, har vi i 2021 jobba målbavisst for å få embetet til å fungere godt etter samanslåinga. Vi opplever at det no er lite snakk om dei to tidlegare embeta, og at vi har oppnådd god arbeidsdeling og harmonisering av praksis på tvers av kontorstadane.

Digitalisering er framleis viktig for oss, og vi legg opp til eit godt samarbeid med STAF som er vår tilretteleggar av digitale tenester.

Vi har etablert ei informasjonstryggleiksgruppe, og laga prinsipp for korleis vi skal arbeide framover. Også her samarbeider vi godt med STAF.

Vi har også etablert ei tverrgående klimagruppe. Denne gruppa har etter kvart har utvikla seg til å arbeide målretta med å ta i bruk dei av FNs berekraftsmål som er relevante, i oppdraga våre og gje oss endå større tyngd i kommunedialogen der det trengst.

4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Riskostyring er integrert med verksemplansplanarbeidet og i leiargruppa sitt arbeid gjennom året. Gjennom verksemplanlegginga og oppfølging av denne skal risikovurdering for manglende måloppnåing vurderast. Avdelingsdirektørane skal gjennomføre systematiske risikoanalysar for sine ansvarsområde. Leiargruppa, saman med vernetenesta, gjennomfører risikovurdering av arbeidsmiljøet fire gonger i året. Vurderinga skjer på overordna nivå.

Vi har teke i bruk RiskManager-modulane dokumentstyring, avvikshandtering og ROS-analyse. ROS-analysemoden er komplisert å bruke, og vi har bestemt oss for å ikkje bruke han meir.

4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har utarbeidd eit internt styringssystem som inneholder alle interne styringsdokument og våre interne retningslinjer (internkontroll). Ein del av systemet er mellom anna eit delegeringsreglement som tydeleggjer ansvar og roller i embetet. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Vi har tatt i bruk Risk Manager som system for vår internkontroll for informasjonstryggleik og avviksmeldingar.

Vi sikrar oss mot mishald til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar etter førebuing frå økonomieininga. Forvaltingsvedtak og tilskot står det alltid to personar bak, sakshandsamar og ansvarleg leiar eller mellomleiar.

Vi har tertialsvis rapportering på sakshandsamingstider for dei viktigaste fagområda våre. Dette gir oss god oversikt over statusen på fagområda.

Leiringa vurderer at styringssistema samla fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i embetet. Ei utfordring kan likevel vere å ha tid til å drive med kontroll ut over det vi har krav om å utføre.

4.1.3 Bemannning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Embetet har over år hatt ei stabil bemanning med kompetanse som er godt tilpassa oppgåvene. Vi har spesialistkompetanse på fleire fagområda, og vi har tilsette som vert nytta i særskilte oppdrag av departement og direktorat.

Vi har ein gjennomtrekk på 11,5 prosent i 2021. Dette er noko opp frå 2020, då tilsvarende prosental var på 9,8. Vi veit at vi ligg litt under lønsnivået i verksemder det er naturleg å samanlikne seg med, og det er planlagt eit grundigare arbeid med å sjå på lønsnivå i 2022. Vi har likevel godt kvalifiserte søkjrarar og jamt over gode søkerartal på ledige stillingar.

Tildelingsbrev og dei faste lovpålagde oppgåvene inneholder samla sett oppgåver som utfordrar ressursane våre. På fleire område må vi ut frå kapasiteten gjere stramme prioriteringar, forenkle og effektivisere. Vi har også gjort flere organisatoriske tiltak og endringar med formål om å få ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Mellom anna har vi samla alle innsynssakene, separasjon og skilsmisse og nokre andre juridiske områda for å effektivisere saksbehandlinga. Vi ser at vi ved at to personar løyser alle innsynssakene, våre har redusert ressursbruken med minst eitt årsverk.

Verjemål er området med størst kapasitetsutfordringar i dag. Dette fagområdet har vore underfinansiert. Noko av det same ser vi på helse, sosial og barnevern der rettighetsbasert lovgeving har ført til stor saksauke.

Vi merkar avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma, men justerer talet på stillingar i embetet og kapasiteten vår i tråd med tildelinga.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Vi har ymse inventar og tre embetsbilar, men elles har vi ikkje materielle verdiar av vesentleg verdi.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til avdekte svake punkt eller utfordringar. Embetet har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen. Vi brukar RiskManager i informasjonstryggleiksarbeidet, og vi jobbar systematisk for å byggje ein god kultur for informasjonstryggleik, mellom anna gjennom ei gruppe med representantar frå alle avdelingane og frå STAF.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Likestilling og diskriminering

I embetet kjem det sjeldan opp problemstillingar om likestilling og diskriminering, men vi er medvitne om at det er klar overvekt av kvinner tilsett i embetet. Kvinner utgjorde 66 prosent av dei tilsette i 2020, og i 2021 har delen kvinner auka til nesten 70 prosent.

På leiarnivå har vi i kategori ein 25 prosent kvinner, medan vi i kategori to har nesten 52 prosent kvinner.

Inkluderande arbeidsliv

Statsforvaltaren har som mål å vere ein arbeidsplass som tek vare på sine tilsette og gir moglegheiter for dei som står utanfor arbeidslivet. Vi har i fleire år jobba for å nå målet om at minimum fem prosent av alle nytilsette skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Dette arbeidet har vist gode resultat kvart år. I 2021 hadde vi 56 tilsetjingar. Seks av dei nytilsette som hadde oppstart i 2021, var i målgruppa for inkluderingsdugnaden, noko som tilsvasar 10,71 prosent av tilsetjingane. Vi har såleis nådd femprosentsmålet med god margin.

Vi har prioritert å ta i vare inkluderingsperspektivet i rekrutteringsprosessen. Vi brukar meir tid på analyse i forkant av utlysinga, og vi jobbar kontinuerleg med utlysingsteksten slik at han skal vere mest mogleg inkluderande for målgruppa til inkluderingsdugnaden.

Vi har laga ein digital opplæringspakke til alle leiariane om mangfaldsrekrytering. Dette er eit kort og praktisk e-læringskurs som gir leiariar med personalansvar nye perspektiv, nyttig innsikt og verktøy for å rekruttere mangfaldig.

Vi har sett at ein god dialog med Nav gir oss betre oversikt over aktuelle kandidatar til våre stillingar. Vi har derfor etablert eit godt samarbeidet med Nav Vestland, som hjelper oss å finne kandidatar innan målgruppa til ledige stillingar.

På samling for utvida leiargruppe i mai 2021 hadde vi inkludering som tema. Der gjekk vi gjennom korleis vi kan jobbe betre for å finne kandidatar innanfor målgruppa. Vi inviterte Nav Vestland til denne samlinga. Dei gjekk gjennom avtalen vi har med dei, og korleis vi kan arbeide saman for å finne gode kandidatar i målgruppa.

Vi deltok i traineeprogrammet i staten i 2019, der vi melde inn fleire stillingar. Den eine vi tilsette gjennom dette programmet hadde oppstart i 2020. I april 2021 var ho ferdig med programmet, og ho fekk tilbod om fast jobb hos oss.

HMS/arbeidsmiljø

Vi held fram med risikovurdering av arbeidsmiljø, og følgjer opp tiltak via eigen handlingsplan. Mellom anna har vi utarbeidd fleire rutinar for medarbeidaroppfølging.

I 2021 har vi og utarbeida retningslinjer med tiltakskort for førebygging og handtering når tilsette blir utsett for trakkassering, truslar og vald.

Miljøtiltak

Vi er klimapartner i Vestland, og dei tre kontorstadane våre er miljøfyrtaarnsertifisert. Vi har etter kvart gode rutinar for å oppnå miljøkrav både på Leikanger, i Førde og i Bergen.

Vi arbeider systematisk med huseigarane våre for å redusere avfall og bruk av energi. Vi legg vekt på ei sikker og effektiv drift av kontorstadane.

Som hos dei fleste verksemder tilseier nye arbeidsformer mindre reiseaktivitet i framtida. Likevel har vi eit utstrekkt fylke med 43 kommunar og tilsette på tre hovudkontorstadar, og vi må nok rekne med å måtte reise ein del framleis.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Embetet og fylket

Vi har avslutta det tredje året som Statsforvaltaren i Vestland etter samanslåinga frå 2019. Sjølv om vi har tilsette spreidde på tre kontorstadar og fire verneforvaltarkontor, meiner vi at vi no kan seie at vi er eitt embete.

Vi brukte krefter på å lage eit nytt organisasjonskart og finne ut av kva som skulle vere ny felles praksis der vi før var ulike. Men den viktigaste faktoren i samanslåinga var å bli godt kjende mellom kontorstadane og mellom kvar tilsett og leiarane. Dette har teke tid, og særleg leiarane har måttå og må framleis reise mykje for å bygge og oppretthalde den personlege kontakten som trengst for å sikre trygge relasjonar på tvers av geografi. Reisinga har sjølvsgått ein slitasjekostnad.

Under pandemien har periodar med heimekontor sett den personlege kontakten på prøve, og kravd meir av leiarane. Som nemnt meiner vi at vi som embete presterer best når flest mogleg av oss arbeider frå kontora. Mange arbeider effektivt heimanfrå, særleg i vanleg sakshandsaming der ein leiar godkjenner utkast til vedtak frå ein tilsett. Andre arbeidsoppgåver blir utførte i tett samarbeid mellom fleire, og då er det vanskelegare å få til god samhandling på tvers av heimekontor. Særleg vanskeleg er det for nyttilsette eller mindre erfarte medarbeidarar på heimekontor å få uformell rettleiing, der dei elles ville huke tak i ein tilfeldig kollega på gangen. Og dei tilsette som er mest effektive på heimekontor, er gjerne dei same som er viktigast i den uformelle læringa mellom kollegaer. Vidare meiner vi at vi mistar mykje spontan kreativitet når vi treffest sjeldnare på kontoret. Ikkje minst er det krevjande å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø for den einskilde medarbeidaren gjennom videomøte.

Likevel har vi nytta godt dei periodane det i 2021 har vore rom for å halde fysiske samlingar, slik at vi har bygd oss saman til eit lag. Og nokre fagområde, som beredskap, helse og til dels utdanning, har arbeidd tett saman gjennom pandemien. Dessutan har pandemien hjelpt oss til å bli gode til å samhandle digitalt. Trass nokre utfordringar meiner vi difor at vi no har kome så langt at vi kan seie at vi er eitt embete som er godt rusta til å utføre embetsoppdraga framover.

Som embete legg vi stor vekt på å utføre embetsoppdraga sjølvstendig og målretta ut frå behova i fylket, og innanfor rammene vi har fått. Vi set pris på at vi får oppdrag som i større grad legg opp til målstryring. Vi innrettar oss etter den forsterka føringa om at vi i større grad skal bruke ressursane i tråd med tildelinga fordelt på departementsområde. Men vi må nemne at føringa gjer oss mindre rusta til å møte nokre av utfordringane på område der vi tek i vare rettstryggleiken til svake grupper, til dømes den store auken i saker som gjeld helserettar og underfinansieringa av verjemålsområdet.

Vi ser at det stort sett er ro rundt samanslåinga av fylkeskommunane i Vestland, og ser fram til at fylkeskommunen styrker samfunnsutviklarrolla si vidare.

Som nemnt i tidlegare årsrapportar er vi framleis klare for å ta større ansvar for å vere det sentrale bindeleddet mellom den sentrale staten og kommunane, anten ved at oppgåver vert lagde til statsforvaltarane, eller ved at vi får ei forsterka samordningsrolle på dei områda der dei statlege regionkontora blir organiserte om til funksjonsdelt ansvar. Vi legg merke til at nokre kommunar er frustrerte over at det er vanskeleg å få avklaringar og å nå fram til rette personen i statlege etatar som har avvikla regioninndelinga. Vi merkar også frustrasjon i kommunane over oppsplittinga av det utførande ansvaret for riks- og fylkesvegar.

Frå 01.09.2021 vart ansvaret for rettleatingsoppgåvene innanfor bustadsosialt arbeid overført frå Husbanken til oss og to andre statsforvaltarembe, som eit treårig forsøk. Med vår breie kontaktflate mot kommunane trur vi at dette skal gjere oss endå betre i stand til å nå måla for oppdraget. Vi er i full gang med å kople det bustadsosiale arbeidet med oppgåvene våre innanfor sosiale tenester, rus, helse, folkehelse, verjemål, utdanning, plan og kommuneøkonomi.

Kommunane

I pandemien har innsatsen i kommunane vore heilt avgjerande for handteringa. Vi er imponerte over korleis kommunane i fylket har stått på for å løye små og store problem pandemien har utløyst. Dette gjeld sjølvsgått kommunar som har handtert store utbrot, men også kommunar som knapt har hatt utbrot, har hatt store utfordringar med å handtere stadige tiltaksendringar, å bygge opp naudsynt beredskap, og ikkje minst vaksinering. Som vi var inne på i innleiinga, har pandemien vist at vi har robuste samfunn fordi vi har høg tillit mellom innbyggjarar, offentleg forvaltning og andre aktørar, og alle aktørar står opp for kvarandre når det trengst.

Ufordinigar framover for kommunane vil vere rekruttering av kompetanse, særleg på helse- og omsorgsområdet. Vi ser alt no at både byar og bygder rapporterer om mangel på fastlegar sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar, og dette blir forsterka framover av den venta eldrebølgja. Kommunane har dessutan vanskar med å rekrutttere jordmødrar og psykologar. Vi saknar sterke grep frå sentrale styresmakter for å løye desse utfordringane.

For oss ser det ut som at kommunane kjem ut med gode økonomiske resultat for 2021, særleg fordi skatteinngangen har vore betre enn venta. Likevel står dei fleste kommunane overfor vanskelege økonomiske prioriteringar framover.

Vi er heilt samde med Kommunal- og distriktsdepartementet i målet om at vi skal ha så få statlege motsegner mot kommunale arealplanar som råd og at vi heller ikkje skal klage over kommunale dispensasjonsvedtak meir enn naudsynt. Vi held talet på motsegner og klager på eit lågt nivå, slik vi har rapportert lengre framme. Trass i dette meiner vi at den politiske forståinga av kva handlingsrom kommunane har, er altfor låg i mange kommunar. Vi opplever stundom at det er vanskeleg å nå fram med den heilt sentrale føringa om at utbygging av nye bustadområde i størst mogleg grad skal skje rundt eksisterande bustader og kollektivknutepunkt.

Og vi opplever at det er vanskeleg å nå fram til det politiske nivået med at det er to naudsynte lovvilkår som begge må vere oppfylte for å kunne gje dispensasjon frå ein arealplan. Oppfatninga er i staden at dispensasjonsavgjerder fullt og heilt er underlagde kommunens frie skjøn. Undersøkingar frå Sivilombodet har vist noko av det same.

Mange kommunar er heller ikkje merksame på at det ikkje er lov å gje dispensasjonar som inneber unntak frå sakshandsamingsreglar, som til dømes krav til konsekvensutgreiing eller ROS-analysar. Dette utgjer ein tilleggsrisiko for nedbygging av naturverdiar og for bygging i område der det er naturfare som skred eller flaum.

Vi klagar jamt over på 5-6 prosent av dispensasjonsvedtaka vi får oversendt frå kommunane, og vi får nesten alltid medhald i klagen frå setjestatsforvaltaren. Truleg er størstedelen av dispensasjonane kommunane gjev, i strid med dei to vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 andre leddet og difor ugyldige forvaltningsvedtak. Vi meiner sentrale styresmakter i større grad må hjelpe oss med å skape merksemd om dette mishøvet mellom lovvilkåra og praksisen i kommunane, særleg i lys av at oppfylling av FNs berekraftsmål no er ei sterk satsing frå regjeringa.

Byvekstavtalane

Eit viktig tiltak for å følgje opp klimaforliket er byvekstavtalen for bergensområdet, kalla Miljøløftet, som vi har lagt mykje arbeid ned i for å få oppslutnad rundt.

Året 2021 var det første heile ordinære driftsåret for Miljøløftet. Effektiv økonomistyring og gjennomføring av viktige prosjekt innan kollektiv, sykkel og gange har vore prioritert.

Eit viktig grep i avtalen er koplinga mellom arealplanlegging og transport for å nå nullvekstmålet. Fleire av kommunane arbeider med nye arealplanar der senterstruktur, kollektivknutepunkt og arealbruk er sentrale tema for å nå nullvekstmålet. Avtalen sikrar over 16 milliardar til investeringar i bergensområdet fram til 2029. Vi har stor tru på at satsinga på byvekstavtalar vil føre til markante resultat i form av reduserte klimautslepp i byområda framover, men det er ein føresetnad at både vi og sentrale styresmakter følgjer opp med tydelege signal i konkrete plansaker.

Elles er vi spente på kva det varsla grepset med bygdevekstavtalar vil føre til.

FNs berekraftsmål

Som nemnt i innleiinga er det ei særskilt satsing for oss framover å ta i bruk FNs berekraftsmål i embetsoppdraga våre, og å setje dei på dagsordenen overfor kommunane. Vi nemnde også at kommunane i varierande grad har tatt i bruk berekraftsmåla. For mange kommunar er vekst i innbyggjartal og arbeidsplassar ein berebjelke for å kunne tilby gode tenester. Der det er konflikt mellom eit berekraftsmål og vekst, vil ofte utsiktene til vekst vinne. For å få endå betre gjennomslag for berekraftsmåla, bør staten etter vårt syn også bruke økonomiske verkemiddel, til dømes gjennom inntektssystemet, til å oppmuntre kommunane til å oppfylle berekraftsmåla.

5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

Sjå avsnitt 5.1.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Vestland.pdf](#)